

Arne Garborg

Dagbok 1905–1923

Band 1: 25. januar 1905 – 20. juni 1907

Aschehoug

Kristiania 1924

Førebels elektronisk utgåve desember 2002 ved Nynorsk kultursentrum

www.aasentunet.no

Føreord

Arne Garborgs dagbøker frå 1905 til 1923 vart redigerte og utgjevne av Hulda Garborg i seks band 1924–1927. I 2000 vart denne bokutgåva digitalisert (skanna og korrekturlesen) av Dokumentasjonsprosjektet ved Universitetet i Oslo, og det er desse filene som her er gjorde tilgjengelege. Det er gjort overslag som tyder på at Hulda Garborg utelet kring 25% av den opphavlege dagboksteksten til Garborg då ho gav ut dagbøkene, og dei utelatne delane er heller ikkje med i denne utgåva.

Ein del tekniske kodar er framleis synlege i teksten. Det gjeld hovudsakleg markering av sideinndeling og fotnotar. Vi har late dette stå slik at det skal vere samsvar mellom bokutgåva og denne elektroniske utgåva. Det er dessutan brukt manuelt lineskift i teksten, og det er ikkje lagt vekt på utforminga i denne elektroniske utgåva. Nynorsk kultursentrum har likevel valt å gjere dagbøkene tilgjengeleg i ei førebels elektronisk utgåve, til glede for forskarar og andre spesielt interesserte som her får eit langt betre høve til å søkje og finne fram i dagbøkene.

Nynorsk kultursentrum, desember 2002

Oddmund L. Hoel

Band 1: 25. januar 1905 – 20. juni 1907

FYRIORD

Våren 1923 bad eg Garborg leggje hand-
skrifti til dagbøkane sine ned på Universitets-
biblioteket; det lyktest meg altfor vyrdlaust
å la dei liggje lenger i eit trehus på landet.

Han gav meg då den tunge pakka med
lause konsept-blad, tettskrivne på båe sidur,
men bad meg lese dei igjennom fyrr eg gøymde
deim – "for å sjå, um der var noko gale".

Eg las dei då. Og eg fann, at dette i røyndi
var eit framhald av "Knudahei-Brev", som
kom ut i 1904.

Dagboki tek til 25.–1.–05, og hovudsaki
hev her og vore "å skrive tankane frå seg"
– men sikkert denne gongen òg i von um
at desse tankane kunde bli til hjelp for det
"arme, heimlause, amerikafarande folket"
hans. Enno var det mang ei sanning han
"ut av sin alders visdom" hadde å segje.
Men hugen til å forme reine diktbøker, var
ikkje lenger sterk nok; brev- eller dagboks-
formi vart då den naturlege. Eingong
nemnde han noko um ei samling "Labråten-
brev", men det namnet kom ikkje til å høve.
Det vart ikkje berre brev frå Labråten, Asker-
heimen sin, han no kom til å skrive, um
enn storparten er derifrå, det vart òg denne
gongen mykje frå Knudaheio, noko frå Kol-
<side nr=II >

botnen, og sumt fra andre stadir og land.

So vart då dagboksformi tilsist den einaste.

(Dette var elles ei form som han kjende seg
vel heime i og hadde nytta i fleire av bøkane
sine).

– Dagbøkane frå dei siste tjuge åri vart
då som so mange andre av skriftine hans
Eg-bøkar, skapte av den ustaggande gran-

skartrong, fyrst og fremst i sitt eige sjæleliv, som han stundom sjølv kalla sjukleg. "Å, kor eg kjenner meg att", skriv han ein gong – "er det noko som k u n d e vera godt, må eg øydeleggje det ved å grava brutalt i det" –. Han, den bljuge, smålåtne drøymaren kjende det heilt naturlegt å skrive um sitt personlege, indre og ytre liv alltid, det var eit emne som aldri gav fred. Atter og etter måtte han "skrive seg sjølv frå seg –.

Men um han aldri so mykje skreiv for å greie alle dei vande flokar for seg sjølv, so vilde han òg at andre skulde skyna han, samstundes med at trongen til å vera "lærar" dreiv honom –.

For oss austlendingar, som meir liknar dei gamle nordmenn i det, at me helst talar med skjemt og få ord um personlege ting, er det vel noko av ei psykologisk gåte, at ein mann med Garborgs lag og lynde kunde leggje seg sjølv og sitt so ope fram. Men sikkert hev dette samanheng med det religiøse grunnfrage i han. Å finne "sanningi", fysst og fremst i og for seg sjølv, vart det store livsspursmålet. Men det vart ikkje nok å granske seg sjølv inn i den mest avløynde sjælekrå. Han måtte skrifte for å få fred. Leggje sitt liv fram til ein spegil og ei åtvaring for andre. Men den "store syndi" hans, var syndi mot det fjorde bodet, som drog

<side nr=III >

alle andre syndir etter seg. Frå Vestlandsheimen sin derburte millom lungheiane, dei han so sårt elska, bar han med seg ei byrd, som han tidt nok freista å kaste av seg, men likevel alltid sjølv la nye steinar til. At han hadde vraka farsgarden sin vart til ei livs-

lang samvitspine. Han var den burtkomne sonen. Når den gamle ættargarden kom i framande hender og far hans seig inn i gruvling og tunglynde, so han tilsist gjekk or livet for eigi hand, var skuldi hans. All si von hadde faren sett til denne eldste sonen, som han elska på sin underlege måte – redd for å synde mot Gud ved denne altfor store kjærleik, som drog hugen hans til verdi. Til jordi og ættartanken. Heimen vår skulde vera i himilen. –

Men me veit no, at det ikkje var berre dette som førde Eivind Garborg inn i tunglynde, det var og andre ting han la tungt på seg i den tidi. Han fekk m. a. sak med ein granne um noko kvernvatn, og det synte seg, at grannen hadde havt rett, det vart ei tung byrd på samvitet til den djuptenkte gruvlaren. Og ikkje berre det. Heidersmann som han var, av gamall vyrd ætt, hev han vel kjent dette som ein flekk på æra si. (Sjå Knudahei-Brev side 47–48.)

Men sonen gjekk der og kjende seg skuldtyngd som ein mordar. Garborgs soge syner i alt, kor mykje arv, ætt og umgjeving (miljø) hev å segja for eit menneskje som ikkje veit å fuske seg frå noko i livet.

Men den pinefulle sjølvgransking førde då umsider til frigjering i det milde, avklåra livssynet, som gav alderdomen hans relativ ro, det livssynet han i poetisk form la fram i "Den burtkomne Faderen", "Heimkomin <side nr=IV>.

Son", og i granskarverket "Jesus Messias", den store religiøse truedkjeningi hans.

– Tidi millom "Kolbotn-Brev" og "Knudahei-Brev" (1890–1904) var på mange måtar

vond og slitsam, med politisk strid og målstrid utan kvile, samstundes med ein sjælestrid so tung, at det stundom såg ut som han måtte bogna under den.

Ei dagbok frå desse åri saknar me. Men han skreiv ei mengd med klåre, gode brev, som saman med alle bøkane fra denne tidi syner, kor nådelaust og utan stans han piska seg sjølv til botngraving i alle livsens spursmål.

Eg finn det rett her å gje lesarane, helst dei unge, som ikkje var med den gongen, eit lite glimt inn i livet hans i desse urolege åri, som på mange måtar var likso forvitnelege og grøderike som 80 åri.

– Då Garborg i 1885 leitte etter ein kvilestad og fristad utanfor Oslo, vart det Øysterdalen og ikkje Jæren han valde seg. Beste venene sine hadde han funne på Austlande, m. a. Ivar Mortensson, og denne trugne venen kunde han takke for "Kolbotnen", som lenge var hans beste glede. "Denne Stogo med Savalen er det einaste i denne verdi eg er nøgd med" skriv han i "Kolbotnbrev" (August 1885), og i brev til Jonas Lie 1890: "Kan jeg ikke faa bo i Florents vil jeg helst bo i Kolbotten". Det var då elve år sidan han var heime på Jæren, og me som var saman med han stundom i den tidi hadde ikkje inntrykk av at han lengta dit. Tvertum. Redd hadde han rømt frå barneheimen sin, han måtte gjera seg fri, ta livet opp på ny grunn. Og sopass "fri" vart han, at han kunde skrive og tala skjemtesamt og med

<side nr=V>

skarp kritik um "Det mørke Fastland" derburte – sjå på det frå eit fritt støde med ut-

syn til alle leidar, og, som han trudde, utan fåre for sjølv å gli inn i det att.

Men snart synt det seg, at kor mykje han meinte seg fri, so sleppte dei myrke minni aldri taket i han; barneheimen som han "selde for ei rett Linsur" vart det vonde samvitet hans alltid. Det han vilde fly ifrå og gløyme hadde for djupe røter i han, og etterkvart vart verste sorgi den, at han ikkje meir kunde vera heil, korkje i si gamle eller si nye verd.

Då han kom til Jæren att, var han ikkje den same som då han reiste derifrå. Men Jæren var heller ikkje den same. I april 1901 skriv han frå Knudaheio<fmark ind="1")>: "– – Mest framand kjenner eg meg her, der eg skulde vera heime.

Eg kjenner ikkje Folke, og det kjenner ikkje meg. Raakar eg det stundom, knotar det. Det hev fenge Jønneveg no, og må vera kultivert. Og ser dei denne Aad – – Arne Garborg skal vera, han som hev vore so lengi og so langt ute i den vide, store verdi, so vert dei serskilt framande, og kostar på seg sine aldra gildaste Knude-Ord.

Eg skundar meg av upp i Undheimsmarki og gøymer meg, her er eg då på min eigin grunn – – – Det er vel so med alt på denne jordi, at det tek seg best ut eit stykke ifrå –."

Men "ute i den store verdi" vart han heller aldri heime. Og hardt måtte han slite for å skaffe seg rom der. Etter mange vonde år var han komen inn i "statens store fehus", men vart utattjaga, fyrr han vart retteleg varm der. I august 1887 skriv han (tridje <fnote ind="1")>Knudahei-brev, side 97.</fnote> <side nr=VI>.

Kolbotn-breve): "Ja mi Sæl vart eg avsett

frå statsrevisionen. Og det var ikkje Christian Friele som gjorde det, men mine egne stortingsbønder – med sine prestar. Det er den nye fridomen, ser du –".

Denne avsetjingi tyktest honom so dum og småleg, at han aldri gløymde det. Uendeleg bittert skriv han um denne saki. No vart det då spursmålet um å livberge seg og sine. Inkje betre visste han å ynskje seg enn heilt å få liva for sitt literære arbeid, det einaste han hadde hug til. Politiken var han hjarteleg leid av, og binde seg til eit blad for å liva, var honom ein fæl tanke. Men kva skulde han gjera?

I brev frå Kolbotn 24.–8.–87 skriv han:

"I Sommer før jeg reiste, ved du, at Meningen var, at jeg skulde træde ind i Vullums Post, denne var paa 3 500 Kr. Da jeg ikke kunde være "Dagbl." fuldt så nyttig som Vullum (er ikke saa hjemme i Udenlandspolitiken), havde jeg tænkt mig, at jeg foreløbig ialfald ikke vilde forlange saa stor Løn; mindre end hvad jeg havde i Grevstads Tid (Kr. 3000) kunde der imidlertid ikke være Tale om, der maa være Maade paa Kameratskab ogsaa – – –

Mandag viste det sig, at L. H. og hans Kompagnon – – –, havde forhandlet nærmere om Tingen. Rimeligvis er de kommen til det Resultat, at en saa berygtet Fyr som mig vilde det ikke være ubetinget heldigt at faa ind i Redaktionen – – nok er det: Tonen var en anden end i Sommer. Den Dagen kan komme, da jeg er glad ved at faa en Negerpost paa 100 Kr. Maaneden, men saa reduceret er jeg ikke endnu" –

<side nr=VII>

Men det var ikkje so greit å få forlagt bøkar heller for "en saa berygtet Fyr". Eit brev frå den danske bokreidaren Philipsen (26.–1.–1886) syner litt av situasjonen dengongen.

"– – – Saa var det Romanen: (Mann-folk<fmark ind="1"> Ja, jeg er rigtig ked af ikke at kunne sige hvad jeg har paa Hjærte derom direkte og mundtlig til Dem, i et Brev bliver det hverken saa tydelig eller saa godt – –

Der er to Spørgsmaal 1) om jeg vil have Bogen 2) Hvilke Vilkaar.

1) I første Henseende har jeg da unægtelig en Betænkelighed med Hensyn til Æmnet. Det almindelige Spørgsmaal om hvad der, kan skrives om eller ikke, interesserer mig ikke det mindste i denne Sammenhæng. Hvad her foreligger, er dette: Paa Grund af Deres Stilling som Udlænding bærer jeg det juridiske Ansvar for Bogen. Nu har der, ganske vist siden det kummerlige Udfald af Sagen mod Bangs "Haabløse Slægter" (100 Kr. Bøde) været ringe Lyst hos Regjeringen til Sagsanlæg mod "utugtige" Skrifter (Straffelovens Udtryk), men i de Tider man nu lever i tør man ikke være sikker paa noget, og navnlig kunde jeg, der er bekjendt som ivrig Oppositionsmand, nok være udsat for et Intimidationsforsøg i denne Retning, og selv om slikt ikke skulde ske, så har Regjeringen et Kobbelt af Pressehunde, der kunde slippes løs mod os, som en Forretning der satte sig til Opgave at demoralisere og forgifte Folket ved usædelige og ugudelige Skrifter – – – Vi har jo forlagt baade Esmanns "Gammel <fnote ind="1">Kom ut same året i Bergen på Nygårds forlag.</fnote>

<side nr=VIII>

Gjæld, Strindbergs "Utopier" og E. Brandes' Bøger, der alle har været Genstand for slige Beskyldninger, men i alle disse Tilfælde har vi havt Manuskripterne eller Bogen til Forudgjennemlæsning, vi have da kunnet danne os vor egen selvstændige Anskuelse om, hvor vidt vi kunde overtage det moralske Ansvar (ved Strindberg ogsaa det juridiske), og vi har i ethvert Tilfælde ikke været i den tragikomiske Situation, hvori Hegel bragte sig ved "Constance Ring" (Amalie Skram), at skulle vise det forføreriske, men "utugtige" Utske langt fra sig, efter først at have paa taget sig at staa Fadder til det. – Paa den anden Side har vi en overordentlig stor Tro til Deres digteriske Fremtid, vilde derfor sætte den største Pris paa den Ære at være Deres Forlægger – – – – Altsaa, der langes Rede kurzer Sinn er den, at vi gjerne vilde se Bogen i dens Helhed" – – – –

– Som vel var, hadde me Kolbotnen. Der freista han då ei tid å tenkje berre på bøkane sine. Det var mangt han no vona å få fred til.

I Mai 1888 kom då "Uforsonlige" ut, det politiske skodespelet, som skulde vera eit farvel til byen og bladarbeidet, og den 25de mai 1888 vart ein tridubbel festdag. "Uforsonlige" kom um morgonen, guten vår kom til ved middagsleite, og um kvelden kunde me sende attende mykje av dei 1500 kr. me hadde lånt av ein ven, då me drog til fjells.

Men av eit drama som ikkje vert spela, kann ein ikkje liva lenge; livebrødspursmålet, som hev teke mod og makt frå so mang

ein kunstnar, tok òg ofte mod og helse frå Garborg i desse åri.

<side nr=IX>

I 1889 vart "Hjaa ho mor" <fmark ind="1"> ferdigskrivi i F. rstenfeld-Bruck ved Munchen. Helse var då so skral, at det mest gjekk på livet laus. Boki skulde ut på tvo mål, og tilsist måtte Ivar Mortensson koma ned frå Noreg og freiste um han kunde hjelpe til med landsmål-utgava. Men eit soveri samarbeid synte seg snart rådlaust; dei tvo hadde kvar sin kunstneriske måte, og G. måtte slite seg tilendes åleine. I brev til Jonas Lie frå Bruck skriv han um svevnløyse, hovudverk og trøytteik. "Det er smaatt stel endnu – en dag bra, neste dag daarligt – – Jeg mærker at jeg ikke kan skrive et brev heller; der er ingen ting som interesserer mig saa meget, at jeg gider lave en sætning om det" –

Me var reist ut med eit lite forskot på denne boki, lenge fyrr ho var halvferdig, og han kjende seg piska til å arbeide, kor låk han var. Tilsist var det raudvinen som berga boki; den gav sopass kraft og humør at han ikkje gav upp.

Her heime vart "Hjaa ho mor" heller lite åtgådd. Men det som hjelpte Garborg mykje no, var at denne boki gjorde stor lukke i Tyskland. Ho skapte beint fram skule der. (Gabriele Re, ter sa eingong til meg, at Garborgs bok hadde gjeve henne mod til å skrive si kvendeskildring "Aus guter Familie")

Og det stipendie han ved dette høve fekk av "Freie B, hne"-folki hjelpte honom til eit nytt Tysklandsupphald, dennegongen i Berlin. Samværet med "det unge Tyskland" vart på mange måtar lærerikt, m. a. kom han då

til å lesa Tolstoy og Nietzsche

<fnote ind="1">Fysste utgåva på dansknorsk kom 1890 hjå Philipsen, Kjøbenhavn med tittel "Hos Mama".</fnote>

<side nr=X>

I Danmark lika dei førande literaturfolki lite at Garborg vart soleis framdregin i Tyskland, G. Brandes, som fyrr hadde skrive sers skynsam og godt um Garborg, hæda no dette "æreshonoraret" G. hadde fenge i Tyskland, og meinte at G. hadde vorte noko "svimmel" av det. Og den kjende "literaturkrigen" frå fyrst i 90 åri var beisk på baa sidur.

Men alt i 91 kom "Trætte Mænd" på Aschehougs forlag. Og denne boki vart seld, so Garborg fekk betre tid, og kunde i ro "skriva frå seg eit emne, som lenge hadde plåga honom; i 92 kom "F r e d", hjå Mons Litleré i Bergen. Han arbeidde under høgtrykk desse åri og bøkane kom slag i slag, trass i motburd og vanhelse. Men med Fred var han komen inn i det gamle att, og meir og meir seig han no ned i ny religiøs gruvling. So sjuk og trøytt kjende han seg i denne tidi, at han meinte å vera endeleg ferdig. Men so ille var det då ikkje, som vel var –

– I 1895 vart livebrødspursmålet brennande att på serskild måte. Der var planar uppe um å gjera "Den 17de Mai" større, med nyskiping i ymse måtar, og Steinsvik skriv <fmark ind="1"> og bed Garborg ta redaktørposten. Vonleg kunde han gjera rekning på Kr. 4000 um året.

Eg var i Oslo ein tur nett då, og fortalde Garborg i eit brev, at Kaupmann Dobloug hadde tala med meg um denne planen, rådde elles korkje frå eller til. (Me var då longe klåre over at me ikkje kunde vera på Kolbotn alltid. Minst hadde Garborg nervur til

det, og dertil kom skulespursmålet for guten vår.)

Men sjuk og sjælesår som han var tok han dette slik, at me no var samde um å få han

<fnote ind="1">27. 3. 1895.</fnote>

<side nr=XI >

i fast bladarbeid, avdi me ikkje trudde han dugde til diktar meir. Han sende eit telegram, der han tok imot posten. I djup pine og med hopbitne tennar hev han nok sendt det telegramme.

Eit par dagar etter fekk eg brev. Bittert og sårt talar han der um seg sjølv og arbeidet sitt. Han ser det no, at det er "plikt" å ta denne posten.

Han skreiv m. a.: "Tre Brev og et Kort ventede mig ved Hjemkomsten fra Stavanger. Interessante Brev, men ikke bare hyggelige. Tak. De har git mig meget at tænke paa og modnet en Beslutning hos mig. Jeg telegraferer idag, at jeg vil gaa ind paa Doblougs Forslag med Hensyn til "Den 17de Mai" (forudsat altsaa, at han faar Arrangementet i Stand") – – –

Jeg ser klart at dette er det eneste jeg har at gjøre. Mit "Forfatterskab" er der ingen som bryr sig om alligevel, og Bøger kan jeg altid ha gjort nok af. Lad mig ofre hvad jeg har igjen af Aar og Kraft til dette – –"

..I brev av 4.4.95 svarar eg m. a.: "–
– Jeg forstod Dobloug som om man bare vilde sikre sig at faa beholde dig ved først at sikre Bladet, og saa la dig faa mere løn for dit arbeide – –

– Og saa gaar du hen og "ofrer" dig og gir dig med paa dette! Føi mig bare denne ene gang, og la igjen din Bestemmelse om at gaa

med, hvis du allerede har git den. Du ved da, at det er den største Sorg du kan gjøre mig, at snakke slik om dit Arbeide. At ingen bryr sig om dine Bøger kan du ikke mene. Alle som har Anelse om hvad Kunst er, vil da vel være enige i at det er Galskab af dig at drive med Avissskriveri – –

<side nr=XII>

– Idag ser jeg saa rolig og klart som nogensinde og føler saa sikkert, at det blir en Ulykke for dig at gaa ind i det Avis-traakket – – – La os reise hjem snarest mulig. Saa hviler du i Sommer og steller med Gaarden, og saa reiser vi ud til Høsten, og du gaar iveri med den Bog du har gjort Studier til derborte. (Paa Jæren). Vi har mange Penge<fmark ind="1">, og du udgir den nye Bog, og vi faar Stipendiet. Faar jeg saa opført "Mødre", saa faar jeg ogsaa lidt for det. Vi er friske, og vaare udsigter er bedre end nogensinde. Gjør dig saa ikke til Slave! –"

Av brevet frå Steinsvik (27.–3.–95) ser ein òg, at Garborg alt då hev vore redd for å misse stipendiet att. Der står m. a.: "At dei tenkjer på å ta frå deg stipendiet, det trur eg ikkje. Der finnst sikkert ikkje ein einaste vinstremann som korkje vil eller vågar det. Det er nok J a k o b som hev vore ute. Det skal vera han, som hev skrive innstillingi. –

Men no vert det nok retta" –

Denne "avsanningi" syner kor lite trygt det var.

– At Dagbladet same året, vonleg i marts, hadde vendt seg til Garborg att med tilbod um post, ser eg av brev frå og til meg i denne tidi. Eg skriv 22.–3.–95: "– Dit "N e i" til

L. fryder mig inderlig – – du kan da vide,
at bare rent økonomisk havde det været en
daarlig Spekulation, 1500 Kr. på Kolbotn er
meget mer end 3000 i Kristiania. Og saa
sælge dig med Hud og Haar! Fy for en
Ulykke – – – Jeg er ikke Spor af bekym-
<fnote ind="1)">Eit par hundrad kronur var i den tidi ein
stor rikdom.</fnote>

<side nr=XIII>

ret. Du kan vide vi greier det; selv om vi skal
lære op Gutten selv deroppe, saa er det ingen
Ulykke, siden han altsaa i den Grad fore-
trækker Kolbotn for Paris, Rom og alverdens
andre Herligheder –"

Me var elles i denne tidi so nervøse for
politiken vår, at me lite kunde tenkje på
anna. Garborg var i øsing og uro stødt, og eg
bed honom i dette same brevet um å koma
heim. "Situationen er nu saa trist og spæn-
dende, at det næsten ikke er til at holde ud
– – For mig staar nemlig en Krig som no-
get saa rent uudsigelig forfærdelig og sørge-
lig. Og det er ganske umuligt at tænke paa
andet i disse Dage, da Svenskene sidder der-
inde paa Stockholms Slot og i Hemmelighed
avgjør Norges Skjæbne –"

Um Stipend-saki skriv eg i same brevet
m.a.: "Molke Moe var hernede med alle Do-
kumenter i Stipendiesagen, men jeg synes
ikke du skal lette dem Sagen ved at frasige
dig det selv. Den Fornøielse at ta det fra dig
burde de faa ha ubeskaaret –"

I eit langt svarbrev på dette skriv han m. a.:
"– Jeg er glad over at du er tilfreds med mit
Svar i Avissagen. Det var affattet saa kort,
at jeg tror ikke jeg blir fristet med noget nyt
Tilbud – –"

Selv 4000 Kr. lokker mig ikke noget særdeles – som du vil have set. Men syntes vi det var for frækt at si nei – – ja, ja, i Guds Navn, for et Par Aar fik jeg da gaa ind paa det Slaveriet. Saa var det at ta sig et Aars Ferie for at reparere al Slitage og al Slaphed og Ækelhed og Menneskeforagt . . . neigu om det lønte sig lell, nei. – D. v. s. det blev naturligvis til at jeg blev værende der – vilde ikke
<side nr=XIV>

faa, Mod til at rive mig løs igjen, – blev gaaendes der som en halvførranglet Sub-Redaktør og Malkontent i alle mine Dage" –

Attåt alt anna måtte G. i denne tidi ustanseleg på krigsstigen mot Bjørnson o. a. målhatarar, det tok òg på humør og nervur. Han skreiv sjølv i bladi, fekk andre til å skrive, og øste seg ofte opp so han vart beint fram sjuk av det. M. a. freista han fleire gonger å få Steinar Schjøtt ut mot Bjørnson. I juni 1900 segjer Schjøtt i eit brev: "Modtaget Skrivelse av 31/5. Jeg tviler paa, at jeg er den rette manden til at skrive om vore sprogforhold – – –. Jeg har netop vært i Skien og paa nært hold hørt om B. B.'s grovheter og P. L. K.'s fest for ham bakefter. Et saadant folk døier jeg ikke længer. Maade bør der være med alt. Dette er endda værre end Margrethamonumentet. Nei, jeg kommer vist til at sige pas nu. Ialfald trænger jeg en længere tid til at fatte mig igjen – – – Torp ryger paa dig, jeg tror i V. G. for mandag. Han fortæller om de danske præster og meget andet, som han siger kun eksisterer i maallstrævernes fantasi, medens virkeligheden er den – og saa kommer akkurat hvad jeg i sin tid skrev i Norigs-soga! (Om danske

præsters uvillighed til at reise herop i reformationstiden m. m.)".

I Paris 1896 var det heller låkt både med helse og humør. Men ei stor hjelp var det, at han der hadde Jonas Lie. Eg trur ein trygt torer segja, at Garborg e l s k a Jonas Lie, såg upp til honom med ein høgvyrdnad og age, som han sjeldan synte nokon mann. Det var noko bljugt og barnslegt i venskapen hans for Lie so eg stundom måtte tenkje på far og son, endå aldersskilnaden ikkje var so stor.

<side nr=XV>

Men ikkje eingong Jonas Lie kunde drive tunglynde burt. "Tuften", sonen vår, som dengongen var 7 1/2 år, og var att i Noreg – på Einabu i Øysterdalen hjå Ivar Mortensson – skreiv den vinteren for fyste gong um "far" i brev til meg. – "Hils far og lad han se mitt brev til trøst for sig vist han ikke har noe at trøste sig med – for jeg sørger rent for han ikke har det godt" –

Og det var nok fleir enn han som syrgja.

Dette brevet gav honom vel ei liti god stund, men ingenting kunde drive dei tunge tankane burt. Dei måtte han no som alltid med stort slit "skrive frå seg".

Og dette året kom då "Læraren" ut, men vart so ymse motteki. I brev av 20.–12.–96 skriv Schjøtt: "Endelig har jeg læst Læraren". De fordømte blæksprutene som anmelder gir jeg phanden med phedt paa – gjør ligevel en undtagelse med Tambs Lyche. Han udtalte i "Kringsjaa", at det var den gamle diktning "Over Ævne" (d. v. s.: lærarens kristendom havde den gamle (nationale?) feil, som alt andet hos os, at være "over ævne"). Jeg gik til bogen med en vis

ulyst. Men saa til min glæde, at T. L. har taget grundelig feil. Netop ikke "over ævne"! Det er jo den rene praktiske kristendom. Altsaa noget ganske nyt! – – Hvorledes kunde du tro, jeg ikke vilde like "Læraren"? Bjørnsons "Over Ævne" (baade I og II) synker jo ned til et tankeexperiment ved siden av "Fred" og "Læraren" –

Eg minnest enno kor glad Garborg vart over dette brevet. Ikkje alltid hadde Schjøtt leti so vel yvi bøkane hans, og det veit eg gjorde G. meir vondt, enn han vilde vedgå. Stundom skreiv han bittert um dette, for <side nr=XVI>

Schjøtts umdøme sette han sers høgt. Men S. var klassikar og den "moderne fin-de-siécle-literaturen" som han t. d. rekna "Mannfolk" med til, kunde han lite greie.

I same brevet skriv S. òg um stipend-saki: – "Jeg er aldeles ude af humør og har vendt mit sind mot de store prærier. Tanken paa, at budgetkomiteen afslaar digtergage (faar vel endnu haabe, den vil hjælpe dig paa anden maade, ialfald at du beholder hvad du har), medens samtidig stortinget maaske ansætter X som professor, kan bringe en nervesterkere person end mig til vanviddets rand –"

Nokre månar fyrr hadde Garborg "skjældt Schjøtt ut" fordi han var "kald" og "likesæl", "ga pokker" i arbeidet hans, o. a. 20.–9.–96 skriv Schjøtt ei lang forklåring, som i røyndi – plent som G.'s brev – er ei nedløynd kjærleiks-tilståing. Dette morosame brevet sluttar so: "Lad saa alt være glemt. Din overstrømmende forbitrelse mod mig er den eneste anerkjendelse jeg paa lang tid har faaet –"

– Garborg tenkte ofte i desse åri for ålvor på å flytje frå landet liksom Jonas Lie hadde gjort – for å få arbeidsfred. D. e. for å koma heilt ut av politiken o. a. som gav æveleg uro og nerveslit. Våren 1895 tenkte me sterkt på Paris. "Det er betre guten lærer seg fransk enn provinsdansk", meinte G.

Men me kunde ikkje rive oss laus. Um vinteren kunde det vera bra å vera ute, men når sumaren kom, lengta me etter Kolbotnen. Og når striden gjekk som hardast her heime var det uråd å vera burte, kor mykje ein trong fred og kvile.

– Frå hausten 97 til hausten 98 budde me på ein gard i Stokke i Jarlsberg. Vinte-

<side nr=XVII>

ren var tung og vond, og um våren reiste Garborg fysst til Jærs, sidan til Kolbotnen. I eit udatarea brev frå denne sumaren – vonleg i august, skriv eg: – "Ja gid nu denne Tur blev bedre for dig end Jæderturen, saa du kunde bli modig og frisk, saa faar alt andet være det samme. Det sidste Brev fra Jæderen gjorde mig saa ondt, at jeg aldrig har orket at snakke om det, men tak skal du ha for det alligevel, det var saa godt og tillidsfuldt og ærligt – saa akkurat dig. Og saa blev jeg paa en vis Maade beroliget alligevel, for jeg har jo længe gaat i Angst, for at du i det religiøse var kommet saa langt fra mig –"

Det brevet som dette er svar på, er diverre burtkomi, men han fortel der, at han etter ein strid som gjekk på vitet laus no endeleg hadde rodd seg ut or mysticismens skoddeheimar –

– Endeleg i Oktober 98 fekk me ein fast heim att. Garborg var no på Lista, og eg skriv

dit den 14de September og fortel at no hev Steinsvik kaupt "Labråten" i Asker, og me skulde leige av han – fyribils. "Leie 150–200 kr. pr. år, deri indbefattet en Hytte som ligger for sig selv i Tunets Øvre Ende med Æbletrær udenfor og en gammel Peis. Den indretter jeg altsaa for dig" –

Straks etter kaupte me det største huset og eit par mål hage av Steinsvik. Det er det huset Garborg budde i til han døydde.

Men samstundes med at me flutte inn her, vart planen um ei liti sumarstove på Jæren sett i verk. Um dette skriv G. i "Knudaheibrev" (side 4) noko som hev vorti mykje mistydd.

På vegen ned til Salte hadde eg eingong skjemta med at der "sju mil ikring ikkje var <side nr=XVIII> ein stein å gøyme seg attum", og ein annan gong var eg vorti litt krimfull i Knudaheio etter ei vike med hardt vondver. Av dette fann han ut, at eg ikkje dugde til å bu på Jæren. Men seinare kom han nok til det, at han sjølv minst hadde våga flytje dit for ålvor. "Det er for seint", sa han, "longe for seint – det er ikkje mitt Jæren" –

I 1899 reiste han då derburt og skulde kvile i den nye stova si. Men då han kom dit og såg, at stova var bygd større og dyrare enn han hadde tenkt, skreiv han eit brev i den villaste ørvæne og bad oss um tilgjeving fordi han hadde "øydelaft pengar til dette huset, som me ikkje kann bruke" –

Eg trøysta han og skjende litt, og snart vart han sers nøgd med "Knudaheio". Og i september 1900 skriv han m. a. derifrå – – "Ja, dette Jæderhytte-spørsmal holder nu

paa at løse sig paa en uventet Maade: Jeg er i høi Grad tilfreds med baade Stedet og Huset – – Altsaa lader vi Huset staa. Vi beholder alle tre Stederne. Med Tid og Lempe skal vi nok faa greiet Udgifterne, og saa har vi en Bopægl for hvert Slags Humør, mens vi lever, og Tufften vil kunne realisere dem med Fordel naar vi er daue, og Folk lykkelige over at være kvit os" –

– Ifjor var jeg sindssyg. Jeg gik og kjæmpede med Angst og fæle Fristelser og saa ingen Ting, ræd Mennesker og næsten enda mere ræd for at være alene. Iaar er jeg normal igjen, og jeg forstaar da meget godt, at jeg uden Betænkning gik paa Knudaheio. Jeg vil nu ligesaa lidt undvære den som Kolbotnen, og det er netop min Drøm og Tilbøielighed dette, at ha "Hus i hver Busk" og kunne leve halvt Fanteliv. I Grunden duer du <side nr=XIX> ogsaa best til dette. Vi skal nok af og til faa brugt Jærbyhytta ogsaa" –

Noko av det verste for han i desse åri var at bøkane hans vart so mistydde. Sume blad skrytte, men på ein måte som syntte at mel-darane lite eller ingenting skyna av det dei skreiv um, andre var kalde og gretne. Endå "Haugtussa", som sidan vart den mest populære, vart so ymse motteki av den høge Oslo-kritiken. I eit brev fra 1.–10.–96 skriv Schjøtt: – – "Anmeldelsen i Dagbladet var vist av K.? Den var absolut svinagtig" – –

Mest harma det honom, at "Den burtkomne Faderen" av mange vart teki for ei teologisk oppbyggjingsbok. "Garborg har nu opgit kunsten og slått sig på gudfrygtighed og oppbyggelseslitteratur". Titelen var deim nok.

Og han som meinte, at han her hadde tala so tydeleg og klårt og ærleg um sitt syn på kyrkja og teologien, at det skulde vera rådløst for nokon å mistyde han.

Dei kyrkjelege venene hans, som so inderleg ynskte og vilde at han no skulde vera "umvend", vogga seg i alle bibelordi og den djupe vyrdnad for "Menneskjesonen", som forfattaren so brennande stridde for å berge for seg sjølv og syne andre i nytt ljøs.

Han hadde vori rædd for å koma "heilt burt ifrå Jesus" sidan den "religiøse" interessa<fmark ind="1")> vakna i han att, og ikkje berre frå kyrkja. (Sjå brev til Eivind Hognestad i dagboki 26.–1.–07). Og ein ser kor han slit og <fnote ind="1")>I eit brev til meg fra hausten 97 talar han um "det nye", som no skal "erstatte hvad jeg har tapt". Og med det "nye" meiner han den "religiøse interessa". Mykje av det han hev livt på, hev "mist sitt verde" for han – o. s. b.</fnote> <side nr=XX> grev i alle skriftir for å frelse noko av det som hadde sett so djupe merke i han frå barndomen av, men samstundes få det klårt for seg til alle botnar.

Men det var som han segjer i "Fra det mørke Fastland" om vestlandsbonden: "Saa snart det begynder at ringe for hans Øren med de rigtige gamle gudelige Talemaader, blir han hypnotiseret". Og her v a r mange bibelord.

I det ex. av "Jesus Messias" som han skreiv i til meg då boki kom ut, hev han seinare lagt inn noko av ein påemna artikkel um "Fred på Jordi". Der stend m. a.: "For folket er vel den kirkelige antikristendom det eneste lægemiddel, siden Jesu kristendom efter

femten aarhundreders kirkevirksomhed almindelig opfattes som antikristendom".

Her er i få ord meiningi hans um den kristne kyrkja. "Jesu kristendom kunde ikkje få likare lagnad på jordi, enn den som meistaren sjølv fekk" –

– På ein annan lapp stend: "Um Jesu kristendom – og um kyrkjelæra – skreiv eg for nokre år sidan ei bok "Jesus Messias", som var so god, at teologar og lækprestar samla seg um aa tyne ho, enno er ho å få i bokhandelen". – Merkande er det nemnde brevet til Eivind Hognestad frå 1907.

Dette syner godt nok, kor vonbrotin han var. Med desse heilt ut ærlege og klåre bøkane meinte han å ha gjevi grunnlag for eit ålvorsamt ordskifte, som kunde vori til gagn for folket. So vart det berre lause teologiske åtak, eller endå lausare oppgløding, tufta på mistak og slurvut lesing.

Alt etter "Trætte Mænd" (1891) var der mykje snakk og skrivning um Garborgs "um-
<side nr=XXI>
vending". I brev frå denne tidi kjem dette ofte fram. Soleis skriv O. Thommessen (Verdens Gang) i eit brev til meg: "Hils Garborg fra min kone og mig og tak for bogen. Det er længe, længe, længe siden, vi læste magen til den! –

Der vrøvles forfærdelig om Garborgs personlige Standpunkt. Paa Jæderen holder Chr. Bruun Foredrag om, at Garborg nu er "omvendt", og hans Elever læser med Begjærlighed Trætte Mænd. Kan De ikke interviewe Forfatteren for mig? – –".

Pålag samstundes skriv eg til Garborg –:
"Har vært i Verdens Gang. – – Thommes-

sen fortalte, at Bjørnson havde sagt til ham paa et Folkemøde, at nu var Garborg bleven kristen. Ganske bestemt. Du skulde ha skrevet et brev, hvori du havde sagt at du haabed Gud havde Forladelse for dig, eller noget slikt. T. lod naturligvis som om han aldrig hadde troet paa det, men –", o. s. v.

Sjølv var Garborg inderleg trøytt av alt-saman.

– 1898 var eg ein tur i Schlesien hjå Gerhart Hauptmann's. Garborg var på Kolbotnen, "hadde ikkje humør til å vera med". Brevi derned var myrke og fulle av vonløyse. Me skreiv alle og bad han inderleg um å koma. Hauptmann vilde la han få atelieret sitt i den store frie parken, so han kunde få vera åleine og arbeide eller kvile som han vilde, men det var rådlaust. I eit brev skriv eg m. a. til honom: "– Nu ved jo jeg alt saa meget bedre end jeg formaar at forklare dem (Hauptmann's) hvor lidet du bryr dig om noget andet end Ensomhed, og jeg havde aldrig nu igjen plaget dig med dette, hvis du ikke selv fornylig virkelig var i Tvil om, hvad <side nr=XXII>

der i din nuværende Sindsstemning var det bedste for dig. Jeg tænkte altsaa pludselig idag: kanske a l l i g e v e l en Reise – –"

Eg bed han koma. For å vera heilt fri kann han, um han heller vil, bu "i et av disse smaa uskyldige Bondehuse her og se os saa meget eller saa lidet du vil –"

Men ingenting hjelpte. Sidan sette eg all mi von til Jæren.

I brev av 27.–7. er eg glad for "Tegn til lysere Tider", men so ljose at han våga seg ut, vart dei ikkje –

Ein kann vel trygt segja, at Garborg ikkje skreiv ei einaste bok utan ho var spunni ut av hans eigin såre sjælestrid; allermest gjeld dette dei religiøse bøkane hans, men det gjeld og alle dei andre. Alt i båndomen hadde han fått livsstøkken i seg, og vart som ein innkvervd, eller ein som er nedgraven under skred. Med bloduge hendar måtte han grava seg fram att, og denne pinefulle frigjeringsstriden tok heile hans liv. – Men på mange måtar hadde han si beste tid dei åri dagbøkane hans vart skrivne. Han var komin meir til ro, var friskare, og hadde "skrivi frå seg det tyngste". Og han tok til å finne hugnad i heimen sin, fann tilsist Askerbygdi vakker, og kunde endå til glede seg ved å sjå folk stundom. Livet var no "slett ikkje so verst lel."

Men sjølv sagt var det endå nok å harmast yvi og plåge seg med. Helst var det dei sociale spursmåli han framleis stræva med. Og desse tok han no upp på ein slik måte, at han fystsst og fremst fekk bøndane, "sitt eige folk", imot seg. Radikal og eldhuga som ein ungdom, utrøyttande, trassug og seig heldt han på med å "hamre inn i folk", at det einaste som etter hans meining no kunde berge

<side nr=XXIII >

Noreg, ja heile verdi, var at jordi, liksom luft og vatn, vart fri for alle, etter H e n r y G e o r g e's grunntanke, som samstava so forunderleg med Moselovi og gamall jordskikk i mange land. Men kven vilde høyre på slikt i eit gamalt bondeland som Noreg, der alle meinte seg å vera sjølveigarar, kor mykje det i røyndi var "Hamburgar-jødane" som åtte jordi deira. Endå verre vart det, då han sa beint ut, at det einaste politiske program han

kunde underskrive var det som dansken dr. Severin Christensen so genialt hadde utforma i verke sit um "Retsstaten". Men som alltid når noko hadde vorte "sanning" for honom, måtte han og no setja alt inn på å få denne sanningi kjend og godteki av andre. "Retsforbundets program er nu det eneste jeg kan underskrive, og "Det frie Blad"<fmark ind="1")"> er snart det eneste jeg gider læse", sa han ofte dei siste åri. Hans store sorg var, at han ikkje lenger hadde kraft til å ta i som han vilde her –

I eit brev til Garborg (1885) skriv Alexander Kielland: "Jeg lykønsker os begge til Tingenes Forandring i vort Land – os begge som Patrioter, men som Forfattere trives vi begge ganske vist best, naar det gaar allersomgalest og mest bagvendt. Jeg ved ikke, om De finder at vi ligner hinanden, men jeg har den Opfatning, at Hovednerven i vort talent er Indignation, – nuvel! – her er jo endda nok at ærgre sig over, saa brødløse ere vi dog ikke, men alligevel!"
<fnote ind="1")">Det frie Blad, "uafhængigt, retspolitisk Ugeblad", Røddingsgade 2, Kjøbenhavn.</fnote>
<side nr=XXIV>

Sikkert hev det oftast vore indignationen, harmen, som dreiv Garborg til å skrive. "Ein Fritenkjar", "Ungdom", "Mannfolk", "Hjå ho Mor", den store mengd med religiøse og politiske bladstykke, o.a. er skrivi ut av ein indignation so sterk og brennande, at han ofte førde til hæding av alt heilag. Men av indignationen voks ei verds-sorg som stundom kunde føre honom ut i vill vonløyse. Likevel vart han aldri heil pessimist. I skuggen av sorgi og den djupe resignationen livde

ein romantisk draum, som sistpå vart til religion. Denne draumen skyna ikkje Alexander Kielland, og vegane deira vart tidleg skilde – kor mykje dei hadde sams av tankeklårleik, heilag harm og lysande evne til spott og ironisk refsing.

– Indignationen hev vel elles vori drivfjøri for diktarar til alle tider, ikkje minst for dei europæiske "fin de siècle-diktarane" frå Kielland og Garborgs ungdom. Serleg då dei franske og russiske.

Edmond Goncourt fortel i dagboki si 26.–2.–1873) at Flaubert ein dag sa: – "Nei, det er berre indignationen som held meg uppe ... indignationen er for meg trepinnen i dokkeryggen (på Marionet-teatre) ... når eg ikkje er indignera, dett eg heilt ihop –"

Garborg sa ofte noko liknande. Når han ikkje lenger kunde "bli sint" vilde livet bli for keidsamt. Som vel var døydde ikkje evna til indignation i han, so lenge han kunde arbeide. Og han vart spara for "den endelause, grenselause keidsemd" ("la maladie littéraire, denne forbanning, som fylgjer hjernearbeidet", Goncourt).

– Siste ordi Garborg skreiv var eit stutt farvel til "det keidsame 1923" i dagboki, og <side nr=XXV> eit spyrjeteikn var det siste pennen hans sette på papir:

"V i l 1 9 2 4 v e r t e m e i r m o r o s a m t?"

For honom kom det allvisst med den kvila han so sårt stunda etter. Den fjortande januar let han augo sine att i den siste svevnen –".

Ein dag i december 1923 tala han um ar-

beidet sitt. Han kom ikkje til å skrive fleire bøkar. Heller ikkje hadde han von um å få ut nokon av dei gamle no på lengi. Andre utgåva av "Skriftir i Samling" var nyst utkomi, fleire utgåvur vilde snaut koma. Folk vilde mindre og mindre lesa ålvorsame bøkar. Og, "meir og meir høgre og – socialiststyra som lande vart", vilde han sagte snart misse diktarløni si. So kom spursmål um utkoma att. "Non stakkars renter er ingenting i disse tider, og bankene ryker jo ellers hver dag" –

Me trøysta honom og lo litt av han, som me jamt gjorde, når han tok seg slike uturvande sorgir. M. a. nemnde eg dagbøkane hans. Ja, um nokon vilde prente deim? Han fekk skrive til forleggjaren sin um det, når det leid yvi joli. Han lettna synlegt ved den tanken.

Og for meg var det og ein lette, at han no kanskje kunde koma til å gjenomarbeide dette verke sjølv og greie med utgjevingi, eit på mange måtar vandt arbeid, som han elles med munn og penn hadde overgjeve til meg eller sonen vår.

I dagboki 16.–12.–23 skriv han m. a. – – "Me hev rødt um, kva me skal gjera. Og Hulda nemnde tvo ting: eg kann freiste <side nr=XXVI> å få selja forlagsretten (for Framtidi) til bøkane mine, og eg kann høyre etter, um nokon forleggjar vil hava dagbøkane mine.

Det bør eg då gjera" –

Men so kom sjukdomen, og me kunde ikkje meir tala med honom um desse ting.

– Då eg fekk dagbøkane av honom, spurde eg, um han hadde tenkt på nokon, som kunde sjå igjennom manuskriptet saman med sonen

vår, um eg skulde "få ein takstein i hovudet". Han tenkte seg um litt, og svara so stutt n e i. Eg nemnde då eldste venen hans, Ivar Mortensson. "Ja", sa han, "det måtte kanskje bli Ivar – men han er jo næsten likså gammel som jeg –"

Meir vart det ikkje tala um den ting.

No vil då sonen min at eg skal gjera handskrifti ferdug til utgjeving. Og Garborgs forleggjar o. a. meiner, at ho helst bør ut med det fysste. Folk gløymer lett i vår tid, utviklingi gjeng fort, og Garborgs ord hev no som fyrr bod til hans eige tid. Vonleg vil dei vega noko i sume spursmål som er brennande nett idag.

Seinare vil desse dagbøkane meir verte forgranskarar enn beinveges innlegg i den kulturstriden som Garborg stod like frisk og heilhuga uppi til siste stund.

So fær eg då gjera arbeidet etter beste skyn. Eg kjenner meg som under augo hans, og eg veit so visst, han vilde gjevi meg rett i at sumt av det han i ymse stemningar hev skrivi ut av sitt såre sinn, ikkje enno bør bli prenta. Det er ikkje difor burte.

Men likso trygg er eg på, at han gjerne vilde ha boki ut no. Det meste av det han der hev skrive, var slikt som han brende etter

<side nr=XXVII >

å segja folket sitt. Både den norske bonden, som han i sers meining kalla "sitt folk", og dei som "styrde dette folke ut i so mykje skam og vonløyse". 1905 med Karlstadsemja, kongevalet, nedriving av festningane våre o. a. tok hardt på han, og vekte for ei stund den gamle politiske stridshugen i han att; mange bitre tankar kom då inn i dagboki.

Der kunde han tala friare enn i bladi.

Men dei religiøse og sociale spursmåli var og vart hovudsaki. – –

– Filosofien hans var tilsist einfeld vortin.

Ein dag i vinter lo han og riste på hovudet:

"Å, alt det unødige tull, vi farer med! Det er ingen som har lovet oss noe gjestebud, som dere sier på Hedemarken, 'en får ta det en får og takke når en går' – naturligvis. Det er ikke mer å si" –

Og hans tru var den, at det er livet som skal fyrebu til dauden, og det store bodet, som ber alle dei andre i seg er: " G j e r m o t a n d r e d e t d u v i l a t a n d r e s k a l g j e r a m o t d e g " –

– Men i sitt strenge rettferdskrav kunde han stundom verta einsidug, og soleis, mot sin vilje, urettvis. Fort ferdug til speord og friske hogg etter alt som tyktest honom dumt eller uærlegt, like kvass i sine åtak på all skrymting og alt fusk var han til det siste. Og viljen var ubrotin like inn i den siste striden.

"Hvile – sans facon" var dei siste sky- nande ordi som kom over munnen hans – –

<side nr=XXVIII >

So sender eg då ut desse dagboksbladi hans som siste bod og helsing frå ein mann som livde i strid for ideali sine og døydde i trui på deim.

Ein mann som det ikkje var svik i.

Hvalstad 1924.

HULDA GARBORG

I dagbøkane er medteki eit lite utval av

brev frå og til forfattaren i den tanken, at dei skulde kaste ljøs i litt vidare ringar over arbeidet og livet hans i denne tidi. Vonleg vil dei og gje ein grand bakgrunn til sume bolkar, der uppteikningane av ymse grunnar hev vorte knappe og mindre tidvisse.

<side nr=1 >

1905

25. 1 . 05.

54 Aar.

Ja-ja! Eg hadde kje venta aa naa so langt.

– 54 Aar. Lang Tid; lite naatt. Men eg er fornøgd likevel: hev naatt so langt fram som til gode Arbeidsvilkaar. Hadde no berre Ungdomen vori betre nytta, so eg hadde visst meir. Dei godt og vel tjuge Aari eg bruka til aa lære norsk Provinsdansk, – dei kunde vori nytta betre. Norskt hadde eg lært aa skrive paa 4-5 Aar i alt; og daa hadde eg lært det godt; dei andre 15-16 Aari kunde eg daa ha nytta til annan gagns Lærdom. Svært mykje lenger hadde eg naatt – og mykje meir hadde eg kunna gjera daa. Men ... ein slepp ikkje skadeslaust fraa den Ting aa vera fødd under eit Framandvelde. Og syte nyttar ikkje. Eg fær taka meg som eg er, og nytte meg ut so godt som eg kann; held daa berre Helsa ut, og dertil Lande greider seg so vidt at eg ikkje misser Arbeidsmode mitt ... endaa nokre Aar frametter kann eg visst daa klara meg. I alle Fall klarar eg meg til 1911, daa eg skal sleppe fraa Verdi, ettersom det er meg spaatt<fmark ind="1")">.

<fnote ind="1")">Spaamannen var den engelske komponisten Delius, han som i si tid sette musik til Gunnar Heibergs "Folkeraadet". Det var etter ein middag i Paris 1896.

Garborg "trudde" sjølvsagt ikkje paa dette; men nemnde det ofte, og eg trur han stundom tenkte paa det</fnote>

<side nr=2 >

– Eg kann vel snart kalle meg gamall no, endaa ein 54 Aars norsk Bonde skulde vera just i dei beste Aari. Men eg tykjer alt eg hev livt lengi. Og røynt mangt, baade vondt og godt. Vart jamvel mot alle Vonir gift, og vel gift, og

fekk ein Son som livde, og liver, og alt er baade større og mykje klokare enn eg. Utrulegt. Ufortent. Serleg etter eit Ungkarsliv som langtifraa var som det skulde; eg livde i den Trui at eg ikkje lengi skulde liva, og at det galdt aa taka for seg og "røyne Live" den vesle Stundi ein hadde det.

Gud veit kvar eg i Grunnen hadde d e t ifraa, at eg ikkje skulde liva. Eit Grand smaaskral var eg so daa og daa; men det hekk vel helst ihop med den nye Innesitjar- og By-Livemaaten som var so reint ulagleg for gamalt Jærbu- og Bondeblod; i Grunnen var eg seig som Sattan. Kannhende hev det vori det, at eg var komin burt fraa min Livsgrunn, flutt som eit ungt Tre yvi i ny Jord, inn i reint andre Livsvilkaar. Banna vere den pontoppidan-spener-lutherske Ukristendomen som dreiv meg burt fraa Arv og Ætt og Folk og gjorde meg til ein drivande styrelaus Praam paa ville Votn; hadde eg livt upp heime, og lært aa arbeide, og so til Slutt teki Garden naar han F,r vart trøytt, so hadde alt vori annleis, og eg, med Guds Magt, ein sterk og djerv og modig og vitug Bonde. No daa eg veit paa Lag kva "literær Ære" er, <fnote>– baade med von og otte; i 1907 hev han skrive, um det i eit burtkome brev til Steinar Schjøtt, som svara soleis: "– – Et skal jeg indrømme: jeg er sinna paa dig, fordi du vil dø i 1911. Fastholder du det, anser jeg alt for at være forbi – –. Erklær paa ære og samvittighed, at du ikke agter at dø, saa skal vi tales ved. Og gjælder det da Homer eller noget andet slikt, so veit du det blir raad – –." H. G.</fnote>

<side nr=3>

skulde eg so gjerne byte um att – um eg daa kunde faa med meg sumt av det eg ute vann. Men no er det kje anna aa segja enn at den

som ut er komin fær ute vera, – til Baaten
kvelvest, – eller til han naar nytt Land ein
Gong?

– – Gamall, ja? Visst er eg gamall. Eg
er tilmed alt gamall Ægtemann. Og eg hev
mest vori daud ein Gong endaa-til. Utimot
Slutten av 1880-Aari hadde eg noko som eg tok
for ei "Minning": den fyrste Rørsle av Slag.
Det var ein Morgon eg stod og klædde meg;
rett som det var ramla eg i Koll paa Golve.
Men fekk berga meg upp-i Sengi att til Slutt.
Daa ho Olina, Syster mi, som i den Tidi stellte
for meg (er i Amerika no for lengi sidan), kom
inn, skulde eg greide ut dette for henne; men
Tunga var mest heilt lam, og Mæle var so framandt,
at eg ikkje sjølv kjendest med det. Sidan gjekk
eg og dingla ei Tid, svimren og skral og halvt
maallaus, underleg halv-v"sen i den eine Armen,
stød paa at eg var "merkt". Men ikkje fullstød
heller; for um ei Tid lagde eg Merke til, at eg
kjende meg betre naar eg hadde drukki eit Glas
Øl; og det skulde daa ikkje høve? Men til
Doktar gjekk eg ikkje; eg kjende meg so veik
at eg trudde eg tolde kje høyre Domen min.
Det var betre naar eg kunde gange soleis utrygg;
og etterkvart som eg besna att, tenkte eg: pytt;
du kann liva nokre Aar enno, fyrr siste Smellen
kjem. Sidan meinte eg, at eg kunde rekne noko-
so-nær trygt paa eit Aars Tid framigjenom,
minst; og paa Resten vart det Vane for meg aa
nemne dette "eit Aar fraa Dato", kvar Gong eg
kom innpaa Framtid-Spursmaal; dette fekk eg ikkje
vant meg av med att, fyrr det vart til Laatt millom
alle mine Kjenningar. Og daa eg til Slutt fekk
<side nr=4>

Mod til aa nemne "Slage" mitt for Doktaren, lo
han aat meg og sagde, at slikt hender ofte med

slike Nervekruslingar.

So livde eg i Fjelle, og stundom i Utlande, og fekk ein Son som snart vart likso lang som eg, og skreiv Bøkar, og gløymde baade Slage mitt og Nervune mine; korleis det sidan skal gange, det "fær me no sjaa daa". – Men so gamall er eg, at eg stundom fær Hug til aa skrive Dagbok. Eg fær mindre og mindre aa segja til dette Folke mitt, som og mindre og mindre bryr seg um aa høyre fraa meg; men eitt og anna kjem for meg, som i Grunnen likso godt kunde vera uppskrivi, u m so gali skulde hende at eg livde lenger enn til 1911.

Lat meg daa freiste!

29. 1. 05.

Er eg gamall? Eg tek alt med slik ei Ro.

Som naar eg ser paa dette Riksstræve vaart.

Denne Striden for aa gjera Grunnlovi um Norigs Sjølvstende til meir enn Ord. Tjah. Me var onnuge ei Rid. Djerve Karar. Um heile Sverig og halve Norig aldri so mykje var imot oss. Men so kom me ingin Veg. Og so misste me Tiltak og Tru og vart halvt um halvt like sæle. Me hadde ingin som kunde greide det. Ikkje ein Diplomat; knapt nok ein Politikus. Og kva nytta det so med alle vaare Vinstreval. Berre den Vegen Høna sparka gjekk det; Riksutgiftine upp i 100 Millionar Aare, Riksskuldi upp i halvtredje Gong 100 Millionar det gjekk paa Sjøen. Sistpaa kom Blehr-styre med sine Konsular, som skulde koste oss, eller ikkje koste oss, vaar Rett til Utriksminister; var dette Vinstre og Landsens Frelsarar? Og me fekk eit Høgre-
<side nr=5>
styre som skulde – gjennomføre norske Konsular og – – spara; Høgre spara!

No s't me der. Ingin Ting vert gjort. Og ingin Ting spara. Ja nokre Smaaskjelingar, som ikkje vert korkje til Mat eller ny Brok; men Millionane rullar. Sjølv sagt; for dei er burtgjevne fyrr. Der s't me. Ingin veit noko; og ingin ser det ut til gjer noko. Og ingin tek seg nær av noko, Me ligg her og halvsøv alle i hop.

Er det finis Norvegia fyrste Vending?

– Bøndane? Fér til Amerika. Og dei som sit heime finn seg i aa skatte etter Maaten mindre enn andre; det styrkjer vel ikkje Sjølvkjensla? Dei bryr seg ikkje um aa koma paa Storthinge heller no; "Bønderne paa Thinge" er nokre Skulemeistrar. Gode Folk; men dei hev ingin Grunn aa stande paa; er endaa meir avhengige enn Embættsmennane. Elles er Stortinge ein Flokk Sakførarar, som vil oppetter paa Embættsvegen, og nokre Embættsmennar, som vil høgge opp; og so nokre Riksrådsemne; der skal jamvel vera ein Sosial-Demokrat Dei gode Mennane, som vil det dei skal, vert daa for faae, veit eg. Kor det er og ikkje er: noko VÍr stend det ikkje av Tinge lenger: me trur ikkje paa det som me fyrr gjorde; og Riksråde ... naah; kannhende Sigurd Ibsen kann finne paa noko; men kven tenkjer paa Hagerup?

Og underleg like sæle er me alle i Grunnen; anna kann ikkje eg sjaa.

At det ikkje snart kann koma eit Mannfolk.

2. 2. 05.

Bladi? – Kven bryr seg um Bladi.

Dagblade held seg elles bra. V. G. er vel reint Høgreblad no, um det elles kann vera

<side nr=6>

nokon Ting "reint" 'lenger. Høgrebladi ja dei er daa komne so langt, at dei vil hava

Konsular.

Det stødaste norske Blade me hev er D. 17de,
som væl er; det nye norske Bergensblade<fmark ind="1")"> ser
like eins godt ut. Og dette trøyster eg meg
med, naar eg stundom trur det ryk til Dunders
med alt anna. Lat rjuke det; lat dei norsk-
danske bli svenske; so arbeider me norske Lande
upp att fraa Grunnen av ...

4. 2. 05.

Lite, lite er her aa halde seg til. Lite, lite
aa tru paa.

I Ungdomen læt ein att Augo og "trur" blindt.
Naar ein daa sistpaa vert nøydd til aa slaa Augo
upp og sjaa, so vert ein ofte reint modlaus. Og
rømer fraa alt. Og Live ligg der etter ein
sundbrøti.

Det gjeld aa halde Augo uppe – og halde
Mode uppe likevel. Sjeldan er noko so gildt
som det ser ut til. Men mangt er likare enn
det ser ut til au.

Brev fraa Arne Garborg.

25/2 1905.

Du Ivar!<fmark ind="2")">

Deg og oss alle ynskjer eg til Lukke med, at
Gamle-Edda paa Nynorskt endeleg kjem. Og kjem
ho seint so kjem ho godt; det er ei god Trøyst.

Det er nok meir Merknader enn eg hadde tenkt;
men dei er so forvitnelege, at ein gløymer alle
<fnote ind="1")">Gula Tidend. – H. G.</fnote>
<fnote ind="2")">Ivar Mortensson. – H. G.</fnote>
<side nr=7>

sine Motlegg. Og dei vil hjelpe svært mykje til
aa gjera dei gamle Kvadi livande att, og det Aands-
live dei er runni av. Det er ein sterk Traad

ny-knytt att millom det gamle og det nye Norig.
Eit Storverk er dette, som fleire og feire vil koma
til aa takke Deg for.

Her inne er ymist politiskt Liv. Det som no
hender synest, so gali det kann vera, aa samle
Folke. Me fær tru paa det.

Me ventar paa aa høyre nytt fraa Einunda.
Endaa Trolli der likar vel ikkje aa koma under
framandt Velde.

Her alt som fyrr.

Med Helsingar fraa Labraatan til Myrom.

A. G.

Brev fraa Politiken.

Kjøbenhavn 1/3 1905.

Hr. Arne Garborg!

Da jeg i Aftes talte med Ed. Grieg om norske
Forhold, sagde han til mig: "De skulde se at
faa Arne Garborg til at redegøre øjeblikkelige
norske Forhold for det danske Publikum." – Paa
dette Grundlag kommer jeg nu til Dem og spør-
ger, om De havde Lyst til i "Politiken" at skrive
et Par Artikler (helst flere korte end én lang)
og deri forklare os, hvad der i disse Dage fore-
gaar i Norge. Fra Aug. Strindberg har vi Løfte
om Medarbejderskab i denne Henseende for Sve-
riges Vedkommende. De véd, han ser med megen
Forstaaelse paa norske Forhold.

I Haab om et gunstigt Svar,

Deres meget ærbødige

Henrik Cavling.

<side nr=8>

Brev fraa Politiken.

Kjøbenhavn 15/3 1905.

Højtærede Hr. Garborg!

Vedføjet et Par Eksemplarer af "Politiken"
med vor Tak. Det gør mig ondt at høre, at

Deres Syn er svagt, men forhaabentlig er det kun en forbigaaende Svaghed. Og skulde De nu af og til finde en Fritime udenfor Deres literære Arbeide, saa véd De, at "Politiken" betragter Deres Medarbejderskab som en Ære. Desværre forstaar vi Dem jo næsten ikke henede, naar De skriver Maal; saa meget mere forbavsede har vi været ved at se Dem skrive et Norsk, der næsten ikke afviger fra Dansk. Ogsaa De opretholder da en literær Tradition, der stærkere end noget andet kan tjene til at sammenknytte to Folk.

Med venlig Hilsen!

Deres meget ærbødige
Henrik Cavling.

Brev fraa Steinar Schjøtt.

23/3 1905.

G.!

Nei, det gjorde ingenting; jeg tog mig en tur, skvatt nedom til Martha og drakk 2 kopper kaffe ved peisen, drog hjem og saav i eet kjø fra 10 til 1/2 8. Saa forsaavidt er alt vel. Men desværre ogsaa kun for s a a vidt; thi jeg befinder mig desværre ikke vel

Men ingen sørgelige betragtninger; aa jo, een til; jeg har taget mig meget nær af Amalies<fmark ind="1)"> død; thi jeg elsker mine venner og hader mine fiender; det er ligesom Vorherre har ringt 1ste gang.
<fnote ind="1)">Amalie Skram. S. hadde vore på Labråten og ikkje råka oss. H. G.</fnote>
<side nr=9>

Hils viv; skulde noget vederfares hende, da var det som der blev ringt 3dje gang.

Han syner oss mangt.

S.

Brev fraa Erik Givskov.

London 19/4 1905.

Hr. Arne Garborg!

Tak for de to små hæfter og min allerfineste kompliment for dem. Skønt jeg kender Deres evner fra Deres bøger, tilstår jeg, at Deres – ganske unødvendige – beskedenhed havde forberedt mig på muligheden af at jeg på et eller andet punkt skulde have haft grund til at beklage ikke at have set korrektoren. Men jeg kan ikke give Deres værk en højere lov, end at jeg intet som helst har fundet, jeg kunde ønske anderledes. De, der formodentlig også undertiden har set Deres arbejder "i uddrag" foretaget af andre, vil forstå hvor fortræffelig jeg maa finde Deres "4000 års rike", når jeg intet specielt ønsker tilføjet. Også i henseende til form og stil skulde jeg tro, at De har truffet det rette for et folkeskrift. Måtte det nu blot vække interesse hos folket; det kan vel gøres nødigt. Det er imidlertid vel næppe megen grund til at håbe paa et nyt oplag; skulde dette ske, da er der en uvæsentlig trykfejl S. 27 1. 10 f. n., en genganger fra Samtiden. Sorthe i st. f. Sarthe. – Måske det så også vilde være heldigt at forandre anmærkningen samme side: Mayenne og Sarthe verksbyar til f. eks. verksdistrikter. Der er ganske vist en lille by Mayenne og måske også en by Sarthe; men det er navnlig blandt småbønderne i de to departementer M. og S. at drukkenskaben er saa overvældende.

<side nr=10>

Dette er jo imidlertid ganske uvæsentligt og jeg kan kun gentage min bedste tak og kompliment for Deres udmærkede arbejde. Jeg vilde meget gerne have et par hæfter mere, om De kunde lade mig få Dem.

Jeg har anmodet sekretæren for den engelske Land League om at sende Dem "Land Values", som De ikke vil have den ringeste vanskelighed ved at følge. Et godt blad er også det tyske hovedorgan Deutsche Volkstimme, Redaktør A. Damasche, 8 Arconaplatz, Berlin.

Så er der – måske det bedste – The Single Tax Review i New York samt The Public, Redaktør Louis Post, Chicago. Skulde De eventuelt ønske yderligere oplysninger om bevægelsens organer i de romansk talende lande, da er jeg med fornøjelse til tjeneste.

Jeg har mine noter i orden og skal i påsken skrive en artikel om russiske landforhold. Der findes der et religiøst samfund af hollandsk oprindelse, der har indført single tax indenfor deres kommuner med de mest vidunderlige resultater. Skatten er stor nok til at fylde kommunekassen efter at de uhyre statsskatter er betalte af den, i sådan en grad at endogså brandskadeerstatninger udbetales af den fælles fond. Jeg skal sende Dem den når jeg får den frem.

Endnu engang tak for Deres arbejde. Skønt min virksomhed i den senere tid har båret rige frugter, er der næppe noget der har voldet mig større glæde end at faa en mand af Deres autoritet med i kampen for menneskehedens frigørelse.

Deres ærbødige

Erik Givskov.

<side nr=11 >

24. 4. 05.

Forunderleg nok ser det ut til at Høgre i Aalvorsvingar.

Hev desse Kontormennane trutt, at dei med Godlaat og Lempe skulde faa svævt Målar-Trolle, so at Norig fekk Retten sin likevel til Slutt? Og

no ser dei seg svikne i dette, og vert daa harme,
ja norske?

Tru dette kann halde ut, um so var? Eller skal Mälartrolle med nokre nye Krullar paa Rova faa deim med paa ny "Forhandling"? Me fær sjaa. "Tru det beste", – men vera budde paa alt. Det er meir enn ein som trur, at dette berre er ei Sinne-Rid hjaa Høgre. "Aftenposten", som nok er det rette Høgreblade no, hev alt teki til aa klunke paa "Forhandlings"-Strengen att.

Det gamle Stortutarhorne for Høgre og "Unionismen" fraa 1870-Aari og mot all Norsksdom, "Morgenbladet", er no so norskt at ein trur ikkje sine eigne Augo. Eg fekk Brev fraa Bladkontore der um aa melde "Fossegrimen" <fmark ind="1")"> i Mgbl. – paa Landsmaal; Verdi stend kje til Paaske, tenkte eg, og skreiv. Og Mgbl. tok Stykke.

Fraa fleire Kantar høyrer eg, at den norske Tanken er aat aa vakne, og at Unionstrui ryk. I seg sjølv skulde det ikkje vera urimelegt. Men me er i det norskdanske Norge. Og det strider mot alt som fyrr der er røynt, daa visst i mi Tid.

Lengi stend det vel ikkje paa. Naar Svensken tek til aa rumle med Krut-Tunnur og Russe-rædsle, so fær Nordmennane Skjelv-i-Kne, som dei plar faa, og Tingings-Vindkverni tek til aa svive att. Men ... det er store Ting berre det, at Nordmannen enno kann bli sinna. Ærekjensla, Livs- <fnote ind="1")">Sigurd Eldegards landsmaalsskodespel, framsynt paa Nationalteatret. H. G. </fnote>

<side nr=12>

hugen er daa kje heilt daud. Naar so Svensken hev narra oss endaa ein Gong, so . . . ja kven veit?

– For slike som eg hev dei siste Tidine vori stride.

Vinstre, som me "trudde paa", kom ingin Veg.

Den siste – Blehr-Sigurd Ibsenske – Freistnaden

med Konsulatspursmaale saag meg helst speleg ut.

Eg gjekk alt so smaatt og ferde meg til, laga meg til Rettes for ei ny, ei svensk, "Dansketid".

Eit Folk som hadde sovi i 4–500 Aar kunde kje vakne med ein Gong. No var det komi so langt, at det vilde bli sinna og ikkje dovne burt under eit Svenskestyre; naar so ein Gong den Tidi kom, at Sinne hadde vakse seg sterkt, og grott seg fast, – so vilde ein ny og betre 17de Mai koma.

Hja! So fekk ein tru og trøyste seg. Og so døydde ein burt fraa denne vonde Verdi; og so kom Framtidi ein Gong, med nye Mennar og nye Vonir.

– Eller: Sverig kom seg. Det halvrussiske Storsvenskevelde vart brøti; Arbeidar og Bonde kom seg upp; det nye Sverig vilde skyna, at Tvangs-Union vart, naar det kneip, verre enn ingin Union; eit nytt og betre Samfeste vilde koma fyrr Nordmennane vardest.

– Eller: Russland vart avbanka i Asia og reiste seg heime; Tsardøme vart kasta, og eit nytt og fritt Russland reiste seg. Og dette Russland vilde vera Framtidi for helle Europa; fraa den Sameiga av Jordi det fraa gamalt hadde, vilde det no finne fram til den Maaten, Henry George hadde halde fram i Amerika, eller den som Kina gjennom eit fleiretusund Aars Liv hadde vunni seg fram til; Russland vart daa Fyrstemann i dei "europæiske Sambandsstatane", som vilde reise seg og meir og meir samle seg paa denne nye, eldgamle Grunn; og so vilde det verste i Sogo vera yvistridt, og ein ny Heim byggjast,

<side nr=13>

ein ny Sogudag byrja; daa vilde det, etter dei "lange laake Tidir", jamne seg for Norig med, – tenkte eg.

– Det tenkjer eg enno. Men best vilde vera best: kann me sleppe ei ny "Dansketid", kann me vinne oss fram til Folk alt no, so vert Framvegen lettare.

29. 4. 05.

Med sine fyrste Tiltak paa Bokskrivarvegen hev Hulda gjort det ikkje ille. Fleire Stykke hev ho fengi oppførde; dei hev alle greidt seg; eitt av deim hev klara seg framifraa; alle er godt skrivne, sume svært godt.

Men so kom denne Boki av "En Kvinde". Den beste "Kvinneboki" som er skrivi etter Camilla Colletts Tid; men ho ser djupare enn Kvinnebøkar plar gjera, Det vart fullt Uppskrik yvi denne Boki gjenom heile "Kvinnesaki"; og daa Folk etter ymis Gissing hadde funni ut, at Hulda – som ikkje er med i "Kvinnesaki" – stod best for Støyt her, fekk ho jamvel i Bladi Skuld for Boki, og det med fullt Namn, og med full norsk Utskjelling. Men Boki naadde upp til 10 Upplag. No hev det teki til paa mest same Maaten med "Fru Evas Dagbog", endaa det mest er dei ordførande Han-Mennane som driv paa no. Og Ordspruten vert retta mot Hulda med fullt Namn; vanlege Lovir gjeld ikkje.

Hulda hev bori alt dette med Ro; men at det piner henne er greidt, ikkje minst, kannhende, ved det at ho læt vera aa "skrike" <fmark ind="1">.

Det er godt at ho er sterk; endaa Vaarherre veit, um ho i Røyndi er so sterk som ho ser ut <fnote ind="1">G. skreiv i denne tidi um "Anonymitet" i "Verdens Gang"; mange takka han for det. H. G.</fnote> <side nr=14>

til. Ho hev ein leid Hovudverk stundom, og med Svevnen er det mest aldri som det skal vera. Eg likar ikkje dette, og det kann eg hava Grunn

til; Folk av mitt Slag er visst sjeldan gode Ægte-
mennar; og eg er ikkje av dei beste.

Ein skulde gifte seg naar ein var tjuge Aar,
ung, frisk, modig; det læt seg sjeldan gjera
lenger. Men eg gifte meg ikkje fyrr eg vart
so gamall, at eg skulde vori hengd og ikkje gift;
hadde sett meg fyri aa ikkje gifte meg au; men
i slike Ting hev Viljen so lite aa segja, naar det
kjem til Stykke. Eg hadde havt meir enn eit vondt
Aar daa, modlause og stundom helst vonlause Tidir,
daa eg "heldt meg uppe" med Rangel o. s. fr.;
me er so underleg veike, me norske, so snare
til aa gjeva upp, ikkje minst me som er komne
burt fraa Heim og Heimefolk og gjeng og vildrar
aaleine. Og lengi etter at me hadde gift oss og
flutt til Fjells, gjekk eg og stridde med mi skrale
Helse og mitt skrale Mod; trudde lite paa Fram-
tidi og venta helst paa "Slag"; og med denne
Halvsjukingen skulde ho gaa der aaleine uppe i
Fjelle; ho hadde det ikkje godt; det skynar eg no.

At det hev greidt seg betre enn det daa saag
ut, det er mest henne aa takke fyri. Ho heldt
ut, og heldt Mode uppe, hja meg med, ikkje
minst ved det at ho "trudde paa meg". Men
um ho nokon Gong vinn yvi det ho sjølv i dei
Aari leid, det maa Vaarherre vita.

30. 4. 05.

"Trui" stridde eg lengi med. So lengi som
ho hadde Magt i meg, um ikkje full Magt. Og
daa eg hadde vunni yvi for min eigin Part,
kjende eg det lengi som ein Skyldnad aa hjelpe
til med aa fria ut andre fraa denne same Træl-
domen.

<side nr=15>

Men eg lærde som alle andre, at den Træl-
domen maa ein vekse seg ut or. Ein kan kje

brjote seg ut. Og beintfram kann ein ikkje hjelpe Folk med dette Arbeide; "gjera Hjelp" vert her ofte aa gjera Skade; det hev Prestane Rett i. Smaatt og jamt maa Folke vekse, til det veks Baaneklædi av seg; alt anna fører til Sjukdom og kann føre til Daude; meir enn ein av oss einskilde som braut oss ut or den vanlege Folkeframvokstren, hev fengi finne det.

Og dei tarv kje vekse seg burt fraa alt, som vel er. Fraa Kyrkjjetruir og Kyrkjjetvang kann dei smaatt um senn vinne so langt at dei fær Tak paa Jesus, som daa frelser oss fraa Kyrkje-Trolle med sine tusund Kloar og Fange-Armar. For meg vart det so at eg laut gange rundt; Kyrkja og Jesus trudde eg var nokosonær det same; og so gjekk eg og gjekk, eller voks og voks; til eg lærde aa skilja millom dei tvo Magtine. Og um Jesus sjølv bruka mange av Bilæti fraa den etterbabyloniske Jødedomen – kor mykje eller kor lite han kann ha lagt i desse Bilæti veit me ikkje; sjølv hev han ikkje skrivi; og det vesle som eit Par av Læresveinane hans skreiv er i alt "teologiskt" skrivi ut fraa den vanlege etterbabyloniske Jødedomen, og dertil stundom utfyllt og retta av Apostelsveinar att, eller av deira Læresveinar. Det er Grunndragi i Jesu Lære me maa halde oss til; men dei kann me daa halde oss til trygt; han er ein av dei faae store Meistrane som heilt hev set og skyna Livslovi, den høgste Livslovi.

Kva som er fyri og etter dette Live kann me sjølv sagt ikkje vita noko um; me kann tru eller ikkje tru; og trur me, so maa Trui vaar vera bygt paa det som me ser er Sanning for dette Live; Trui um eit "anna Liv" vil daa alltid staa paa Høgd med vaart Skyn paa dette

<side nr=16>

Live. Men um me kjem so langt at me ser, at um eit Liv utanfor Tid og Likam kann me ingin Tanke gjera oss, so stend endaa dei høge Grunnlovir for Aandslive her paa Jordi att; og ved aa fylgje deim naar me den høgste Livsens Von for "Æva" med som vinnande er.

Buddha hadde Rett. Han sette upp Lovine for det høgste Live her paa Jordi; aat vaare Krav paa eit ævelegt Liv sette han upp Læra um Sjælevandringi; og daa han kom so langt som til Nirvana, – daa tagde han. "Skal eg, mitt Grunnvære, liva serskilt daa, eller skal eg gange under i Allvære?" vart han spurd. Han svara ikkje paa dette, eller sagde noko som inneheldt: um det kan me ingin Tanke gjera oss<fmark ind="1")">.

Jesus gjekk i det heile ikkje inn paa denne Tanken, so vidt som me kann sjaa. Det, som Sogubøkane hev sett upp, er so uklaart, at ein aldri rett veit um det gjeld det komande Messiasrike her paa Jordi eller um det er Tale um eit Liv av eit anna Slag i ein annan Heim, det som me i denne Heim og i dette Live ikkje kann gjera oss Tankar um, men som i det høgste er Bilæte laante fraa det Live me her kjenner.

Rett Kristindom er, som den rette Buddhisme og den rette Konfutsé-Tru, den: du skal tru paa det sanne; du skal gjera det gode og forsaka det vonde; du skal elske din Næste som deg sjølv. Di meir ein lærer aa sjaa det, og di mindre ein bryr seg um dei Bilæte me kann gjera oss av eit anna Liv, di nærare kjem ein det Gudsrike paa Jordi, som alle dei store Meistrane hev forkynnt.

<fnote ind="1")">I si preike i Benares, kjerna i den rette Buddhisme, liksom bergpreika i den rette kristendomen, sa Buddha: "Udøyeleg er einast sanningi". H. G.</fnote>

<side nr=17>

1. 5. 05.

Godt Vaarver; mildt, linnt Regn Dag etter Dag. Gjev det kunde halde paa nokre Dagar til! Det trengst; – fleire skrale Aar hev det vori her aust no; eit til vart tungt aa bera.

– Med Politiken ser det godt ut; Tinge held seg, saman med Styre, rolegt og fast, og Bladi og Folke – so vidt ein ser og høyrer – paa same Maaten. Etter mange lange tvilfulle Aar tek eg til aa tru att.

Sverig vrid seg, kann ikkje tru paa Norig – rimeleg nok etter desse mange lange Tidir med eit unationalt og eit berre halvnationalt Parti! – men skynar samstundes, at Norig ikkje lenger so lett læt seg skræme. Spursmaale vert vel no, um dette Halv-Russland ved Målaren kann skyna Tid-Teikni fyrr det vert for seint.

Og for seint <sp>kann</sp> det verte. Russland, som for det fyste er stengt mot Aust, tek alt til aa tenkje paa Vestvegen att. Og Sverig hjelper det med sine Væpningar paa den eine Sida og sin Unionspolitik og ville Bladskrivarar (Sven Hedin!) paa den andre; ein tysk Offiser (Generalmajor Pfeil) som tenar i den russiske Hæren skal ha skrivi i eit Berlinblad, at Russland under heile Ufreden hev havt Sverig mistenkt for dult Fiendskap. Det hev serleg lagt Merke til ymis svensk Væpning og Festningsbyggjing. Eit offisielt russisk Blad skriv med stor Ros um det nye svenske Hærstelle.

– – Mykje og mangt kann Framtidi gøyme. Eg ynskjer no helst eitt: at Tsardøme fell, og at Russland vert fritt; fritt, med ein Eigedomsskipnad bygd paa det gamle Jord-Sameige i ny (George'sk) Form. Daa kunde Tanken um det sambundne Europa koma til aa gange ut fraa Russland.

<side nr=18>

3. 5. 05.

Godt Vaarver, Gudane have Lov.

Mildt, smaatt Vaarregn hev det vori no i fleire Dagar. Væta skal alt vera komi so djupt ned, at ho vert til Hjelp for Tre-Røtane. Eng og Aaker er berga for det fyrste. Her paa desse Kantar, der det hev vori turrt so lengi, og ifjor vart heilt upp Misvokstr av Terre, kjem dette som ei Berging reint. Skulde det haldi paa eit Aar til med Turk og Misvekstre, kann ein lite vita korleis det hadde gjengi.

– Fraa Savalguten hev det lengi vori mest um Motgang aa høyre; i Vinter var han ikkje so lite sjuk; og Tilstandi paa Einabu er ikkje i alle Maatar gode. No gjeng det betre med Helsa, som vel er; og av Edda – som me no endeleg skal faa paa nynorskt – hev han fengi ut andre Sendingi.

Eg er rædd at Guten hev det kje for godt, som han gjeng der uppe altfor mykje aaleine og tyngd av ymis Sut. No skulde det vore ventande at han fekk Glede av Edda-Verke sitt, som han hev arbeidt med so lengi, og no fær fraa seg so vel. Men for det fyrste var det i Norig ingin Bokreidar aa faa til denne norske Bibelen. Han maatte takke til aa faa Boki ut i Heftevis gjenom Samlage. Og for det andre bryr Nordmennane seg um alt anna enn eit nationalt Grunn-Verk som Edda. Med Tid og Stundir vert vel Arbeide nemnt. Men enno er alt rolegt. I sjølve Maalbladi – ikkje ein Fugl syng.

Ja D. 17de synest helst vilja dylja burt heile Edda-Umsetjingi. I Dag hadde det teki inn eit Stykke av Loketrætta, "umsett av Ivar Mortens-Son", "etter Syn og Segn". Edda var ikkje nemnd. Det saag ut som det berre var Loke-,

trætta som I. M. hadde umsett. Berre Slurv, veit eg. Bondeslurv. Men for Ivar kann det taka seg annleis ut.

<side nr=19 >

Eg hugsar kòss det var med meg sjølv i dei Aari eg gjekk der uppi Kolbotnen. I Kolbotnen lika eg meg godt, og hadde det so godt som ein sjukleg Mann utan Framtids-trygd kunde ha det. Men det at eg aldri vart nemnd, og um det no ein Gong hende, nemnt paa ein Maate som for meg saag rangviljug ut, – det pinte meg meir enn eg nokon Gong hev kunna segja. Seig, seig, usliteleg skal ein vera, um ein held ut sovori utan Skade paa Mod eller Vilje.

No gjeng Saval-guten der uppe og hev det vel paa Lag like eins. Eg hev i Sinne sent D. 17de ein Stubb, der Edda-Umskrifti vert nemnd; men ei skikkeleg Døming skulde koma yvi Arbeide; og eg, som elles er so "norsk", hev aldri, i alle mine Skular, fengi det minste Grand Greide paa slikt som Gamle-Edda. Virgil og Horats og Ovid – og litegrand Homer – det var det einaste dei norske "lærde" Skulane visste um. Sidan hev eg lært litegrand sjølv, hev endaa gjort Emningar til Umsetjingar av sume Eddakvad; men nokon Rett til aa vera Domar ...

No; me fær sjaa. So mang ein Gong hev eg

sett meg paa Domarsæte av di det ingin brukeleg
Domar var; i dette vesle halvville Lande lyt
mangt klara seg.

<side nr=20>

5. 5. 05.

Det hender ikkje ofte at eg er i Lag. Men i
Gjærkveld hende det. Og det hende for di at
Innbjodaren var Fridtjof Nansen.

Han er den største Nordmannen me no hev;
og det utrulege er, at han endaa er norsk, det
vil daa segja norsk dansk. Serleg i denne Tidi
hev han gjort storverk mot Lande sitt; ja gjeng
det so godt som eg no mest trur det vil gange,
so kann me ikkje minst takke Fridtjof Nansen
for det. Daa han hadde bedi baade Hulda og
meg til Lage sitt, so var det inga Raad: eg laut
brjote Skikken min og gange.

Vent og storfellt og i Natur og Bygnings-
maate norskt er det der utanfor Lysaker-jarn-
vegsgarden, der han og mange andre gjæve
Karar, derimillom vaare fremste Maalarar no
bur; og det nye Huse hans er svært gildt, og
gildast inni; Halli der er det gildaste og "stor-
norskaste" eg hev set. Og Selskape var stort
og gjævt. Fyrst var det Musik, fyrste Rangs
Musik; Martin Knudsen spela Beethoven, so jam-
vel eg Musikalærde laut fylgje med; og Eva
(Sars) Nansen song, friskt og fint som h o kann.
Huse var fullt av skrudklædde Gjestir (halv-anna
hundra Menneskje trur eg det vart sagt); og eg
trur ikkje det var berre eg, som kom til aa
tenkje paa Kongsgard, endaa Herklædningar
fanst ikkje.

Skulde det hende at Svenske-Samfeste vart
løyst, er der ikkje Tvil um at Nansen vart eit av
dei fyrste Namni. Ikkje berre av di han i seg
sjølv er ein av vaare fremste; han er og den

Nordmannen no som hev det største europæiske Namn; og berre "lærd" er han kje heller. Han skal jamvel vera av Konge-Ætt, segjer dei. Av Oldenborg-Ætt. Naah; lause fraa Sverig vert me visst ikkje, so noko slikt som ein norsk Præsident (Konge?) vert det nok ikkje Tale um. Men <side nr=21 >

aa ha slik ein repræsentativ Kar aa bjoda paa, det gjev Sjølvkjensle jamvel til norskdanke. Daa Dansen tok til, so ved Ti-tidi, var han paa Golve mest jamt; og han var den beste Dansaren so vel som det største Namne, – som eit Kongs-emne skal vera.

Eg kjende meg underleg framand, men hadde Moro lel. Eit og anna Menneskje fraa gamle Dagar kjende eg, og sume av desse kom eg til aa røda med; men eg høyrer alt til dei eldre, eller snartsagt gamle; ei ny Ætt hev runni upp, som er meg heilt ny. Og eg kom til aa tenkje paa baade eitt og hitt. Mange mange Aar var det sidan eg hadde vori med her; og framand var eg, og kjende med meg at eg var framand til Grunns, og hev millom alle desse gjæve og gilde Folk alltid vori framand. Men eg hadde det ikkje mindre hugsamt for det. Naar ein langt um lengi hev vorti klar yvi seg sjølv, so er der inkje-noko leidt i aa vera millom Framande".

Daa Dansen tok til, gjekk eg Upp paa Treve og stod og saag paa og tenkte paa andre Ting. D'er visst og sant: me er i det norskdanke Norig.

Kjem me lenger? Vert Norig norskt att? Gudane veit. Eg trur det enno. Det vaknar og veks baade her og der. Mykje av mitt Folk dukkar under i norskdanke Byar eller rømer Lande; Norig er dyrt aa styre og brukar mykje til Stas; spaa kann ein ikkje enno paa ei god Stund. Men meir og meir rolegt veit eg no, at

eg er norsk og vert ikkje anna enn norsk. Um det norske Norig vinn seg upp att eller ei, vert for meg det same. Eg er og vil vera det eg maa vera og er. Vinn Folke mitt fram att, so er det vel. Er det for veikt, er det utsliti, maa det døy, so fær eg, "døy med det"; anna er her ikkje aa gjera.

<side nr=22>

8. 5. 05.

Herleg Vaardag. Blaa Himil, varm Sol, Fuglar kvitrar, kvitrar, syng. Tréi tek til aa sprette; Bakkane tek til aa grønke. Her er Vaar, Vaar, Vaar.

Eg stend i Hagen med Spaden og grev. Og liver meg so inn i mitt gamle kjende Arbeid med Jordi, at det er reint som eg var heime att. ja som eg var Smaagut. Eg tek meg att i Draumar og Tankar av same Slage som dei eg livde so mykje i daa eg var litin.

Ja Draumane vert ikkje dei gamle; eg veit for mykje um Verdi no til det. Men Tankane kann verte dei same so eg reint maa undrast.

I Dag stod eg og stelte med dei smaae Rose-tréi frametter Gjerde. Det er vel dette Arbeide som hev vekt til Liv i Hausen min eit gamalt Vers fraa ei Skule-Lesebok:

"Vi to skal ei hinanden skose,"
udbrød en Tidsel til en Rose;
"thi begge to vi Torne har."
"ja," var den ædle Roses Svar,
"mod plumpe Angreb sikrer mine;
men hvortil bruger du vel dine?"

Dette masa og masa for meg i Einingi. Og meir og meir forundra vart eg med meg sjølv, av di denne Diktaren ikkje hadde lati Tistelen

svara. For Tistelen kunde ha svara so greidt.

"Eg brukar mine
plent like eins, Mor, som du dine!"

– Tistelen er simplare, so han kunde ha tala
norskt.

Men denne Diktarkroken hev ikkje funni paa
aa lata Tistelen svara. Eller ikkje vilja lata 'n
faa Orde. Mot all Rett og alt Rim læt han Rosa
binde Munnen paa Tistelen med slikt-noko Dame-
<side nr =23>
Tull; – det maa vera ein Ho-Diktar som hev
skrivi det ...

... "mod plumpe Angreb sikrer mine;
men hvortil bruger du vel dine?"

Dette Tulle-Verse heldt paa aa plage meg, til
det mest sveiv rundt i Hovde mitt; eg var reint
som eit Barn att.

– Aa, slik ein varm, god, solsterk, draum-ør
Vaardag!

10. 5. 05.

Schillerfest! – hadde Provinsialteatere i Gjær-
kveld. Festklædde Folk, etter Paakrav fraa Spel-
hus-Styre. Og fullt Hus, veit eg.

Kor mange det var av alle desse høgtids-
klædde Kvende og Karar som hadde lesi eit
Stykke av Schiller? Eller set eit Stykke av
Schiller; for Teatere sjølv hev knapt synt han
fram nokon Gong? – Det kann daa vera plent
det same.

Men det er Snobben, ein skal spekulere i her
i Norig –

Leve, leve; Hurra, hurra! – –

– – Eg gjeng og grev i Hagen. Den Jordi er forunderleg. Svart og fæl og ser til inkjes ut. Men skaper med Guddomsmagt det himilsk fagre og det jordisk gagnlege. Eg er Bonde. Jorddyrking er den einaste sanne Kultur. Alle Gudar have Takk, at eg eig ein Jordfleck! At eg ikkje hev lært mitt Jordbruk, og ikkje haldi uppe mi Bonde-Arbeidskraft, det er mitt Livs Synd; og den hev daa og dregi etter seg mitt Livs Helvite.

<side nr=24>

E. M.

Trøytt vert eg. Men det er frisk Trøyttleik som eg kann kvile av meg. Og sjølv Kvila er god. Det er noko anna enn "nervøs" Trøyttleik, Bok-Trøyttleik, som gjer at ein korkje kann arbeide eller kvile.

Gud sette Menneskje i Hagen til aa dyrke og vakte den. No, 55 Aar gamall, tek eg til aa skyna dette. Vaarherre, Livslovi, hev sett oss til aa dyrke Jordi, og ikkje til aa sitja paa Kontor. Adams Syndefall var der Frelse fraa; men det Syndefalle som byter burt Luft og Jord og Himil med Kontor og Omnsrøyk og Medisin, er der inkje Frelse for; den fører til Dauden.

– Jordbruk er Religion. Eg skynar Jærbuen, som dyrkar Gud med sitt Arbeid. Eg skynar den eldre norske Bonden, som dyrka Tuftekallen, Fedra-Aandi, naar han dyrka Jordi. Og eg skynar ein Bonde fraa vaar Tid, som i Jordi dyrkar det mystiske, det ukjende ævelege, Live. Den sanne Gudsforneiting er Mammondyrkingi, som driv Jordi for Renta Skuld, og sel Jordi naar ho ikkje gjev fem av hundra, og set Pengane i Okerdrift, eller i det Muge-Mord som heiter Verks-drift, eller i Modehandel.

Mammondyrkaren maa burt, av alle Grunnar,

men ikkje minst av di han er Gudspottar. Jordi, Religionen, maa upp att. Av Kina maa me lære vaar eigin gamle Livsvisdom paa nytt, av dette Kina, som er fraa Abrahams Tid, og som hev halde Arbeidsbøde, og det 4de Bød, og som av den Grunn no held paa, med Livgjeving og ikkje med Dreping, aa leggje under seg Jordi. So sant ikkje dei Kristne fær øydeleggje Kina-mannen med Kapitalisme og Opium daa!

<side nr=25>

11. 5. 05.

Fuglekvitter og Fuglesong.

Sprettande Lauv; grønne Bakkar. Mildt; friskt naar ikkje Soli stend paa; sumarvarmt, naar den tek Magti. Herlegt, herlegt, men . . .

Regn, Regn?

12. 5. 05.

Same storfine VaarvÍre. I Dag hev det dertil regnt eit lite Grand – altfor lite – so no tek det til aa grønke og sprette med Kraft. Herlegt, herlegt! – men eg skulde nok ynskje eg var Regnmakar.

– – Den verste Vinna um Aare er komi: desse stakkars Hjelpeskjelingane til desse alltid mange og alltid arme norske Bokmennane skal verte utskifte no.

I Aar er der elles ikkje noko aa skifte paa. Stortinge hev haldi paa lengi aa knipe inn paa dei stakkars 6000 Kronune som vart sette upp i "den gode Tidi", men hev i Aar strøki alt. So, no er det berre Schäfers Legat, d. e.: 400 – fire hundra – Kronur.

Til desse 400 Kr. er der tie Søkjarar. Av deim er det minst 4, som eg kjenner so godt og held so gode, at eg vilde røyste paa deim. Men berre ein kann faa. Og kva Hjelp er der

i 400 Kronur, jamvel for ein? Av alle tie Søkjarane er der elles i Aar berre ein som kann faa gjort noko ut av 400 Kr.; det er Løland; og so røyster eg paa han. Han er og ein av deim som best fortener det.

Fælt, fælt, fælt er det aa sitja i denne Nemndi.

Paa alle Vis fælt. Fælt aa sjaa paa all denne Ungdomen, som Bjørnsons og Ibsens Laurbær narrar ut i Uføre. Fælt aa segja Nei til mest

<side nr=26>
alle desse Krokane, som gjeng der og drøymmer seg Ibsen'ar, Shakespeare'ar, altslag, og sjeldan, sjeldan, sjeldan er anna enn – "flinke". Hu; eg veit sjølv kòss det er aa faa nei, naar ein gjeng og drøymmer um ei "Framtid", og ofte trur at den stend paa dette: um ein no kann faa denne Ferdahjelpi. Ein veit til slutt ikkje kven ein hev mest vondt av: desse Drøymarane, som for det meste vert ille svikne, eller oss Arm-ingane som skal sitja der og vera vise, endaa me ingin Ting veit, og døme denne Ungdomen som gjeng og skjelv og ventar som paa ein Dom yvi Liv eller Daude. Paa Domedag naar Sant Peter vil sende meg til Helvite, vil eg svara han med det: hugsaa at eg i tjuge Aar hev siti i Stipendie-Nemndi ... daa kann eg aldri tru anna enn at han let meg sleppe.

Kva ein no elles skal segja um Stortinge i denne Saki, det er eg i Tvil um stundom. Ja ikkje um "Grunnen", Paaskote: det um at den og den unge Bokmannen hadde vori i Slagsmaal; huff for Stakkarsdom, at dei ikkje kunde finne paa so mykje som eit skikkelegt Paaskot! – Men kannhende er det gali aa halde uppe denne Skrivesjuken her i Lande. Og var der ikkje Rikshjelp aa faa, so vart det ikkje andre som slog seg paa Skriving enn dei som ikkje kunde lata

vera; og dei vil gjerne vera noko tess, naar det daa ikkje er Halvgalningar. Desse Rikspengane narrar visst meir enn ein Stakkar ut-i Uføre; og det vert skrivi so mykje "Poesi" i dette Lande med dei tvo Millionane no, at rett heng det visst ikkje ihop. Gud veit kva Raad det skal bli med dette Snobbe- og Lathansfolke! – Til Amerika med heile Smelta? Eller inn-under Russland?

<side nr=27>

17. Mai 05.

Ein herleg Dag. Straalande Sumar. Mest stridt varmt. Grøn Mark; sprettande Skog; Bjørk som alt lauvar seg; Blaaveis, Kvitveis, Kirsebærblom; Fuglekvitter og Fuglesong; paa den Tid eg minnest hev me kje havt so fager ein Vaar paa 17de Mai. Det maa vel spaa godt, veit eg?

"Den 17de Mai", Blade, kjem nok med eit men. Stortinge hev just vedteki ei Grunnlovs-umgjerd, som tek Grunnen undan den gamle Bondemagti paa Stortinge. "Bondeparagrafen er strokin." Og det som verre er: dei beste Bøndane "vil heretter vanskeleg kunne naa fram til Tingbenken". Det er Ordmakarane og Live-brødsmennane si Tid som kjem no.

Bonden hev i det heile no gjevi fraa seg alt det han hadde av "Magt", alt som var til sers Studning for Bonden: Valretten, Bondeparagrafen, umveges Val. "Heretter kann han vera glad um han fær vera med aa velja paa dei byfødde og bymaaltalande Embættsmennane, som i sin Naade set seg ned i eit eller anna Umbod eller Embætte der dei fyller Bygdine med Knot og Frasur."

Og so stilt som dette hev gjengi! Eg hev kje visst um diheller, at her var slik Faare paa Ferd. Ingin hev vel tenkt, at Bonden skulde gange so mannsterkt med paa slikt, at her vart

Grunnlovfleirtal. No er det reint som eg kjem i Tvil um eg kann vera med paa den syttande, – med all den "Folkesamling" me hev upplivt i Aar.

 Dette at Bonden kjem meir burt, vil ikkje berre døyve vaare nationale Vonir. Det vil minke sjølve vaare Tilvære-Vonir. Det hev vori lite Magt i Sparetanken i seinare Tid; men so lengi der var Bondefleirtal var der Von: Bonden vilde snart sjaa at det bar gali i Veg no med
<side nr=28>

Landsens Magt. Kjem Bonden no endaa meir burt, hev me kje den Trygdi heller. Verre og verre vil Millionane rulle; dei vil rulle so lengi det finst Jødar som vil laane oss Millionar. Og all Norigs Kraft vil meir og meir gange med til aa arbeide upp Rentemillionane til Hamburg-Jøden.

 Men det er so fager ein Dag, at eg kann kje gjeva meg yvi i Modløysa. Ja sjølve det galne som er gjort vert meg ei Framgangsvon. Hev Bonden misst Magti i Tinge, so misser han Trui paa Tinge; og so kann det vera Von um aa faa upp ein sterkare Mur um Folksens Fridom.

 Tinge hev alt no gjort mykje til aa døyve Trui paa seg; svære Utgiftir og svær Skuld, det er Tale som Folk skynar. Og no, daa Bonden sjølv fær slaa mindre til seg av Rikspeningen, vil han betre enn i dei seinare Aari sjaa kor dette ber av. Ja alt det som Tinge sjølv øyder upp vil han faa Syn for, naar han sjølv fær mindre av det, og samstundes ser at Utgiftine veks. Og vekse vil dei.

 Dei er alt vaksne. Fraa 114 Tingmennar i mi fyste Bladmannstid hev det no vaksi til 123. Og Tingtidi hev vaksi fraa nokre Maanar tridje kvart Aar til 8 Maanar kvart Aar. Berre til Tingmennane vil det daa no gange upp imot

1500 Kr. um Dagen, det vert noko slikt som
uppmot halvfjorde hundrad Tusund um Aare.
Og me slepp ikkje lengi med det. Det vil snart
koma ein Sakfører som viser oss, at 12 Kr.
Dagen no er ikkje meir enn 4–5 Kr. Dagen i
1814; og lengi vil det ikkje vara fyrr Ting-
mannspengane er: upp-i 20 Kr. Dagen; daa veks
denne Utgifti till upp-imot 600000 um Aare. Alle
dei andre Utgiftine tillagde vert dette ei Aarsut-
gift so stor for Styring av 2-3 Millionar Menne,
at Bonden vil faa nok av Stortinge og krevja
ein annan Skipnad.

<side nr=29>

Og so all den Auking av Embætte og Em-
bættslønir, som vil halde paa daa som no, og
endaa verre; mindre og mindre vert det daa til
Hjelp for Arbeidslive paa alle Kantar, og serleg
lite til Hjelp for Bonden. Dette vil vise seg so
snart, at enno trur me det ikkje; og dette Lande,
som no held paa aa stivne til i Sakfører-Parla-
mentarisme, vil reise seg att, fyrr me trur.

I den Tanken at Bonden vil hava godt av det Tape
han no hev dregi inn-yvi seg, tek eg meg med godt
Mod ein litin 17de Mai-Tur til Oslo. Eg vil høyre
ei 17de Mai-Preike i Kyrkja paa norskt, og vera
med aa kranse Aasen-Steinen.

Brev fraa Alexander Seippel.

Oslo 19/5 1905.

Gode ven!

Her kjem no endeleg "Fyrste Mosebok" eller
"Upphavsboke", um du vilde gjera so vel og sjaa
paa ho, fyrr ho gjeng i prenten. Fyrste arket
hev du no alt havt, og eg hev merkt meg det
du hadde aa segja til det, og takkar fyr det.

I det som no kjem, er der nog her og der eitt
og anna som eg vil rette (jam-vel nokre prente-

villur), men eg tarv inkje hefte burt Tidi med aa setja det attaat; for Samlagsstyret, vil at eg skal gange ivegen med rein-prentingi no straks (att i i vika) – boki skal vera ferdig til kvitsunnhelgi, segjer dei.

Eg vil gjønne faa lov til aa gjera som De hev bedi meg, baade du og kona di, og koma ut til dykk ein dag no snart. Daa kunna me tala um det du finn aa rette i boki. So kunna du berre setja eit merke innmed der du raakar paa noko og tarv inkje hava bry med aa skrive det upp. Med mange helsingar til deg og kona di.
din Alexander Seippel.

<side nr=30>

25. 5. 05

Idag hev me ein 17 Aar gamall Son. Det er utrulegt. Men det er sant. Han er ei halv Aln høgare enn Far sin, frisk, men noko veik i Kne-ledine – veks vel for fort; glup paa Skulen; skal no i Veg og taka Artium.

Utrulegt. Men sant.

Kann han halde fram som han stemner, bør han kunne naa ikkje lite langt. Enno veit han ikkje kva han vil: men det finn seg vel. Det som i alle Tilfelle er visst, er at han er "eit Mynster paa eit Ungmenne", so me mest undrast paa, at me kann vera Foreldri hans; kannhende er me eit Grand utrygge paa, um dette i det heile kann vara. Men enno ser alt vel ut. Gjev han kann finne seg eit Arbeid som han kann verte fornøgd med!

– – Men at eg hev ein vaksin Son, trur eg mest ikkje. Seint vart eg gift; so seint at eg alt var stø paa at eg skulde "døy eit Aar fraa Dato". Og no er Sonen vaksin Kar. Men eg er berre 54–55 Aar endaa. Og liver som inginting var. Skal døy i 1911, men merkar inkje noko til dette. Er sterk som knapt nokon Gong

fyrr. Hev ingi Tru paa, at eg kann sleppe av so fort.

Men liver eg lenger, kva skal eg so drive Tidi med? – Denne Norskdomen eg hev stræva med, den trur eg ikkje stort paa. Nordmannen fær til Byen og vert norskdansk og med Tidi norsk-svensk-dansk; eller han fær til Amerika, I veksande Mengd. I Aar meir enn nokon Gong, etter alt eg kann skyna. Og kva anna skal han gjera? Eit norskdansk Norig vert for honom ingin Heim, liksom Live i det heile vert meir og meir heimlaust; Heim trur han ikkje paa, og Arbeid duger han mindre og mindre til; han maa staa paa Krambu, køyre med Ølvogn, sitja paa Kontor <side nr=31> – eller fara til Amerika og I æ r e aa arbeide. "Den norske Bonden" er ei Sogu, som no visst nærmar seg Slutten.

Ja eg veit ikkje. Men det ser meg helst so ut. I sumt er der Vonir; og Vonine held alltid meg ut. Men Storstraumen gjeng den galne Vegen. Og Landsstyingi hjelper til av all Magt, at Straumen kann gange og halde paa aa gange den Vegen. Riksskuld og onnor Skuld veks og og veks, mykje fortare enn Folke; og av Folke veks dei tærande, men lite dei nærande. I mange Aar hev eg venta paa ei Vending her; um ikkje anna hev eg venta paa ein ny Bondeførar, ein ny Jaabæk um ikkje meir; men nei; der er kje Liknamment til nokon ny Jaabæk. Eller til nokon ny Bondepolitik.

Tvertimot. Just no til 17de Mai strauk dei Bondeparagrafen i Grunnlovi. Og der vart ikkje det Grand Staak. Dermed er det som Bonden sjølv hev skrivi Daudedommen sin. Lat gange det! segjer han. Borni mine fær til Byn og Amerika; her er kje meir aa gjera eller vone,

segjer den norske Bonden. Ein og annan er der som tenkjer paa aa faa upp ein ny Bondefylking; soleis hev Eivind Hognestad tala med meg um det; tenkte endaa paa "Den 17de Mai" til Blad for ein slik Fylking. Men um det vert noko av? Um her er so mykje som eit Emne til ein Førar? Eg vonar og ventar, i lengste Lage. Men enno er inginting aa sjaa.

– So det kunde nok vera paa Tidi um ein vart gamall.

– No um Dagen gjeng eg ut-i Hagen og strævar med "Vaarvinna", Og meir og meir er det som eg i det Arbeide kjenner meg att. Der finn eg Kvile. Um det ikkje er mykje eg vinst med, so veit eg med meg sjølv, at no gjer eg Gagns Arbeid, og er glad med dette. Eg er

<side nr=32>

Bonde enno, Gudskelov. Og meir og meir trur eg, at eg kjem til aa drive paa med denne vesle Hagen, og der finne mi Trøyst. So kann eg samstundes arbeide so smaatt med ei Bok um Jesus. Og so fell eg etterkvart til Ro; og læt Verdi murre og knurre?

Knudaheibakken, Tirsdag 30. 5. 05.

So fint hev visst Knudaheibakken aldri teki imot meg, med slikt straalande Sumar-Vér og so mjuk og sval ein Havlands Varme. Eg gjeng her i denne sæle Fyrisumar og minnest dei draum-fagre, sol-rike men hav-linne, Sumrane fraa Barneaari, – Sumrar som eg no helst trudde eg laut ha drøymt. Glad er eg, at eg fekk liva upp att um det var berre ein slik Dag; so hev daa Nordvesten og Kalden ikkje heilt vunni Magti.

Folke au kjenner eg att. Dette "moderate" Jæren som saag so stakarslegt ut, – no, daa

det hev fengi røynt seg med Godleik og Etter-
gjeving so langt Baaten bar, og ser at me paa
den Maaten ingin Veg kjem med "Broderen"
vaar der austantil, no stend Jærbuen stød og
roleg og norsk og segjer: ja, naar det ikkje
hjelper med godt, so fær me, um so skal vera,
taka det vonde. Det er som eg no fysst tek til
aa kjenne Heimefolke mitt att. Og fær ein Mis-
tanke um, at eg altfor lite hev kjent det. Alltid
paa nytt kann det koma til aa røyne seg det, at
han er meir enn han gjev seg ut for, denne
norske Bonden. Dei er kje so ferdige med 'n
som dei trur, korkje grefvarne eller dei norsk-
danske. Han folkar upp heile Statar i Nord-
Amerika, og gjeng fraa Gardane heime i Hope-
tal; men han er eit seigt Gras; han kjem att og
<side nr=33>

kjem att; han er enno ikkje utsliten. Naar eg
talar med han i desse Dagar, sterknar eg; eg
kjenner at me hev Røtar, – seige, djupe Røtar.
Det vert vel det beste, at den Ufreden dei
snytte oss for i 1814, kjem no.

Her er ikkje Tale um anna enn um dette.
Kvar Bonde eg raakar, Folk jamvel av det Slage
som eg fyrr vilde ha banna paa brydde seg um
inginting, utan Mat og i det høgste Uppbyggelsar,
er no heilt med, viser at dei slett ikkje hev vori
"utanfyri". Det er ikkje sant at me berre er
"eit Folk fraa 1814". 1814 hev havt lite aa
segja for oss gamle Nordmennar. Me stend paa
fastare Grunn. Dei hev stroki Bondeparagrafen
i Grunnlovi; dei stryk ikkje so snart Bonden.
Han stend ei Stund til, han.

– Knudaheibakken er som fyrr: ljøs og frisk
og roleg; Fjell som ser yvi Heidane til Havs.
Sterkare og sterkare kjenner eg det for kvar
<side nr=34>

Gong eg kjem hit: det er her eg høyrer heime. Heilt heim vinn eg ikkje, daa eg ikkje lenger hev Kraft til aa liva paa ærleg Maate, d. e. av Jordi; men det var her eg vaksupp, og her eg burde døy.

Etter Blyant-Uppskriftir paa Veggen ut-i Koven er det no sette Gongen eg er i Knudaheio. Eg kom hit: 1) Mai 1899; 2) 7de Sept. 1900; 3) 15 April 1901; 4) 29 Mai 1902; 5) 11 Mai 1904; 6) no (29 Mai 1905). I Aar hadde eg venta aa finne Folk her; det var ei Kone fraa Taksdal som hadde vilja bu her ei Tid; Mannen skulde nok freiste seg i Amerika. No hev ikkje det vorti noko av; Mannen hev teki til med noko her heime att, og vil freiste aa fikte seg igjenom. Gjev det gjekk godt for 'n! – Men her sit eg, aaleine som fyrr. Med Tidi maa det vel laga seg, at eg kann faa eit Kvinnfolk til aa bu her, som kunde stelle for meg um Sumaren, so eg kunde halde ut lenger her. Men – det fær koma naar det kann.

I Aar maa eg sjaa um eg kann faa reist Stein paa Gravi hans Far. Ætti er "spreidd yvi Jordi", som han Far i si sjuke Tid so ofte spaadde; men der bør vera som eit Minne um at ho hev vori til, og at ho hadde heime her. Med Presten – Borchgrevinck, ein greid Kar, som synest ha vunni sjølve Thimebuen, endaa denne aldri plar lata seg "vinne" av Embættsmennane sine – hev eg tala, og etter hans Raad med 'n Hallvard Hognestad, som meinte at Staden vil vera aa finne noko-so-nær; i Morgo freistar eg aa finne den andre Mannen i Thime-Sokni som skal hugse Gravstaden: han Sven Tønnesson Garborg; um Sundag skal eg daa møte desse Mennane

<side nr=35>

ved Kyrkja, um det læt seg gjera; og so fær
eg daa sjaa.

Gjev det endeleg maatte laga seg!

31 . 5. 05 Fm.

Same herlege Sumaren. Eg kjenner meg som
lyft attende til mitt Barne-Himilrike, der eg gjeng
og sviv i Solglimen uppaa Knudahei-Berge og
ser ut yvi Land og Hav i Barne- og Heime-
draumar.

Og her formar seg med ein Gong for meg den
Boki, som kannhende vert mitt Livs verk, m i
Bergpreike um eg so maa segja: Boki um J e s u
Kristindom. Med ein Gong stend alt klaart for
meg; no veit eg kva eg vil, og korleis det maa
gjerast; no kann eg koma til aa arbeide att<fmark ind="1)">.

Aa; for Live, Live, – det er Arbeid. Arbeid
som det kan gro etter. Arbeid under Himils Sol
og Regn; Dyrkings-, Bonde-Arbeid.

No fyrst er eg vaksin. For no er eg Bonde att.

E. M

Her h e v "vori Folk". Ei av dei nedste Ru-
tune i Ganglase (tett ved Inngangsdøri) er ut-
slegi, og Glasbitane fint ut-pila; utanfyri er det
lagt upp eit Par Steinar, so det skulde vera let-
tare aa stige inn. Løke yvi Loftstropp-Gluggen
er avlyft og sett upp mot Tak-Raftane paa hi Sida
Lofte; eit Par Omnsdørir er rivne or Led.

<fnote ind="1)"> Eg tek nedanfyre inn eit brev, som er forvitneleg
med di det syner koss G. i denne tidi tumlar med dei
religiøse spursmaal, ogso mysticisme. Paalag samstundes
med Triers brev fekk G. og oppmoding fraa det danske
bladet "Politiken" um aa gjeva ei utgreiding um sitt syn
paa spiritismen. H. G.</fnote>

<side nr=36>

Kven det kann vera? – Fant; eller Folk med

Fanta Haatt. Er det Fantar, eller Tjuvar, so hev dei visst lite funni, som dei kunde sjaa seg Mùn i. Men det kann og – no som ein eller eit Par Gongir fyrr – vera "Kjenningar", som berre skulde inn og "sjaa seg til Ferdanne". Rart med slikt Halv-Villskap. Eg fær sjaa aa faa meg ei "Sjømannskiste" eller noko slikt til aa læse alt ned i, som eg her læt stande att; det gamle grøne Skuleskrine hans Far er korkje stort nok eller skikkeleg læsande.

Brev fraa Sigurd Trier.

Hellerup 29/5 1905.

Hr. Arne Garborg!

Som Stridsmand i den store Hær af Nutidsdanske, der kæmper for Anerkendelsen af de spiritistiske Fænomener, tillader jeg mig at henvende mig til Dem. I Maanedsskriftet "Spiritisten", som jeg siden Juni 04 har været Leder af, fandtes faa Maaneder tidligere, nemlig i Februar 04 en Oversættelse fra svensk "Nya Tiden" af Deres Beretning i norsk "Hver 8. Dag" om Materialisationsseancerne i Kristiania med Fru d'Espérance. Denne Beretning vilde jeg gjerne aftrykke i Halvmaanedsskriftet "Sandhedssøgeren", som jeg ogsaa redigerer, efter Deres originale Artikkel. Saafremt De derfor vilde stille denne til min Raadighed, vilde jeg være Dem meget taknemlig. Det vilde selvfølgelig forøge Artikkels aktuelle Værdi, om De havde en eller anden Udtalelse angaaende Æmnet Spiritisme at ville føje til i "Sandhedssøgeren".

En Beretning om de samme Seancer fra Professor Jæger venter jeg ogsaa en af Dagene.

<side nr=37>

Spiritismen og dens Fænomener staar stærkt

paa Dagsordenen her i denne Tid. Jeg har holdt 3 store offentlige Møder († 1000 Tilhørere), som trods Pressens Haan er gaaede udmærket og i stor Alvor. – "Politiken" har for nylig indeholdt flere Angreb paa "Spiritistisk Broderskab" og dets Medium samt et falskt Seancereferat fra Templet. Til Trods for Cavlings Program: "Audiatur et altera pars" har han n æ g t e t O p t a g e l s e for a l l e Indlæg fra v o r Side! –

I disse Dage har jeg fuldendt Oversættelsen af en Bog om Mediet Florence Cook og de gennem hende materialiserede Aander, lutter Vidnesbyrd fra navngivne Mænd og Kvinder (deriblandt Crookes og Florence Marryat). Som nordisk Bilag til denne Bog, der snart skal udkomme, havde jeg tænkt mig bl.a. at optrykke Deres Beretning fra 1893.

I Ærbødighed

Sigurd Trier,

Forfatter.

Vedlagt et Par tilfældige Numre af "Spiritisten" og "Sandhedssøgeren".

(Himilferds-) Torsdag. 1. 6. 05

Regn. Stilt, lett, mildt Sumar-Regn. Eit vel-signa Vêr.

Og eg kjenner det so vel: i soveri Vêr vert Bonden gudeleg. Anten han vil og veit og tenkjer paa det eller ei. Men i kaldt, turrt, ulaglegt VÍr, daa vert han ugudeleg, eller bøygd og brøtin, "syndig".

Den som ein Gong skal skrive Sogo um Vek-kjingane paa Lande i Norig, maa ikkje gløyme aa halde Meldingane um Vekkjingar saman med VÍr- og Haust-Meldingane fraa dei same Aari.

<side nr=38>

Der er Samanheng i alt. Men Gud have Takk for godt Vokster-VÍr; – eg vert sjølv

gudeleg.

Kveld.

Utpaa Fyre-Middagen klaarna det; og eg rusla ned-yvi til Garborg. Vilde finna han Sven hans Tønes, og høyre kva han kunde vita um Gravstaden hans Far.

Det vart ein storfager, heller varm Fyrisumardag; og som eg rusla ned-yvi i det oppkklarande VÍre, kom Langfararhugen upp i meg, og eg sette meg fyr i aa taka "Sjøvegen": ned-um Nærbø og Nesheim til Nerlandsstrandi, der me fyrr køyrde Sand, og der dei no fær Skog til aa veksa; so kunde eg taka Garborg paa Heimvegen att. Men Vermen tok til og Mode tok av; og daa eg var komin ned-um Risa, og gjekk der og saag meg glad paa den ny-veksande Risa-skogen, som ser ut til aa arbeide seg upp-att paa Aalvor no – og Folke synest endeleg ha fengi so mykje Vit at dei sparar Skogen –, minka Vidfararhugen av att. Og daa Veggen snudde seg, so eg framfyri meg fekk Garborg og Garborgs-Aasen, so var det kje lengi fyrr eg visste kva eg vilde; nord For(d)a-vegen bar det – yvi desse Forane som fyrr var Myrslaattir, der Flaumane herja, men no er utgravne og snart den beste Tjukk-Engi Garborg eig –; og daa eg kom so langt som inn-til AasFoten – der Nyvegen svingar aust-yvi og hev skori av Ned-Endane av baade Auno og Kollenhagen og Aunahagen og Lunden hans Andriss –, bøygde eg vest-yvi, fylgde den gamle "Aai" – som no er "Kanal", ned til den gamle Kvednadams-Muren – som Garborgsmennane førde Sak um i tie Aar, og som no er rivin –; fylgde so den gamle Kvednadammen vaar burt gjennom

<side nr=39>
Kvedn'usmyro til dei gamle Kvedn'uso vaare, og

var no heilt ut heime, paa Heime Grunnar og Heime Tuftir, og tie eller tolv Aar gamall paa Lag, med alle mine 54–55.

Kvedn'us-Myro og Vodlabröde laag som det hev legi i mi Tid, men den gamle Kvednadammen var tom, eller noko-so-nær tom; berre i dei djupaste Holi var enno Vatn; og Vatsblomar og stundom Nykkjablomar (enno berre Blokkur) vaks som jamt i standande Vatn. Ei 3-4 av dei venaste Vatsblomane – Namne hugsar eg kje lenger – tok eg og sette i Knapphole; so var eg Riddar av Kvednhusmyro.

Eg kom til den gamla Kvedno. Berre Mur-Grunnane stod att, og Romi etter Kvednakadlane. Noko meir var etter av det gamle Turk-Huse; eg saag baade kor Turko hadde stande, og Skorsteinen med Ilegge, og Konnkassen. Men um Lag midt i Grunnen etter denne "Kassen" veks det no ein litin Raun, so høg som eg paa Lag.

Utanyfri og ikring kjende eg att alt, kvar Tuve og Stein som Barnefoten min hadde traatt, og den litla Bruno yvi Slögbekken, og Kvedn'us-Aano nedanyfri med kvar den Tuve og Stein ned-etter Strendine. So rusla eg upp den gamle Kvedna-Vegen, no attgrodd og grøn, men lett kjenneleg; fylgde so Ny-Dammen nord-igjenom, yvi Kvernhusmyri og Træe hans Andriss, framum Kvedn'usi hans Andriss, gjenom "Maulandshajen" vaar til det nye Kvedn'use og Türkhuse, som han Far i seinare Aar sette upp; Tøka er av, men Murane stend att; og daa eg kom inn, fann eg jamvel dei gamle Kvenn-Steinane. Underkverni laag paa sin rette Stad; Yvi-Kverni stod paa Kant paa Steingolve der attmed. Og endaa silra det Vatn, so vidt eg kunde høyra det; hadde det vori um Kvelden hadde eg vorti skrymt-rædd.

<side nr=40>

Ned-um den gamle Kverna-Staden hans Tønes og Aasmund rusla eg; eit av dei gamle Kvernhusi stend; men no kunde eg kje hugsa um det var det hans Tønes eller det hans Aasmund. Ned til Aai, "Maulands-Aano", gjekk eg; enno gjeng ho like rein og blank i sine gamle blanke Svingar ned gjennom Maulands- og Nølst-Engine; berre i Kanten av den fysste Svingen hadde det vakse fram noko som eit Nes, som stakk, seg ut i og skipla den gamle reine fint-svingande Strandlina.

"Maulandshajen", Stykke nordanum denne Aano, millom den og Maulandsvegen, er no oppdyrka og inngjerd, og ber med full Rett sitt "Haje"-Namn. Nedanfor ligg Maulands-Engine, og attum den gamle Maulandshaugen (Bergknausen) sting Løa og Heimahuso hans Tønes Mauland seg fram som fyrr; men det veks meir Tre der nede no enn i mi Tid; vent og rolegt og grønt ved den blanka Aano, reint serskilt vent, ligg Maulandsgarden.

Eg ruslar nord-gjennom Marki vaar, framum Grovine der me tok Mittingmold, nord den gamle Torvvegen yvi Vest-Dinsa til den lange "Tangen" som sting seg ned austanfraa "Bergi" hans Tønes; nordanfor den er lengst i Vest eit Grand gamal Torvmyr, der me skar Torv stundom i mi fysste Tid; og noko lenger nord og opp er "Stovene" (eit lite Bergskjer, som stikk seg fram; attunder der bygde me i Gjætardagane "Stove" dvs. Stein-Inngjerdingar, som "var Hus"). So langt nord i Myrane gjeng eg ikkje. Eg held Tangen aust- og opp-igjennom, med "Bergi" hans Tønes rett framfyri meg og Garborgs-Aasen paa vinstre Hand, utslaattegrøn for det meste, lyngbrun eit Stykke opp-etter paa Vestsida ("Markaasen"). Midt paa Tangen møter eg tvo vene brune Hestar, som

kjem smaaspringande og halvdansande beint imot meg, men svingar av, so eg fær kje klappe dei.

<side nr=41 >

"Dinsa", som eg no hev paa vinstre Hand millom Tangen og Aasen, er ikkje so blaut som ho var i mi Gjætar-Tid; ei Veite er gravi upp midt ned-igjenom Dinsa, so no ligg ho so turr at dei kunde dyrka ho. Øvst uppe er den gamle Gjætlevogen; denne kjende Veggen min gjeng eg no att-ende; fylgjer so den gamle Gjætle-Stigen sudvest gjennom Markaasen; det er som eg skulde ha gjengi den Veggen i Gaar. Berre det Steingjerde der vestan-i er nytt; det kløyver Markaasen og Dinsa og skjer av Tangen paa ein maate som er meg so ukjendsleg. Og yvi den eine av dei tvo Gravhaugane paa Bakke-Rise der vestan-i gjeng dette Gjerde; det er meg i Veggen; eg kann kje like det.

Gravhaugar er her mest kor eg ser; dei fleste reint smaae, sume opprivne, meir og mindre utgravne (etter Stein vel helst; der er so mykje smaa, hendig Gjerdestein). Serleg paa Sud-sida av Rise, sunnanum dei tvo største Haugane, er det ei lita Slett, eller mest som ei Dæld, med so mange Smaahaugar, at ein kann tenkje paa ein gamall "Kyrkjegard". Sunnanum den att, um Lag der "Træe" vaart tok til, er der – eller var der daa visst i mi Tid – tvo runde store Røyser som maa ha vori Haugar ein Gong; hev det stadi eit Slag her? hev dette i det heile vori ei Slagmark ein Gong i Verdi?

Umlag paa høgste Rise tykkjest eg sjaa att Merke etter den gamle Gangstigen som gjekk her millom Garborg og Mauland fyrr i Verdi; det var, so vidt som eg minnest, min fysste Skuleveg. No er han attgrodd. Men etter Leidi og etter Merke her og der som k a n n vera etter den

gamle Stigen, snur eg til høgge og oppetter,
fylgjer Merki etter den gamle Stigen opp gjennom
"Aasen hans Sven", alt til eg kjem paa Høgdi.

Daa tek eg av nord-yvi og kjem innpaa "Aasen
<side nr=42>

hans Tønes", der er "Aaspigjen", Toppen av Gar-
borgsaasen. Der leika Born og Ungdom i gamall
Tid; der hev "Jønsog-Elden" loga gjennom Hun-
dradtals Aar, til dess Lesarsjukdomen kom og
sløkte 'n; der stod eg so mang ein Gong og
stirde yvi Land og yvi Hav; daa eg i Dag steig
der opp, var eg i Lag som skulde eg inn i eit
gamalt Tempel.

Og no saag eg Barnaheimen min att, Fedra-
heimen.

Klaar og blaa, lett slørd av ein ljøs Vaar-Moe,
laag han her som min eigin Barndom; i den
Stundi var eg heime att. Fraa Kvitsøy-Vonir<fmark ind="1")"> i
Nord til Uppstad- og andre Høgdir i Sudvest, fraa
Fjelli i Sudaust og Sikvalands- og Skaarlands-
kulo og Lyefjedle i Aust og utyvi til den ytste
kvitnande Havdimma – kjende Høgdir og Heidar
og Bakkar og Vollar og Moar og Myrar og Hau-
gar og Gardar breidde seg for meg opp og ned
og ut og nord, og eg kjende med meg, at her,
der eg var vaksen av tusund paa tusund Aars
Grunn, her aaleine i den vide Verdi var eg
heime, og at naar eg ikkje var heime her heller
lenger, so var det mi eigi Skuld. –

Ned Aashøgdi paa Austsida gjekk eg til Garborg.

Alt er som fyrr paa Heimgarden min, eller
ikkje som fyrr, og minner daa dess meir um det
som var. Gamle Smidja hans Gamle-Sven stend
enno so vidt; men Vindaugo er ute, og Nord-
muren held paa aa sige inn; det er det gamle
Jæren som ramlar. Hagen hans er enno grøn
av Tre og ven; men dei gamle Trei er burte

for det meste; og den gamle Gjerdemuren
sviktar. Kalvahagen vaar hev fengi Tre og er
venare enn fyrr, men paa ein svært urimeleg
Maate samanfeld med Hagen hans Tønes nor-
<fnote ind="1">Ein kann sjaa Kvitsøy-fyren fraa Garborgsaasen all-
visst um kvelden. H. G.</fnote>

<side nr=43>

<side nr=44>

danfyri; og gamle "Kyssebærhagen", der Husi
hans Farfar laag, og der Bærtre og Aslar vaks
ifraa hans og Eivind Knudsen si Tid, er arbeidt
inn i den gamle vene Aplanhagen hans Ola (sidan
Tønes, no Sven), og tek til aa bera fram nye
Vokstrar og ny Alda.

Lukka var meg god; eg raaka tri av Garborgs-
folke fraa mi Tid; dermed var me fire, – alt
som er att av det gamle Garborg. Og det tek
til aa kvitna um Øyro paa oss au no; me tek
sjølve til aa verta gamle. Men dess meir hugsar
me "gamle Dagar"; og dei tri av "Ungdomen
hans Tønes" og eg, me hadde ei god Stund i
Lag, paa denne lysande vene Vaardagen.

Mot Kvelden tok eg "paa Heimveg" att fraa
Gamleheimen min, – ned-yvi "Foren", som no
ligg der som ei Tjukk-Eng, – og so fraa Risa-
bakken upp-yvi Tjensvollbakkane, der det enno
grønkar med Eike-Runnar.

– Tru ikkje desse Bakkane ein Gong kann
verta Eikeskog?

Paa Tjensvoll gjekk eg inn-um hjaa han Eivind
(Son hans Eivind Tjensvodl fraa mi Tid); han
sjølv var ikkje heime. Han er av deim som
vert nytta til alt Slag Herads- og Bygde-Yrkje,
og fær som so mange andre svida for det han
er ein dugande Mann. Men Kona, som eg au
kjenner fraa fyrr (ho er av ei onnor god Ætt her

or Sokni) tok vel imot meg, og daa eg hadde siti eit Bil, kom dertil han Ola Mossige (Son hans Sven, Son hans Ingjebrett, Storthingsmannen); honom kjenner eg litegrand fraa fyrr, og me vart sitjande og radla ei god Stund.

Det var um Politiken. Kor eg vankar er det den som no kjem upp. Og det viser seg, at Folk

<side nr=45>
hev fylgt betre med enn eg mest tenkte; og norske er dei paa det "moderate" Jæren som andre Stadir. Ikkje minst var unge Ola Mossige norsk og greid; og Kona paa Tjensvoll, som nok lite lika Tanken um Krig, vart med oss paa Resten, daa ho høyrde at det ikkje var me sjølve som skulde lysa Krig; den fekk Svensken koma med, um han var so galin, – naar me hadde gjort det me vart nøydde til etter endeleg Sanktionsnegting dvs. sagt oss ut or Samfeste.

Denne lange Striden med Sverig, og ikkje minst det siste som hev hendt, hev i det heile ført Folke langt fram paa Veg til det som i 1814 vart sett upp til Fyrimaal for oss: eit fritt og norskt Norig. Gjev dei styrande maa vera sterke nok. Eg tek til aa venta, og undrast; det høyrer rest ingin Ting; Gud veit kva dei ventar paa...

Brev fraa Hulda Garborg.

Hvalstad 7/6 1905.

Kjære Garborg!

Mandag Aften kom jeg hjem fra Ringerike fælt sliten. Turen var i sig selv deilig – Lierbanen, Tyrifjorden, Norderhov – og Opholdet paa den gamle Præstegaard ogsaa deilig. Men til Dansen var intet forberedt. Splittelse og stærk Agitation imod Leiken og mig –.

– – Paa Præstegaarden traf jeg Biskop Bang; han var rent indtagende. Jeg følte mig

som reddet op paa et Skjær ifra Havsnød. Eller som jeg traf en av mine egne, skjønt jeg aldrig før har mødt ham. Vi snakket om Folkeviserne, som ligger hos Moe og Bugge, og han lovede tilslut at gjøre et eller andet. Havde han havt Tid, vilde

<side nr=46>
han gjerne gjort Arbeidet selv; men hans Embede, Bibeloversættelsen o. a. gjorde det selvfølgelig umuligt.

"Vi faar sætte Moe paa Akershus," sa han, "og forbyde alle Mennesker Adgang til ham – –"

– – – Idag er det saa spændende i Politikken, at jeg næsten ikke kan være i Ro her. Løland reiser til Byen, og saasnart her kommer nogen Meddelelse skal jeg sende dig et Telegram. Gid du hadde det godt derborte!
Din Hulda.

8. 6. 05.

I E.M. Kl. 4 kom det Traadbød:

"Unionen oppløyst. Ministerie Michelsen valt fyribils Riksstyre. Alt samrøystes. Steinsvik".

Hurra.

Der er kje anna te segja. Kann no dette laga seg, og det paa fredeleg Maate, so vil der vera Von til, at me kann taka til aa byggja Lande att. Og det kann vera paa Tidi no. Og med Sverig vert det betre Brorskap enn det hev vori nokon Gong etter 1814.

Han som kom med Bøde sagde, at Tanken er aa bjoda Prins Karl eller Prins Vilhelm (Gustafson) Kruna; Republik hadde vori best – etter Mynster fraa Sveits, med Folkeforsamlingar (referendum). Men so langt rekk vel ikkje dette stakkars Folke med ein Gong. Og slepp me Ufred, so Herre Gud, – for det fær me ofre ei Kongeløn og – taka halvt svenskt Overstyre

denne fyrste Mannsaldaren.

Gjev det maa laga seg! – I alle Tilfelle:

1905 er det fyste heile Stige fram sidan 1814.

Var her ikkje so varmt, so gjorde eg Vers, trur eg.

<side nr=47>

Brev fraa Gustaf af Geijerstam.

Arild 8/6 1905.

Kära vän.

Jag sitter här aldeles öfverraskad, kanske icke öfverraskad, men dock häpen.

I flera månader har jag varit utanlands med min hustru, kom för få dagar sedan hem. Nu sitter jag här vid kusten och ventar min hustru, som kommer i afton. Så går jag och häntar min flagga, som jag hissar. I den sitter, som du kan förstå, unionsmärket. Längre har jag tänkt skaffa mig en "ren" svensk flagga, fast det aldrig blifvit af. En norsk har jag. Nå! Emellertid sitter där unionsmärket.

Så vecklar jag upp aftontidningen, som nyss kommit, och läser. Långa telegram med stora, feta stilar. Unionen är upplöst! Jag ser upp på flaggan, som svängar i den ljusa juniluft. Vi har ju en smula sinne för Humor, både du och jag.

Jag har icke nog fatat för at hissa ned den. Eiens för att utbyta den mot den norska, som jag också har. Må den hänga för i afton. När det blir mörkare, och allt sofver, skal jag taga ner den och gömma den som ett minne. Något mera är den icke nu.

Men dig vilde jag senda en hälsning i dag. Jag är ingen politiker, och jag har intet at säga nu i denna sak. Men til en norsk man, som är min vän, vil jag sända dessa rader för at tala om, at jag känner det högtidliga i att stå midt i en händelse, som börjar en ny period i vår historia.

Bortom politiken arbetar det som större är. I den punkten tror jag, vi känna lika.

Mins du, när vi voro unga, hur vi kunde önska, at noget stort skulle hända, som man kände det då. Nu har visserligen noget stort händt, ehuru
<side nr=48>

knappast så som vi en gång drömt det. Så sker nu alltid. Måtte det som kommer, bli större för Er och för oss. Mera lyckobringande, mera utvecklande. Måtte hvad som nu skimrar för våra ögon, vara en sol, som tändes, icke motsatsen.

Jag är en smula upprörd af dette ock slutar med en hälsning från hem til hem.

Din vän

Gustaf af Geijerstam.

9. 6. 05.

I Stovo mi paa Knudaheio tek det endeleg til aa skipa seg no. Ifjor fekk eg nytt Bord (det gamle Stoveborde fraa Hognestad), og no er ein annan tom Vegg fyllt. Skatole hennar Mor, med Skjenken, er no komi til Knudaheio.

I Fyrregaars Kveld kom det hit. I Gaar vaska og stelte eg det; i Dag er det uppsett. Og Stovo tek til aa verta heimsleg.

Skatole hennar Mor, som han Trond Maalar hadde maala raudt, med Ved-Vokstr-Teikningar etter Maaten i den Tid, er noko-so-nær det einaste "Ijose" eg hugsar fraa Heimen min i Uppvekstre-Tidi. Av dei tri Skatoli som stod i Buo vaar i mine yngste Aar – F,r sitt, eit gammalt myrkt Eike-Skatol, Farbror sitt, eit nytt, Ijosare, av same Tre-Slage, og so Mor sitt –, var dette det einaste som var Ijost og raudt; og so mykje anna gildt var det der: Sylvskei'ine i Skjenken (no er det kje att anna enn Romi i den Hylla der dei stod), gamall og nyare Sylvstas og Gull-

stas, som ho Mor aatte, eller som fylgde Garden
fraa gamalt men var gøymd der, daa det gamle
Skatole hans F,r ikkje var vidare laasferdigt len-
ger; og so tykjest eg hugsa, at der var eit og
anna Løynderom, der ho Mor hadde sùmt godt,

<side nr=49>

<side nr=50>

Sukker, Kringlur og sovori, som me Borni
kunde faa smaka paa stundom naar me hadde
vori snilde. Ei heil Samling smaae Barne-Eventyr
sankar seg um dette Skatol-Skaape, og det hev
vorti so heimslegt i Knudaheio no, daa det er
hitkomi, – so lite staselegt som det i seg sjølv
er. So hev eg og det gamle Skuleskrine hans Far;
stort meir Lausøyre er her vel kje att no fraa
den gamle Knut- og Eivind- og Aadne-Parten paa
Garborg.

Mange Merke hev Skatole hennar Mor etter
ein lang og skifterik Lagnad. Det fylgde 'nna
Mor fraa Garborg til Sanddal; sidan fraa Sanddal
til Byn (der ho budde ei Tid daa han Jon hadde
teki Garden); so fraa Byn til He(i)gre (der ho
vart gift andre Gongen, kannhende med ein ho
"hadde, elska i sin Ungdom"? – Romantiken
var kje komin upp den Gongen; det var endaa
Foreldri som gifte Borni etter v i t u g e Grunnar
–); so fraa Heigre til Sandnes (der ho og Man-
nen, han Jonas, hev slegi seg ned, etter at Sonen
hans Jonas hev teki Garden); – og so skulde
Skatole no att-ende til Thimesokno att. Dei
hadde so lite Rom aat det, dei tvo Gamle, i den
vesle Stovo si; og no, daa Gamlingen, han Jonnas,
meir og meir eldest, treng han ei skikkeleg Seng
i Staden for den Soffa-Benkjen han hev greidt
seg med til no; dertil vilde ho Mor og gjerne at
Skatole skulde koma i Garborgs-Hendar att, so
det kunde fylgja Ætti so lengi som Raad kunde

vera.

Ho sjølv trur kje ho liver so mykje lenger no.

I Vaar hev ho vori ille sjuk; det heldt paa i 4
–5 Vikur og saag stygt nok ut; ein ung Dokter
hadde jamvel fyrisagt Operation; men so var der
kje Rom paa Sjukehuse just daa; og so fekk ho
Mor Umrøme til Umtenkjing. Og daa Dokteren
kom att sagde ho nei. No, daa eg kom, var ho
<side nr=51>

nett so vidt uppe att; og ho kom seg Dag for
Dag, og kjem seg visst meir og meir i det gode
varme VÍre. Ho kann liva mang ein god Dag enno.

Men det vesle som er att av den gamle Heimen
min, det "samlast" no – um eg kan bruka so
stort eit Ord – det samlast her i Knudaheio,
hjaa meg, eg Syndaren, som skulde ha teki Gar-
den og Arven, og halde Ætti og Ættesogo fram.

– Ja, ja. Det gjeng so mangeleis til i Verdi.

Brev fraa Arne Garborg.

Knudaheio 9/6 1905.

Du Hulda!

Tusund Takk for Traadbøde,

Ja no er det so det er mest vondt aa gange her
upp-i Fjelle aaleine. Serleg vondt er det, for di
mi "naturlege Mistru" (og mine uglade Minne
fraa 80-Aari og seinare) fører meg inn paa so
mange Mistankar og gjer, at jamvel det beste som
hender, det vekkjer i meg berre eit tvilfullt: ja
men so? – Gjev all denne gamle skrale Mistru
no kunde faa seg eit Slag for Skallen so ho sovna
for godt. Og til denne Stund ser det godt ut!

Det som er nytt, og som gjev serskilt god Von,
er det at no stend me endeleg samde. Usams
um alt, men samde i dette som eit "Folk" m a a

vera samsteltt um. Men dette er so nytt, at eg
liksom ikkje rett trur det; eg maa minne meg um
det jamt og samt: ja men no er det annleis; no
stend Lande samla . . . Ja; Vonine er betre enn
dei hev vori nokon Gong fyrr i vaar Tid. Og
ein fær tru, at Vaarherre ikkje vekkjer upp nokon
klok Svenske, som kan narre oss innpaa Aust-
vegen att. Gjev me snart kunde faa segja vive
la republique!

<side nr=52>

Men, Herregud, ein Konge som vil nøgja seg
med norske Vilkaar, fær vera god han med, um
so var.

– I Overmorgo (Pinsti- dvs. Kvitsunn-Dag) skal
eg til Kyrkja og raaka alle dei, som enno veit
noko um Gravstaden. Greider det seg, so er det
aa faa tinga Gravstein. Og reise 'n, um han vert
ferdig so snart. Dermed kann eg daa draga
austyvi att, – um det elles ikkje var likso klokt
at eg vart verande her, til dess Du og Tuften er
ferdige med Sjøbade – eller rettere til eg skal
til Vaagaa –? Eg hev kje tenkt yvi dette enno.
Spursmaale er fyrst og fremst um eg greier Mat-
stelle mitt so lengi; billegast vart det visst i alle
Fall. Noko aa gjera fekk eg sjaa aa skaffe meg.

Eg ser i Bladi, at det held seg stridt turrt der
aust. Harmelegt. Her er det reint Mynsterver,
til eit Umskifte. Varmt, men Hav-Vind so det
aldri vert for varmt, og ein Regnbask inn-imil-
lom, so at kann dette halde paa, so vert det eit
Krünaar.

Eg hugsa vel aa helsa fraa Jens Tvedt og Odd-
mund Vik (og Kona) sist? – Tuften vonar eg
snart hev klara det verste? Kor gjeng det med
Helsa? Du hev vel havt gild – men som vanleg
strid – Tur?

Hjarteleg Helsing fraa

Gamlen.

Ho Mor hev forært meg Skatole sitt, det som stod i "Buo" paa Garborg; no er her kje fullt so tomt i Stogo som daa Du var her.

9. 6. 05.

Blad (og Telegram fraa Hulda) kjem i Dag med full Utgreiding um vaar nye 17de Mai: den 7de juni.

<side nr=53>

Det er so ein rettnar i Ryggen av aa lesa det; endeleg fører Nordmennane seg som eit vaksi Folk. Og alle er med: Høgre, Vinstre, Byfolk, Landsfolk, Hæren; for andre Gongen er Norig samla. Eg las og las; og Taarine rann. D'er mest so det er vondt aa gange her uppe aaleine i slike Tidir.

Den 7de Juni Kl. 10 F.M. nedlagde Riksrådane Embætti sine "i Storthingets Haand"; og Stortinget vedtok samrøystes og utan Ordskifte, at – paa danskt –

"da Statsraadets samtlige Medlemmer har nedlagt sine Mandater,

"da Hs. M. Kongen har erklæret sig ude af Stand til at skaffe Landet en ny Regjering, og

"da den konstitutionelle Kongemagt saaledes er traadt ud af Virksomhed,

"bemyndiger Storthinget Medlemmerne af det i Dag aftraadte Statsraad til indtil videre som norsk Regjering at udøve den Kongen tillagte Myndighed i Overensstemmelse med Norges Riges Grundlov og gjældende Love med de Ændringer, som nødvendiggjøres derved, at Foreningen med Sverige under en Konge er opløst som Følge af, at Kongen har ophørt at fungere som norsk Konge."

Kongen hev – telegrafiskt – "nedlagt" "bestemt Protest mod Regjeringens Handlemaade" <fmark ind="1">.

Paa Tilbøde um Norigs Kongstol til ein svensk Prins ventar Tinge – etter Stvgr. Avis – "et

<fnote ind="1"> Til Stortingspræsidenten hev Kong Oscar telegraferat: "Da jeg ikke anerkjender de revolutionære Skridt, som Stortinget med Krænkelse af Grundlov og Rigsakt og i Oprør mod sin Konge desværre har foretaget, saa modtager jeg ikke den af Stortinget tiltænkte Deputation."

Adressa kjem likevel fram – gjennom Ekspeditionschef Sibbern. </fnote>

<side nr=54>

haanligt Afslag". Og daa kann der vera Von um Fristat.

Det er aalmenn Tru, at Europa vil taka dette med Ro; fraa Sverig skal der ikkje heller vera vondt aa vente. Sjølve Kong Oscar "antages at være resigneret".

"Skammen fra 7de Juni 1895 er tvættet af."

Til Hér og Flöte er fraa Regjeringi sendt Meldingar um det som hendt er, og Paalegg deretter. Unionsmerke er teki ut av Hérflagge.

Der er Fest yvi Lande, fortél Bladi. Paa desse Kantar ikkje minst. Eit Telegram fraa Stavanger til Statsminister Steen sluttar: "Deres "derefter" har seiret." – I Kristiania Arbeidarsamfund hugvarmt Møte, men Protest mot Tanken um nytt Kongedøme og Krav paa ny Grunnlov-Forsamling. Broderhelsing "til Sveriges Folk gjennom det svenske Socialdemokrati."

Fraa Sverige høyrrest ymist. Men fleire Blad tek det rolegt og vitugt. Og det ser i det heile ikkje ut til at der er Tanke um Ufred.

Dei tyske og engelske Bladi læt i det heile

vel; Fred er aalment Ynskje; Ikkje-Innblanding er Grunntanken. Sume Blad er sjølv sagt mot Norig<fmark ind="1)">. Danske Blad skriv rolegt, og for det meste venskapelegt; men "Nationaltidende" meiner, at alt stend paa, "hvorledes Kongen og den svenske Rigsdag vil stille sig," og segjer, at "ingen <fnote ind="1)"> "Standard" segjer, at Sverig hev same Rett til aa øve Vald mot Norig som Nordstatane hadde mot Sudstatane i Amerika!</fnote>

<side nr=55>

fremmed Magt, og hellerikke Danmark, kan anerkjende den provisoriske Regjering, før den er anerkjendt af Kongen."

Dei Nordmennane som hev siti i det svenske Utanriksdepartement, hev teki Avskil.

Jørgen Løvland er i fullt Stræv med aa faa Utanriksraade i Gang og norske Utsendingar utnemnde. Sigurd Ibsen, som var tilbødin ein Diplommatpost, svara – som vel var – stutt Nei.

Alt ser godt ut. Gjev det og maa gange godt.

At me hev vaksi er i alle Tilfelle visst. Norig stend no so samla som eit ikkje fullt samvaksi Folk kann gjera; og dei norske Vonine hev vorti sterkare enn nokon Gong fyrr; Norig synest endeleg att-reist, etter 500 Aars Halvdaude.

Men den som hev gjenomlvt den 9de Juni 1880, og alt som etter den fylgde av Tap og Vonbröt, – treng Tid fyrr han heilt kann tru. "Stav. Aftenblad" hev bedi meg um nokre Vers; men berre eg tenkjer paa Vers, livnar alle gamle Tvil i meg, og eg sukkar med meg sjølv: eg er gamall. Eg kann ikkje lenger tru. Eg maa sjaa.

Men store Framstig hev Norig gjort; det ser eg alt; og berre det er ei Glede, som løner Live. Gjev det maa gange som det no hev teki til!

E. M.

Eit Brev som kom i Dag, minner meg paa ein serskild Maate um "gamle Dagar".

Brevskrivaren namngjev seg ikkje, kallar seg berre ein "ukjendt Ven". Han fortél eit Minne fraa Taormina, der han i Framandboki paa Hotelle mill. a. hadde funni eit "Vers" av meg:

<side nr=56>

"Her hev ein det framifraa,
so godt som ein kann det hava,
naar ein ikkje er heime daa".

(Dagmerkt 29.3.1892).

Verse hadde eg gløymt; men naar eg tenkjer meg um, gjev det Ord for meir enn eg hugsa med same.

Det er sant: eg lika meg i Taormina. Betre enn elles i Italia. Den vesle Landsbyen der upp-i Fjelle med Utsyn aust og sud yvi Midelhave og med sine Minne og Røyser fraa gamle og jamvel fraa normanniske Tidir heldt meg ikkje lite fast.

Men der som elles var det det, at eg var komin for seint ut. Skal ein hyggja seg ute, maa ein vera so ung at ein kann gløyma seg. Men eg var so gamall daa eg kom til Italia, at eg ikkje kunde det. Dermed var det ingin Ting, som heilt tok meg.

Eg kunde kje leggja meg fraa meg. Eg gjekk der og var Nordgerman og norsk, dansknorsk, halvdansknorsk, med mi (Halv-) Upplæring og mine Synsmaatar, og dette var i Veggen for meg stødt. Og gjorde at ymist anna kom i Veggen for meg. Soleis i Italia det som elles skulde vori berre gildt, at Hulda var med meg. Som ho der gjekk, klædd etter vaar Raad, minte ho meg utan Ord

um, at me var norske og at me var arme (meg sjølv kunde eg heller paa ein Maate ha gløymt). Og dette pinte meg. At eg ikkje iminsto kunde skaffe henne eit Par skikkelege Silkekjolar . . . Det minte meg og um at eg sjølv saag svært norsk ut; og so gjekk eg med denne Kjensla av norsk Armodsdom, og at me ikkje høvde inn i Bilæte; – kunde ikkje gløyma dette<fmark ind="1")">.

<fnote ind="1")"> G. var paa denne turen lite frisk, og det at me alltid maatte reise billegt, d. e. mindre godt, og elles altid "snu tvo gonger paa krona", gjorde mykje til aa ta helse</fnote>
<side nr=57>

og humør fraa han. Dernede vilde han havt god raad; meg vilde han gjerne havt finare klædd m. a., og det pinte han, at me ikkje kunde kaupe noko av alt det vene me saag. Eit døme. Dagen fyrr me skulde ut paa Sicilia-ferdi stod me og saag i eit gullsmedglas i Rom. Der laag eit digert armband med heile Peterskyrkja i mosaik; 500 lire las me paa prislappen. "Skal vi heller kjøpe det", sa han – i fullt aalvor. Eg lo sjølvsagt. Vilde snaut ha sett det paa meg, um eg hadde faatt det, daa det meir var eit kuriosum og allvisst høvde lite til Kolbotnkjolen min. Og so ofre Sicilia-turen! H. G.</fnote>
<side nr=58>

I det heile pinte det meg at me var so germanske. aa me ikkje kunde Maale laut me søkja Lag med Skandinavar og Germanar meir enn me skulde gjort; og det var gode, hyggjelege, gilde Folk<fmark ind="1")"> me kom i lag med; men . . . klaart, pinefullt kjende eg det: me høvde alle ihop so lite inn i dei italiske Bilæte; me var noko framandt, uvedkomande, skiplande. Eg var for gamall, saag for klaart, og var so reint for lite italisk sjølv; og so pinte dette meg; eg kunde kje faa det fraa meg. Eg hugsar serskilt ein Gong; me var i Domkyrkja i Palermo som var so

gild og herleg og heilt Millomalder, og so gjekk me her, nokre norske og danske Kandidatar og Studentar "med Damer" . . . eg kunde kje faa gjeva meg yvi i det historiske Hùglag, i den Sogudraumen eg skulde livt i her. Og daa me kom upp aa Tòka, og hadde sett oss til Ro der paa den fagre Utsynsstad, og dei gode heimkjære Danskane gav seg til aa syngja:

"Der er et øndi Länd,
det staar bag bredhe Baaje..."

eg plar halda Munn i det lengste; men daa tykkjest eg hugsa at eg sagde fraa so vidt, at dei snilde Danskane slutta med det øndie Land og tok paa med noko som var meir i Stilen ("Dajli er jorden", trur eg); men ... eg k u n d e kje koma med. Eg var ein Tverbløyg i dette gode Lage, og vart ikkje anna. Me høvde ikkje inn; me braut Stilen; den Kjensla fekk eg ikkje ifraa meg; og minst naar me var fleire Germanar i Lag.

<fnote ind="1"> Me hadde fraa Rom reisefylgje med tvo danske ektepar (teologane Glahn og Martensen Larsen, den siste no domsprovst i Roskilde), arkitekt Berle, og cand. theol. Heuch fraa Norig, alle hjelpsame og snilde. H. G.</fnote>
<side nr=59>

I det vesle Taormina greidde det seg betre; me var so reint villframande der, at me hadde liksom ikkje noko med "Stilen" aa gjera; og so var her so mykje Fjellstigar og "Avveggar" der eg gjekk aaleine og dreiv, eg saag ut yvi Midelhave og drøymde um Austerlondom; kvilte av og til paa eit lite Vinhus og drakk "vulkansk" Vin og høyrde paa Harpespilarar, Song og kva som baudst. Og den vesle snilde Italiaguten paa Gjestehuse tala noko halvtyskt, paa Lag som eg; og

med honom kom eg daa til Lags paa ein Maate. Og Hulda paa sin Kant greidde seg visst svært godt i Lag med dei danske Damune; soleis laga det seg rett godt. Men framande var me og framande vart me millom desse lette, mjuke, myrke Solborni – kalde, bleike, stive, "skandinaviske" som me var –; og dette kjende eg Gamlingen stødt, so at kor godt eg lika meg, so stod det alltid so gamalklokt for meg dette, at me ikkje var heime. So laut daa og dette fram i Minnervese til Slutt.

– Men kannhende var det so ein Maalstrævar burde ha det, naar han fór i Utlande. Elles hadde eg kannhende aldri komi til aa heilt skyna og sjaa, kor lite eg og mitt Folk er heime i Norig med, naar det kjem til Stykke. Serleg i det vesle me hev av Byar; men paa Lande med, so snart det er noko "høgare" som stend paa, eller berre me skal i Skulen. Daa hev me i Grunnen same Kjensla, um ho no vel mest aldri klarar seg upp til Tanke for oss; men daa eg hadde røynt det same i Land som ikkje gjev seg ut for anna enn framande, fekk eg att denne same Kjensla "heimanfraa" med; og som eg lengta "heim" fraa Taormina og Rom, so lengtar eg no ikkje mindre heim fraa det halvnorske "Norge" til – Naari'.

<side nr=60>

D'er sant; med' eg hugsar det:

Fraa Sandnes – der eg helsa paa 'na Mor, og paa eit Par av Systkenborni mine fraa Aase (gamle snilde FASTER Aase var burte no!) og paa gamle Sven Mauland, Klokkaren med Thimekyrkjo i min fyrste Barndom, no Klokkar paa Sandnes, Far til Kona hans Ola Aase – rusla eg Sundag etter Middag inn-yvi til Byn. Gjekk den gamle Vegen um Gausel (?) gjennom Gausel-Skogen, som visst er aat og vekse noko til att paa Nordkanten;

fraa Hinna strauk eg ut-yvi Sola-Vegen til Hafrs-
fjord; der, paa Innsida av Fjorden, er no og lagt
fin Veg nord-igjenom til Madla; den gjekk eg
tankefull: skulde Verke ditt, Harald Konge, no
taka til aa fullførast paa nytt? Fraa Madla, der
det no er fullstelt Hérøvingsmo med "Brakkur"
og alt som til skal, bar det inn-yvi; alle Lyng-
heiane er oppdyrka frametter denne Veggen no,
og mykje av Reveimsmarki, der dei ein Stad hev
funni ut korleis ein skal byggja paa Jæren: eit
stort langt høgt Uthus (Løa med Fjos, Stall osfr.)
i Nord, og Vegg i Vegg med den, sunnan-um,
smaae Heimehus i trygg Livd for Nordavinden;
det kunde kannhende gjerast endaa vel so godt.
Men Tanken er funnin, – ein Tanke som nord-
yvi Nese og i det heile nedmed Sjøkanten visst
snart vil vinne fram.

Sanddal var noko-so-nær sitt gamle; men her
og var det fyrbyggt noko mot Nordvesten, so no
vil Tune vera lognare. Dyrka og bygt var det
all Veggen inn-igjenom – Veggen er elles umlagd:
gjeng kje um Ledaal lenger, men litt lenger sør,
frametter Mos-Vatne –; og ettersom eg kom inn-
mot dette Vatne, viste det seg, at Stavanger paa
denne Sida i dei seinare Aari hev vorti inneringa
av reint ut sagt Skog. Reint storfagert var der
no; huglegt aa ferdast her, der det ikkje lenger
sidan enn i mi Ungdoms Tid var øyde og nakje.

<side nr=61 >

Storleg hev det her gjengi fram; eg vart reint
glad der eg gjekk; Stavanger maa vera ein By i
stor Framgang. Daa eg kom lenger fram, saag
eg, at Høgdine paa Hetlands-Sida like eins var
skoggrodde millom Lystgardane; den nakne Heidi
var burtløynd her med. Det var som nytt alt, so
mykje venare var her vorti.

Og eg vart modig og tenkte med meg: Byen

gjeng fyrst som hev best Raad og dermed størst
Skyldnad; men Lande kjem etter meir og meir,
som ein alt mange Stadir ser Merke til, med
baade Dyrking og Skogsetjing. Til Slutt vil Jæren
staa som han alt stend i min Draum: alt dyr-
kande dyrka, alt udyrkande skogklædt; som Ægypti
Land, ja som Herrens Hage vil det gamle lyng-
svarte Jæren lysa og grønka daa.

Me ventar kje for lengi, naar me trygt kann
venta paa noko so storfagert! Og storgagnlegt,
og heimslegt!

10. 6. 05.

Naar Fanden i gamle Dagar kom laus, var han
ikkje god aa binde att.

No veit me, at Fanden er vaare eigne Tankar;
men slepp dei lause, eller tek dei til aa spøkje,
so kann dei vera verre enn sjølve Fanden aa faa
burt; dei beste Prestane kann stande raadlause
mot dei. I desse Dagar er det eit danskt Dikt fraa
Ungdomsaari som spøkjer for meg; det krev aa verte
umsett paa norskt; eg tykkjer det er ikkje so mykje
verdt; dessutan hugsar eg ikkje meir enn eitt Vers
skikkeleg; men denne vesle Fanden held paa og
braakar, so eg fær ikkje Fred, tilmed ikkje no,
daa eg hev umsett Verse. So fær eg daa freiste
mi vanlege Raad mot slike Tankedjevlar: mana
dei i Bokstavar; for daa plar dei sleppe meg –:
<side nr=62>

— — — — —

"og difor, vil du vera fri for Sorg,
so maa du Inkje elske her paa Jordi.
Men Sorgi er den løynde Englehand,
som reinsar det som jordkjært hev deg vori,
og lyfter Anden mot si Ævestrand;
og difor skal du elske her paa jordi."

Saah! Statt no der i Stokk og Stein ...

12. 6. 05.

Igaar – Kvitsundag – var eg med Thime-Kyrkja. Den er si same i alle Maatar, bondsk, truskyldig og ljós. Og Folke er sitt same; der var berre noko meir "Dyffelsklæde" paa Mannfolksida; og paa Kvinnfolksida var det no mest "Straahattar". Serleg dette siste gjorde det svært ukjenslegt for meg i Barndomskyrkja mi.

Eg kom seint. Gjekk her i mine Barnedraumar um at det var "ein Fjerdings til Kyrkja," hadde dessutan eit Brev aa skriva, og so Matstell og ymist; kom i seinste Lage ut. Det hadde eg elles ikkje noko imot; var eg komin upp-i Straumen av Kyrkjefolke, hadde eg vel raaka so mykje gamalt "Kjends Folk" – som eg dessverre no so lite kjenner – at eg ikkje hadde fengi mykje godt av det storvene Utsyne til Havs. Sjølv sagt gjekk eg den gamle Vegen, nord fraa Tunheim ovanum Mossigje og Fosse yvi Fossbruno; den Vegen ligg – stykkjevis – so høgt og fritt; og fraa den hev eg det frie Utsyn yvi Barne- og Ætteheim.

Det var storfint Vér, rett Kvitsundags-Vér, straalande Sol fraa den vide jærske linn-blaae Himlen, og so dertil denne velsigna jærske Havvinden, som gjer at det ikkje vert for varmt, og held My og Klegg og all slik Fantenskap burte. Lite er forandra frametter den gamle Kyrkjevegen

<side nr=63>

vaar; ein Husmannsplass er komin burt og ein ny komin til; eit nytt Gardmannshus er sett upp – med stor gild Hage ikring – nord-med Fossbruno og eit nord med Skrudland; ja og so er der bygt og planta i Fosse-Garden, so den hev vorti mykje finare enn fyrr; elles er alt det same.

Og eg gjekk som gjennom mi ljosaste Barndoms Tid.

Presten, Borchgrevinck, tala stilt og vent; og daa han kom til Slutningsbøni, bad han berre for "Regjeringen". Det var lydande stillt i Kyrkja daa; mangt eit Kvinnfolk og mang ein gamall Krok hev kjent det kulsa i seg, sjølve Presten totte eg bleikna. Men meir var det ikkje; stille Revolution hev det aldri vori gjort i noko Land enn den me no gjeng igjennom.

Etter Tenesta stod eg utanfor "Uskaad"-Døro og saag paa Folke som kom strøymande ut; det er ungt og sterkt i Dag som det alltid hev vori. Ein og annan kjende meg og kom og helsa; ein, som eg veit eg ikkje hev set fraa den Tidi daa me gjekk i Skulen, var so kløkket at Taarine braut seg fram. I Grunnen er me nok eit mjukt Folk, me hardbalne Jærbuar; eg hugsar fraa Barndomen at det ikkje var langt til Graaten hjaa baade Kvende og mange Mennar; og det at eg sjølv græt for eit godt Ord, so eg tidt lite kann klara meg millom Folk, er vel ikkje b e r r e "skrale Nervur".

Tvo av dei tri Mennane eg hadde venta aa finna raaka eg, han Sven Tønnesson Garborg og han Ola Larsson Mossige; og dei førde meg til Gravi hans Far, nord og noko vestlegt fraa Uskaad'-Døro. Der var det tvo smaa Tuvur som kunde sjaa ut som dei hadde vori Gravir ein Gong; kven av desse tvo det var som gøymde Far min torde ingin segja for visst; Ola Mossige heldt seg helst til den vestra, og Sven Garborg kunde ikkje segia noko imot dette, alt um han for sin Part

<side nr=64>

helst kjende seg dregin til den øystra. Men Tuvune laag so nære kvarandre, kvar med si Ungbjørk paa Toppen, at eg meinte ein kom Sanningi nære nok um ein sette Steinen millom desse

Bjørkine; det var i det heile Minne um-aa-gjera meir enn um sjølve Jordflekken. Dei heldt med meg i det; og Gravaren, som var komin med, merkte seg Staden. So gjeld det aa faa Steinen, og Steinen sett; daa vil der paa Kyrkjegarden paa Thime vera um ikkje meir enn dette eine Minne etter ei Ætt, som hev sokna dit daa visst so langt upp som til Aar 1623.

Etterpaa raaka eg ein gamall Kjenning, Endre Lende, Skulemeistar og Gardmann, busett paa Njaa; med honom og Kona hans (fraa Aasland) fekk eg køyre eit Stykke nord-igjenom (eg skulde til Jarnvegs-Garden); og me tala um nytt (Riks-stell) og um gamalt. Dei bad meg til seg paa Njaa; og eg vil finna dei; der er so mykje gamalt aa minnast, og ikkje mindre av nytt aa koma inni for meg.

So bar det til Bryne: og so ned den gamle Vegen um Re og Line og Steinsland til Haugland; her er det rette gamle flate lyng-grodde Jæren; fraa desse Kantar er "Veslemøy". Derifraa tok eg upp-etter att til Hognestad, der eg umframnt Husfolke – og Thingmannen som var heime i Helgi, men lyt til Oslo att i Morgo – raaka ein gamall Kjenning som Nikolai Lima, no Lensmann i Høyland, Lærarane paa Folkehøgskulen i Klepp o. fl. Her vart det tala um Landsens Sakir og dei siste store Hendingar; at Svenskane vil leggja so mykje vondt i Vegen for oss som dei kann var det ingin som tvila paa; den einaste Voni var at dei hev so ugreid ein Hespel aa klara

<side nr=65>

i sitt eigi Land no, at dei knapt vil kunna leggja full Magt paa "norska frågan". Europæisk Inn-blanding er det knapt Grunn til aa ræddast fyri. Men at det kann taka Tid fyrr alt vert greidt, det

lyt me vera budde paa. Vonine um Fristat er ikkje store; det som skulde kunna gjera Storsvensken rimeleg var Tanken um sams Kongehus i baae Land, og dertil Forsvars-Samfeste.

– – Fraa Hognestad tog eg Markine sør-yvi til Garborg; der var det like eins Framande; og me sat og drøste ei Stund, um Riksstell mest, her med; so tok Sven Garborg Hest og Karjol og kørde meg til Undheim. Det er ein gild og grei Kar, Sven, av det gode, gamle Jærbufolke; og Heim og Heime-Minne heng han fast ved som Folke her flest, trur eg, med alt det at dei strøymmer til Amerika.

Sterk Sol; Skoddedis i Have; Nordanvind. Folk tek til aa tala um Regn; undrast paa Maaneskifti; sùme trur det skal vera best naar Maanen stend paa Ende, andre naar han ligg; andre naar han held paa aa gange ut, o. s. fr.

I Dag var eg paa Snorest. Upp-millom Knau-sane, der det var stilt, var Soli svært sterk, til at det skal vera fyri Jonsok. Ein ikkje so galin Laugestad fann eg meg i ei Tjønn her uppe; og Vatne var alt utruleg lint. Skal dette VÍre halda paa, vert den Laugestaden serskilt god aa hava.

Det var gildt i Fjelle, so varmt der var; her og der raaka eg Kyr; Smale bækta, Fjellfugl pipta og klukka; eg høyrde jamvel Myr-Snipa; og Viba synest arbeide seg lenger og lenger opp; der var i det heile ymist Liv, og ikkje lite Laating og Ljoding i denne steingjengne Trollheimen med sine blenkjande Tjønnir.

<side nr=66>

Paa Snorest er det audt og snaudt; men mjukt um Bringa vert det meg alltid, naar eg ser den gamle Smalagarden upp under Berge der (han held elles paa og rapar i Røys no), og den grønne

steinfulle Bøen, og Tjønni svartblank der nedanfyri. Og naar eg kjem upp-i Skare, og Sikvalands-Kulo møter meg breid og stor, og det opnar seg inn-igjenom til "Gudeheimen" min fraa gamle Dagar, gløymer eg all min Visdom og er berre Gjætarguten fraa Barneaari.

Daa eg kom heim att, var her Gjestir: Sandnesfolk og Tjensvoll-folk. Me rødde eit Bil, drakk Hardang-Cider og var upp-aa Knudaheiberge og saag oss ikring; Havdisen var so sterk, at augo berre so vidt kunde skilja Strandlina nedanum Aarrevatne.

– – Men ein Tanke hev vakna i meg. Det veks Eikebuskur upp-i Urdine her og der. I desse logne solvarme Dalane maatte det kunna veksa
E i k e – S k o g !

Brev fraa Hulda Garborg.

17/6 1905.

Kjære G.

Var i Byen igaar. Stemningen er urolig; utryggere end før. I Sverige koger det voldsomt de sidste Dage. "Intet officielt nyt", men jeg talte med flere, bl. a. Storthingsmænd. Kan ikke skrive i Brev de forskjellige Ting jeg hørte; men i Dagbogen staar alt.

Fernanda kom fra L. H. og havde en Del at fortælle.

Vi planla et Kolbotn-ophold for vore to Gutter saasnart Examen er forbi og jeg har i den Anledning idag bestilt en foreløbig Kasse med lidt nødvendige Madvarer – Mel, Havregryn o. l. som
<side nr=67>

blir sendt opover en av de første Dage. Gudskelov at der nu ikke er bortleiet – –

Ivar er kommet og overtar Mandag "17de Mai"

for en Maaned. Jeg har endnu ikke set ham;
men skal, naar han kommer, strax snakke om den
Oversættelsen. Steinsvik skal være hjemme og
skrive Artikler og stelle med Jora. Han er svært
sliten. – – –

Jeg turde ikke andet end opsige Kr. 500,00 i
Banken for alle Tilfælde (Finmarksreisen bl. a.)
og har faat Meddelelse om, at jeg skal faa dem
udbetalt den 28de. (Bankene bestormes fremdeles).

Hvordan det nu skal gaa med min Tur til Sve-
rige kommer an paa Sagernes videre Udvikling.
Løser alt sig fredeligt op bør jeg vel reise?
(Nääs Lærerseminar husker du).

– – Nu husker jeg i Øieblikket ikke mer,
du faar "leve med Hilsen" og sende en Lap
snart til
Din H

Alle spør efter dig og din Mening og Stem-
ning.

17.6.05.

Med Hjelp av Sven Garborg og Ola Larsson
Mossige fann eg Gravstaden – noko-so-nær. Tett
ved det nördre Gjerde, nord og eit Grand vest-
leg fraa "Uskaad"-Døri. Og Gravstein er tinga,
ein litin og laag, som vil koma høveleg burt
under dei smaae Bjørkine som veks der attmed
Gjerde; paa ei lita Marmortavle stend:

EIVIND GARBORG

AADNESON

1822–1870

<side nr=68>

No er Ætti vaar "spreidd yvi Jordi" fraa Asker
til Dakota, og kjem vel aldri til Garborg meir.
"Fredlause, fredlause er me paa Jordi".

Det var um Kvitsundagen, dette.

Kyrkja var full. Folke kjende eg i det heile att: det var sterkt, tungt, rolegt, aalvorsamt. Men Kvinnfolk-Sida var svært ny og ukjendsleg med alle sine "Straahattar". Berre ei her og ei der saag eg med myrkt Silkeplagg paa eldre Vis. Svært faae som eg kjende.

Um Ettermiddagen bar det i Veg til Hognestad.

Eivind, Thingmannen, var heime i Helgi, og fleire var samla der, Bror hans, Nærbøkløkkaren, Lensmann i Høyland, fyrr Storthingsmann, Lima, Lærarane paa Folkehøgskulen paa Kleppe o. fl. Me tala um "Revolutionen" vaar; Mode var i det heile godt, um alltid Lima hadde sine urolege Spursmaal. I det heile: eit Grand Uro, men Glede i Grunnen, og ny Von, det er det som raar no, paa det "moderate" Jæren som visst alle Stadir.

Same Kjensla fekk eg Dagen etter paa Sandnes, og i Gaar paa ei Gonge eg tok yvi Mid-Jæren. Eg fylgde den gamle "øvre Vegen" vaar; det bar fraa Sandnes ut Aasebakkane, sør um Vagle yvi Orstadbruno (Figgjo), Orstadbakkane, framum Frøyland med Frøylandsvatne og Kvednalandsverke til Njaa. Mykje er der som viser Framgang, fraa den store Skogsetjingi i Klepp til det nye Verke ved Frøylandsvatne og nye oppveitte Myrdrag under Dyrking baade her og der, serleg paa Njaa, og ikkje faae nye Hus og Gardar. Sjølve "Njaaskogen" er godt i Gang; og nye Viddir er sette; dertil tek Skogen til aa vekse av seg sjølv no, med litegrand Tilhjelp, serleg vestan-i

<side nr=69>

Njaa-Fjelle som fyrr var so naki. Det kann ikkje vara stort meir enn ein Mannsalder, fyrr Fjelle er noko-so-nær klædt, sør-yvi til Lye, nord-yvi til

Frøyland.

Innved Frøyland saag eg det same som eg hev lagt Merke til i Mossige-lunden, i Tjensvollbakane og visst endaa ein Stad: det hev vaksi Eik fyrr der; og der er Liv i Eiki enno. Ved Frøyland hadde dei alt teki til aa stelle med ho, reinske ho for Smaagreininir o. s. fr. Paa Njaa som paa Tjensvoll hev eg tala um dette, og meint at med eit Grand Arbeid og Umtanke kann dei faa verdfullare Skog paa Jæren enn Furuskog; og eg skal undrast paa um Folk ikkje snart kjem til aa freiste meir med Eiki.

Paa Njaa var eg med Notti hjaa Endre Lende (gift med ei Aaslandsgjente); det er gildt Folk, og dei driv det godt. Lende er av dei Skulemeistrane som samstundes er Gardmennar; og det er vel den rette Framvegen baade for Skulemeistar og Skule. Paa den Maaten vert Skulen "Folkeskule" av seg sjølv, um Storthingsfilologane gjer aldri det til aa fjuske 'n burt for Folke.

Paa Thime var der Traadbød fraa Jon, at Avferd-Aare hans Far er 1870 (etter det Mor fortalde meg paa Sandnes skulde ein helst trutt det var 1869; men Jon hev det vel uppskrivi). Etter Traadbød fraa Hulda tek Nordkapp-Ferdi til den 10de Juli fraa Trondhjem (visst); der kjem me daa vel til aa faa vera med.

– Eg hadde Dagen for meg og fint Vír, strauk sør-yvi um Ré til Mid-Salte, der eg helsa paa Rebekka Garborg og hennar Mann; svært som Garden der er oppdrivin sidan 1892 (daa me budde paa Ytre Salte). Dei driv ikkje lite Hagebruk au der (som og paa Njaa, og i det heile mange Stadir) og Skogdyrking. Ved Saltestrandi er der og no sett ikkje lite Skog. Eg lauga meg ved Saltestrandi; Sjøen var heiltupp varm; gjev

det ikkje var so langt dit ned, so eg kunde symja i Nordhave ei Stund kvar Dag! Nærland fagert som fyrr; Strandskogen i gild Vokstr. Upp um Nærbø Jønnvegsgard – der eg raaka Kjenningar, godt gamalt Jærbufolk, gilde Karar – til eg naadde Bø; der raaka eg Ingjebrett Gausland, Lensmannen i Nærbø, og vart verande hjaa han med Notti. Stor Framgang der au; Størsteparten av gamle Taarlands-Myro er no Aaker og Eng i beste Stand. Ikkje lite nytt er bröti upp der ned-yvi rundt ikring, og gamalt nyrudt; og Ingjebrett fortalde meg, at med all Amerikafaring var der Framgang i baade Jordbruke og Jordbrukshugen. Politik tala me all Stad; men det er daa ikkje berre Politik paa Jæren, ikke no di heller; det er det gamle gode trugne Bondefolke som bur her enno, trass i alt; og dei er i god Framgang med Jordbruke sitt, trass i Politiken og trass i Skulen.

<side nr=71>

I Nott og i Dag-Morgo var det Toreslaatt og eit herlegt Regn. Det er eit makalaust Vír; og Jordi stend ven all Stad; her og der tek Engi til aa leggje seg; sume Stadir hev dei alt teki til aa slaa.

Fraa Garborg fekk eg køyra til Undheim med Sven Tønnesson, som skulde til Kartavodl og klyppa Smalen – han (og nokre til) hev Smalahei der uppe til Sumarbruk, liksom me hadde "Hei" paa Snørest(ad).

Brev fraa Arne Garborg.

Knudaheio 18/6 1905.

Du Hulda, mange Takk for Brev dagmerkt 13de. Endaa det var ikkje det Breve eg no ventar mest paa: det um Nordkap-Ferdi; men det kjem

vel og snart. Eg telegraferer so snart eg kunde.

<side nr=72>

– Ja, dette Odyssevskvæde, ja! det hadde eg no gløymt reint av. Og i denne Maanaden "maa" Koht ha det . . . huttetu. Men ja-ja. So fær eg til Labraatan att so fort eg kann; og det kann kje vera so gali.

Eg veit kje korleis det er; men det er som eg meir og meir maa gjeva Vaarherre Rett i, at d'er kje godt at Menneskje er aaleine. I Aar hev eg fari mykje ikring her, serleg denne siste Vika; og naar eg kjem "heim" att, so er det løje at der ingin er til aa "gryla" paa. Og eg tek til aa undrast paa, kóss det skal gange heretter. Kannhende fær me stelle oss so, at me fér til Jærs heile Huse i Mai og "gjer Vaarvinno" her, og so stryk til Bergen, og med Jønnvegen til Kolbotnen – naar me ein Gong fær denne Bergensbana. Og den maa me vel faa til – – naa; nei det gjeng nok ikkje so fort. Ja, ja; so kunde me fara med Govbaat til Molde, og so upp Romsdalen til Dovre – og derifraa til Sa- valen? – Naar daa ikkje Du hadde andre Ferdir paa Deg; – e g vert vel heretter ein meir og meir "roleg Mann".

Ja-ja. Me "fær sjaa". Men um eit Par Dagar vert eg vel ferdig herifraa; og so kjem eg. Det einaste kann vera at Gravsteinen ikkje kjem i Orden so snart, men so fær eg faa Gravaren til aa greide med den aaleine.

Lande trur eg greier seg; um her no vel alltid vert eit Grand Krangel. Me er for "vaksne" no til aa vera glade paa ung vis; me veit altfor vel, at der vil vera "men" ved alle Ordningar; men Vegen fram-yvi vert greidare no, og det er ein stor Ting. Ludvig den 14de maa du drive paa med, koss det snur seg. Og um Tuften les "paa

Spreng", so maa han ikkje sprenglesa seg. Skralt
Hovud er verre enn skral Artium – um vondt
skulde vera.

<side nr=73>

– Eg tok ein Tur nedum Salte (fraa Thime)
her i Fyri-Gaar; eg var daa innum paa Midtre-
Salte (hjaa "Bekka") og sat der og rødde ei Stund
med henne og Mannen. Ho minnest deg svært
godt, og fortalde um fleire Ting, Du hadde sagt
henne, og som ho hadde havt Nytte av; i det
heile spør dei etter Deg kor eg kjem.

Eg fekk Brev fraa G. af Geijerstam i Dag;
han helsar från hem til hem. Han tykkjer visst
i Grunnen det er ille dette med Uppløysingi men
tek det rolegt og "känner det högtidliga i att stå
midt i en händelse som börjar en ny period i
vår historia."

Og hermed paa snart Attersyn!
Mann' din.

Brev fraa Hulda Garborg.

19/6 1905.

Kjære Garborg!

Takk for Brev idag! Du ser ud til at greie
dig godt derborte og du kan vel ikke da ventes
foreløbig?

Nu har her atter regnet to hele Dage tilende
og holder paa fremdeles. Det er en stor Lykke
efter al Tørke nu i flere Aar. Jeg angrer paa at
vi ikke allikevel satte en Del Poteter – for alle
Tilfælde. Men nu er det for sent. Det var især
to Ting jeg skulde skrive om idag. Først dette,
som jeg har glemt længe: Kan du huske, at du
for mange Aar siden modtog nogle spiritistiske Op-
tegnelser fra Hr. B. Og kan du huske hvor du
har dem? Kan jeg i Tilfælde finde dem? Hr.

B. har gennem Steinsvik sendt Bud efter dem (det var visst en Bog med stive Permer) for der staar Forudsigelser om vor Politik, som nu for en stor Del er gaat i Opfyldelse, om Krigen i <side nr=74>

Østasien o. s. v. Du faar vri din Hjerne saa godt du kan!

– – Ivar har jeg fremdeles ikke set. Han overtager idag den "17de".

– Ja imorgen aabnes altsaa den svenske urtima Rigsdag. Jeg er saa spændt, at jeg ingenting kan gjøre. Reiser til Byen imorgen. Læser fransk stadig med Kitty, parterer og synes jeg har lært en Del. Det vil sikkert komme mig til Nytte i Fremtiden og er mig til Fornøielse i Nutiden.

– Vi kan vist nu si, som Ludvig den 14de sa, da Hugenerne i Millionvis forlot Frankrig: "Mit Land purgerer". Der skal reise ikke saa faa Rædharer til Amerika o. a. Steder. Men Purgation er jo altid sundt, det er jo det overflødige som gaar væk.

Lev og vær hilset igjen.

Kjæringa.

Brev fraa "Nationaltidendes" Redaktion.

Kjøbenhavn 22/6 1905.

Hr. Arne Garborg.

I disse Dage, hvor den danske Nation med Spænding følger Forholdet mellem Norge og Sverige, tillader vi os, samtidig med at vi herom henvender os til en Række andre fremragende Mænd i Norden, at spørge Dem!

Hvad er Deres Mening om Konsulatsagen?

Og hvilke Følger mener De, en eventuel Op-
løsning af Unionen vilde have for Forholdet mel-

Ilem de tre nordiske Lande?

Forbindtligst

Nationaltidendes Redaktion.

<side nr=75>

Brev fraa Olav Rusti.

Urði 30/6 1905.

Hr. Arne Garborg!

Takk fyre brev og helsing og sjølv til lukka med det nye Norig! No er det gildt · vera Nordmann.

Det gamle flagdet v·rt tek eg som syskendflagd til det danske og svenske. Skilnaden millom det og Danebrog verdt d· einast den gyllte Krossen, som er i staden fyre den kvite. Sume segja, det skal hava voret namn til kvitt ogso i det gamle flagdet; men ingen veit korleides, og d· er det litet · fara etter. Folket hadde gløymt sitt eget flagd.

No hava me fengjet greida p· den gyllte krossen og den raude duken, og meir hava me heller ikkje bruk fyre. I v·pnet er det ogso ein kvit flekk, sylvøksi; men kven kjem det i hug? Venast er b·de flagdet og v·pnet utan nokor tilsetning. Dei tvo greide og str·lande fargarne er det upphavelege, trur eg.

Alle, som s·g flagdet mitt, likade det, og sume hava alt fengjet seg maken, millom andre tvo flagdhandlarar her i byen. De kunde d· tinga hj·deim.

Sume hava sagt, at m·lmennerne burde taka upp det gamle flagdet som sitt merke. Eg trur mest, De sjølv er fader til tanken. I alle fall veit eg, De heve kallat det flagdet, me no hava, eit riksm·lsflagd.

Med boki um bondestova gjeng det tr·tt. Mangt lyt eg dessverre skriva heilt um atter, og sumt

turvte eg sjølv ogso havt betre greida p., fyrr
eg kjem med det. Men eg trøyster meg med,
at det, som hastar, heve eg gjort. Eg sende ut
teikningar til norsk husbunad og fekk folk til
arbeida etter deim.

<side nr=76>

Vil de tinga flagd her i byen, so er det best
De skriv til meg, for eg veit enno ikkje namnet
p. dei tvo flagdhandlarar.

Elles er dette alle m. l i Danebrog:

<tegning av flagg>

Ved vinleg helsing át dykk og frua dykker frá
Olav Rusti.

Brev fraa Arne Garborg.

Labraaten 1/7 1905.

Du Hulda,

Undres paa aassen Du har det i det Land, som
var Broderland og er Fiendeland og forhaabentlig
snart blir simpelthen et venskabeligt Land? –
Jeg skjønner ikke andet end at nu først kan vi
bli rigtig gode Venner.

– Igaar blev jeg færdig med Odyssevs<fmark ind="1")">. Idag
gaar jeg i "Høye" – det vesle som er; men her
er grusommelig varmt. Og mine Arbeidsredska-
ber er forhaabentlig hos Steinsvik. En Rive
fandt jeg dog, saa jeg skal da faa ind Høye. Men
derefter begynder "Slaatten for Alvor" ...

Her er svært stilt. Forhaabentlig kommer Du
snart igjen, saa der kan bli l i d t mere Spektakel?

<fnote ind="1")">6te sang.</fnote>

<side nr=77>

– Og saa skal det bli gildt at høre lidt der inde-
fra, – fra dem som i k k e optræder paa den
politiske eller journalistiske Scene.

Kan dere virkelig danse i denne Varmen? Och

sjunga därtil? Jeg gruer bare ved Tanken.

Men ellers er jeg ræd Du har det saa godt at Du gjerne "gjorde Svenske af Dig"? – Naaja, leben und leben lassen. Hav det godt; men kom igjen.

Fra Efterslegten har jeg i disse tvende Dage intet hørt; all right, forhaabentlig.

Helsing fraa

Gammeln.

Labraaten 2. 7. 05.

Fyrr eg i Grunnen vilde laut eg hit att; det hasta med 6te Songen av Odyssevs til Kohts Jolehefte.

Men gildt var det aa koma heim att og – eg er "heime" all Stad, eg, og ingin Stad –; stor-fagert er her i Aar i Asker.

Og no er eg ferdig med Navsikâa. So hev eg berre att litegrand Ute-Arbeid – Grasing o.a.; litegrand "Slaatt" au –; og so bér det ut att. For det fysste til Nordkapp, saman med Hulda, som skal fylgje Fru Fernanda Nissen, som skal fylgje Mannen sin, Doktor Oskar Nissen, som skal vera med paa den Turen til Nordkapp, som Lækjar-Lage hev fengi i Stand – puh. Det vert so vidt billegt, at me greider det; og den Nordkapp- (eller helst Nordlands-)Ferdig eg so lengi hev tenkt paa, men no hadde gjevi upp, fær eg daa med korso paa ei Vis, fyrr eg sluttar.

– Sumaren er herleg, varm, mest stridt varm, men med so vidt Væte at det greider seg; det vert visst eit godt Aar her au. Og jamenn kann
<side nr=78>
det turvast, etter fleire skrale Aar, og ifjor heilt-
upp Uaar.

– Landsens Sak er ikkje enno heilt avgjord.

Det er Svenskane som ligg og sumlar og ikkje kann koma til Lags; Storsvensken vil Ufred helst; og Fleirtale der inne veit knapt rett kva dei vil. Men eg kann kje anna tru enn det lagar seg. "Europa" er rimelegt, og vil, etter alt ein kann sjaa, helst ikkje vita av Ufred. Det ser i det heile godt ut for Norig, ikkje minst ved det, at me endeleg hev lært aa staa samstelte, og dermed au hev lært aa taka det rolegt og vitugt.

Kor rolegt det i Grunnen er, med alt Staak i Storsvenskebladi, viser seg ved det, at Hulda nett i desse dagane hev fari til Sverig paa "Danseferd". Ho hadde lova aa koma der inn fyrr (til ein Lærarskule, Nääs, noko austanfor Göteborg), men det hadde kje laga seg: so var det utskoti til no; og so kom "Uppløysningi". No daa det leid til Tidi skreiv Hulda inn og spurde um det kannhende var best aa vente endaa eit Bll; men Skulestyraren svara, i eit vent og huglegt lite Brev, at han trudde kje det stod seg verre millom Landi enn at dei endaa kunde taka seg ein Dans saman. Dermed drog Hulda; og eg kann kje tru anna enn det gjeng godt. Berre det ikkje vert altfor heitt til aa danse!

– Sverige er i tjodleg Meining mykje, mykje lenger framme enn me; og kann det kje lenger vera "Stormagt", kjem det visst meir og meir til aa arbeide seg fram til ein aandeleg Førarskap. Berre noko slikt som "Skansen" <mark ind="1"> tyder mykje i den Leid; Maken er der knapt i noko Land, og daa visst ikkje i noko av Norderlandi. Og at dei der hev sankt inn ymist norskt jamsides det

<fnote ind="1"> G. meiner her heile Nordiska Muséet.</fnote>

<side nr=79>

svenske, tyder paa, at Tanken er "nordisk" og

at Sverig vil vera Fysstemann her. Det er det, maatru, at sjølve Pengemakti i Sverig er national; jamvel millom Rikingane sine hev Svenskane Folk som kann finne paa anna enn aa setja upp Legat aat forførde Tenestegjentur. Ikkje minst i dette Stykke er det langt framanfor oss, alt um slikt som Gades storfellte Gaave til Vitskapsarbeid i Bergen kann spaa betre Tidir for vaar Kultur med, fær ein vone.

– Um elles denne Kulturen nokon Gong vert norsk, er enno eit stort Spursmaal. Naar Svenskesamfeste er løyst, søkjer vel det norske Danmark tettare inn til Danmark att, som rimelegt kann vera; og dermed kann det verte tyngre for Norig aa arbeide seg fram enn det no ei Tid hev vori. "Bondeparagrafen" er strokin i Grunnlovi au; og Amerika vil suge Bonden til seg enno lengi. Og so langt som til Fristat naar me knapt. Um det er aldri so sant, at Kongedøme no er noko heilt anna enn det gamle norske Kongedøme, berre Namne dreg Nordmannen so sterkt, at han knapt vinn seg fraa det.

Men dei Vonine som vert fødde med eit heilt fritt og sjølvstyrt Norig, er store; og ein fær "tru det beste" og halde fram, veit eg.

4. 7. 05.

Fraa Hulda hev eg fengi tvo Brevkort. Det gjeng godt med Dansen (mykje betre, kann eg skyna, enn det gjekk paa Ringerike, der ho sist var); og Lande, der ho er, er storfagert, liksom det i det heile gjeng berre godt. Ho kjem att i Morgo. – I Dag hev eg sendt eit Par Linur til "D. 17de" um dette; "D. 17de" hev kje visst meir um det enn andre norskdanske Blad.

<side nr=80>

– Eg kjem vel i det heile til aa verte "trengd

ut" av "D. 17de". Det kann daa og vera noko-so-nær det same. Eg vert mindre og mindre Bladmann; og det som no dreg meg meir og meir, George's jordrentetanke, fær eg vel ikkje nokon av desse norske Odelsbøndane med meg paa, so lengi daa visst som eg liver.

8. 7. 05.

I Dag er Son min ferdig med Artium. Student med Laud, eller som det no heiter: "Meget tilfredsstillende"; – heile Eksamenslista er paa danskt no; det skal vel vera eit "Fremskridt".
Ja-ja.

Det beste er vel at han er ferdig med denne Prøva i god Tid: godt og vel 17 Aar gamall. So hev han Tidi for seg.

For det fysste skal han kvile ut eit Aars Tid. Det vert vel til det at me fér til Tyskland til Hausten (Hulda og Guten til Dresden for det fysste; der skal dei vera hjaa Fru Hauptmann eit Bil i Blasewitz); der kann han daa sjaa paa Verdi eit Bil, og elles drive Tidi med kva som fyrri fell, Felespél o. s. fr. Kannhende kann han og utetter Vinteren taka ei Ferd til ein Høgskule og høyre nokre Fyrilesningar; det fær no koma som det kann. – Eg for min Part kjem visst til aa slaa meg ned i Rothenburg, der eg vil "kvile", og dertil stelle med Sogo um Jesus. For det fysste skal Tuften til Kolbotnen, saman med eit Par Kjenningar; Mor hans er med der upp og set dei i Gang. So skal ho og eg ein Tur til Nordkapp. Til Hausten bér det daa sør-yvi. Um her daa ikkje vert Krig; daa fær me vera med der paa eikor Vis . . .

– – Det er rart aa tenkje paa: det er 30 Aar no sidan eg sjølv tok Studentprøva. Og no
<side nr=81>

kjem alt Ungdomen
etter. Dette "Live" er
ikkje langt. Den som
endaa hadde gjort no-
ko som der var Gagn i!
– Mi Trøyst fær vera
at eg gjorde det eg
kunde paa den Kanten
der eg fann det rett
aa staa; og paa for-
underleg Maate hev
det laga seg, so at eg
ber fekk arbeide trygt
og rolegt. Med alt
det eg kann hava aa
segja paa meg sjølv,
hev det laga seg for
meg mykje betre enn ventande. Kann det so
no etterkvart laga seg til eit norskt Norig
- - - - -

Brev fraa Samuel Garborg.

Calgary, Alberta, Canada.

Juli 9, 1905.

Dear Arne!

It is such an extraordinary event to receive a letter from you, that I must at once reply, and reply in the tongue that has become "second nature" to me. When you write "Landsmaalet", I like to read it. But it is a little irksome for me to use it either in writing or speaking.

Am glad to have received the cordial greetings from all of you three nearest relatives in Norway, mother, yourself and Jonas (Jon i suppose).

I am watching with eagerness the political events in Norway.

<side nr=82>

The last noted is the order, on the other side, for the Swedish army to mobilize. Can it be that [this] country will attempt to coerce our country by means of arms? If so it is an eternal shame for which they (the instigators) ought to be immediately and summarily punished.

I have read with immense interest "Knudaheibrev". It was better than a visit home. Had I been able (financially) I should have been induced by the book to return home and to purchase our old farm.

Am afraid I have much disappointed you in my unsuccessful undertaking to get "Fred" before the English reading public. Had I not been forced to "struggle for existence", I should have rewritten my translation, and kept sending it to publishers, and at last no doubt found one willing to print it. As circumstances were, I was forced to drop it. If ever I attain a somewhat independent situation, I may yet take up that work and do my utmost to succeed.

Hoping to hear from you again soon, I return you my best greetings for your's, mother's and John's.

One dream I have had is to get you over to visit us in America. Do you think this could ever be realized?

Your brother

Sam.

12. 7. 05.

Gjenom Olav Rusti skal eg no faa eit "gamalnorskt" Flagg; det gled eg meg til. Dette dansk-norske (med tvo danske og ein fransk Farge – um Lag som det norskdanske Maale hev eit framandt for kvart tvo danske Ord) kann vera

for det det er, men hev kje onnor Sogu enn denne "Flaggstriden".

<side nr=83>.

– Maalaren Olav Rusti er ein heil og streng norsk Mann; i Maale er han "eldre" enn eg kann vera, men hev noko som dreg meg, og som eg ein Gong tenkte paa sjølv, men gav det upp, daa det vilde skræme Folk fraa "Fedraheimen" –: · for aa. Ei R·d med denne meiningslause aa'en m· me få ein Gong – millom anna til Hjelp for dei gode Vestlandsm·li som hev ao –; og å er tung og stygg, og folk hev dertil no gløymt at han kom av ao-Ljoden; · var det beste. For det fysste kann eg d· bruka · i slikt som ikkje skal i Prenten.

<side nr=84>

– Her er i det heile M·Isorgir nok enno. I D. 17de ryk eg stundom ihop med Steinsvik um alle dei Framandordi han brukar, danskt, latinskt o. s. fr.; han forsvarar Framandordi heitare enn han nokon Gong hev forsvara dei norske; me er Snobb. Det framande er likevel til Slutt det gildaste. Umframnt dei Framandbodi me treng vil me d· visst f· ei heil Mengd berre for Stasen Skuld. Og Skrivem·ten, den vert vel alltid "lette"...(det vert ikkje so greidt · f· dette ·-Teikne inn i Pennen att no!)

Det er nok godt for oss norske at me ikkje fær sj· det "norske M·le" som Nordmennane til Slutt kjem til · sl· seg til Ro med, som det var godt for dei fyrr-Holbergske danske at dei ikkje fekk sj· den etterholbergske Riksdansken. Men litegrand vil det vel hjelpe at me held uppe eit noko-so-nær reint norskt; det vil for det fysste hindre det norske i å bli reint Fantem·l; og sidan vil det vera til Studnad for komande norske M·Ireinskarar, liksom det gamle danske hev vori

til mykje Hjelp for det nydanske. i desse Tidir.

– –Fær me tru d'!

Labr. 31. 7. 05.

Heime – etter Nordkapp-Ferdi. Men trøytt, trøytt. Forvakt, svevntung. Meir i Morgo

4. 8. 05.

Det gjeng seint med Skrivingi. Dagen etter Heimkoma laut eg til Byn att; so var der ymse Brev aa skrive, og trøytt og svevnørskin var eg; kom inkje i Skrivlag. Ein litin Stubb til Stvgr. Avis um ei Folkevisesongferd, Th. Lammers vil taka

<side nr=85>

til Jærs no i August, tok urimeleg Tid; Riksspursmål og ymis Uro elte meg; Folke mitt var (og er) ikkje heimkomi (fr. Kolbotnen); og eg kunde ikkje koma i Lag. Skreiv nokre Ord, men kom ingin Veg. No er eg noko-so-nær i Lag att, og fær freiste.

– Det skulde laga seg med Nordkapp-Ferdi mi likevel; Takk have Hulda.

Dette Lande v·rt, som er det sjaunde-største i Evropia, skal vera so lite. Men meir enn eit halvt Aarhundrad hadde eg livt, og flakka og fari b·de vidt og breidt, fr. Trondheim til Taormina, fr. Polen-Grensa til Paris, og hadde end· ikkje set meir enn Helvti av Norig. Eg hadde drøymt um ei Finneferd fr. Ungdomen av; men det hadde aldri vorti anna enn Draum. Eg var norsk; alt anna laut gange fyri Norig. D'er fleire Nordmennar som hev set Paris, Rom, Amerika, Kina, enn som hev set Vadsø og Varang.

No hadde eg mest gjevi Voni upp. Den lange Vegen og store Kostnaden, og aukande Aar og minkande Mod, stengde og stengde verre og verre. Eg hev end· i prenta Skrift kunna gløyme det,

springe yvi det, ikkje nemne det, når eg tala um Norig. Eg var norskdansk opplærd; Norig naadde kje lenger enn fraa København til Trondhjem eller so.

Men so med ein Gong laga det seg. Reint uventande. Og serskilt godt. Det vart Rom paa ein Baat, som Doktor-Lage (etter Doktor-Møte i Trondheim) hadde leigt til ei Finnmarkferd; der slapp me med god Hjelp inn, fysst Hulda, so eg; eg so var alt greidt; og til Trollebotnen bar det.

Og so fin ei Ferd fekk me, med bl. Himil, og Sjø som ei Tjønn, og Sol Dag og Nott, so det var som paa Blidelygna ved Neapel og ikkje paa Ishave under Finnetrolldom og Midnatt-Sol. Slikt Vêr skal ein kunne r. ke deruppe so

<side nr=86>

ikring tjugande-kvart Aar eller so, vart det meg sagt; og glad var eg, at det ikkje var mi Vîr-Lukke som r. dde. For den plar vera heller so midt-i-Lag; men dette var over-lag.

— — — —

Brev fraa Schjøtt.

Kleivsæter 11/8 1905.

Gamle!

Modtog brev dat. 4de en af dagene. Jeg har nu liggende adskillige breve, som jeg ikke har kunnet besvare, grundet øinene, og jeg har ikke læst aviser paa adskillige dage. Jeg faar derfor fatte mig kort. Hjælpekilder i Homer finder du nok av i Tyskland, billige og gode, men titel husker jeg ikke nu; de nyeste og bedste kjender jeg selvfølgelig ikke. Tal ikke om 1911! Du er benaadet af Guderne, Kvinder og Mænd elsker dig, du har Hulda til kone; paa dommens dag vil Vorherre sige til dig: hvad fanden har du haft

aa være i daarligt humør for? Da det nu vistnok er længe til vi sees, vil jeg, før jeg glemmer det, sige dig, at du og Vinje er vore bedste aaversættere. Muligens du behøver et arbeide (som f. eks. Arctanders) at lægge til grund, men jeg finder det ikke meget rimelig. Spild saa liden tid som muligt med at flikke paa andres. Den tid du kan afse fra theologien, kan du aldrig anvende bedre end paa oversættelser, hvis du, som du synes antyde, har opgivet poesien.

Hvis du i vinterens løb skulde mindes min ringhed, vilde du da hugse paa at meddele mig, hvad det heder paa jærbumaal: at betale I i g e for I i g e.

Øinene kommer sig nok; nogen sygerapport skal jeg spare dig for. Det gaar nok. Lev vel da og hils alle.

S.

<side nr=87>

Skagen 18. 8. 05.

Den Ferdasogo eg tok til med her sist, vart til Bladmat, som det tok Tid aa faa ferdig: "Finneferd" heiter ho. I Dag skal eg vel faa skipa ho av Garde.

No hev eg vori Danske so ei 8 Dagars Tid, med heile mitt Hus; og det hev eg trivist vel med. Det er halvt um halvt Jæren her nede, eller tvifeldt Jæren: med Hav paa baae Sidur, og endaa flatare: heilt flatt. Det er berre Sandhaugane (Klittane) frametter Strandi som lyfter seg upp-yvi Flata eit Grand, liksom noko store Tuvur.

Her ligg mykje Folk; Brøndums Gjesteheim er daa visst full, um det alltid no – mot Skuletidi – tek til aa minke. Det er mest danske som ligg her, og so Svenskar, og kannhende ein og

annan Utlending lenger burtanfraa. Garborgsfolke hev vori dei einaste norske til igaar; daa stod med ein Gong Eilif Peterssen her inne i Salen; han fær elles i Morgo att. Og i Gaar fór Hulda og "Studenten" til Tyskland, so no er Peterssen og eg dei einaste Norweger.

Men Norig hev vori mykje uppe lel her i Aar; det er denne "Revolutionen", maa-vita. Den vart elles no gjord um att eller godtekin av heile Folke, aa kalle, no um Sundagen, so no vert vel snart Svenskane au leide av aa bruka det skrikande Orde.

Um denne Revolutionen vert til Framhjelp for det norske Norig, fær me daa sjaa; det norske Norig hev daa visst ærlegt vori med denne Gongen. Men so vilde det nok vera norskt av dette same norske Norig aa leggje seg til Ro etter eit slikt Tak, – um me elles ikkje no skulde vera noko meir vaksne.

Fristat er det visst ikkje meir aa drøyme um. Dei trur seg ikkje. Og "Europa" vil helst hava <side nr=88> sitt gamle Stell halde uppe, veit eg. Det ser ut til aa vera sant, at dei tenkjer paa ein dansk Prins um dei ikkje fær nokon Bernadotte; dermed vil den norske Danskdomen faa ny Studning, og det norske Folke vil halde paa med aa flytja til Amerika.

– Her lés eg Alfred Wallace ("Land Nationalisation"), naar eg sit inne, og ikkje er paa "Finneferd". Herre Gud, so lite me veit. Her gjeng me i all vaar Tid og talar um, og trur paa "europæisk Kultur"; og so er vaare "fremste Kulturland" midt i svartaste Villmannskapen. Ja inkje noko "villt" Folk hev so fæl ein Villmannskap i full Magt som det heilage britiske Rike. Men George-Tanken er komin upp der; og ein

fær vel tru, at han etterkvart fær Magt og vinn.
I Norig kunde det turvast han vann av andre
Grunnar; men det vert lengi fyrr me Bøndar
skynar og gjeng med paa dette: at Jordi ikkje
skal vera mi, vera Sereign. Men at dette er
Framtidi skynar eg no serleg av den kinesiske
Fortid.

21. 8. 05.

I Morgo skal eg draga.

No i eit Par Dagar hev eg fari alt Skagen ikring,
og set det som er aa sjaa, og fengi Greide paa
Nord og Sud og Aust og Vest so nokonlunde.
Eg likar meg, so snart eg kjem ut i "Klittane",
som – paa litegrand Fraastand &mdas; er heile Berg,
og Bergkjedur. Og Danskane hev vori glupe til
aa plante Skog; det er eit Folk som me nok trygt
kann gange i Skule hjaa. Svære Plantingar hev
eg set i Dag; gjev me snart kann koma so langt
paa Jæren og Lista – og i heile Norig, for den
Skuld – som dei er komne berre her paa
Skagen.

<side nr=89>

Gjev Norig snart maa verte ferdigt med denne
ævelege Politiken sin, so det kann faa koma i
Veg med aa arbeide; – det er det som trengst.

– Fraa Hulda hev eg havt eit Par Brevkort;
Ferd i ned-yvi Jylland til Hamburg (ein fær kje
Billett lenger fraa Danmark) hev vori strid nok:
mykje Nattefaring, og mykje Ferd-Skiftingar.
Europa er ein Husmannsplass: alt som ikkje er
aat Husbond sjølv, Pengemagti, 1ste Klasse,
det er der aldri det Slag Stell paa.

Noko lenger er me visst komne i Norig likevel!

I Dag er her storfint, varmt, og (mest) stilt.
Eg fær til Strandi i Kveld og faa mitt siste
Havbad.

Og so avstad. Farvel, Skagen!

Blasewitz 26. 8. 05.

Etter ei vond Ferd – 28 Timar utan Svevn,
og noko-so-nær utan Mat, og ymist anna ubeint,
so eg kunde skrive ei heil Odysseé – er eg no
godt og vel i Dresden (-Blasewitz).

Byen hev vaksi mykje sidan eg saag han sist;
han gjeng no i eitt med Blasewitz. Og Blase-
witz sjølv er By i staden for Landsby sist;
Dresden strævar endaa med aa faa leggje 'n inn-
under seg, til Hjelp for den endelaust holsvøltne
Storby-Kassa. Blasewitz hev enno ikkje lati seg
svelja ned i den Kvalfiskbuken. Elles er han
heilt ny, Det einaste eg finn att av Blasewitz
fraa fyrre Gongen er Bier-Restauranten Schiller-
garten & mest ukjenneleg no ved Tilbygningar
og Umstellingar. Av Loschwitz kjenner eg like
eins att berre Bierhuse. Alt anna er nytt, um-
bygt, by-vori. Og yvi Elben er lagt Bru –
etter ein ny, storgild Maate, halvt "Hengjebru"
– liksom det er komi ein "Luftbahn" upp Losch-
<side nr=90>
witz-Berge, so Folk skal sleppe aa bruka Føtane
der. Grosse Fortschritte ,berall. Eg, som fær
mindre og mindre Sans for alle desse store Fram-
stig, var igaar, saman med Hulda og fru Haupt-
mann, uppi ein Landsby lenger uppe – Pillnitz
– som enno er Landsby, endaa Kongen av
Sachsen der hev det japanske S' marslotte sitt –,
og leigde meg inn der for ein Maanad eller kor
lengi det vert; der er det enno noko-so-nær
"paa Lande".

Dresden er no Storby. Godt og fagert bygd,
godt og vent stellt. Gilde Parkar og Hagar;
Sporvegar med Ravkraft; alt som høyrer til. Gildt,
stort, praktiskt, keidsamt. Endaa hev Dresden

elles ikkje naatt so langt i Kultur som Berlin,
der alt som vil høyre til die Welt, no søv um
Dagen og amusiert sich um Notti – die schreck-
liche moderne Grossstadt-Langeweile heilt ut.

Elles er Dresden au langt paa Veg i "Kultur".

Rett yvi Elvi her ligg m. a. ei Borg som ein
prøjsisk Prins hev bygt; det gjeng ymse segnir
um "kulturlivet" der –

– Me bur hjaa Fru Hauptmann, g. m. Gerhart
Hauptmann – fyrr; Samanhenge med Skilismaale,
og med det nye Giftarmaale hans, er eg ikkje
heilt inne i; ymse Ting hev her spela med. Men
det som er visst er, at Hauptmann hev gjort alt
som gjerande var til aa lempe det som lempast
kunde i alle ytre Ting. Her hev han bygt ei
Herreborg aat den fyrre Fru Hauptmann, so ei
norsk Dronning kunde kje bu gildare. Og Fru
Hauptmann vøre visst nøgd – um det ikkje var
det, at Mannen hennar, var, hev bygt ei endaa
gildare Borg aat den nye Fru Hauptmann. D' er
kje greidt

– Hulda og Tuften skal bu her endaa eit Bll;
her er rolegt og fagert, og alt so godt og gildt
som det kann vera. Og Fru Hauptmann, som
<side nr=91 >

synest liva svært for seg sjølv her – berre ein
av Sønine hennar, ein som enno gjeng paa
Gymnasie, er heime, og av Framandkjennskap
hev ho visst lite –, er ein framifraa god baade
Vén og Vert. Me skylder henne den største
Takk; baade for Hulda og Tuften vil denne Ut-
landsferdi vera gagnleg og god; og hadde kje
Fru Hauptmann vori so snild, og havt so godt
Husrom, og so stort Hjarterom, so hadde det
knappt vorti nokor Utlandsferd av denne Gongen.

– Korleis det vil gange med Riksstelle der
heime kann ein enno ikkje gjera seg nokon viss

Tanke um. "Tru det beste" ...

Blasewitz 28. 8. 05.

Trøytt, trøytt vert eg.

Hier ist alles so schön. So furchtbar schön.

Men naar ein hev set paa det eit Par Dagar, so vert eg, som er ein Villmann, trøytt. Det er so gemacht alt. Det er so, av di det skal vera so. Etter alle Reglar skal vera so. Og han som kjem or Villmannsheimen, Bjørneheimen, Trollheimen, han ser nokre Dagar paa all denne bok-rette Schönheit og trøytmar.

Eg er Villmann, Eg høyrer kje heime her.

Eg høyrer kje heime nokon Stad. Gjev han hadde Rett han som spaadde av Handi mi, at eg skulde sleppe fraa Leiken i 1911!

Eg skulde vera Bonde og sitja paa ein Gard.

Men det maatte ha vori i gamle Dagar, daa Bonden ikkje berre sleit for Pengejødane i Hamburg; no vilde eg kje hava Hugnad av Bondelive heller. Eg er fødd i eit Millombrøyte, i ei fredlaus, stillaus, heimlaus Tid; og eg er dertil bróttin ut av mitt eigi Liv og inn i eit anna som aldri vert mitt; dette kjenner eg stundom so sterkt, at

<side nr=92>

det er som eg ikkje hadde anna aa gjera enn aa lure meg ut av Leiken gjennom ei Bakdør. Berre i ein Tanke er det som ei Trøyst; sjølv heimlaus og tidlaus vera med aa fyribu ei ny Tid, og leggja Grunnsteinar til ein ny Heim . . .

Tjah. Vielleicht.

– No søkjer eg mi Trøyst i Tanken um den Boki eg skal i Veg med: Jesus fraa Nazaret, eller kva ho vert heitande: um den kunde verta til Hjelp for einkvan? – I alle Tilfelle vert ho til Hjelp for meg, so lengi eg arbeider med ho; og i det heile: so lengi eg hev noko aa arbeida

med, som kann halda ifraa meg alle desse trøytt
Tankane, denne raadlause, huglause, gamall-
mannslege Likesæla . . .

Ja, for det er vel det. Eg er so gamall at eg
ser eg vinn ikkje inn i noko nytt: og det gamle
hev eg sagt Farvel til for lengi sidan – – –

Pillnitz 5. 9. 05.

So er eg her. Mest utanfor "Byen"; tett-ved
"Slottsparken". Store Jordir gjeng elles tett inn-
aat Slottshagen; der gjeng Folk no og slær.
Mange Slaattarar; færre Breidarar. Ljæar og
ikkje Maskinar; hugsamt. Men dei hev visst
ikkje Slipesteinar her; i Dagmorgo kom eg yvi
dei, dei sat med kvar-sin Ljaa yvi kvar-sitt Smie-
sted og b a n k a Ljaaen kvass. Gamalt Stell.
Men eg gjeng og ser paa deim og hyggjer meg
ved, at ikkje alt gjeng med Maskinar enno.

Kongsborgi er ven, i japansk Stil. Dei hev
det rolegt der, ser det ut til. Hyggjelegt med,
kannhende – endaa Dronningi hev fari fraa
baade Born og Mann.

Sjølve Landsbyen ligg vent her ved "Elvi",
med Berghøgdir og fager Skog i Ryggen all
<side nr=93>

Stad. Hulda var her ute igaar, og me var upp-
paa "Meix M,hle" eller kva det heiter, og upp-
ved den gamle Borg-Resten. Hugsamt og rart.
Storfagert Utsyn yvi "Elv"-Lande med alle sine
Landsbyar og grøne Gods og Skogar og Lundar;
øvt uppe Bergknausane i sachsisk Schweitz.
Vegen upp og ned gjennom høgvaksen Skog –
K u n d e v o r i eventyrleg.

Men der er Politi- og Kaupmanns-Innskriftir
all Stad. Veg til det og det Bierhuse; das und
das und das verboten. Det er heilt politistyrte,
dette Tyskland; og um Sosialdemokratie ét um

seg, so – . Ja. Ævelegt er ingin Ting; det skulde daa einast vera Stakkarsdomen.

Sjòlv er eg i Gang med Skrivning. Det er Nytestamente eg vil lære Folk aa lesa. Eg veit og ser no sjòlv at dette ikkje er lett lært, med alle dei Teologbrillune dei hev lurt paa oss. Og so stor og klaar som Jesus er, so hev dei tukla med'n, til han stundom ser heller ugreid ut. Men det skulde vera Raad aa faa han fram att.

– Upp-i Nordlandi ligg dei no og divviderar i Karlstad. Trui mi er ikkje svært sterk; men eg er for lite inn-i alt, og kann inginting segja eller i Grunnen tenkja. Svensken lærer oss vel. Eg kjenner elles ingin av dei norske Forhandlarane; fær vona at dei er vaksne Folk, og meir til Diplomatar enn me norske Provinsfolk plar vera.

So langt som til Fristat – berre ein stakkars borgarleg Fristat – rekk dei visst ikkje. Svensken synest nok enno ikkje aa skyna den Magti han kunde faa, um han gav Norig ein Bernadotte. Eg hadde Brev um dette no fraa ein kjend norsk Officer – visst ein av dei beste Mennane vaare.
<side nr=94>

Pillnitz 8. 9. 05.

Det er rolegt og godt her; framifraa. Og "Elvi" med sin breide Straum og sine lange smale Elvbaatar, med vene grøne Gardar og Landsbyarupp-etter og ikring, og her paa øvre Sida dei vene skogklædde Høgdir i det "saksiske Sveits" –

det er alt vent og ro-
legt, hyggjelegt. Og
ber hjaa desse snilde
Frøknine R u p p r e c h t
bur eg makalaust ro-
legt og godt – med alle Veggir fulle av gudelege
Bilæte og Bibelspraak. Dette siste høver elles
ikkje verst no, daa eg masar som best med
Jesus-Sogo.

– Heimanfraa høyrest det lite. Og det vesle
me hev høyr i det alra siste er ikkje serskilt
godt. Fraa tvo gode Kantar er det komi Brev
med Tvil og lite Mod. Me – Hulda var her
ute igaar og fortalde um det Breve h o hadde
fengi – vonar paa at dei veit so lite enno; men
tru paa Svenskebror skulde Fenden gjera.

Det andre Breve var fraa Schjøtt, som hev
vori i Xia og vel no er i Fjelle att. Der vil
han vera denne Maanaden; skriv endaa at han
tenkjer aa slaa seg til der uppe til Ordboki er
ferdig (til Februar eller so); – det er vel ein
Maate aa sleppe fraa sumt som hann mindre bryr
seg um, I Politiken er kje han heller modig:
Gjev det maatte laga seg.

– Eg arbeider rett godt no, og finn meir og
meir at Arbeid er den beste Kvila. Og treng
<side nr=95>
ein so til Slutt aa kvile seg fraa sjølve Kvila att
– so er her fine og rett rolege Vegar og Tre-
gangar.

– Umfram Nytestamente hev eg no ei ny Ut-
gaave av "Fred" som skal koma til Jol. Det
var ikkje for tidlegt. Men det kjem væl med.
Eg hev elles ikkje so lite Arbeid med ho, mest
med Rettskrivingi. Og litegrand stuttare fær eg
ho her og der, um ho elles enno vert lang nok.

Brev fraa Schjøtt.

Tigerstaden 6/9 1905.

G.!

Ved allah! ved profetens skjæg! nu skal det ske. Jeg havde alt dyppet pennen for at svare paa dit sidste brev af 20de f. m., som kom mig i hænde vist en uge efter, da jeg imidlertid havde forladt min hule paa fjeldet –, da mor fuglehaugen kom seilende ind med en ny epistel. Jeg er en svinepels, men jeg erkjender det, som brygger Jacobsen siger. Tro dog ikke, at jeg har glemt dig og bedre halvdel; jeg syntes det var reint audslegt aa koma hit, naar jeg visste, at du og hustru var væk. Men nu ingen sentimentalitet; thi vi faar neppe mere brug for blidere følelser paa længe. Vi slipper vel neppe fra Sverige uden krig; der langen Rede kurzer sinn er at Sverige forlanger østsiden av Glommen samt 2 amter, Tromsø og Nordland.

Vi maa enten underkaste os paa naade og unaade, eller tage krigen; men i en krig frygter jeg at chanserne er smaa – hvis ikke en eller flere af stormagterne skrider ind; thi svenskernes krav er ligefrem onskabsfulde. Søndag 10de drager jeg til Kleivsæter, hvor jeg ihvertfald

<side nr=96>

bliver september ud, skjønt vinteren ser ud til at komme tidlig; svalerne flyr fra reira og lar ungerne krepere. Jeg tager returbillet og vender tilbage om Gud vil. I modsat fald blir jeg paa fjeldet til udgangen af februar og gjør mig færdig med manuskriptet.

Gaar alting godt, skal vi træffes til vaaren, naar vi har blanda bollen til gudarne, etter vi har jaga akaiarne av fraa Troja.

Oversætter ja, jo det er du; maaske lands-

maalet er særlig skikket for oversættelse; Aasens oversættelse af Schiller og Shakspear, Vinjes af Byron og din af Shakspear naar toppen. Dit oversætterarbeid + din theologi vil give dig rigeligt arbeide og os dødelige glæde.

Vaarherre være med os alle. Helsingar til alle fraa os alle.

S.

Jeg har faat mig en skogkat! Hvis vort folk hadde de samme gode egenskaber som min delige skogkat, kom svensken til at holde sine fingre fra grænsefæstningerne, og til at holde reinen pent hjemme i Sverige!

15. 9. 05.

Etter dei siste Bladi myrknar den norske Himilen i Aust. Den usæle Storsvensken kann ikkje gløyme si Stortid; og me norske er smaae, stakkars oss. Smaa og arme. Og i den kristne Verdi vaar er det ingin som bryr seg um aa hjelpe den som ikkje kann betala.

Ein kunde stundom ynskje at det likso godt vart ærleg Ufred med ein Gong. Enno greidde me det visst. Men um me greidde det, so <side nr=97> vart det sidan berre Kappvæpning paa Live. Og so vann Russen, naar hans Tid kom.

Naa-ja, Russen.

Kunde Fanden taka Storrussen; og kunde so det russiske Folke skipa seg som Kinafolke, og dermed i sitt Riksstell verta ein Sambandsstat av frie Folk, med eit Velstandsstell som kunde halde ut; og kunde daa Norig koma inn i dette Sambande, gjerne fysst av alle Europafolk . . .

– Hja! – Ynskje. Desse Germanane som raar Europa no, vinn kannhende aldri ut-or Halvillskapen. Og so døyr dei, som Ægypti, Baby-

Ion, Hellas, Rom ... og Kinafolke strøymer inn,
og fyller Europa som det meir og meir fyller
Nordhelvti av Asia. Aust-Asia hev alt lært, og
lærer meir og meir, den store europæiske Mor-
darkunst ...

Brev fraa Schjøtt.

Kleivsæter 19/9 1905.

G!

Tænkte jeg det ikke! Idag har jeg – efter
faarøvrigt at have arbeidet ei økt med Ivar –
taget mig fri for at skrive til diverse. Først og
fremst budgetforslag til kirkedeptet, dernæst op-
sigelse af Verdens Gang, en stub til 17de samt
brev hjem. Naar jeg saa skulde til med dig, var
der ikke flere brevark igjen – af de smaa da.
Dette her er ordbogspapir, som jeg stjæler, hvor-
til Herren lægge sin velsignelse. – – –

Det blaaser slig, at jeg haalder ikke ud i væ-
relset; lørdag var det snøfok. Jeg er flygtet over
i peisestuen, og paa veien har det blaasi blek
utaaver papiret.

Det glæder mig, at "Fred" skal komme, for
du vet jeg sætter den høit. Jeg gjentager: ord-
<side nr=98>

boka er ikke for dig; du havde ikke der funni
stort til aa hjelpe dig med maalet.

Hvad er det du siger, har du ingen anden at
plage end mig? Du er jo socialt anlagt, har
seldskabelige talenter (ialfald har havt); du længter
etter folk, skal jeg sige dig; hvorfor søger du
ikke folk da? Du liker dem ikke; all right saa
gjør dem slik, at du liker dem, hvis det er mu-
ligt; nogle finns her da, som er bra, enda um
dei fleste er noe pakk; ja, jeg finder de fleste i
dette folk at være fæle, onde og leie; værst

synes mig er venstre (især forhenværende) samt
maalstrævere. Gud tilgive dem. Idag opsagt
Verdens Gang.

"Jesus Kristus er den sande Gud" osv. har jeg
spurt Ivar om; han vet det ikke. Vaagværene
har sine vandledninger og holder sig selv regn;
ergo er de ikke fromme –

Jeg skal modtage og læse korrekturen paa
Nausikaa; men det blir et vanskelig arbeide.
Jeg forstaar næsten ikke, hvorledes det skal gaa
for sig at oversætte Odysseen. Men man faar
jo freste engang.

Hvad det var for noget "storartet" du skulde
sige mig fra Hulda, har du altsaa glemt. Tak
skal du have. Du har det meget bedre end du
fortjente.

Hils!

S.

Pillnitz 20. 9. 05.

Etter dei siste Numeri av D. 17de ser det
skralt ut med Tingingane i Karlstad. Det skal
vera sant at dei vil gjeva upp Grenseskansane.
Og dermed leggje Lande opi for Svensken att.
Mode vaart og Trui til oss sjølve vil daa ha fengi
ein faarleg Knekk.

<side nr=99>

– Eg kann ikkje døme um Grenseskansane.
Men det er visst: at tek fyrst Nordmennane til
aa fire, so firer dei til dess der ikkje er stort
meir. Den einaste Voni skulde vera Stortinge.
Men det Stortinge me no hev, er vel ikkje
mykje aa bygge paa, veit eg.

Og heile den "norske Pressa", som var so
"norsk", og stod der so "fast" – den dansar no
etter Olaves Thommessen. Dei tvo Maalbladi –
og eit Par andre Smaabladi – er dei einaste som

enno held Norigs Krav uppe. Og av Mennar er der tvo: Konow H. og Castberg. Som daa vert utskrikne for Landssvikarar.

Hev dei 90 Svenskeari attaat dei 430 Danske-
aari teki Resten av Folkekrafti vaar? So at no er
det berre Amerika paa den eine Sida og Sverig
paa den andre, og Russland sistpaa?

21. 9. 05.

Vert det norskdanske Norig nokon Gong norskt?
That is the question.

Vert det ikkje norskt, so kann "Norge" sjølvsgt
likso godt verte norsksvenskt som det er norskdanskt.

Eller betre. Norig og Sverig høver betre ihop
enn Norig og Danmark. "Skandinavia" vart eit
Rike med rett gode Vilkaar; det kunde vinne
Magt. Naar det fekk berre eitt Folk daa. Og
norskt og svenskt ligg einannan nærare en norskt
og danskt. Folki er nok heller ulike; og ein
serskilt leid Sprengkile millom deim er denne
Storsvensken. Men det laut vel kunne jamne
seg. Er her i Norig ingi sterk Kjensle av
Norskdøm, av aa vera eit serskilt Folk med ser-
skilde Fyrilogur, so er Maalstræve ein Draum og
det norske Riksstelle meiningslaust.

Der er nok eit norskt Folk, med serskilde
Gaavur. Men etter 600 Aars Framandstyre ligg
<side nr=100>

det so nedsovna og halvdaudt at det treng eit
Par hundra Aar fyrr det vaknar att. No er der
lite anna av "Sjølvkjensle" enn Snobbeskopen:
Folk vil vera fine. Dei fer paa Skular og til
Byn og vert norskdanske, eller til Amerika og
vert norsk-Jenkiar. Berre eit lite Faatal hev teki
til aa tenkje norskt. Det skulde Tid til aa vinne
seg upp att or denne Halvdauden. Men no fær
Tidi Hast her uppe au. Og kva som kann vera

verst i denne hastande Tid: eit norsksvenskt Norig, som kjenner seg trygt, eller eit norsk-danskt Norig under Svenskeøksi, det er ikkje godt aa segja.

Undergang i alle Tilfelle synest det vissaste. Med Mistru og Uhugnad millom Norig og Sverig vert Veggen lettare for Russen til Vesthave; og so kjem han nordantil, og Engeland og Tyskland sunnantil, og desse Smaariki her nord vert strøkne av Karte. Men skulde det snu seg til Folkestyre og Fred i Russland – lite aa tru paa, vel? – so kunde Nederlage vaart no endaa verte ei Hjelp: ei streng og sterk Nyvekkjing til Norsksdom. Naar me sat her i ein Mannsalder og kjende oss utrygge for Svensken, og ingin hadde aa tru paa anna enn oss sjølve, so laut me vel lære aa lite paa oss sjølve; og dei tvo Folkeslagi i Lande vilde søkje saman, daa dei visste dei hadde same Lagnaden. Naar daa Svensken kom og vilde taka Lande austanfor Glaama, kunde det norske Folke vakne og samle seg, og i ein Strid for Live vinne baade Lande og seg sjølv, u m so Skansane var burte?

– Me er komne til eit Vegaskil. Det fær no for det fystsste vise seg kva der er gjort, og kva Tak der so kann vera i Stortinge – eller i Folke, um det vart Spursmaal um ei ny Riksforsamling? – og so kjem det siste Spursmaale – til oss eller til Sønine vaare.

<side nr=101>

Brev fraa Arne Garborg.

? Sept. 1905.

Du Hulda!

Tak for Brev i Dag. Du er altsaa paa et Vis i Orden, og har enda et Par Medmennesker at

falde tilbage paa, og forhaabentlig et Par Teatre ogsaa. Det er udmærket. Kommer Du saa dertil i Arbeid, kan Du jo klare dig en Stund, til Du mulig kunde faa noeslags Greie med Hensyn til mulige Opførelser. Men naturligvis er Theatrene græsselig rædde, naar der er Spørgsmaal om nye Navn.

– Efter at være færdig med Mavehistorierne fik jeg politiske Historier, som ikke var stort bedre. Her igaar eller iforgaars var jeg enda omtrent bestemt paa at drage hjem; bedre at komme til Xia og hjælpe til med at skrige end gaa her og ærgre sig. Idag har jeg faaet norske Aviser – Fru Hauptmann fulgte Tuften her ud med dem og havde igjen meget godt med til mig: hvad skal jeg gjøre? – med noget bedre Besked; og meget af denne Voldgiftstraktaten er jo noksaa menneskeligt. Men det svarte Punkt staar igjen: at Svensken kan anfælde os, naar han finder for godt – med et Paaskud af dem som er undtagne fra Voldgift –, og at vi imidlertid skal bane ham Vei ved at rive vore Fæstninger (saa nær som Kongsvinger). Sjøfelt. Og farligt.

Sammenhængen skal være, at de har maattet ta hvad de fik; Anerkjendelse var for Norge intetsteds at faa, før Sverig anerkjendte. Og naturligvis syntes alle disse uvedkommende Magterne, at Sveriges Fordringer var rimelige nok; hvad Fanden gjør d e t dem? Saa var det Livets Lov: den svageste fik krybe. Vort eneste Haab er at Svensken kan faa saa vidt meget <side nr=102> hjemme at gjøre, at han blir nødt til at holde Fred; men sandsynligere er det, at Storsvensken skynder sig at faa i Stand Krig for at døyve Uroa hjemme. Imidlertid blir der fra norsk Side

protesteret, efter et Telegram jeg fik i Eftermid-
dag – fra Sletten! Er Chr. Bruun kommen
med? – saa vidt Svensker & Magter faar se,
at vi ikke er fornøidde allesammen.

Naa! dette blev Politique. Men que faire,
naar man pludselig sidder op i den til Ørene?

Alt vel. Jeg er flink til at ta Mellemsin. Lev!
Hils! Skriv naar Hovedstadens Glæder gir Dig
Tid til det!
Din Gamle.

28. 9. 05.

Tuften – Aadne kallar han seg, av di han er
vortin leid av aa hava same Namne som F,r
sin – sende igaar etter eit tyskt Blad det vig-
tigaste av Karlstad-Semja. Valdgiftsdomstolen i
Haag skal døme i alle Stridsmaal som ikkje ved-
rører "die Unabhängigkeit, die Integritet und
vitale Interessen beider Länder." Femtan Kilo-
meter i Breidd paa kvar Side av Grensa skal
vera "neutral Zone". Alle norske Festningsverk
innanum dette Belte skal verte "nedlagde", "un-
brauchbar gemacht werden": Fredrikssten med
Forte Gyldenløwe, Overbjerget, Veden og Hjelm-
kollen, Ørje med Kroksund og Urskog (Dings-
rud). Um otte Maanadar skal alt dette vera
gjort ubrukelegt av Norig sjølv; dei gamle Verki
paa Fredrikshald skal faa staa, men maa ikkje
"fortificatorisch erhalten werden". Ein Kommis-
sjon av tri utanlandske Offiserar skal sjaa etter,
at alt det Norig hev av Forsvarsverk mot Sverig
vert øydelagt. – –

<side nr=103>

– – Større Skam hev vel aldri gjengi yvi
eit Land, jamvel etter ein Ufred. Og s j ø l v e
skal me rive Festningane vaare; det er fyrste
Gongen slikt hev vorti forlangt av eit Folk

og godteki av Ærendsmennane for dette Folke,
Gudbetreoss. Me tek denne Skammi i full Fred,
og med Hérstelle so godt i Stand som det vel
aldri hev vori. Dersom det daa kann vera Raad
at me tek ho. I Morgo kjem Blad. Eg fær
vente til daa.

Men Skammi vaar er alt ut-yvi all Verdi. –
Naah; kven bryr seg elles um slikt eit Bonde-
folk paa tvo Millionar, som berre hev gjort nokre
Teaterstykkje

Undrast elles paa, um det i Europa finst Offi-
cerar, som vil vera med aa døme um, og dermed
gjera seg liksom til Medhjelparar i denne Folke-
gjelding? – Det laut vera nokre Russerar

29. 9. 05.

Bladi er komne. Det er so, at Festningane
skal bli rivne – so nær som e i n, Kongsvinger,
som likevel ikkje maa "udvides hverken med
Hensyn til Anlæg, Bestykning eller Besætning".
Og dei g a m l e Fredrikshaldsverki skal faa stande,
naar dei berre vert gjorde ubrukelege til Lands-
forsvar.

Til Bot paa Saari skal me faa Valdgift. Denne
er i seg sjølv god nok, men skal sjølvsagt ikkje
gjelde for Spursmaal som vedkjem "noget af
Rigernes Uafhængighed, Integritet eller vitale
Interesser". Dette vil likevel ikkje segja at me
kann faa Ufred naarsomhelst Sverige for godt
finn; "i Tilfælde af Uenighed om, hvorvidt et
Spørgsmaal berører noget af Landenes vitale
Interesser" – skal Spursmaale um dette òg inn
<side nr=104>

under Valdgift. Men Paragrafen er tøygjeleg.
Og naar Sverig vil taka fraa oss Lande austanfor
Glaama (eller meir), so kjem dette Spursmaale
ikkje paa nokon Maate inn under Valdgift. Og

Festningane vaare vil daa vera burte – so nær som Kongsvinger, som han no stend. Boti er soleis korkje so viss eller so drjug som Saari.

Men Nordmennane skal ikkje ha kunna sleppe billegare. Fyri-Spursmaal um me kunde vente Norig godkjent skal, etter som det i eit Blad vert fortalt, all stad ha fengi til Svar: kom fyrst til Lags med Sverig. Og desse Kravi som Sverig sette, vart funne rimelege av "Europa". So fekk daa vaare Folk bøygje seg, og endaa vera glade at dei fekk igjennom ein so vidt rimeleg Valdgifts-Avtale.

– Ja, det er so. Den einaste Syndi som i denne Verdi er viss paa si Straff, er den Syndi aa vera litin. Og me fær trøyste oss med, at kor gali det kann vera alt, so er det daa alltid betre enn "Unionen".

So vert det daa ikkje anna enn det vanlege "vente aa sjaa". Og tru paa, at Svenskane kann faa nok aa gjera innanlands, fyrr dei vinn so langt, at dei (til Døyving av dei svenske Folkekravi) kann taka paa Norig.

Men me sit no meir enn fyrr med Reipe um Halsen.

– Eit Par av Bladi der heime synest vera so vituge at dei vil hava Fristat. Høgrebladi – og sjølvsagt V. G. – er imot. Kven dei vil hava til Konge, naar Bernadotte, og vel ikkje Carl av Danmark heller vil, er enno unemnt. – So vert der Dragsmaal um det att ei Stund. Og nytt Ting fær me kje fyrr i 1907; det einaste skulde vera um dei kunde finne paa aa faa inn ei Riksforsamling.

<side nr=105>

Brev fraa Arne Garborg.

Pillnitz 1/10 1905.

Du Hulda!

Brev af antagelig igaar med Tak modtaget.

Det er bra, at Du arbejder; det er egentlig endogsaa Hovedsagen. Selv om der ikke skulde blive noget direkte Resultat, saa har Du dog lært en Masse, og udviklet dig, og faaet Tiden til at gaa; og vil siden paa diverse Vis kunne nyttiggjøre Dig det indvundne. Titusind Gange bedre har Du ialfald benyttet din Tid end de vanlige Toilettegjørersker og Selschaftlerinnen.

Og saa blir der vel enda "noget ud af" Arbeidet, selv om det skulde ende med at Du bytter Form – – –

Ja; det ser skralt ut der hjemme. Diplomater er vore Provinsjurister i k k e. Og Storsvensken har nu faaet Veien fri lige direkte til Kristiania (Kongsvinger Fæstning er formaliter reddet, men maa ikke holdes i Stand, dvs. skal efterhaanden forfalde). Der er nu bare ét at gjøre: (faa en billig Republik og) øge Hæren og holde gode Vaaben. Vil Folket ofre noget paa det? Eller mister det Troen paa sine Styrere, og Modet, og lader liksaagodt det hele forfalde?

Der skal "protesteres", som jeg vist sist fortalte. Jeg er naturligvis med. Men Protesten blir neppe saa almindelig at den udretter noget. Saa faar vi da se. Det eneste Haab er at Svenskerne i den første Mandalder kan faa nok at gjøre hjemme. Ellers er der al Grund til at frygte for, at vort kløvede, fattige og forgjældede Folk vil – bare have byttet danske Herrer med svenske. Vi faar nu se. I ethvert Fald tilhører ikke F r e m t i d e n Sabelherrerne.

Med mig gaar det bra. Men saa er det alt-saa Augo, ved Du. Om Kvelden kan jeg i Re-

<side nr=106>

gelen ikke arbeide eller læse; i Aftes gik jeg til Sengs halv ni. Men efter en saadan Hvilepause gaar det igjen bedre.

Jesus skaffer mig en hel Del at bestille. Men Bogen skal forhaabentlig blive et ganske sterkt Udfald mod den kapitalistisk-militære "Kristendom".

– Saa vidt jeg skjønner af Dit Brev, blir Du vel ikke gammel i Reichshauptstaden. Og det kunde jeg i Tilfælde inderligt forstaa. Men Du faar vel holde ud en Stund og se lidt Theater. Selv om Du ikke faar Fripladse, saa er vi jo ikke helt fattige længer; og det Du kunde lære vilde altid lønne sig. Men hyggeligst blir det naar vi kan slaa vore Pjalter sammen igjen paa en eller anden Vis. Kanske foreløbig her i Pillnitz? Og saa til Rhineggen paa Vaarkanten? – Skjønt Du maa jo se en Vinhøst der. Naa-ja; vi finder vel ud af det. (I Tilfælde kan jeg jo naarsomhelst sige op og være med vestover).

Tuften klarer sig godt; klager bare over at Tiden er "for kort" nu. Det er kolossal storartet. Hils! Og lev! Gammeln.

Pillnitz 3. 10. 05.

Heime er der Strid um Kongedøme eller Fristat. Fred! Ro! Stilt! ropar Kongsmennane og slæst so Fillune fyk. Mennar som eg trudde var vituge ligg paa alle sine Kne og bed for Kongedøme. Det skal jamvel vera "nationalt" no. Berre i Dagblade skriv serleg Gunnar Heiberg godt og rolegt for Fristat; og Blade i det heile er med paa den.

Fraa Lande elles er det lite aa høyre. Folke er vel trøytt av Politiken. Det vakna, daa alt saag ut til aa vilja laga seg; no skynar det vel,

<side nr=107>

at det vert berre det same paa ein annan Maate,
og dreg seg undan att.

Eg hev sendt eit Par Stubbar heim og skrivt
for Fristat, og, halvt paa Spott, um "Freden" med
Sverig, som maa føre til at me fær meir Hér-
stell og Hérøvingar. Men det nyttar ikkje aa
skrive. Eg er for langt burte; det eg skriv kann
vera meiningslaust naar det kjem fram.

Og det som hev legi under hjaa meg alltid og
gjort meg veik: Tanken um at me ikkje er noko
Folk, og kannhende snarare Restar av tvo Folk
enn Rotrenningar til eit nytt – vinn seg fram
att. Den Jammersdomen som ligg der heime paa
sine Kne og bed um ein dansk Prins og seier
hyss! hyss! til all Manns Tale – den gjev nok
smaa Livsvonir. Og mitt eigi arme Folk.....
tegjer og dreg til Amerika.

Det me ikkje minst turvte var aa faa ei Greide
paa det ø k o n o m i s k e Spursmaale. Det fær
me minst no. Skuldine stig og stig; og dei fer
alt til og legg paa nye Skattar. Men kann me
ikkje greide dette Spursmaale, so ryk me sidan
eller fyrr, anten me so er Kongedøme eller Fri-
stat, og anten me er bundne til "norske" eller
framande Kapitalistar.

4. 10. 05.

"Alt er tapt, Æra med," skriv Steinsvik i Dag
i eit Brev. Det er vel, med Guds Magt, for
sterkt sagt. Men smaatt er det med Mode heime;
og lite hev me aa vera modige av au.

Det einaste dei ligg og bed um i Norig no er
ein "Konge". Eller helst ei Dronning: ei engelsk
Prinsesse. Ho skal vera den Tampen som bind
vaar vesle Baat fast til den store engelske Skjold-
baaten; og so skal me liggje og skumple i Kjøl-

<side nr=108>

vatne etter den, so lengi me kann, tenkjer
dei vel.

Og noko slikt som ein Mann, det hev me vist
ikkje lenger. Fridtjof Nansen hev lagt seg til
Rettes for det nye Kongedøme. Bjørnson med.
Oberst Stang skulde vel enno vera ei Von;
men um det finst nokon som kann stige fram og
faa Folke til aa tru paa seg ...

Tusund Talarar hev me. Og tie tusund Pennar.
men ein Mann? – – –

– Den einaste rimelege Tanken som er uppe
er den, at Folke sjølv skulde velja Styreform.
Den Tanken er framme i eit Par Blad ("17de",
"Dagbl."). Og det nationale Studenterlage arbei-
der med Tanken, sender ut Smaaskriftir um 'n,
o. dl. Eit Par av desse Skriftine fekk eg i Dag;
den eine er av Gjelsvik, som daa ikkje hev gjevi
upp, endaa han var med i Karlstad, daa denne
Forhandlingi stod paa, som no bind oss so syr-
gjeleg. Meg og vil dei hava til aa skrive. Det
er ikkje mykje Tid. I Stortinge "tenkjer dei
visst paa aa taka det braatt med aa velja ein
Danske til norsk Konge"; dei kann berre "ikkje
godt gjera det av, fyrr Riksdagen hev vedteki
Karlstadforlike; og so lang Tid hev me daa til
Arbeid". Ja, den som kunde skrive med Ord
som brann. Men den som hev skrivi og skrivi
i all si Tid og inkje Verknad ser av det, han
k a n n sistpaa ikkje skrive. Han trur ikkje lenger
paa Ord og paa Blekk.

Og endaa er det greidt eg skriv, kjem det
berre so sant noko for meg, som ikkje er meir
utkøkt enn at det læt seg varme uppatt endaa
ein Gong. Men Modløysa er som Tæring.
Ein kann Gong paa Gong tru ho er lækt; og ein
kann stogge ho for ei Stund; ho ligg under like-

vel; og Enden er Dauden. – – –

<side nr=109>

Brev fraa Arne Garborg.

4/10 1905.

Kjære Hulda!

Mange Tak for Brev. Sender i Dag ny Avisforsyning; men Indholdet er jo magert. Med Undtagelse af Gunnar Heibergs Stykke i Dagbl.

Og paa sin Maade "interessant" er jo de andre Avisers Kongeligsindethed. Det viser sig i det hele, at Norge "er hvad det var". Aldrig det Grand forandret efter den gunstige Revolution. Det er et Hof, Kristianiafiffen vil ha; og for den Interesse kommer visst alle mulige andre Landsinteresser til at ryge.

Naah. Spørgsmaalet om Republik er jo ikke længer saa stort som det en Gang var. Saa letvindt repareres ikke Samfundet. Men at et fattigt og ynkelig forgjældet Land som vort endvidere skal drages med noget saa komplet unyttigt og dertil tyngende og forsinkende som et "Kongedømme" er jo aldeles gaustadsk.

Jeg gider forresten ikke skrive mer om det. Er for langt af Vei; hvad jeg skriver i Pillnitz er gammelt naar det kommer til Kristiansborg. Desuden, det "gaar som det skal gaa". Storinget er Skvip, og Ministeriet Michelsen nothing, og Xia med sine "Forstæder" Landet rundt alt og vel saa det. Bønderne fortsætter bare med at fare til Amerika. Saa det er vist lidet at vente.

Det ser ud til at Du kommer i Orden der oppe nu; og er Du først faren did, saa er jo det fornuftigst. Saa faar Du med hvad der er at hole. En Del Mennesker træffer Du altsaa ogsaa; Brahm er en stor Mand, Hollænder vel og-

saa; Hart immer uberegnelig.

Og flere og flere træffer Du naturligvis, saa Du efterhaanden faar orientert Dig i det nuværende Tyskland. Hoved-Plager etc. faar jo tages med, dog i minst mulige Portioner –
<side nr=110>

Lære hvad man kan lære, medens det endnu er Læretid, det er Summen af al Visdom. Jeg for min Part klarer mig bra; sparer paa Øinene saa vidt det greier sjg, og steller med mit Manuskript saadan et Par Timer før og et Par Timer efter Middagen (og Middagshvilen); om Kvelden kan jeg enda klare et Brev, eller desligeste som ikke kræver Eftersyn i Bøger og Notater. Her er kjøligere; regner af og til. Der Herbst kommt. Lev ufortrødent videre!

Tuften klarer sig vist bra; driver vist bare paa med Læsning; blir hoffentlig en Wissenschaftler?
Din G.

Brev fraa Arne Garborg.

Pillnitz 16./10 1905.

Kjære Hulda!

Der er ganske stille og roligt hos Fru Hauptmann igjen; det er bare Frua sjøl og Klaus, og saa Tuften. Og nu reiser han ogsaa. Sandt at sige kan jeg nok skjønne at hun sætter Pris paa lidt Selskab; men – – –

Tuften har klaret sig godt i denne Tid – med Bøger vistnok mest –, men har vistnok intet imod at træffe Mutter igjen – vistnok det eneste Menneske som egentlig kan snakke med ham, og faa ham til ogsaa at snakke lidt. Han vil have baade Hygge og Nytte af Turen.

– Hjemmefra høres der forskjellige Rygter; Dagbladet synes at tro paa en Folkeavstemning

om Statsformen; Aftp. kommer med Rygter om, at England foreslaar en Fornyelse (og Udvidelse) af Novembertraktaten (mod Rusland) paa Betingelse af, at Carl af Danmark og hans engelske frue "overtog Huset"; men det er bare noe Snak, siger Dgbl. Jeg for min Part, maa sige at

<side nr=111>

jeg tog hvadsomhelst nu, naar man bare kunde faa noget sikkert i Stedet for Fæstningerne, dvs. Freden sikret. Nu faar vi da gaa og vente paa det en Stund.

Jeg har det bra; dog er Øinene af og til lidt i Uorden, saa jeg maa tage det roligere end jeg egentlig har Taalmodighed til. Naar jeg kommer hjem, faar jeg vel snakke med Bull igjen, kan jeg tænke.

Sidst jeg skrev følte jeg mig saa completement fri, husker Du, mente jeg kunde reise naar og hvor jeg vilde. Det kan jeg naturligvis ogsaa; men jeg glemte jo at jeg hadde Korrekturen paa "Fred" at greie; og det vilde være bedst at have den fra sig, før man byttede Adresse. Forsaavidt kunde det da være praktisk at slaa sig til her en Stund. Længe skulde det jo ikke vare; skjønt – Gud ved hvad der er i Veien – jeg har endnu bare faaet 5 Ark. Er der Streik blandt Bogtrykkerne der hjemme, tru? – Naa; det maa jeg vel snart faa Greie paa.

Det er hustru Oktoberveir, rent norskt. Og i Berlin skal der jo sne? – Huttetu!

Hjertelig Helsing fraa

Gubben.

Du faar være tapper og holde ud saa godt du kan; det er altid hyggeligt at have at tænke paa siden. Men huff, det hører vist med til vor Svaghed der oppe det, at vi er "folkesky" og

aarker saa daarligt at være med blandt Menne- skene. Du er altid en hel Del flinkere end jeg; men noget af Arten har Gudbevares du ogsaa.

Om jeg "helst vil reise eller ikke reise" ved jeg egentlig ikke; Faktum er, at før eller senere maa jeg reise; og dette "før" eller "senere" er mig ganz eins Bier. Arbeidet er – til Forskjel <side nr=112>

fra mine sædvanlige Arbeider – saadan at jeg kan lægge det hen og ta det igjen naar jeg vil; og dette gjælder sogar i særlig Grad nu, da det grøvste og vanskeligste egentlig er over, saa at nu mest er Ordning, Formning, Tilveiebringelse af Sammenhæng her og der, og nu og da lidt Specialundersøgelse. Det værste jeg nu har igjen er Læsning af et Par Fortolkere; men det ud- sætter jeg altsaa med i det længste; ved endnu ikke engang rigtig hvor meget der behøves. Kan- hænde kan jeg slippe forholdsvis let; jeg ind- lader mig jo ikke paa Fortolkerspørgsmaal eller Vidtløftigheder.

Du bør for alle Muligheders Skyld give mig en Idé om hvem Gabrielle Reuter er. Min Uvidenhed er kollossalisch.

Tuften skal altsaa til Berlin Tirsdag. Han har vist godt af at revidere Berlin; for Dig blir det ogsaa da hyggeligere med det Stræv at "bese" en By. Lev lystigt videre, og naar Din Tid kommer og Din Plan er afgjort, saa sig fra, saa skal jeg gjøre mig færdig her og fare afsted i Øst eller Vest, hvor Du eller Omstændighederne kalder. Kommer Du hid en Stund, er der allerbedst.

Men næste Gang du skriver maa Du sige aas- dan det er med Myntsorter.

Helsing!

Gammeln.

Brev fraa Schjøtt.

Prof. Dahlsgd. 48 4/10 1905.

Dear friend!

Ja det er du bogstavelig, thi et brev koster 20 øre.

Nu ja; dei pengarne fer no vel; jeg fik dit brev paa nedturen, der forløb heldig, skjønt den omstændighed, at du og bedre halvdel ikke er paa
<side nr=113>

Labraatan gjorde et dybt innhakk i hjemlængselens glæde.

Bliks skriver: ein farisæar (i pl., bestemt form: farisæarne! sic!). Jeg synes formen farisæar er god nok.

Tak for det om "indtryk". Nogen hjælp var det jo. Det er godt at være hjemme igjen. – –

– Politik vil vi ikke snakke om; jeg ved intet uden hvad der staar i aviserne, og der kommer intet uden det modsatte af hvad der er sandt. Jeg træffer ikke et menneske. Om nogle dage bifaldes Karlstad-semja, og der er naturligvis ingen anden raad. Mit haab er at vi faar den danske prinsen, der har gode forbindelser; det vil bidrage mægtigt til at beskytte vor østgrænse; faar vi republik, synes jeg det ikke ser lyst ud.

Det er godt at høre, at du har gjort fra dig magaverken; aftenposten siger, at du er frisk og arbeider godt; jeg vil haabe, at den i dette tilfælde siger sandt.

Ivar har lovet at komme ned den 15de hujus. Gjør han det, gaar vi igjennem resten av ordboka paa vel 6 uger. Kan det lykkes, er en veldig sten faldt fra mit hjerte; thi jeg skjælver ved tanken paa at miste ham.

Lev vel og Gud befalet.

S.

Brev fraa "Aadne".

Blasewitz 1/10 1905.

Kjære Mor!

28de var eg hjaa Far med Fru H., som hadde med ei krukke marmelade til morgonmaten. Han var svært nedfyre. Meldingi um Karlstadsemja hadde teket hardt paa han. Han tala um aa draga heim...

<side nr=114>

Fraa Pillnitz sette me yver "Elba" med ein liten eimbaat. Me saag paa det gamle skulehuset i Zschackwitz og "villa Bregenz", der Ivars hev budd. Derifraa gjekk me gjennom ein gild lang allé til Niedersedlitz. Paa tri ymse sporvogner kom me so til Schillerplatz – –

Det er nok ikkje rolegt heime no. Steinsvik slæst med nebb og klør for festningane, og D. 17de hev brev fraa fleire kantar av landet med protest mod nedringi. Daa eg kom heim fraa Pillnitz den 28de med Fru H., laag det telegram her til Far fraa Klaus Sletten med spursmaal um han vilde skrive under ei protestliste mot festningsvilkaari. Eg maatte daa ein gong til til Pillnitz. Daa eg kom attende sende eg eit "Ja", som kosta M. 1,05. Igaar var eg atter hjaa Far. Han var no heilt frisk. Fru H. læt helsa. Ho vil skriva med det fyrste.

Hels Heinrich Hart. Mange helsingar.

Corrigieren Sie, bitte!

Din Aadne.

Pillnitz 6. 10. 05.

Eg hev freista aa skrive; og det gjekk ikkje verst. Men so fær eg Brev fraa Schjøtt. Og han forklaasar meg, at det er som eg hev tenkt: Nordmennane sét si Von til den engelske

Prinsessa –

– Hja. Det er vel so, og eg som ligg her ute, fær vel halde Kjeften. Eg veit for lite, og er ikkje viss paa um eg raamar rett. Og Folke veit, at det er ein Saueflokk millom Ulvar og Bjønnar.

Det er det som er. Me hev ikkje anna aa gjera enn aa "tru". Tru paa Framtidi; paa ein ny Samfundsskikk; paa veksande Uppfolking og Jesusdom.

<side nr=115>

Eg fær halde meg til Testamente mitt. Det tek og Tankane mine meir og meir; eg trur det vert ei klaar og greid lita Bok, som vil hjelpe mange, – og taka fraa meg Stipendie mitt.

Men ein gjer ikkje eit godt Arbeid strafflaust.

12. 10. 05.

Det er snodigt aa lesa Bladi i denne Tid. Fristatsmennane med B. B. i Fyri-Enden vil hava eit "Overgangs-Kongedøme" og arbeider for det gamle Kongedøme. Berre nokre reint faae segjer: nei; no er Tidi komi, daa me i Fred kann faa Umskifte. Heile Gamalldomen, fraa Mgbl. til V. G., skrik av all Magt: Norig er Kongedøme; arbeide for Fristat er Grunnlovsbröt – som i gamle Dagar.

Og dei vinn. Det vil vise seg no, at me hev eit Høgreting. Og at norsk Republikanisme er som Republikanismen til B. B. So er det og Stakarsdomen, Smaadomen. Norig er veikt, og hev dertil skøri Kne-Senane av paa seg.

Og endaa fær me segja, at kann det rette upp att for dei burtgjevne Festningane, so fær me takke til. Fatigmann hev Fatigmanns Lukke, og fær vera glad so lengi han hev den.

For oss norske, som er og vert verande

Framande i det danske Norig, er Spursmaale mindre enn det elles vilde vera. Under Unionen hadde me vorti norsksvenske; no vert me styrkte i vaar Norskdanskdø; Skilen er kje so stor. Det gamle norske Folke vil heretter som fyrr fara til Amerika: det vinn vel ikkje so langt som til aa reise seg meir.

<side nr=116>

Pillnitz 14. 10. 05.

Den 10de vart Karlstadsemja vedteki. Kl. 1 um Natti. Eit Natte Verk? – Berre 16 imot. Der var ikkje lenger noko aa gjera.

No er "Storthinge for 1905-6" møtt upp. Det skal vel velja den nye Kongen. Den nye "Kristian Fredrik" eller ein ny Bernadotte.

Folke vert vel ikkje spurt.

15. 10. 05.

Etter ein 17de Mai kjem ein 4de November; det ser ut til aa vera ei "Lov" i den nye Norigs-sogo det.

Og den 4de November no kjem vel, til eit Byte, med ein d a n s k Konge. Som me tek, fordi han hev ei engelsk Kone. Med henne ventar me engelsk Studnad mot denne endelause Svensken, som me no hev slept so ille innpaa oss. Me m a a ha Engeland til aa stagge 'n med. For elles kjem han, so snart han hev sine Vaapen i Stand og Grensefestningane er burte – kjem med den "vitale Interesse" at Sverig maa hava Lande austanfor Glaama, og med den endaa meir vitale Interesse aa faa Fred innanlands, mot sine eigne Arbeidarar.....og her vil det daa kje nytta oss aa gange til Haag med Klagemaali vaare.

Men sjølve Hæren vil kje heller vera so mykje aa lite paa. Etter det som no er hendt, vil Hær-

folke vaart vera mindre modigt, mindre sterkt i Trui enn nokor Tid fyrr. Og um dei so kunde klara seg eit Bil – me veit altfor væl, at Svenskane no hev so reint Overmagti. Enden vart vel ei ny Karlstad-Semje, der Nordmennane gav upp Lande austanfor Glaama og banna paa, at – so vondt som det var, so hadde Norig endaa i Grunnen vunni paa det. – – –

<side nr=117>

Naah; Nordmannen er seig. Og kannhende veks Fristatstanken so fort – at det ein Gong kunde koma ein 17de Mai som i k k j e fekk nokon 4de November? ? ?

Det som er visst er, at eg, og mine Jamaldrande, fær ikkje sjaa nokon ny 17de etter denne siste me hadde. Men um det kunde laga seg so vidt, at me ikkje fekk sjaa noko nytt 1387 heller

"Me fær tru det beste."

Brev fraa Schjøtt.

10/10 1905.

G.!

Har nu igjen 2 breve at takke for! Tiden maa flye fort. Har 17de Mai afskaffet dig? Ja, Steinsvik er sommetider lidt underlig. Mig har han forlængst afskaffet, men se det havde han vel sine grunde for, thi abonnenterne vilde vel ikke have mig. Men dig! Hans politik billiger jeg ikke; for nogle fortors skyld, som nok har liden reel betydning, faar man vanskelig vore folk til at slaas; men da det gjaldt unionens opløsning, var de mærkelig villige. Da landstormen i Gudbrandsdalen blev mobiliseret, strøg de mann av huse, gaaende, ridende, cyklende, for at naa første tog. Min nabo, Knut Hamar, nygift, tør-

nede ud kl. 3 om morgnen. Men for nogle lidet betydningsfulde forter, som med lethed kan erstattes, vil de ikke gjerne slaas; saadan er nu engang opfatningen her. Jaja; en dansk prins til konge er neppe nogen fare for landsmaalet; kan ikke maalsagen greie det, saa faar den gaa hjem og lægge sig. Dansk – den rene dansk – kan aldrig blive os farlig; det er rixen og svensken, som vilde kunne tyne os. Jeg er ræd repu-
<side nr=118>

blikken: vi maa sikre os østgrænsen fremfor alt og isolere Sverige; en republik vil antagelig isolere os. – Det tager maaske en 3–4 dage, før jeg faar korrekturen. Har du skrevet Otta – istedetfor Lalum – forsinkes den 1 dag. Desuden blir posten hentet til Kleivsæter leilighedsvis i denne Tid. Naar den kommer, skal jeg gjøre alt saa godt jeg kan. Men lad ikke K. narre dig til at skynde dig; thi denne oversættelsen er vist et yderst vanskeligt arbeide; og det skulde undre mig, om du ikke selv vilde ønske at fare over den baade en og flere gange. Jo mere vi læste af Odysseen, jo sterkere indtryk fik jeg af, at det var vanskeligt; bryd dig derfor ikke om K., og lad arbeidet komme ud, naar du selv er tilfreds med det. Bryd dig forresten endnu mindre om hvad jeg siger; thi min hjerne er opfyldt af ordbog; jeg kan ikke skrive et skikkeligt brev engang. – Noget brevkort, som du nævner i sidste brev, har jeg ikke faaet.

Hils Tuften og fremforalt den bedre halvdel fra mig!

Gid jeg kunde komme langt sydover. I sommer har jeg havt en uge sommergeir!

S.

Pillnitz 21. 10. 05.

Etter Bladi ser det meir og meir ut til, at Stortinge vil vedtaka Kongedøme utan aa spyrja Folke.

Det vert i "D. 17de" og "Dagbl." skrivi godt imot dette. Serleg skriv Gjelsvik i D. 17de framifraa godt. ("Politiken" hev like eins eit fint, i Grunnen kvasst Stykke, der mill. a. B. B. og Prof. Sars fær høyre Sanningar som dei ikkje vil kunne svara paa.) Sjølve Steen hev i eit Telegram til Studentmaallage sagt: "Statsformen <side nr=119> bør bestemmes af det norske Folk". Men Aftenp. kjenner seg trygg; "det vil ske," segjer det, at (etter Dagbl.) "Statsmagterne sætter sig ud over ethvert Hensyn til Folket". Og etter eit Telegram fraa Kaupenhamn til S t a n d a r d skal der mot den danske Prinsen i Stortinge vera berre eit Faatal paa i det høgste 35 Røyster.

Me hev eit Høgre-Ting. Og naar sjølve Over-Republikanaren vaar ikkje vil taka imot "Breve med Posten" – han hev sine serskilte Grunnar til aa ynskje Bande med D a n m a r k fastare knytt – so er det vel endaa mindre aa vente av Høgre og Moderate, som trur paa Kongedøme som paa Bibelen. Og "Folke", Stakkar, fær draga sitt Lass som fyrr. Og det synest taka det med Ro; trøyster seg vel med det nye Heimlande vestanum Have.

Det er det norske Danmark som raar. At det norske Danmark gjeng til det danske etter ein Konge aat seg er svært rimelegt. Me Nordmennar, som ikkje paa 90 Aar hev kunna arbeide oss upp til Herrar i det som skulde vera Heimen vaar, me hev daa ikkje meir aa segja. Gjeng det som det no ser ut, fær me vel ein ny "Svevn" att, kor lang han no vert; det som skulde vekkje oss att, maatte vera den nye Krigen som Stor-

svensken tenkjer paa, – den Krigen som gjer, at han ikkje vil hava nokon norsk Konge av si eigi Bernadotte-Ætt.

Me er ikkje eit Folk. Dei norskdanske er provinsdanske, og me norske er ikkje vaksne. Og me som no liver fær ingin "norsk Vaar" sjaa.

22. 10. 05.

Desse Tyskerane her det er so eg Gong paa Gong er aat aa taka til Hatten; eg tykkjer eg kjenner den Mannen som der kjem. Ikkje <side nr=120> plent, so at eg veit kva han heiter; men det er daa ein eg hev raaka einkvan Gong. Og soleis jamt. Berre no og daa ser eg eit Drag som er ser-tysk; jødisk kannhende? – noko eg ikkje kjenner heimanfraa. Men Mengdi? Grunndrage? Det er vaare eigne dansknorske, eller rettare: (dansk-)tysknorske.

Og Germanaren er Monarkist. Tyskeren kann vera Sosialist og banne das Grossb , rgerthum; han ligg paa Kne for alt som luktar kongelegt. Sjølve den byrge Engelsmannen: han ligg paa alle sine Fire Kne for eit Kvende eller eit Mann-folk som er av "Blode".

Og Nordmennane, jamvel dei norske? Dei er Germanar. I Ætt med engelske vel so mykje som med tyske, men Germanar. Dei kann drøyme, dikte, skrike um Fristyre. Men naar den Dagen kjem, at dei kunde t a k a Fristyre finst det so mykje som ein svensk Bernadotte eller ein tyskdansk Carl, dei ligg paa alle sine 4 Kne: kom og ver Konge yver oss!

Me er Germanar.

Pillnitz 25. 10. 05.

"Gula Tidend" for 20de fortél alt, at det vart

nok "avgjort i Stortingsmøte igaar", at den norske Kruna skal verte bødi Prins Carl av Danmark, og at han skal vilja taka imot, og vilja kalla seg Haakon VII. Dei ventar Kongeval Tysdag. Haakon VII skulde etter dette no vera vald.

Og stakkars vesle "norske Folke", den norske Husmannen, lyt finne seg i alt. Der er berre den eine Voni att: um det endaa kannhende i siste Stundi kunde vera komi eitkvart i Veggen. Men det kjem sjeldan noko i Veggen for det som gali er.

<side nr=121>

Det ser ut til, at der er ikkje lite Sinne i Folke mange Stadir der heime for dette, Og gode, vituge Tankar er uppe um aa gjera Nordmennane til eit Folk i Vaapen alt ifraa Skulen av. Gjev det var meir enn Sinne! Gjev det var, eller vart, fast, klar Vilje. Eg er so rædd at det vert med Sinne og Banning i Dag, og Knurring i Morgo, og Sovning att i Overmorgo. Og so søv me til den Dagen kjem, daa Russen<fmark ind="1")"> tek Finnmarki, Engelsmannen Kristianssand og meir, og Svensken Resten. Finis finalis; Punktum og Slutt.

At me no fær "Haakon den 7de" vil segja at me kjem under Engeland i Staden for under Sverig. Og skal vondt vera, so er dette mindre vondt. Men Sverige hev no sine Band paa oss fraa Karlstad (eit løynt Band og, ettersom eg hev set klunka paa i eit Blad); og kva for (løynde) Band (Danmark og) Engeland kann faa paa oss veit ingin, og fær ingin no vita. Kannhende gjeng vel mill. a. Stortinge i Løynd med paa "i Røyndi" aa godkjenne det absolute Veto fraa 1821, eller anna dilikt. Kannhende fær me paa einkvar Maaten ein ny Kongsgards-Adel. Det som er visst er at me fær eit høg-lønt Embættssstand med Riddarband av Sant Olav og den norske

Løva og so for ein Dag, til aa stasa med i Kongsgarden. Og det, attaat Utgiftine til sjølve Kongehuse, kjem til aa tvinge Lønine ned for dei lægre Embættsmennane, med alt det leide som kann koma av det. Og det store spreidde Lande, som trong so væl Samanbinding, med Jønnveggar ikkje minst, vert liggjande som det ligg langt fram igjennom. Men Riksskuldi veks som ho hev gjort. Og det verste av alt: Amerika vil endaa meir enn fyrr draga Bøndane vaare til seg.

<fnote ind="1">Christopher Bruun hadde vekt ei stor "russerædsle" i Garborg, faatt han med paa møte og skriving um faaren fraa aust. H. G.</fnote>

<side nr=122>

Eg skulde ynskje baade Norig og Prins Carl av Danmark, at det ikkje var sant det som Gula Tidend fortél. Men med næste Post kjem Vissa, veit eg.

– Fraa "Ivar Einund" (Mortenson) hev eg fengi Brev. Han liver enno; ja han liver med i dette politiske, og driv dertil paa med Arbeid: fær ut Sellen sin ("Ein Frikar") hjaa Aschehoug, og held paa med Prentrettingi til Slutten av Gude-songane i Edda; Kjempesongane skal koma til Aars att. Um Gamlingane sine segjer han inginting; men det er vel rolegare paa Einabu i det heile no, ettersom eg kann skyna.

Det hev reint gjort meg glad, dette. Me treng so saart det vesle me hev av Arbeidskraft no.

Kven veit, um Nedgangen i det norskdanse politiske Norig likevel kann kveikje upp det norske Norig, setja Fart og Sinne og Framgang i oss?

Brev fraa Arne Garborg.

Pillnitz bei Dresden 2/10 1905.

Goddag, Ivar,
og Takk for sist. Jamenn var det gildt aa høyre
fraa den Mannen att.

Eg saag elles Namne ditt i Blade her eit Bil
sidan, med ei Melding som spaadde godt: "Ein
Frikar" skulde koma hjaa Aschehoug. No
høyre eg at det er rett, og at Du hev fengi
Sogo inn-arbeidd til berre 10 Ark. Eg skynar
at det no maa vera ei heiltupp ny Bok; men
storgildt var dette i alle Tilfelle. Sælhelsing.

Store Ting er det au at me no er komne so
vidt langt i "Edda". Det er elles ikkje for tid-
leg. Og naar me fær Kjempekvædi i 1906, so
<side nr=123>
hev me fengi denne Folkeskuldi av oss. Og glad
kann ikkje minst du vera; for um du ikkje hadde
gjort meir enn dette eine, so hadde det endaa
vori Livsverk stort nok. Takk og Ære!

Du segjer du hev nemnt meg; dessverre, det
var der litin Grunn til. Men for meg er det ei
Ære, veit Du, aa faa liksom vera med; og naar
Du berre hev nemnt meg, so kann eg vel lata
det skure.

– Ja det kann turvast i desse Dagar aa faa
høyre g o d t nytt so ender og daa. So det kom
reint vel med for meg, dette Breve ditt. Det
som elles hender er ikkje til aa faa Mod av; og
her gjeng eg aaleine, og fær knapt so mykje som
eit Brev. Gjennom Breve Ditt fekk eg som ei
Kjenning av Framgangsstraumen att; og det kann
ein saart trengje.

Ja den nye danske Kongen; just no kom "Gula
Tidend"; og der stend, at det skal vera avgjort.
Det norsk-danske Norig fraa 1814 fær daa sin
Kristian Fredrik; og Danskestraumen vert mykje
sterkare, att. Men denne Maaten dei hev teki
det paa, méd aa snyte seg fram Folke uspur,

den fær ein tru vil gjera godt paa ein Maate.

– Nei; eg arbeider ikkje med Homer no; eg lyt sjaa aa faa fraa meg dette "teologiske" Spursmaale. Eg vil sjaa og faa fram Jesus so klaart og sterkt som eg kann, men skuve til Sides dei seinare dogmatiske Tilsetningane. Eg fær ikkje Fred i meg sjølv fyrr det er gjort. Men so vil eg slaa meg heilt paa Homer, til han er ferdig.

Bøkar til denne teologiske Boki mi lyt eg vel etterkvart finne. Det er vel Godet, Teologane brukar til Fortolkar av Testamente? Han maa eg daa sjaa igjennom, og so ein annan av dei nyaste i k k j e-teologiske. Boki mi skal elles sjølv sagt ikkje vera lærd, og ikkje polemisk heller; det er det vandaste Arbeide eg hev vori innpaa enno.
<side nr=124>

Eg lilver reint aaleine her no – i Pillnitz, paa "den are Sida Elva" rett imot der dé skal ha butt her nede, høyrer eg –; Hulda og Tuften hev vori i Berlin no i det seinaste. Men dei kjem att no snart, som vel er. Helsingi di skal dei faa, og like eins Fru Hauptmann; dei vil alle vera glade ved aa faa høyre fraa Einabu.

Um "Ein Frikar" skal eg skrive, so snart eg kjenner meg noko-so-nær trygg paa at eg skynar Boki; Du veit Hovude mitt er "seint" stundom. Men denne Gongen b ø r eg vel skyna so vidt at eg kann skrive ei rimeleg Melding i "Fra B.s Verden" – skulde ein, tenkje.

Ja tenk, de hev alt Vinter der uppe! Her er det elles og kaldt, etter Maaten, hev jamvel eit Par Gonger snjoga litegrand. Og hev regnt ikkje so lite; hev i det heile vori ein rett "norsk Haust". Kaldvinter er vel ventande?

Helsing til Einabu!

Aadne Garborg.

Pillnitz 29. 10. 05.

Endaa synest det vera Von um Folke-Avrøysting.

Og det vert arbeidt for Fristat. Fraa Lars Holst fekk eg igaar Traadbrev – paa Maal! – med Spursmaal um eg vil vera med aa "underskrive Upprop um Fristat". Det er ingin Ting eg heller vil.

Berre det no ikkje gjeng med det Svare eg sende paa dette som det synest hava gjengi med eit Svar som eg tvo Gongir sende til "L'Européen" um same Spursmaale. Fysste Gongen naadde det ikkje fram; og so spurde Blade upp-att. Og eg svara paa nytt. Nokre Dagar etter kom i norske Blad – Melding um Svare som L'Européen hadde fengi; men mitt var ikkje med; er vel komi for seint<fmark ind="1")">.

<fnote ind="1)"> Kom seinare.</fnote>

<side nr=125>

Det er i det heile gali paa mange Maatar aa liggje avgøymd i ein saksisk Landsby i ei Tid som denne. Hadde eg havt Draum um det som no er komi, hadde eg lati Hulda og Tuften draga i Veg aaleine, og sjølv hadde eg lagt meg inn i Norig einkvar Stad. For det er stundom reint fælt aa gange her nede og ikkje kunne vera med. Ikkje kunne segja eit fast Ord i rette Tid, korleis det so gjeng med dette stakkars halvframande Lande der heime. Kannhende skulde eg søkje dit upp no, daa der endaa synest vera Tid til aa gjera noko?

Naah; eg veit ikkje, eg. Fristat ... kven veit.

Glansen kann koma til aa gange av den med. Vert det Fristatsfleirtal – eg skal mest banne paa, at til Riksformann vél dei ein av Grense-festningsrivarane fraa 1905. Den Saueflokken som kallar seg det norske Folke hev alt gløymt den Sogo no, og kjem vel ikkje til aa hugse ho meir, fyrr han ser Skrubben. Og kor fekk ein

elles ein Riksformann ifraa? Bjørnson? – hev vori Fristats-Kongsmann. Nansen? – like eins. Alle gamle store hev paa ein eller annan Maate vorti ryggbrotne. Ein Bonde? Me hev ikke Bøndar lenger. Løvland – naa! ja, han kann koma upp; han var med i Karlstad. Og ein Hérmann? Sauine vilde ikkje vaage aa setja upp – andre enn Olsson. Men nei, ikkje Olsson dessmeir.

Kannahende vøre det likevel betre aa taka ein Køvenhavnerprins? Og det um han so vaaga aa kalle seg Haakon? – Huff; det er som naar du er komin ut-i ei Dinsemyr: du søkk, kvar du sét Foten. . "Vaarherre fær laga det". . .

<side nr=126>

3. 11. 05.

Hulda flakkar og flakkar; fraa Blasewitz-Dresden fór ho til Berlin; var der ein Maanad og saag paa Spél og Spelstykke, og paa Berlin, som hev vorti Storby og kavar Live av seg med aa vera stor; no slær ho seg til Ro her i Pillnitz ein Maanad og skriv ferdigt "Kongens Kone"; so ber det vel til den Rhein . . .

Me sit kvar i sitt Róm og skriv kvar paa si Bok; og "møtest til Maaltidine"; det er so Ægtefolk skal hava det no for Tidi. Men heimslegt er det endaa, so lengi det varer; og her hev me det rolegt og godt.

Arbeide mitt tek eg til aa koma i Veg med; "Messias" vert vel Boki heitande.

Pillnitz 4. 11. 05.

Det gode som er hendt, og som me i desse dagane gløymer, er at 4de November er me daa endeleg ferduge med. Men – so fær me vel ein 13de i Staden ...

– Det vert til det, at Folke skulde faa vera med aa røyste um Styre i Lande. Ikkje ærlegt og beintfram; ikkje um Kongedøme eller Fristat; berre um Prins Carl og Michelsen. Fær kje Michelsen-Raade den danske Kongen, gjeng det; dei gjer det dei kann til aa tvinge Kongedøme innpaa oss. Berre ein hev fari fram som ein Mann her: Gunnar Knudsen; Gud veit kva det kann vera som hev fari i dei andre. Sume av deim var jamvel Fristatsmennar fyrr.

So gjeng det vel der etter. Mange vil sitja heime paa Valdagen no; dei bryr seg ikkje um Konge, men trur dei maa halde paa Michelsen. Og alle Kongsmennar møter upp. Den danske Prinsen fær stort Fleirtal.

<side nr=127>

Utan daa Sinne skulde fara i Nordmennane, og dei skulde støle til Val-Borde alle ihop til aa avvise denne Herrepolitiken? – Lite Von um det. Nordmennane er trøytt. Og November Subb og Søyle og Kalde gjer det ufysi aa ferdast, og slær Mode ned. Den store Stundi hev Ende. Nokon Mann aa samle seg um til Præsident er her knapt heller – utan ein vilde vaage seg paa ein Hérmann (Stang). Den gode Stundi vert daa vel forsømd; og det fatige Lande sit der med ei Konge-Ætt, som vil hjelpe trufast til med aa suge den vesle Magti ut-or det. Med 300 Millionar i Riksskuld fyrr, og grenselaust mykje Heradsskuld og Gardsskuld vil Norig daa heller snart vera Fant; engelske Herrar kjem til aa kaupe upp heile Bygdelag, og Amerika-Straumen vil vekse og vekse. Ikkje for inginting er det halvframande som styrer Lande.

– D' er best aa vera paa det verste budd. Eg er budd. Og hev ikkje anna aa trøyste meg med enn Eventyre, Oskefot-Lagnaden, det utru-

lege. Det fær me no tru paa.

Og slutte med dette endelause politiske Stræve;
for skal Folke greide seg no, fær det slaa seg
paa Arbeid. I Aalvor. Men det er ikkje
b e r r e "Von". Det kann verte for mykje Slit;
eit Slit som fører til Trældom ...

Ikkje tenkje. Eg greider det ikkje. Vente paa
den 13. Og so slaa seg til Ro som ein kann
best. Med slikt arbeid som ein kann gjera, og
i "Tru", "Von" o. s. fr. um at det kann verte til
Hjelp ein Gong.

– – Um det endaa hadde vori likso godt at
Sverig hadde fengi bøygt Nakken paa Norig heilt
med same? Apage Satanas.

<side nr=128>

7. 11. 05.

At det er dei danske som raar i Norig, dei
norske provinsdanske, klaaras seg godt upp no;
og det kann koma vel med, greida upp den
ugreide nationale Hespelen vaar for mange. At
ein stor Flokk Bøndar læt seg draga med paa
"det norske Kongedøme" vil ikkje gjera so
mykje; det er so mange av dei, som i desse
Spursmaali enno er berre Baani.

Sidan "fær me sjaa".

Um tie Aar fær Sverig, utan Ufred veit eg,
Lande til Glaama. Russland – som vel enno
ein Gong vil faa Kraft til aa trampe Folke sitt
ned? – tek samstundes Finnmarki (og Nord-
land); Engeland tek Kristianssand o. m., alt i full
"Fred". Av Norig vil daa vera att eit lite Monte-
negro i Vest- og Midlandsfjelli; og det vert heilt
norskt. Det vert sidan Grunnlage for eit nytt
Norig?

Brev fraa Schjøtt.

Prof. Dahls g. 13/11 1905.

Kjære gode, gamle G.!

Tak for sidste skrivelse.

Idag foregaar altsaa afstemningen, og ingen kan jo vide udfaldet.

Seirer republikken vil utvilsomt landet sættes langt tilbage og ikke usandsynlig gaa helt tilgrunde. Landets finanser orker blandt andet ikke en republik.

Og maalsagen vil absolut være ødelagt, og jeg og mit arbejde være overflødig, hvori dog maaske ikke saa stor skade vil være skeet enda.

Gaar det saa, som jeg frygter, kommer vi aldrig mere til at træffes, og jeg vil benytte denne lei-

<side nr=129>

lighed til at sende dig og Hulda min hjerteligste tak for alt godt.

Gaar afstemningen imod dit ønske, bør du glæde dig. Jeg for min del vil drikke et ualmindelig langt bæger med toddy, og ikke glemme at drikke en drabelig klunk paa dit og Huldas velgaaende.

S.

Brev fraa Schjøtt.

Prof. Dahls g. 48 19/11 1905.

G!

Tak for skrivelse af 15de.

Nei, dit stipendium er nok ikke i fare, til trods for at nærværende storting intet andet ved at spare paa end kunst og videnskab. I hvert fald gaar det ikke til nogen lakei, da kongen neppe holder flere af det slaget end høist nødvendigt og selv betaler dem. Du har sterke rødder i Jæren. Dine fædre kjæmpede mod rigets samling i Havs-

fjorden og siden under Erling Skjalgsson mod St. Olav. Det var i den tid. Var du politiker, kunde nok dit gamle jæderblod revoltere mod et samlet Norge og saaledes blive farligt for landet; men nu vil du jo opgive politikken. Og som forfatter er det ligefrem en lykke for dig og os, at du har rødder derborte, hvis alder maa regnes i aar-tusender. Med Haugtussa, Fred og Knudaheibrevi er vel ikke Jærens eiendommelighed udtømt. Du har vist arbeide nok for din tid, selv om du skulde komme til at overleve 1911. Du maa slaa de altfor mørke tanker fra dig, og aldrig tænke paa noget saa vandvittigt som at man vil tage stipendiet fraa dig.

Tak for hvad du agter at sende mig af gloser.

Du siger, at jeg ser ikke paa dem. Det er lygn

<side nr=130>

i din hals. jeg har altid samvittighedsfuldt seet igjennem, hvad jeg har faaet fra dig, undtagen det sidste, som jeg sammen med endel andet f. ex. 1ste mosebok) maa gjemme til korrekturen og det endelige gjennemsyn. Jeg har arbeidet alt hvad jeg har kunnet for at blive færdig med manuskriptet, forinden øinene eller hjertet slaar feil; dette er kun simpel forsigtighed. Hvis du virkelig tror, at jeg er en saadan svinepels, som ikke vil se paa dine gloser, saa send dem ikke. Lev vel og hils familien!

S.

Pillnitz 17. 11 . 05.

Det danske Kongedøme hev vunni med stort Fleirtal. Folk hev vori rædde; og Folkeførarane, skulde vera, hev vekt og nært denne Ræddhugen, og nytta han ut med Glans.

Eg gled meg ved, at Telefylke og Setisdal hev vist seg noko-so-nær vaksne. Og no, daa Kristian-

kvartby vert reint overmegtig, og heile Lande fær bløde og svide for at den kann faa gilde Slottdansar, vil Fristatstanken vekse etterkvart – um ikkje Amerikastraumen fær altfor stor Overmagt.

Men ei hard Bakstrævartid tek til no, kor lengi ho vil vara. Eg for min Part fær vera glad at eg hev eit Grand Arbeid aa trøyste meg med, og ei Stova paa Jæren, der eg daa er paa ein Maate heime.

23. 11. 05.

Heime staakar dei med den nye Kongen sin.

Han hev teki Namne Haakon; og Prinsen skal heite Olav. Ein dansktalande Kong Haakon og ein norskdansktalande Kong Olav – det vert

<side nr=131>

løglegt; men kva Raad er her. Eit Folk utan Tjodskap er løglegt.

Dagblade (og ein Innsendar i Mgbl.) talar um eit borgarlegt Kongedøme. Ein skulde endaa vaaga seg so langt som til "Herre Konge" i Staden for "Deres Majestæt". Sjølve Kongsgarden, Hove, skulde bli stelt paa rimeleg Maate, i sumt etter danskt Mynster. Ja-ja. Der dei hev danskt Mynster for seg, gjeng det, vel.

Kongen sjølv ser dansk og rimeleg ut i si Framferd; han talar jamvel paa menneskjeleg Maate um si "Hustru". Danskane er i det heile komne so mykje lenger enn me i national Daning, at ein dansk Prins skulde kunne skyna den norske Tanken – um han ikkje med ein Gong kom i provinsdansk Vald. Sjølve den "norske" "Løv"-land vil norskdanske til Liks med dei stivaste Provinsmennar.

N. G(jelsvik) slær paa, at "Oslo" burde koma upp att no; "Kong Haakon" kann daa ikkje bu i "Kristiania". Um dette vilde smaka den danske

Haakon 7 er vel paa Voni.

Danske Blad skriv, at "alle Bestræbelser" som ikkje ber paa Leid av aa "fortsætte og udvikle kulturelt Fællesskab mellem de tre jævnbyrdige Riger" "vil frastøde os". "Alle Bestræbelser" som ikkje ber paa dansk Leid vil like eins, no som fyrr, "frastøde" dei norsk-danske. Det er Norig fraa Dansketidi som held fram, men kann me faa eit rimelegt og billegt Kongsgardstell, so kann det i alle Fall turvast.

Eg drøymde i Natt um ein Mann som fortalde, at Nordmennane no hogg ut dei siste Skogrestane sine, av di dei i den nye Kongetidi hadde livt for stort; daa eg sidan vakna, kom Tankar um, at Gud veit: det ber vel same Vegen med baade Skogane og Bergverki og Jordi og alt ihop: det vert selt til Utlendingar eller sett i Hypotekbanken, <side nr=132>

so den norske Snobben kann faa rasa. Men Bonden vil skunde seg til Amerika.

Gjev det maatte gange ein betre Veg!

20. 11. 05.

Eg vert gamall.

Her i Vaar var det som eg tok til aa "lengte ut" att so smaatt, hadde Hug til aa sjaa paa Verdi endaa ein Gong, serleg paa eitt og anna som eg ikkje hadde set, naar eg fyrr var ute. No ligg eg her i denne stille Landsbyen, og der er ingin Ting eg bryr meg um aa sjaa. Eg kann alt. Der er kje noko nytt. Ikkje noko som kjem meg ved. Um denne Katta som heiter Verdi sveiver Rova si paa so og so mange Maatar – det er alt det same i Grunnen. Eg hev set nok av det. Eg kann det. Eg ligg her i Pillnitz ved "Elvi" og lengtar ingin Stad.

Jau "heim", paa ein Maate. Ikkje for di det

er "heim"; eg er kje meir heime i det provins-
danske Norig enn i Sachsen. (Paa Jæren er der
elles noko av Heim.)

Det er vel berre det, at med all Framanddom
er eg likevel mest "til-vand" der uppe, kann
lettast "slaa meg fraa Verdi" og arbeide, naar
eg sit der i mine egne Róm. Og det er til
Slutt det einaste: arbeide. Drive med noko som
tek Hug og Tankar.

Um der er noko Gagn i det ein gjer? Det er
eit stort Spursmaal. For andre knapt; men kann
hende for ein sjølv? – Um der er Gagn i det
eller ei, so treng ein Draumen. Ein maa kunne
inbille seg at ein gjer noko, at ein er til Gagn
for eitt eller anna, er til Hjelp. Og ein maa
kunne gjeva seg yvi i noko, liva i det, vera
Skapar, drøyme at ein er Skapar. So gjeng
<side nr=133>

Tidi; og so kjem den store Stundi daa ein
sovnar av.

No "lengtar eg heim" att. Og ikring Jole-
tidir ber det vel "heim"-yvi. Men Hulda og
Tuften, som enno er unge, og skal leggje Verdi
under seg, drøymer seg vidt og breidt. No skal
dei fysst til Rhinlande, til ein By der Hulda hev
ei Systerdotter gift. So kannhende til Norig eit
Bil, til Telemarki, Hallingdal, lære eitt og hitt,
danse Visedans; sidan, kannhende, paa Langferd
til dei kanariske Øyar ... og eg daa, kannhende,
til Finnmarki ...

– "Heime" er det Kongestas, Kongestas,
Kongestas. Born som leikar seg. For i Morgo
er det Striskjorta og Havrelefsa att ...

– – Tja. Det beste ved Live er til slutt
Dauden.

I Dag hev eg sendt Hulda av Stad att – til Beyenburg bei Barmen. Der skal ho (og Studenten) bu ei Stund hjaa Systerdotter si, som er gift med ein ung Verkseigar der. Og til Jol – eller so – skal me finnast att i Norig.

Og skiljast att: Tuften skal til Seljord og lære norskt og gamallnorskt; Hulda skal til Hallingdal og danse; og eg – gjer ferdig Boki mi og fér til Knudaheio. Til Sumars stryk so Hulda og eg til Kautokeino.

Ettersom me no tenkjer daa!

Her hev ho arbeidt trutt, og fekk ferdigt Stykke sitt, som ser meg godt ut. Men um ho fær det upp ho hev heile Kvendesaki imot seg, daa ho hev sagt eitt og anna sant um "Kvinne og Mann"; og "Kvinna" raader no i Norig. Men dermed fær det daa gange som det kann. Ho er <side nr=134>

frisk og fornøgd og ferdaglad<fmark ind="1">; og det er Hovudsaki. Studenten greider seg au godt; held seg frisk, og vil helst drive paa med aa lesa. I Blasewitz kom han elles godt til Lags med unge Herr Klaus Hauptmann, ein gild Gut, ikkje noko vidare skuleglad. Men gjennom Skulekvern i maa dei no alle.

– Den nye Utgaava av "Fred" er komi; ho ser godt ut. Ho er for tung, og tek for mykje alt med; ho flyt ikkje lengi paa det grunne Vatne som no heiter "Tidi". Men ho er sann; og eg er glad eg hev skrivt ho. Stort betre kunde eg ikkje ha gjort ho heller.

No held eg paa med "Messias"; hev siti i "Königl. Bibliothek" hier og lesi den eine lærde Boki etter den andre – til aa tryggje meg mot Mistak. Men di meir eg les, di meir skynar eg at eg berre skal gjera ho beintfram og "ulærd".

Ho kjem paa ein Maate til aa høyre inn i

den Bok-Rekkja som tek til med "Fred"; og eg trur meir og meir, at Slutten paa denne Rekkja no maa verte endaa ei Bok um Paal Haave. Ikkje noko vidare "Forteljing"; meir noko paa same Maaten som "Den burtkomne Faderen". Der vil eg kunne faa sagt Resten av det eg enno tykkjest hava aa segja, og kann sidan med full Ro slaa meg paa Homer. Ja-ja. "Fær no sjaa daa."

– Heime er det berre Kongedunder og Kongebraak. Men no vert der vel snart Ro – etter Maaten daa –, so ein gamall skikkeleg Republikanar au kann faa liva.

Etter eit Blad som kom i Dag er R a s m u s F l o daain. Stakkars Gut; so det bar den Vegen lel. For honom var det visst best; so vil det sjaa

<fnote ind="1">Aa ja. Var allvisst glad eg fekk syne Tuften litt av Tyskland i dette kvileaaret hans. G. visste, som vel var, lite um at me baae var mindre friske dengongen. H. G.</fnote>

<side nr=135>

ut for meg daa. Vegen hans hev alltid vori tung; og han var som so mange av oss norske: ein einsleg, einsam Mann. Men mykje godt Arbeid hev han gjort; Fred vere med honom.

Pillnitz 10. 12. 05.

I Dag var eg i Blasewitz og sagde Velfar hjaa Fru Hauptmann. Og um Fredag ber det vel nord-yvi.

Brev fraa Hulda er komi; ho er no i ein av dei fælaste Fabrik-heimane i Evropia. Ho er alt i Veg og "ser paa" Fabrikar og Fabrik-Arbeid; men Hovude er skralt etter Ferdi og laak Svevn. Det Hovude hennar er ikkje som det skal vera.

Tvo nye gode norske Bøkar er komne heimanfraa: Seland, "Øygarden" (ein gild og tidhøveleg

litin Ting), og "John Lyng": "Jordens Salt", det beste som enno er skrivi um vestlandsk Lesar-dom (i Mskr. hadde eg Arbeide til Gjennomsyn; det hev komi seg svært). Eg fær hjelpe til det eg kann med Meldingar.

Med mitt eigi Arbeid gjeng det smaatt i denne Myrketidi. Betre aa koma heim i Snøglans og Vinterluft!

Pillnitz 12. 12. 05.

"Norsk Folkemuseum" skriv og vil ha Namn under ei Bøn um Hjelp, som det vil sende til dei Norske i Amerika.

Ja-ja. Herre-Gud.

"Det gjælder at reise et Monument over vort Folks Vækst i Kultur og Nationalitetsudvikling" (! Brøt for "Vækst" var rettare; men –), "et Monument over den gamle Bondekultur saavel- som over Byernes og de høiere Kredses Liv" <side nr=136>

(høiere Kredse: tyske og danske Innvandrara, Skjærsliparar, Barberar osfr.; ach ja!). "Men dette Monument maa reises snart. Hver Jernbane og hver ny Chaussée" (!) "som jævner Veien ind til vore lukkede Dale, ja snart sagt hver Turist bærer med sig det ene Stykke efter det andet af denne svindende Kultur. Men dette er ikke Nationen værdigt, og allermindst nu" o. s. fr. – no, daa me hev fengi ein ny dansk Konge.

Nei, nei.

– Gravsongen yvi m i t t Folk vert songin høgare og høgare kvar Dag, i alle Blad og Bøkar, og all Stad der det i det heile vert songi. Og meir og meir ut-arma vert me, som skulde halde Live i dette Folke uppe, so vidt som eg kann sjaa. –

Men ein fær halde paa seg sjølv so lengi ein liver. Og enno er ikkje alt Liv sløkt. Kor som daa gjeng og ikkje gjeng, vil alltid noko av det gamle haldast uppe og vekse inn i det nye, som me fær tru kjem.

Pillnitz 14. 12. 05.

Ja; her hev eg siti i 3 1/2 Maanad.

Her er vent. Og rolegt. Og eg hev havt det godt. Og arbeidt rett godt. Doris Rupprecht, som eg bur hjaa, er moderleg og snild. Inkje anna enn godt hev eg vori ute fyri.

Det er berre det, at eg her som alle Stadir kjenner meg framand; Gud veit kva det kjem av. Tru alle hev det soleis? – Aa langtifraa. – Kvar hev det paa sin Maate. Det er vel det at eg voks upp so aaleine; det fylgjjer meg sidan og kjem til aa fylgje meg. Men no er eg alt 55 Aar snart; eg greider det nok. – Gjev eg kunde bu Resten av mi Tid i Knudaheio.

<side nr=137>

– Her gjeng eg og tek Avskil. Med "Elvi", og med Skog og Bergknausar og vide grøne Viddir og Dörfer og lengst nede "Dresde". Far-vel og Takk for meg. Det er tridje Gongen eg er her no; den tridje og den siste. Kvi eg kom so vidt ofte hit? – Dieu le sait; der er ingin Grunn, veit eg.

Dei gamle Borg-Restane upp i Bergi her gjeng eg og ser paa. Hadde det vori i min Ungdom, so hadde eg gjort Vers um deim. No gjer eg ikkje Vers lenger. Ikkje um Fyrrtid og ikkje um Framtid. Naar ein vert so gamall, veit ein for mykje. Og Vers er berre um det som stend halvløynt i Draumskoddi.

– – No hev eg att aa gjeva ut denne Boki um Jesus; den kjem til aa tyna meg i Norig.

Og so fær eg tenkje paa Homer...

Naah. Noko aa gjera vert her alltid. Farvel,
Pillnitz.

Xia 29. 12. 05.

Eg er "heime" att, og der, som vanleg, meir framand enn nokon Stad ute.

Ein stor Ting hev hendt sidan sist: me er komne ut or Svenskeklemma. Og godt er det, skulde eg tru – um det just ikkje dermed er sagt at "Norge" vert norskare.

Det er som eit Varsl det, at dei søkte til Danmark, so snart dei var frie Sverig. Det er det danske Norig som er det førande enno; og det søkjer heim att, som ventande var. Og det meste av det som skulde vera det norske Norig, fylgde.

Snart skal me høyre, dei tek til aa danske att, so godt som dei kann. Dei "harde Konsonantane" som raadde no i det siste, dei var ikkje norske; for daa hadde dei dregi Tviljodi med seg noko meir; dei var svenske, og vil døy med all onnor
<side nr=138>

Svenskesnobbing. Og med den nyvaknande Danskesnobbing fær me dei mjuke Medljodi att, som i det heile ein strengare dansk Tone i det norskdanske Provinsmaale.

Me norske er dei "undertvungne", enno som fyrr. Det "norske Folke" er inkje noko Folk; det er 400 Prestegjeld. Difor skaper det aldri Førarar, med alle sine gode Hovud. Og i Bokheimen skaper det ein og annan Diktar og ein og annan Granskar; sjølv Ivar Aasen var Granskar og Diktar og ikkje Førar; ikkje ein einaste Førar hev me havt i Bokheimen heller.

Me yngre og dei unge er like eins gode Hovud og Underoffiserar.

I dei 400 Aari hev Folke kløyvt seg upp i

Bygdir; hev ikkje vunni ut-yvi Bygdine, og hev vaksi fast i dei; no øyder det seg dertil ut ved Utvandring. Det vil segja: det gjev seg meir og meir upp. Ifjor var det alt so langt komi, at det gav upp Bondeparagrafen i Grunnlovi, og det utan so mykje som ein Sukk; lét det berre skura. Dermed sagde det liksom Domen yvi seg sjølv. Det sagde: eg hev vorti framand i Norig; eg bryr meg um ingin Ting meir her; lat dei taka Magti som vil hava ho; eg er like sæl um alt, eg, heretter.

– So ser det ut. Det einaste som endaa skulde kunne halde Voni uppe, er Folkehøgskulen. Den kunde skapa ein norsk Ungdom, kannhende, og av den kunde eit meir samfengt norskt Folk veksa fram? – Han er ikkje sterk, denne Skulen; ein veit ikkje kor langt han kann vinna, eller kor lengi han kann halda seg uppe. Men so lengi han liver, er ikkje all Von sløkt. Og so lengi kann det enno vera Meining i aa arbeida.

<side nr=139>

1906

Oslo 4. 1. 06.

Nytt Aar; alt med det gamle. So nær som at me er komne lause fraa Sverig daa, og hev fengi ein serskild Konge; det burde vera vel. Berre me no ikkje somnar reint av, sidan me ikkje lenger hev Svensken til aa halde Liv i oss! – For meg kjennest det underleg livlaust no; men eg maa tru at det "berre er ein Overgang."

Og endaa noko er her, som ikkje "er med det gamle": at Jordi ligg snøberr i Januar. Slikt hev vel aldri hendt fyrr, her paa Austlandet daa visst;

og godt er det visst ikkje, paa nokon Maate. I Dag hev det elles snøa eit lite Grand, – um det kann vera Fyribød paa ei Vending, kannhende? –

– Huse mitt er spreidt for alle Vindar: eg sit her paa eit Gjestehus-Rom og skriv; Kona er i Hallingdal og dansar, og Sonen er farin til Telemork og skal læra norskt og gamalnorskt. Men det er godt, so lengi ein kann arbeida; og enno kann eg det, – paa ein Maate.

Men det veiknar med Trui; eg eldest, veit eg. Den drøymde Lesarkringen, som ein Bokmann maa hava, um han skal kunna arbeida skikkeleg, minkar meir og meir burt for meg. Eller eg kann vel likso snart segja: er burte. Eg veit i Grunnen no, at eg berre hev ein Lesar av rette Slage, <side nr=140>

og at den eine Lesaren er Bokskrivaren sjølv. So at no er det helst berre sjølve Arbeidshugnaden, som held Liv i Arbeide: Gleda ved aa faa Formir fram eller Tankar greidde for meg sjølv. No fær eg berre vera glad, so lengi den Hugnaden vil vara. At det ikkje er greidt aa verta gamall skynar eg meir og meir. Gjev han Spaamannen fekk Rett, som meinte at eg skulde sleppa i 1911!

– I det heile er det som Ljosi sloknar. I Aftes var eg hjaa Torkell Mauland, gamle Granen og Skulefelagen og Skulemeistaren og Kjenningen min, snartsagt det einaste Menneskje eg no hev noko sam-eigande med. Og der var nokre fleire Vestlendingar. By- eller halve By-Vestlendingar. Sant aa segja kjende eg meg helst framand der med. Og eg tenkte paa, at um eg so kjem til Jærs, – det eg finn att av m i t t Jæren er lite anna enn Tuftine. Live er burte, umskift, lite attkjennande. Det er nok som alle gamle hev sagt og kjem til aa segja: Verdi for-

gjengst; inkje er sätande, utan den einaste vesle trygge Kraai som heiter: Gravi.

Og so er kje den heller trygg. Kjem det noko etter? Og u m so er: Kva skal det føra til?

Til eit Nirvana? Eller er den andre gamle Asia-draumen sann, den som Nietzsche tok upp att: "Ringen"? At alt kjem att? Æveleg og æveleg upp-att, upp-att? – Berre Spursmaal og inkje Svar. – Arbeida, arbeida, inga Naud, so lengi ein kann arbeida! Resten maa koma som det best kann. – Jesus synest meg meir og meir den einaste kloke: gange heilt upp i det aa gjera godt, døy av fraa Verdi og berre liva i det gode; daa gjer ein daa noko som ein v e i t er godt, og vinn sjølv ein Fred som ein v e i t ein kann naa, – kva som so sidan kjem eller ikkje kjem. Ja um sjølve Nietzsche-Tanken var det sanne: det lét seg gjera aa koma att og koma att i endelaus

<side nr=141>

Meiningsløyse, naar ein kvar Gong likevel fekk leggja ei Meining i Meiningsløysa!

D'er berre Spursmaale um her er noko aa gjera som er godt. "Elske Brørane" i denne Tid ... Sjølve "dei fatike" er no Industridrivande. Daa visst er den heimlause all Stad utanfyri, kjem aldri inn i nokon Brorskap. Og alt som gjev seg ut for Kristindom er fælt, fælt, forklædd Verdslegdom, Tvi-Lygn ...

Naah. I Dag gav eg tie Kronur til ein "Platenslagar". No sit den Fanten og drikk dei tie Kronune upp. So er han glad den Stundi. Og

<side nr=142>

det er i alle Tilfelle godt. Kannhende drikk han seg so full, at han vert liggjande ute i Natt og frys ihel. Og so er han berga. For denne Gongen daa visst. Og noko betre kunde eg ikkje gjera honom. Men er det ein Industri-Tiggjar, –

dei tie Kronune kann han nytte betre enn eg;
Son hans vert ein Kapitalist, ein Arbeidarblod-
Sùgar, sistpaa ein stor Legatstiftar, til Hjelp for
"forførde Tenestgjentur" – – –

Fleire gode norske Bøkar er komne i Haust
og til Jol; den beste er "Upphavsboki" ved Aleks-
ander Seippel. Ho er so god, at ein beintfram
lés ho, les ho til Endes, og det um ein so aldri
fyrr hev kunna koma ut med fyste Mosebok.

Um dette "norske Folke", som i 500 Aar hev
legi som Lasarus for den danske Manns Dør og
metta seg med Smular, – um han kann vinne
seg upp-att? Eller um hans einaste Von er
Abrahams Fang . . . Tja. Kven veit. Den ei-
naste som skriv fullgodt norskt no er Tyskeren
Seippel. Alle me norske, like til Steinsvik og
Ivar Mortensson, skriv Blandingsmaal, Fantemaal,
den eine noko verre enn den andre. Kann det
verta noko av slikt?

Me fær sjaa. Andre Folk hev byrja
meir uliklegt, og naadde endaa fram til Liv. Og
fekk skapt eit og anna som vart til Hjelp og Hug-
nad for seinare Tidir og fleire Folk. Førarar hev
me ikkje, og orkar me ikkje aa føda fram, Og
Folke i det heile tenkjer som han bondefødde
Kontormannen eg raaka i Aftes: d'er det same
kva Ætt ein er av, berre ein kann gjera noko
Nytte; det same um ein er norsk, dansk, engelsk,
berre ein kann tena Mynt . . . Men her og der
veks det ein som vil vera norsk; og det kann vel
<side nr=143>

endaa draga etter seg. So held me paa i 1906
som i 1905, og vonar paa, at me hev vunni
endaa eit Stig fram til Nyaars att.

Av Stortinge er her ingin Ting aa venta; det
ser eg, og kjenner eg paa meg; og det høyrde
eg i Aftes au. Og Kvelden derfyri att like eins,

hjaa Dr. Nissen; det som no skal vera ventande, er Arbeidarpolitikk paa den eine Sida og Agrarpolitikk paa den andre. "Vinstre" løyser seg upp i Sosialistar, Kapitalistar, Agrarar; Embættshøgre vert det styrande som det hev vori; ein norsk Bondefylking kann koma, men vert litin og treng gode Førarar, skal han faa nokon Ting fram. For det fysste fær ein daa berre vona paa, at "den norske Tanken" kann arbeida seg fram hjaa Lands-Ungdomen, til ein Gong ein ny Dag renn, – um hann renn.

Og dermed til Arbeids att!

Brev fraa Arne Garborg.

Xia 7/1 1906.

Kjære Hulda!

Igaar hørte jeg altsaa det første Kvæk fra dig. Du var træt, men skulde paa Kjøretur over Valdresfjeldet. Den eneste Trøst er, at det har jo ikke været værst koldt; kanske har Kjøreturen frisket Dig op igjen. I den rene Luften der oppe taales jo Kulden bedre end her ned-i Lorten. Jeg haaber da det bedste indtil videre. Og saa faar jeg vel høre fra dig igjen snart.

Fra mig er intet at melde. Jeg sidder hvor jeg har siddet og gjør det jeg har gjort, og kjæmper med at holde mig Fanden fra Livet efter muligste Evne. Med Fanden mener jeg naturligvis: Modløsheden. Det gjælder at holde sig i Arbeid,

<side nr=144>

saa man tænker paa Arbeidet og ikke gaar til Bunds i Filosofering etc. For da er jeg lurt.

"Hjulet" tok jeg mig for at læse her en Kveld; Tak for den; det er altid nyttig at ha en vis Idé om hvad Verden ellers arbeider med. Manden skriver godt som en Danske. Det amerikanske

Miljø er vist godt givet, fælt, skjønt han jo vil at det skal være gildt. Personerne ikke morsomme, undtagen han Slyngelen; men han er vel nærmest videnskabelig. Er han Mediciner, den Jensen, tru? Han virker i det hele medicinsk; hans solide Materialisme smager sterkt av ung Mediciner. Men baade den og hans bastante Vantro vil vorde ham tilgivet, da han er troende Kapitalist. Jeg kan altsaa i det hele ikke sige at han "løftede" mig; men jeg fik som en Tanke om, at Hanen paa Fløien atter holder paa at forandre Signalerne.

Næste Bog jeg læste var av helt anden Kaliber.

Den er skreven paa amerikansk-engelsk og oversat paa norsk-dansk og indeholder Kristendom. Virkelig Kristendom; i mange Maader ganske bra. Men spaar Millenniet (Tusindaarsriget) og Messias's Gjenkomst og den nye Himmel og den nye Jord; Tusindaarsriget er snart i Vente. Boken falder noksaa midt op-i mit eget Arbeid; men jeg er jo ikke Amerikaner og Profet, og blir altsaa rimeligvis komplet nedtraakket af denne Amerikaner. Han er ellers interessant, og slet ikke dum.

– Du danser vel, faar jeg haabe. Og gid Du kunde faa Hallingdal til at danse med, faa Liv i Hallingdal og Hallingdølen. Jeg har en uhyggelig stærk Anelse som af Ende og Ophør af norsk Kraft og norske Drømme og Norge i det hele taget; noget flyder ud til den ene Sida og Resten til den andre, og der er ingen samlende Magt, ingen norsk Pol; men dette faar vi tru er bare en Overgang.

<side nr=145>

Jeg sidder her paa Dit forrige Værelse i Hospitset og er mere alene end i Pillnitz. Har bare havt én Tigger endnu; men han var Søn af en forhenværende Odelsthingspræsident, og han var

Aristokrat: "laante". En Kveld var jeg hos Mau-land (Fødselsdagsgilde). Schjøtt hører jeg ikke mere til, ei heller Steinsviks. Fra Tuften har Du forhaabentlig hørt? – Lev, dans, og skriv, naar det saa kan falde; der oppe burde Du jo i Grunden komme dig. Helsing!
Din G.

Brev fraa Hulda Garborg.

Aal 8/1 1906.

Kjære Garborg!

Idag Brev og Kort; tak! Ja, du skal se du faar nok endelig være alene selv midt i Kristiania. Folk har endelig faat Respekt for din Vilje. Jeg ærgrer mig over at du ikke er med her! Ikke for at du er saa svært hyggelig paa Reiser altid; men du er ikke saa værst heller, og jeg trivs med aa ha deg til aa skjelde paa aa dengje av og til. Men det er ikke for det heller at jeg mest vilde ha dig med; men fordi, at du vilde kommet til at skamme dig over din Vantro og svarte Pessimisme, naar du havde set Hallingerne "danse Laus". Gud fri os for mere Kraft og Sprækleik og Norskleik o. s. v. end denne! Det er som du slipper en Flok 2 Aars Foler paa fint Beite en Vaardag. "Danse Laus" er det samme som at danse uten Gjente, d. v. s. Halling. Springaren gaar ogsaa prægtig om end en Del "forenklet" (i Forhold til Valders, Telemark og Voss). Der er næsten bare en Tur igjen; men den gaar! Og om Bunad, Sæd og Skikk som fremmede kommer med til Bygden siger Hallingen

<side nr=146>

høflig: "Det er godt; men det høva' ikkje for us."

Doktor Bruuns er prægtige Folk, som lever med

den bedste Ungdom her og arbejder for alt norskt, først og sidst Maalet.

Fru Bruun er den bedste Støtte i Sangen og Dansen og vil ogsaa reise med mig op til den afsidesliggende Bygd Ustedalen hvor jeg Onsdag skal begynde. Det blir en umaadelig Hjælp. Doktoren er Formand i Fylkeslaget (for hele Dalen). Formanden i Aal Ungdomslag, Ola Perstølen, er ogsaa grei og gjild Gut. Han blir ogsaa med til Ustedalen. Paa den Maade kan det bli til noget. Her er 5 Barn i Huset; men Fruen danser hver Nat, steller sit store Hus og er Doktorens Medhjælp paa Kontoret. Hun er indfødt Halling<fmark ind="1")"> og Doktoren selv er, skjønt Kristiania-
mand, tæt og traust som en Bonde. Han danser Springar udmærket og slaas med "de fine" her om Landsmaal og Theologi – – –
Gamla di.

Brev fraa Arne Garborg.

X. 12/1 1906.

Du Hulda!

I Dag fik jeg endelig T+k i dig igjen, – Brevkort og Brev samstundes. Ære og Tak. Og det Du fortæller fra Hallingdal er rigtig gildt, saa jeg vantroende Mand knapt rigtig tror det. Der er altsaa virkelig noget igjen af den gamle rigtige Nordmanden? Og blandt de nye Nordmænd begynder noget af den gode gamle Aand at vaagne igjen – som hos disse mærkværdige Bruuns? – Jeg har en Følelse som af at vaagne op igjen; min

<fnote ind="1")"> Datter av Sagfører Poppe, Nes.</fnote>

<side nr=147>

endeløst lange Levetid hidindtil har været næsten bare en Kamp for at holde Modet oppe under

Skuffelser, Skuffelser, Skuffelser – nu og da lidt Opmuntring, og saa til slut enda værre Skuffelser . . . til slut sidder man der som en gamall Krok og siger bare: me fær sjaa daa. – Men er her altsaa virkelig et og andet som man kan uden Forbehold tro paa; det er en storartet Lettelse. Og heldigt at Du nu kom der op. Jeg har havt saadan en Følelse af almindelig national paralysis generalis i denne Tid, at jeg kan ikke beskrive det; det Du nu kan fortælle der oppe fra, er mig da rent ud som en Lægedom.

Og som det gjerne gaar: det gode kommer ikke alene, det heller. Et andet Livstegn har jeg ogsaa observeret; og det kommer ligervis fra Østlandet. Østlændinger, og det tilmed østlandske Arbeidere, opstiller den norske Sag paa sit Program; Østlandsarbeidere gjør den norske Sag til Politik, hvad hidtil ikke engang Vestlændinger og Bønder har fundet paa! – Der er nok Livs Voner endda; og den som bare selv var mere til Kar, saa kunde man med dette rare Folk udrette det utrolige.

Naa! – vist er det, at jeg ikke længer tror saa sikkert paa en ny norsk Dvaletid. Der er Mulighed for at vi kan komme noksaa pent over Kneiken. Det jeg nu glør mig Øinene ud af Hodet efter er en norsk Fører; men hvo ved: i dette Eventyrland staar han maaske pludselig en Dag ganske rolig midt iblandt vors og siger: dra paa naa, for en Fa'n! – og dermed gaar det; – det vilde vist ikke være noget særlig forunderligt.

– Fra Nationalteatret havde jeg akkurat nu Besked, at de har fundet "Væverne" i sine egne gamle Manuskriptylde. Jeg skulde da hilse og sige at alt forsaavidt er i Orden. Men han som

<side nr=148>

telefonerte (han som er Chef næstefter Olaf Hansson igjen – hvad heder han nu?) vilde ikke at der foreløbig skulde snakkes om "Væverne"; Teatret vil sidde i Ro paa sin digre Ende og "overveie". All right! svarte jeg. Nu faar vi da se.

– Det Du siger om B... i Forbindelse med "Hjulet" slaar mig. Den Idioten forekom mig en Smule fiffigt lavet; men – Gud ved. I det hele taget ærgrede den Jensen mig, som Danskerne ofte, ved at være saa rent altfor forbandet flink, og saa rent storartet overlegen. Derfor kom jeg vel ikke rigtig med.

Du kan vist bare takke Dine Guder at Du er kvit mig deroppe; jeg kjender mig selv saa vidt nu, at jeg véd at jeg bare har at – saa vidt muligt – afgaa. Men storartet er det, at Fru Bruun er saa flink, og Bruuns i det hele slike gilde Folk; – og det en Kristianiamand. Hvis jeg ikke var en saa haabløst kjedelig Fyr som jeg er, kunde jeg nok havt Lyst til at lære de Mennesker at kjende!

Igaar var jeg paa Labraatan; – det var som en Opstandelse fra de Døde at komme fra Søyla og den brungule Kristiania-"Luften" ud i ren kvit Snø under blaa Himmel. Der er nemlig faldt Sne her ogsaa nu, skjønt i dette linde Veiret tiner den alt fort igjen, saa her i Byen blir det bare gul Sørpe. Der ude var det, med al Askerlighed, rent forlokkende mod her. Og nu, da Du altsaa – heldigvis for mig – kommer saa vidt snart igjen, vilde det jo være herligt at forsøge. Men uden Pige – –; naa; jeg fik jo være Pige for alt udvendigt; men – –.

Med Arbeidet gaar det som det kan gaa her i det yderste Mørke, hvor der næsten ikke er Dag. Og jo mere jeg læser, jo mere maa jeg læse; en

<side nr=149>

Dag blir jeg nok nødt til at bryde overtvert.
Det kniber alt stygt, om jeg kan bli færdig til
Vaaren.

I alle Tilfælde: velkommen nedover igjen!

Der er altsaa bare en 8 Dages Tid igjen?

Trés bien.

Din G.

Xia 8. 1. 06.

Eg kunde greide meg godt her paa "Hotel",
– naar det berre ikkje var det, at um Morgonen
maa eg ned i Matsalen. Og der kjem eg vanleg
midt upp-i det norskdanske Norig, og kjenner meg
meir framand enn eg nokon Gong hev kjent meg
i Danmark, Tyskland, Frankrike.

Det er rart. Meir og meir framandt vert det
meg, di meir eg "kann" det. Meir og meir fra-
mandt, laga, tilgjort, høyrest det norske danske
meg jamvel i deira Munn, som hev det til "Mo-
dersmaal". Det er vel det, at det ikkje er nokon
Ting. Det er ikkje skikkeleg dansk lenger; det
er fornorska dansk, provinsdansk; men norskt er
det endaa mindre. Det er eit Halvmaal; det er
heimlaust; det er inginting.

Men endaa sterkt nok til aa øydeleggje Maale
aat m i t t Folk. Mitt Folk, Stakkar, – naah;
det er visst dømt. Det hev aa velja millom aa
fara til Amerika og verte amerikansk-engelsk, eller
aa vera her og verte norskdansk. Sjølv sagt løner
det seg daa mykje betre for det aa fara til Ame-
rika; heimlaust er det i alle Fall.

Ein Spottardævel minner meg i desse Dagar alt
i eitt um eit Vers eg las daa eg var litin; det er
av eit Dikt mot Utvandring, som den danskaste
av alle vaare danske Diktarar, Andreas Munch,
hev skrivi ein Gong:

<side nr=150>

"Hvor i Verden mon du faar
bedre det end hjemme?
Husk din Faders sølvgraa Haar
og din Moders Stemme!"
" – – Moders Maal og Faders Skik
vil du hurtigt glemme,
og hvor du end stod og gik
aldrig blive hjemme!"

Eg kann ikkje anna enn læ. Paa danskt vil denne Versemakaren lære Nordmannen aa elske "sitt Maal"; paa Framandmaal skal me lære aa elske Far og Mor og Heimen. Dikte stend visst i Leseboki "for Folkeskolen og Folkehjemmet"(!) enno, Og Nordmanna-Ungdomen les det med Aahug, og lærer det utanbokes, og "deklamerar" det, – som me gjorde "paa Thime". Men so er det kje meir. Naar Ungdomen er ferdig med Skulen og Konfirmationen, so er det "ud vil jeg, ud, o, saa langt, langt, langt, – til Byen eller til Amerika. Det hev v,rt for lengi. Folke hev vorti heimlaust, heimlaust til Botn og Grunn. Ivar Aasen kom for seint. All Leiking paa "Heime"-strengir er faafengd; Heimkjensla er daud; her er kje noko norskt Folk, berre nokre Restar av 400 Bygdefolk.

Denne Byen, som skal vera "Hovudstad" og "fin", sliper meir og meir alt norskt av seg. Fyrr hørde me ikkje so lite norskt paa Gata, um ikkje meir. No høyrer eg etter so godt eg kann, naar eg raakar paa Born som leikar; – dei talar alle Skule-norskdansk. Og dei spør kvarandre um dei "vét" kor mykje "klokk e n" er; det hadde ingin Vikagut klara for tjuge Aar sidan. Naah! Que faire? Det som gjev seg upp, det maa døy.

– Bygdine kunde haldi ut lengi, hadde det ikkje vori denne "Kapitalismen", som her so vel som andre Stadir riv Folke upp og dreiver det til Bys. Og denne Sjuken er det vel lite Raad med. George'ismen skulde gjeva ei Von. Men

<side nr=151>
den vinn vel kje fram fyrr det er for seint. Eg held no paa med ei amerikansk Bok um Tusund-aarsrike; den sét si Von til, at Enden paa den gamle Verdi er i Vente, og at Messias snart kjem. Han tek daa Heimsstyre, bind Djevelen og fær Magt med Syndi, og reiser sistpaa det Gudsrike, der alt skal vera fullkomi, og alt skal vera Sæle og Glede. Eg les det halvt i Laatt og stundom burtimot Graat; er Verdi so langt komi, at ho ikkje hev anna aa trøyste seg med enn Apokalyptse-Draumar?

– Gjev Draumane var sanndrøymde daa! Men med all Vyrndnad for Bibelen og Profetane, og med all Vedkjenning av, at her er mangt som synest tyde paa Ende og Undergang av den gamle Verdi. . gjeng vaar Verd under, so er det den kinesiske som kjem upp-att, veit eg.

Oslo 17. 1. 06.

I Hallingdal gjeng alt godt, høyrest det ut til; Hulda er vel fornøgd. Baade er Hallingdølene sjølve staute og gilde Folk; og so ser det ut til aa vera ein greid Kar han Doktaren der uppe – ein Kristianiamann, gift med ei Hallinggjente(?)<fmark ind="1"> og norsk, og Fyrigangsmann i alt godt Arbeid i Bygdi, ein Kristianiamann! og Medicinar! – ja spaar ikkje det nye Tidir so veit ikkje eg; nok av det: denne Hallingturen synest ho ikkje trega. Det skulde daa au vera ymist aa vente av Hallingen, um han fysst kom med; og kven veit: kannhende Visedansen just var noko for Hal-

lingen.

For meg er det elles godt at Hulda snart kjem ned-yvi att; serleg er eg glad for at ho meiner

<fnote ind="1)"> Av embættsmanns-ætt fraa Nes. H. G. </fnote>

<side nr=152>

ho kann greide aa halde Hus for oss paa La-braatan; endaa utan Gjente vert det vel ikkje so greidt. Men her, i denne Skoddeheimen og dette Søyledye, vert eg so leid meg, at eg skal vera glad berre med aa faa flytja til Valstad; og greide oss skal me no vel alltid.

– Eg sit paa dette Gjestehusróme og skriv og skriv, men kjem ikkje inn i Arbeide, kjem helst meir og meir ut av Lag. Og utanfor desse fire Veggine hev eg inginting aa gjera, dei Par Meneskji eg kunde bry meg um aa raake stundom, er sterkt arbeidsbundne no – som eg i Grunnen er sjølv au –; og so hev eg ingin Stad aa gange. Og denne Byen er meg leid som han alltid var. Dermed sit eg her huglaus og leid meg, og er lite i Lag; Valstad vil alltid vera betre enn Kristiania; og so er eg daa kje so reint aaleine lenger. Spursmaale er um eg greier aa vera "Gjente"!<fmark ind="1)">

– Elles er det no vel mykje det som er i Vegen, kor eg skal vera eller vanke no, – at eg "vert gamall". Det er ikkje nettupp Aari som er so mange; det er helst det at eg – er som eg er. Men like gali er det.

Eg kjenner meg meir og meir utanfor alt; det eine som det andre vert meg so uvedkomande. Mindre og mindre "trur" eg paa nokon Ting. Og mindre og mindre hev eg aa segja eller gjera. Ungdomsdraumen min um aa gange i Kloster kjem stundom for meg att; men so er eg rædd eg vart altfor aaleine; eg hev kje so mange "Tan-

kar" aa drive Tidi med no; det er so faae av deim eg finn noko Meining i.

<fnote ind="1"> Det var alltid draumen til Garborg, at han skulde bli "sopass til kar", at han skulde bli "brukande til eit-kvart gagns arbeid", og stundom kunde eg drive "Fanden" ut av han for ei stund med aa setja han til "ein-kvan sysla" i huset, klyppe stikkelsbær eller anna sovore, som det trongs tølmod til. H. G.</fnote>

<side nr=153>

Og Rikslive er eg mest ikkje med i lenger.

Det hev dessutan au vorti stillt, – no for det fyste daa, fyrr Folk hev samla seg att etter all denne Umsnunaden. Ei Trøyst er det, at det ser ut til aa vera eit Grand Ungdom millom oss norske; men so er det daa au Ungdomen som maa fram her no; ein gamall Knark som eg kann i det høgste berre laga eitt og anna til Prenting. Og mindre og mindre vert det av det au. Kva skal ein skrive um? Er det noko som det kann nytte aa segja eller fortelja? For min eigin Part bryr eg meg no meir um aa "tenkje" enn um aa skrive.

Messiasboki mi er eg glad i; men det er der som elles: eg hev vorti so klok. Det vert so klaart alt; Draumane kverv, etterkvart som Augo kjem upp. Her um Dagen las eg ei diger amerikansk Bok um "Tusundaarsrike"; men jamvel ein slik Draum kann ikkje lenger faa Magt med meg. Elles er det Tankar av det Slage, Folk som eg no fær setja i Staden for "Tru". Tru paa "Tusundaarsrike", paa ei betre, rikare, fagrare, reinare Framtid, det er Religion. Det held uppe Livsmode. Kann ein so dertil halde uppe ei Von, kor veik ho so er, um eit Liv for den einskilde etter Dauden, til høgare Framvokster, – so skulde ein ikkje turve ræddast Alderdomen.

Xia 21. 1. 06.

Endeleg skal denne Tidi mi faa Ende. Hulda kjem heim att i Morgo, og so skal me freiste aa "bu heime" eit Bil att. Me tvo aaleine.

Det vert "Ungkarsliv" paa ein Maate; og skulde det slaa seg til med hard Vinter, vert det i k k j e greidt. Men freiste vil me no. Betre enn aa

<side nr=154>

"liggje paa Hotell" – huff! – vert det alltid.

Og elles so "fær me no sjaa daa."

Underlegt; eg som greidde meg so godt aaleine fyrr, – eg klarar ikkje lenger aa vera aaleine.

Eller er det "Hotel"-Live som byd meg imot?

Vilde eg greide meg betre paa ein "Hybel"?

Kannhende; noko betre hadde vel det vori, veit eg. For dette: aa vera aaleine og endaa ikkje vera rett aaleine, det er i k k j e ut herdande.

– Faae og mest ingin kjenner eg her. Og um eg stundom raakar ut i ein Kjenning fraa fyrre Kristianiadagar, – det vert Goddag, og so Farvel att. Her ein Kveld raaka eg ein Kjenning fraa mi "Dagblads-Tid", i det heile: fraa den "store politiske Tid": Erik Vullum. Me rødde ihop ei heil Stund. Mintest gamle Dagar; hugsaa endaa paa "9de juni" – det var 25 Aars-Dagen no sist, minte Vullum um; det var som aa møtast med sine eigne gamle Dagar. Men ...ja eg hev vorti gamall; eg skynar det meir og meir: eg vart ikkje "kveikt" eller "lyft" av desse Minni. Det var helst som noko framandt for meg. Eg kjende det som eg der hadde vori uppi noko som ikkje rett vedkom meg. Det er den same rare Kjensla som eg hev i det heile no: eg er so utanfyri. Alt er meg so uvedkomande. Eg kjenner meg ikkje sjølv att, dessmeir; alt det eg hev stræva med ... naah; det er rett og godt enno, men ... kjem meg so underleg lite ved. Sjølve

det som eg no arbeider med, og som skulde høve
godt for en aldrande Mann: Trudomsspursmaale
... i Grunnen er eg vel altfor ferdig – med
det au.

Eg fær vona paa ein "Nykveik" att, veit eg.
Kjem ikkje den, – naah; so fær eg t r u paa
den Spaadomen som hev lova meg Kvile i 1911.

For det fysste er det meg ei Trøyst at eg skal
til Labraatan.

<side nr=155>

Labraaten 28. 1. 06.

Hulda og eg liver her paa Garden vaar reint
aaleine; ho steller Huse og eg er Gjente; <fmark ind="1")> det
gjeng utruleg godt, endaa "Gjenta" kunde vera
glupare. Men aa faa rett Gjente i denne Tid,
og det midt i Aare, er vel raadlaust; me fær vel
fikte oss igjenom sjølve, dei tvo-tri Maanane til
me skal ut att: Hulda (og Tuften, no i Tele-
mark) til Midelhave, og eg til Knudaheio.

Vinteren er mild og god; men Føre er fælt; Skog-
drifti gjeng det vel reint gali med; og Jordi hev
ikkje heller godt av aa liggje so halv-naki. Og
i Byane ligg Arbeidarane og tiggjar. Men, –
Folk tek det med Ro. Ventar paa "betre Tidir"
og syg paa Labben. Og baskar med Politik,
endaa dei er ferdig med Svensken, og dermed i
Grunnen ikkje veit kva dei skal taka seg til.
Suge paa Labben, suge paa Labben! –

– For 3 Dagar sidan var eg 55 Aar. Hadde
eg vori Bonde paa Jæren, so hadde eg vori i min
beste Alder no. Men med det Innesitjar-Live eg
hev ført, er eg alt aa segja gamall. Det aukar
med "Visdom" og minkar med "Tru". Veg og
Leid held seg; men Føtane tyngjest. Skal dette
halda paa, spørst det um eg vinn stort meir. Eg
fær vona paa Vaaren og den stigande Soli.

– Ja gamall, ja. Det fell vel ikkje so tungt aa verte gamall som ein tenkjer. Det minkar med Arbeidskraft og Arbeidsmod. Men so aukar det med Samanheng og "Langsyn". Ein skynar at som det gjekk maatte det gaa, og at ein hev gjort det ein, slik som ein var laga og steltt, kunde. Før ein gali, so var det for di ein ikkje hadde betre Vit; fekk ein gjort noko til Gagns, so var det av di der var Vaarkraftir i Live der

<fnote ind="1">Ja, i den trui maatte han faa bli; det hjelpte bra paa humøret ei tid. H. G.</fnote>

<side nr=156>

ein vanka, som kunde nytte ein. Eller det var Haust-Tidir ein livde i; daa vart ein nytta til Haust-Arbeid, eller til Fyrib?ingsarbeid for Vinteren.

Det er det som er Visdomen: at so lengi ein er ung og sterk, vert ein nytta; naar ein vert gamall og trøytt, fær ein Ro til aa sjaa etter og tenkje yvi. Hev ein gjort noko som d?ger, eller som Live hev Bruk for, kjem andre og tek det upp og nyttar det ut, fører det vidare. Og det ein hev gjort gali, folnar, morknar burt, vert ikkje til noko. Eit Menneskje er som ein Maur i ei Tuve. Det han hev fram-um Mauren er i Grunden det: at til Slutt kann han døme seg sjølv og sitt eigi Verk, sjaa seg i Samanheng med Livsvoksteren i det heile. Sælast er han elles um han døyr fyrr han kjem so langt, døyr midt i Arbeide eller Striden; men skal han liva og verta gamall, so hev han so mykje att etter Arbeide og Striden, at han liver paa det etter Alderdoms Vilkaar, so lengi han i det heile treng noko aa liva paa.

Trudomane er Ungdomsdraumar; Ungdomen vil liva æveleg; den ubrøtne Krafti skynar ikkje at ho kann døy. Den gamle er alt ute av Livs-

striden og inne i "?va"; han ser seg sjølv i Samanheng med heile Tilvære, det som var og det som kjem, og skynar seg sjølv som eit Stig paa Vegen; og so legg han seg til Ro, glad for at Stige er gjort, og at dermed nye Stig kann fylgje. Nokon Trong til aa halde Live fram for sin eigin Part hev han knapt; det som vert teki for det er visst berre den reint naturlege Rædsla for Dauden; men den au sovnar til Slutt; og so sovnar han sjølv til alra siste Slutt, og veit ikkje av det.

<side nr=157>

<side nr=158>

1. 2. 06.

–Denne Norskdomen vaar, ja.

Ender og daa hev me Møte, som no igaar, og ordskiftet um kva me skal gjera; Norig, som hev vorti Rike, lyt samle seg til Folk...

Med ymist Stræv kann det hende me vinn so langt som til eit Vedtak. Igaar gjekk me etter mykje Ordskifte med paa eit Vedtak som krev dei tvo Maali – noko meir jamstellte. Meir kann me ikkje krevja etter Maalstræv no i eit halvt hundrad Aar.

Lenger er me ikkje komne. Og kjem me stort lenger? Naar Kravi vaare kjem til Tings, plar dei føde av seg ein Lovparagraf, som dei Magt-havande kann lata liggje, eller ei "Anmodning" til Styre som dette kann sitja ihel. Og so er det kje meir. Sidan fiktar Bygdir og Byar innbyrdes paa norskt provinsdansk som dei hev gjort; og no vert det vel helst verre med dette, daa me ikkje lenger hev nokon Storsvenske til aa "samle" oss.

Me Bokfolk kann skrive Bøkar. Som faae les. Og Blad. Som knapt kan halde seg uppe. Men det som trengst er, at alle norske kunde samle seg i fast Fylking under ein Førar med Framsyn

og Framvilje. Men Førar hev me ikkje, og hev me aldri havt. Og 31 Fylke, koss skulde dei kunne samle seg? Kor skulde 31 Fylke, skilde og spreidde millom Fjell-Heidar og eit endelaust Hav, kor skulde dei faa ein Vilje ifraa? Alle er dei noko-so-nær jamsterke dvs. jamveike. Og alle er dei noko-so-nær like framande for kvarandre; dei som ligg kvarandre nærast er dertil Fiendar. Stridast kann dei, og liggje i Vegen for kvarandre; men slaa Lag? Skipa seg i Samfylking? Ei ny Haarfager-?tt og nye 700 Aar maatte til, fyrr me fekk eit nytt samnorskt Rike att; men daa vilde, som sist, Kongsætti vera utsliti etter den lange Striden, og Lande sige inn

<side nr=159>
under Framande att. No kann berre dei beste Nordmennane Lande rundt vinne so langt som til ein Samskipnad. Men dei beste er som alltid eit svært lite Faatal. Dermed raar Mengdi; og der ligg daa dei 31 Fylki og døyver kvarandre, som dei alltid hev gjort. Og det framande Faatale som held ihop, vert Fleirtal i Røyndi. Dermed vert Norig kvar Dag meir ein dansk Provins, um me strævar med Norsksdom aldri so mykje.

Dette ser eg no so klaart, at eg inginting lenger ventar. Eg er med paa den norske Sida av di eg er norsk; og vil heller tapa med mine eigne enn vinne med dei framande; men anna enn Nederland ventar eg ikkje heller. Eit Folk som liver so spreidt som vaart, det v e r t 31 Rike under framandt Herredøme. Naar eg vert ferdig med Boki mi um Messias, fær eg skrive ei Bok um det store norske Syrgjespele som læt seg samle under Titelen: Haarfager-?tti.

At eg ser dette so klaart, kjem vel av, at eg i denne Tid hev ei av "Uridine" mine att. –

For eg hev Uridir. Eg er vel ikkje for ingin
Ting Son hans Eivind Garborg.

Det er Sjukdom. H?gsjuke. Alt vert meg so
underleg uvedkomande, eller byd meg imot. Eg
hev ingin Ting i denne Verdi aa gjera; best var
det um eg kunde leggje meg til og somne av.
For i Grunnen er det meg sjølv eg er leid av.

Men av dei verste Uridine er dette daa ikkje.
Eg gjeng ikkje og skjelv av Uro og Rædsle som
eg gjorde sist (1901 var det vel); eg er berre
liksom ned-døyvd under ei tung men roleg Mod-
løyse. Glede veit eg ikkje av; og Arbeide, som
elles er mi Hjelp, hev eg inkje Hug paa.

<side nr=160>

Men eg trivst daa heime, der eg gjeng og bér
Ved og Vatn aat Kokka (ho Hulda), og trur at
eg skal klara meg i Knudaheio au, naar det lid
utpaa Vaarparten. Og det bondegudelege i meg
kjem paa ein Maate upp; eg skynar meir og
meir, at det det gjeld um i Verdi er ikkje aa
"faa det som ein vil" (for det vil ikkje hjelpe kor
"godt" ein fær det), men aa gjera det ein skal;
og eg fær ein Mistanke um, at "Helvite" og
"Himilen", det fær me her paa Jordi, i den Tidi
som "fylgjer etter Live" dvs. i Alderdomen. Daa er
me sæle for alt vitugt og godt me hev gjort, men
lid "æveleg Pine" for alt det me hev aa trega. Men
som vel er: Gud er Faderen og ikkje den kyr-
kjelege Over-Fanden; um Helvite kann brenne
heitt nok, og vera "ævelegt" nok, – til Gravi
naar me alltid fram; og daa fær me kvile.

Labr. 8. 3. 06.

Føre Dagbok er faafengt for ein gamall Mann;
det som hender er alltid det same upp att. Ein
bokfører sistpaa berre sine egne Tankar; men
dei er like eins det same upp att og upp att. Og

alle gamle tenkjer like eins.

At Live er til aa flire av er sjølvsgt; at det er til aa graate yvi er ikkje mindre sjølvsgt; alt som læt seg segja um Live er sjølvsgt. So vert det keidsamt; kvi skal ein segja alle desse sjølvsgde Ting.

Naar ein er ung liver ein paa Framtidi: paa det ein skal liva. I Manndomen liver ein paa det som andre skal liva: Liver for Baani sine, for ein Tanke o. dl. Og naar ein vert gamall liver ein paa Fyritidi. Faae er dei Stundine i Live daa ein liver heilt n o. Men dei Stundine er ?veheimen, Sæla.

<side nr=161>

I desse Tidir arbeider eg med Jesus som lærde: du skal elske din Næste som deg sjølv. Di meir eg tenkjer etter, di meir vert det so: dei store Stundine, daa ein liver heilt, er dei som ein liver med eller for andre. Det store i Live er stort, for di at gjenom det vinn ein mykje for mange, eller vinn Tilføre til aa gjera mykje for mange ...

Daa eg skreiv um Paal Haave, tok det til aa gry for meg: denne Jesu Tanke er og ein Livs-tanke, kannhende den høgste. No ser det meg meir og meir ut til, at det er den einaste.

Paal Haave hev i all Løynd vori min Draum. Eit slikt Liv skulde eg livt. Daa hadde eg vori heilvaksin sjølv med; daa hadde eg funni Meining i Tilvære mitt.

Framand gjeng eg i Verdi no; meir og meir framand. Og er for gamall til aa finne Heimvegen min att. Ei veksande pinefull Kjensle av spillt Liv arbeider seg innpaa meg meir og meir; stundom trur eg det er Sjukdomen aat Far min.

Eg skulde vori Husmann paa Jæren og livt av mitt Arbeid Skrivning vert eg so

trøytt av.

Men eg hadde kannhende vorti likso trøytt av
aa arbeide med Spade og Grév? Eg er kann-
hende av ei trøytt, utlivd ?tt, – Son av Far
min? –

– Trøytt Tankar. Det rettar seg vel, naar
eg kjem til Jærs.

Oslo 20. 4. 06.

Det vart utsett med Midhavsferdi for Hulda
og Tuften til no: og so hev me legi der utpaa
Labraatan; eg hev skrivi og ikkje vorti ferdig;
Hulda hev styrt Huse (gjentelaus) og skrivi ...
<side nr=162>

I Nott var ho paa v. Suttnerfest og dansa
Folkevisedans; og det gjekk godt; men so kom
ho heim og var so trøytt at ho ikkje fekk sova;
og i Dag er det Hovdaverk og Antifebrin
Men i Kveld skal me paa Eimbaaten vest-yvi;
og det snjogar og blæs; gjeng dette godt so gjeng
alt godt . . .

Eg er modlaus som ein vert modlaus av Smaa-
plaagur; og av deim hev eg ei no som gjer at eg
korkje kann liggje eller vera uppe, korkje arbeide
eller kvile; og med den skal eg no til Undheim,
og liggje der aaleine i tvo-tri Maanadar; – gjeng
det godt, so gjeng alt godt.

Naa! det kann vel vera godt for eitkvart slikt
au, veit eg. Mange vrange Smaating gjer at ein
slepp aa tenkje paa "store Ting", som kann vera
verre. Og naar Hulda kjem til Sjø, frisknar ho
til att; og med henne og Guten bér det daa sør-
yvi til Sol og S?mar. Og det er dei unge som
treng Mod. Eg Gamlingen vrid meg alltid fram-
igjenom paa ei Vis

Brev fraa A. M. St. Arctander.

Viknes, Ulvik 22/4 1906.

Hr. Arne Garborg!

Min beste Takk for Dykkar venlege brev af 17. 4. som gledde meg mykje, daa eg kan sjaa av det, at De i det heile er vel nøgd med det arbeid eg hev gjort paa Faust. Det var og som eg trudde, eg skulde læra aa arbeida i sovori, naar eg fyrst kom godt og vel inni det. Og det trur eg mest eg hev gjort no. – Ja, naar no den store "andre Bolken" kjem til, so vert det eit "veldig Verk". Fyrste akten er fraaseggjort, og eg skal no til aa dukka meg under i den

<side nr=163>
gresk-antike livnaden i tridje akt. Det finst mykje meir samanheng med fyrste bolken enn ein vanleg trur, og mi von er, at det skal lukkast meg aa syna fram ikkje so mykje samanheng et som den v o k s t r e n , som dreg seg som ein raud traad igjenom det heile. Eg er ikkje so rædd for, at der mange stader skal vera rom for "fleire Meininger"; naar ein berre ikkje vil gjera som den gamle Faust-utleggingi, aa tyda inn i det av sitt eige, og freista paa aa tekkja yver slikt som i det einskilde synest aa vera motstridande. For det er med Faust plent som med det gamle Testament. Det hev vorte dogmatisera og symbolisera yver han alt sidan Goethes eigne dagar; og det var ingen, som hadde meir hugnad av dette enn Goethe sjølv – just som seinare Ibsen. Og han agta seg vel for aa gjeva desse utleggjarar noko rettleiding. Faust vart til under eit heilt langt, rikt diktarliv og soleis hev dei ymse tankar og kjenslor i det nok vitnesburd fraa det same manne-livet, men endaa med den skilnad, som heng saman med livsvokstren; so det er fleire stader det vert liksom

brest, der det er lødd ihop baketter gamalt og nytt; isér i fyrste holva. Andre bolken er meir heilstøypt, men skriva ut fraa eit vidare og meir gjennomtenkt livssyn. Som vel er, hev Tyskarne no kome ut yver dogmatiseringi si, og det er godt at ein hev ein so ædrug, greid og djuptenkt Goethe-skynar som *K u n o F i s c h e r* aa halda seg til i det heile. Han hev auga baade for vokstren, som bind saman, og dei brester som naudsynleg kom av, at det, som byrja i ungdomsaldren, vart fullført i ein mognare alder; og so aa segja upplivt paa ei onnor vis. Set med hans augo vert Faust greid og klar i det heile, og Goethe var og kar til aa velja sine ord soleis, at det er ikkje lett aa mistaka dei; naar

<side nr=164>

ein held seg strengt til *d e t s o m s t e n d*. Eg hev lært, ein skal vera var med aa skriva han um. Daa kann ein lett koma til aa segje noko a n n a, enn han i røyndi hev meint. Eg skal gjera greida paa alt naudsynlegt um dette i utgreiding og opplysingar, som eg no etterkvart fær arbeid med.

Kva De skreiv um tidi som gjeng fraa oss, kjenner eg so godt fraa meg sjølv. Ho var alltid lang nok i ungdomen og stytast med kvart me eldast. Tru, um det heng ihop med, at nervestengjerne liksom slitast, so dei tinar seinare enn fyrr og ber bod um kvart inntrykk seinare fram ettersom aari skrid?

– Eg maa sjølvsgd vera nøgd og glad ved, at De vil taka paa Dykk gjennomsynet soleis som De fær høve til det. Eg hadde tenkt, det kunde kanskje have falle for Dykk aa taka det som eit "millombils-arbeid", naar det hōvde, men det er og moglegt, at det høver Dykk betre aa gjera det under eitt, og daa er det greidt, at det maa

venta til dess De fær stunder til aa byrja; eg hadde fraa fyrst av tenkt meg aa faa 1 bolck ut seinst i dette aar (100-aaret etter at 1 bolck var ferdigskrive) og 2 bolck etter i 1908 (100-aaret etter at fyrste Faustbolcken vart utgjeve); men det fær ikkje hjelpa, um 1ste bolck skulde verta noko sinka. Mi von er, at eg hev arbeidd det so pass igjenom, at det skal taka minst moegeleg av Dykkar tid. I kvart fall byrjar De vel no fraa fyrst av; vilde De so vera so venleg aa s e n d e m e g t i l b a k a r det, De fekk f y r s t – M a r g a r e t a - s o r g s p e l e t – so skal eg retta paa dei smaating, som eg sidan hev vølt um og setja til verstalet, so De kann faa det atter fullt fraa-seggjort fraa mi hand i tidar.

Som sagt, eg er mykje takksam, for De vil sjaa det heile yver og gjera Dykkar lempingar, <side nr=165>

og ikkje minst for De steller meg so fritt. Er det sumt, eg ikkje skynar eller kunde ynskja onnorleis, so let det seg i alle fall byta meiningar um det, og eg trur me vil godt kunna samstavast.

Med takk og hjarteleg helsing.

A. M. St. Arctander.

Knudaheio 25. 4. 06.

Endaa ein Gong sit eg her og ser ned-yvi Garborgs-Aasen og Taarlands-Myrane og Nærlands-, Salte-, Aarre-Strandane til Havs – eit Aar eldre, eit Aar lenger burte fraa Upphav og "Heim", eit Aar meir framand, og likevel, trur eg, endaa noko meir Jærbu.

Det er elles ikkje godt aa segja; eg vert vel helst meir og meir inginting. Kjem meir og meir burt fraa alt heimslegt, samstundes kjem det som var heimslegt, meir og meir burt fraa

meg. Mindre og mindre hev eg aa gjera her,
som andre Stadir. Dette Huse i Undheimsmarki
vert meg meir og meir meiningslaust<fmark ind="1")">. Sjølve

<fnote ind="1)">Sumaren 1899 skriv han um huset i Knudaheio,
som daa var ferdugt: – – "Ja, her er som her er. Et
urimelig stort og "gildt" hus er sat op; det kunde være
udmærket – bare vi havde brug for det. Men rent for
stort og dyrt er det blit, og jeg kan ikke andet sige end
at jeg synes det er galmandsverk – – – Uff, jeg skulde
ønske nu, at nogen havde kunnet ta mig under formyn-
derskab.– – Tilgiv, kjære! – jeg har syndet mod os
allesammen. En halvt saa stor stue havde været stor
nok til mig – – – Gudskelov at du er stort nok men-
neske til at forstaa ogsaa galskaben. Men dette er jo
værre end galskab; det er sindssygdøm. – – Aa Gud!
havde jeg kunnet faa tag i en kunstner, som jeg kunde
faa foræret den bort til – saa slap jeg ialfald flere ut-
gifter. For vore stakkars skillinger trænger vi saa for-
færdelig for at komme istand paa Labraaten – –. Jeg</fnote>
<side nr=166>

Heimgarden hev ikkje lenger noko aa segja meg.
Anna enn det eine som eg snart tykkjest høyra
all Stad: du hev kje noko her aa gjera. Kva er
du for ein?

Det gjeld aa arbeide. Arbeid er det einaste
ein kann gløyme seg burt i; difor er Arbeide
godt. Enno hev eg nok aa gjera, som vel er;
det spyrst berre meir og meir um eg kann samle
meg paa Arbeide. Som fyrr kann eg ikkje lenger;
eg trur ikkje paa Arbeide heller som fyrr; og
noko av Tanken flyt burt utanmed, so det vert helst
berre med halve Tanken eg arbeider. Men det
er endaa ei Hjelp. Eg fær visst vera glad so
lengi eg kann halda halve Tanken i Arbeid. –

<fnote>føler mig som en forbryder – – hvorfor, hvorfor, hvorfor fik jeg begaa dette.

Det blir ordentlig en livssag aa faa solgt Kolbotnen.

Jeg lader det gladelig gaa for 2000 nu. Aa, at vi maatte reise derifra – sludder. Det hele er mine forbandede griller. Og min dumhed som altid lader sig narre op i stry. – –

Naa, i gudsnavn, huset faar rotne. Det faar gaa for, at jeg har spillet bort 1200 kr. ved kortbordet. Bare jeg kunde overvinde ærgrelsen, og bli herre over disse forfærdelige sindslidelser. Jeg gjør mit bedste.

Kjære Hulda. Jeg gaar her i min raadløshed og formelig beder til dig. Som om du kunde gjøre noget ved det! Men jeg faar hjem, saa jeg ialfald har et fornuftigt menneske at snakke med. Og saa jeg kunde arbeide! – Paa denne vis blir det ikke stor hvile, maa du tro – – –. Jeg skulde ned og besøge folk, men det koster saa uovervindelig at faa sig til det . . . Ja ja. Den som er monoman, saa skal der altid noget lægs til. Bryd dig ikke om det. Det gaar vel over, dette ogsaa. Denne gang ogsaa.

Lev og vær kjæk, du og vor gilde gut.

Paa dette svara eg (brev av 13/5 1899) m. a.:

"– – – – tak for brev igjen. Pyt, ikke værre! Neimen om en kan ta sig livssorg for 1600 kroner.

Selvfølgelig er slikt ærgerligt, men det maatte være lidet at ta sig nær av i verden, naar det skulde skaffe søvnløse nætter. Friskt mod!" – –

<side nr=167>

– Folke mitt drog til Bergen igaar; no sit eg her reint aaleine. – Dei er daa endaa unge, som vel er. Og Hulda er modig og sterk, so ho vil tōla jamvel aa verta gamall; ja kven veit; kannhende fær ho daa si beste Tid.

30. 4. 06.

Ein Dag Hagl og Snø, ein Dag Regn og Skodde,
Sol inn-imillom, Vind fraa Nordvest eller Sudaust,
med stillt inn-imillom – æveleg Uro og Skifting,

sant Aprilvér.

Eg sit inne, bundin av den vonde Taai mi, som elles no besnar, og skriv paa Messiasboki og smaaskugrar og frys. Mat vert det lite med: tvo Gongir um Dagen, og berre kaldt, so nær som Kaffikoppen um Morgonen; eg vert meir og meir lat. Og meir og meir kravslaus; greider meg utruleg med kaldt; Mjøl, Spikekjøt, Røykje-laks, Flatbraud o. s. fr.

Inn-imillom lés eg (i Gula Tidend) um Hulda i Bergen; ho er alt i fullt Sjau der uppe, med Visedans. Samstundes skriv ho, etter som ho fortél i Brevkort, paa ei Melding til "Samtiden" av eit Par digre Bøkar paa franskt um Katharina den andre. Glup Kjering! Gjev ho hadde likso glup Mann.

Eg er elles i godt Lag: eg tykjer det gjeng rett godt med Messias. Og um det dryp og dryp fraa Tøka og renn ned etter Veggine og frametter Golvi med Vatn, so berre turkar eg upp att og tenkjer med meg: Huse varer alltid meg ut.

<side nr=168>

Brev fraa Hulda Garborg.

Bergen 2/5 1906.

Kjære Garborg!

Tak for Brev igaar! Jeg er fortvilet over den Lilletaen din. Nu maa du vel forhaabentlig ha været hos Doktoren. Men hvis du maa ligge, da v i l jeg ikke reise. Kan ta næste Tur istedet. Skriv eller telegrafer øieblikkelig dette naar dig. Solferino gaar nu nemlig ikke før Lørdag. Du maa ta det alvorlig med sligt som Tæer: det kan bli fælt vondt, ser du.

Vestmannalaget holdt Fest for mig igaar. 160 Mennesker og meget festligt. Ervingerne er

rørende. Jeg maa være sammen med dem imorgen igjen.

Hos Theaterchef Heiberg var jeg igaar; han var meget fornøiet med "Kongens Kone" og syntes i k k e som Olaf Hansson, at det dalet i sidste Akt. Tvertimod. Han mente det maatte kunne spilles med Stigning helt til Slutten. Jeg var saa hos Didi Heiberg med det, for at høre om hun kunde tænke sig at spille Hertuginde. Fru H. har været saa længe syg, ved du, men har netop optraadt igjen her og gjort stormende Lykke i "Kong Midas". De har ingen anden som passer, saa hvis hun ikke vil, saa blir det vanskeligt. Hun er ikke fast ansat altsaa. Men jeg er ialfald glad over at Heiberg sa det "absolut var en "K o m e d i e".

Jeg har ellers vært paa Rangel uafslædelig, og jeg længter efter at komme ombord. Naar nu bare Foden din ikke blir saa daarlig, at du blir rent hjælpeløs. Frugtkassen m a a ikke staa længe, ellers gaar det galt. Og det er m e g e t Frugt. Den maa kjøres.

Hilsener, Taler og Sange i Masser for dig igaar paa Festen Ligesaa privat.

<side nr=169>

Idag har jeg, sammen med Karen (Mortensson) og Fru v. d. Lippe Konow, været hos Just Bing (gift med Mimi Grieg), Visit hos Prahls o. s. v. Nissens er kommet; men vi rangler hver paa vor Kant.

Nu maa jeg flye i Theatret. Det er den eneste, Aften jeg har fri.

Kjære lad mig nu strax faa høre fra dig! Og hav det saa godt du kan indtil videre.

Vi sad tre Timer tilbords igaar, hørte en Masse Taler og sang 10 trykte Sange. En af dem vedlægges.

Festen var nu ellers mest for dig. D i t Bil-
lede hang fremst og dit Navn blev nævnt ofte.
Din Hulda.

Knudaheio 6. 5. 06.

Mai; men kaldt, RuskevÍr i det heile. Ein
Dag vent, 5 Dagar Regn, Stridregn, Hagl, Snø,
og so Vind, heilt upp til Storm, fraa Nordvest,
Sudaust, Sudvest, like kald kvar han kjem ifraa.
Det er med snaude Naudi eg greider meg her,
um eg aldri so mykje ballar meg inn i alt eg
kann faa paa meg.

Og arme Hulda og Guten, som visst no ligg
til Sjøs. Eg vaagar knapt tenkje paa deim:
hjelpje kann eg ikkje kor som er hu; fælt
med denne Ferdahugen.

I Bergen ser det ut til dei hev havt det gildt,
ikkje minst Guten, som hev fari Bergen rundt,
vori paa Fløyfjelle o. s. fr. Hulda hev dansa og
hjelpt til baade her og der, og samstundes skrivi;
no sist hev ho, etter ein rett god Dom av Olaf
Hansson um "Kongens Kone", gjevi dette Stykke
inn til "Nationaltheatre . . ." og "saa er det bare
at slaa sig haard igjen da".

<side nr=170>

Det er fell' det.

4de Mai skulde dei paa Ferd; kann dei alt
vera komne so langt sud mot Europa, at den
norske Kalden ikkje naar dei? – Gjev det var
so vel; og fysst og sist: gjev dei ikkje ligg og
dumblar raadlause i Nordhavsskodda ...

– Paa Knudaheio kjem det seg no; umfram
stort gamalt Bord (fraa Hognestad) og Skatole
hennar Mor med Skjenk (arbeidt av han Fabbror
Ola og maala (raudt) av Trond Maalar) hev eg
no fengi heilt-upp "Sofa": Madrats paa fire Føtar,
Uppfynster av Hulda. Den kann vera baade Kvile-

benk og Seng; det siste kann serleg vera godt i Tidir som desse, daa det dryp med Regnvatn baade her og der, ikkje minst i den (veggfaste) Sengi mi. Enden paa Visa vert elles at eg vert nøydd til aa kosta nye Tøga paa dette Huse mitt ... um eg fær Raad.

"Messias" skrid fram smaatt og jamt; um ei fjortan Dagar eller so skulde Boki mest vera ferdug.

Huh; kaldt . . .

Brev fraa Arne Garborg.

Knudaheio 5.5.06.

Du Hulda,

ja nu "stævner det vel ud fra Bergens Fjord en kostelig ladet Snekke"; og Gudskelov; i Dag er Veiret rimeligt.

Men jeg har altsaa i længere Tid været tidforvirret. Det har været et saadant Veir her – Regn, Sne, Hagl; Nordvest, Sydost, Sydvest fra Kuling til Storm – saa jeg har ikke set et Menneske, og ud er jeg omtrent ikke kommet heller; og saa gik Datoer og alt sligt Fanden i Vold; og pludselig var det mig klart: dette Veir var arrangeret i An-<side nr=171 >

ledning af Dere. Nu laa dere naturligvis ud-i Nordsjøen og dumla, i Skodde og Storm vekselvis. Og jeg gik her et Par Dage og led Søsyge etc. paa Jeres Vegne.

Saa kom Dit første Brev; og jeg begreb, at et Par Dage maatte jeg have forregnet mig. Men nu var det naturligvis Fredag. Og nu begyndte det fæle Veir – efter saadan en Formiddags Pause – om igjen. Jeg trøstede mig med at Dere hadde Doktor med; han maatte kunne gi Dere vældige Sovedraaber; men nei,

saa var han naturligvis for samvittighedsfuld; i sligt Veir maatte man sgu for alle Tilfælde være vaagen ...

Nei; saa kom i Gaar dit andet Brev. Og jeg labbede til Bryne og telegraferte; mærkelig nok blev Veiret bra, fra jeg gik omtrent, og til jeg kom igjen. D. v. s. paa Hjemveien begyndte det at tude og blaase igjen. Og skjønt jeg altsaa nu vidste at det var Fredag, og at Dere først skulde reise i Dag, laa jeg halv- og helvaagen lange Stunder udover Natten og lyttede paa alt dette Stormbrag. Jeg tror ikke rigtig mine egne ind- og ren, naar jeg nu ser at det er bra. Men paa den anden Side, nu har her været Stygveir saa lenge, at nu b ø r Dere kunne faa en to-tre rimelige Dage over Nordsjøen; og siden, Gudskelov, bær det ned i Sommeren ...

I Bergen har Dere altsaa havt det gildt; de er for Resten stride til at feste der oppe. Men de har Humør, tror jeg? – og da gaar det. Mod mig har de været altfor snille; men Herre Gud, det gjør godt lel, og kan nok trænges. Skjønt egentlig klarer jeg mig – paa jærsk – taalegt.

Ja, i Knudaheio er det blit extra bra nu. Den nye Sofa-Seng er paa Plads; Stuen er "fuldt møblert". Særlig om Natten greier jeg mig meget bedre; Ideen er udmærket; mangfoldig
<side nr=172>

Tak; sligt havde jeg aldrig fundet paa. Og Frugtkassen er kommet og har klaret sig fuldkommen. Bananerne er alt "i Sikkerhed"; Silden – ausgezeichnet – delvis; og ?pler og Abelsiner er den herligste Dessert. Jeg greier mig rent utroligt nu – skjønt varmt er her jo strengt taget ikke. Men saa pakker jeg mig jo ind. Den Krukke Marmelade som jeg fik med fra Labraatan har klaret sig fortrinlig i al denne

Kulden og gjør nu storartet Tjeneste. I det hele:
var jeg saa mye til Mann som du er Kjering
. . . naah.

Dagen derpaa.

Naturligvis. Storm hele Natta. Og i Dag med.
Det i Gaar var bare Lurendreieri for at narre
dere ut; naa ska Dere ha det naa! At se til
Havs nu er som at se ned i en kaldgraa, blaa-
graa Gyrme. Huff, Norge er et fælt Land.

Jeg haaber alligevel paa Doktoren Han
maa ha nogen mildt bedøvende Midler . . .

Et Par Timer senere.

Syndflod! Alt hvad her findes af Kopper, Kar,
Gryder, Bøtter, anbragt udover Gulvene til at op-
fange Draaber; ude det fæleste Stridregn, Storm,
Skodde, Naastrand akkurat Lystturveir for
mine Folk; og nu ligger dere og hiver og vasker
der ude i Havskodda; huff; det er til at hænge
sig over.

Dagen derpaa.

Skodde og Regn fremdeles; lidt mindre Storm.
Gud give Dere snart har klaret Nordsjøen. Eller
– kanske ligger Dere veirfaste i en norsk Havn
endnu? Gid det var saa vel; for en Gang maa
her vel bli Veir i Vaar ogsaa. Huff, hvad Dere
har havt at staa i, hvis Dere har været ude i
<side nr=173>
alt dette Veir. Jeg har gaaet her og ønsket at
jeg var med; for det er bedre at være med i
sligt end at gaa tryk selv udenfor og tænke paa
det. Men Dr. Nissen og hans Sovepiller trøster
jeg mig med, hver Gang det blir for fælt. – –

Paa Maafaa sender jeg dette til Lissabon. Men
tydeligere Adresse skulde jeg havt. Mangfoldige

Hilsener! Nu har Dere vel fuld Sommer.

Eders

Gamling.

Brev fraa Hulda Garborg.

Dogger Banker, Tirsdag 8/5 1906,

ombord i Solferino, ét Døgn fra

England og tre fra Norge.

Kjære Knudaheigubbe!

Efter ét fælt og ét mindre fælt og 1/2 Døgns herligt Veir stevner vi nu mod den engelske Kyst i Sol og Stille. Første Dag og Nat ønsket vi os alle iland igjen; men nu er vi glade og dovne og taknemmelige. Gid du saasandt var her, saa skulde vi pakke dig herligt ned i Flugtstol paa Dækket og bringe dig spansk Vin i store Pokaler, og du skulde bli gjennemstegt af Sol og gjennempisket af en frisk deilig Bris og finde Livet godt. Vi har bedre Plads og Bekvemligheder end jeg nogensinde har vært vant til og vi lever storartet. Vin saa meget vi orker – deilig, ren spansk Rødvín – og god vellavet, rigelig Mad. Jeg har en Dobbeltlugar alene og Tuft deler med en ung Bergenser som reiser for nervøs Hovedpine. Journalen har idag: "Laber Bris, blank Luft"; men den første Dag stod der: "K u l i n g m e d O v e r v a n d" og "krap Næsesjø" – det kan du tro var deiligt. Imorgen <side nr=174>

Aften om Gud vil og Redskapen holder, skal vi være i Dartmouth i Sydengland, hvor vi skal kulle. Derfra sendes saa dette Brev.

– Havet og Himmelen er jo altid deilig at se paa; men dette Hav og denne Himmel er dog graaere og ensformigere og Sola mere bleg og ensfarvet end nordpaa. Nordhimlens Glød og

Glans og Nordhavets Horisonter, der er saa vid-
underlige, mangler her. Ogsaa de lyse Nætter!
Paa mine tre Ture nordover saa jeg ikke Lampe-
lys; nu tænder vi Kl. 8 overalt, og mørkere og
mørkere blir det jo. Men saa blir vel Middell-
havet mere farverigt og Nætterne dernede skjønne
paa sin Vis. Lissabon er vor første Station,

Jeg er saa umaadelig spændt paa at høre fra dig.

Endnu ved jeg altsaa ikke om du har faat Frugt
og Penge, som jeg sendte fra Bergen. Og Taaen?
Gud give den havde folket sig.
Din Hulda.

Brev fraa Hulda Garborg.

Lissabon 6/5 1906.

Kjære Knudaheigubbe!

Nei, nu skjønner jeg ikke andet end at du maa
ha mistet min første Adresse. Endnu idag, tredie
Dag vi ligger her, intet Livstegn fra dig! Er du
syg? Er Taaen din alligevel blit vond? Jeg
telegraferte iforgaars til dig herfra med Svar
betalt for at faa høre noget; men endda er intet
Svar kommet. Skulde du være blit syg, tænkte
jeg det var bedre jeg tog direkte hjem herfra
med Jernbane eller Skibsleilighed. Men for-
haabentlig er det bare tilfældigt at Brev ude-
bliver. Eller rettere et Ulykkestilfælde. For det
er ikke morsomt at være saa rent paa det Uvisse
<side nr=175>
med din Skjæbne. Vi har sendt dig mange Kort
og Tuften forleden Brev. Mon du faar noget
af det!

– Jeg vil ikke ønske dig den Varme vi har;
men noget af den kunde du maaske ha Brug for.
Jeg er ogsaa spændt paa Veiret hos dig. Alle
de andre fik en Masse Breve her; men jeg fik

bare en Lap fra Kitty W . .

Vi har fartet omkring i Byen og set paa det morsomme Folkeliv, og vi har været i alle Parker og deilige Kirkegaarde. Vegetationen er saa frisk her trods Varmen, at det virker rent nordisk. Rosenbuske slynger sig høit op i Cypres og Akacia-Trær, over Mure og Husvægge og Gjærder og Grøfter, og saa er der saa mange pragtfulde andre Blomster, som jeg ikke kjender. Men nu er de paa Faldrebet. Om 14 Dage er her vist mere farveløst. Grønsagehallen er storartet. Kjærringerne sidder i røtehaugene og lysker Ungerne sine, og lange Mænd er ligger med Enden i Veiret og snorker i Kaal- og Bønnehaugene. Og smaa levende Lam staar bundet mellem Kaalhoderne, arme Kryp – den rene Lam i Kaal – huh nei, mine Witzer er for solbløte. Jeg sidder i en løs, tynd Kjole ombord og skriver, mens de frygteligste Røvere af nogen Portugisere lossere lange Træspirer paa Dækket under et Leven og en Skjælding som om de vilde myrde hverandre hvert ieblik. Det er Meningen, at vi skal være færdige til at gaa herfra i Aften; men det er vel tvilsomt.

I Efterm. haaber jeg da ialfald paa Telegramsvar. 28de Mai skal vi være i G e n u a, Adr.: D e t n o r s k e C o n s u l a t og omkring 7de Juni C a t a n i a. Barcelona-Adressen har du og der m a a der være Brev fra dig! Om 8 Dage skal vi indom Gibraltar og kulle. Derfra haaber jeg da at faa sendt ialfald et Kort.

<side nr=176>

Tuftens ienkatarrh er meget bedre. og han har hele Tiden været den friskeste og kjækkeste af alle. Vi læser begge Krapotkins Bøger "Hjertens og Haandens Arbeide" og "Gjensidig Hjælp", som jeg spanderte paa os i Bergen. Jeg glæder

mig til du skal læse dem. De er u d m æ r k e d e.
Vi er fuldt optagne af Gartneriplaner paa La-
braaten og Tuften sa idag at hvis jeg vilde gi
ham en Diamant (vi stod udenfor et Juvelervindu),
saa vilde han bede om at faa Møk istedet.
Hvilket jeg lovede.

Vi lever rigtig godt ombord. Disse Dage har
vi ligefrem fraadset i Artiskokker, Asparges, ung
Kaal o. s. v. Gid jeg kunde naa dig med en Kurv!

Jeg tror vi kommer indom Stavanger paa
Hjemveien – ja det er vist sikkert. Saa træffes
vi der, ikke sandt? Men derom senere.

Ja Gud give jeg nu fik Livstegn fra dig før
Sol gaar ned, og Gud give du var over med
Taaen og alt andet Filleri! Og gid vi mødtes
igjen friske og i god Behold alle i vort kjære
kjølige og svale Norge om ikke altfor længe!
Tusind Hilsener til da fra K j æ r i n g og U n g e.
Din Hulda.

Knudaheio 15. 5. 06.

Betre Vír; storfine Dagar innimillom; kaldvori
for det meste. Underleg nok hev det no ei Tid
vori stillt.

Fraa Folke mitt er her Brev (dagmerkt 8de).
Daa var dei paa Dogger Bank, "ét Døgn fra Eng-
land og tre fra Norge" og hadde havt "ét fælt
og ét mindre fælt og 1/2 Døgn herligt Veir";
"stevner nu mod den engelske Kyst i Sol og
Stille". Breve er sendt fraa Dartmouth i Eng-
land. Dermed er dei yvi det verste, som vel er.
<side nr=177>

Sjølvs hev eg teki til med "Faust", og med
Veitegraving. "Faust" ser ikkje ille ut; men Ar-
beid vert der nok av. – Um ei 8 Dagens Tid
fær eg vel til Stavanger (Bondeungdomslage) og
halde "Fyrilesnad"; skriv paa den med ender

og daa.

– Eg tenkjer paa denne rare Verdi me liver i.

No er det "russiske Folke" snart bakkundi att.

Og Europa med sin "Kristindom" og sin "Folke-Fridom" stend og ser paa; hjelper Røvarane helst; for dei hev kvar sitt Rov aa vakte, alle desse Kongane og Herrane.

Det kann mest vera slikt Slag. Den europæiske "Fridomen er ikkje mykje verd; og aa skjote og avhovde Folk er alltid likso godt som aa svelte dei ihel. Me som talar um Fridom o. s. fr. er Bokmakkar eller Drøymarar, som aldri kjem lenger enn til dei fagre Ordi.

Eg tek til aa tvila paa alt. Den gamle "Fram-Gangstanken" er berre Draum; i Aandsheimen som i Naturheimen er alt berre Rundsviving; Rundgang.

Fraa rettferdige Tilstand, som dei mosaiske, kinesiske o. s. fr., gjeng det "fram" til urettferdige som dei me no hev; gjennom deim slit den ?tti seg ut som no raader, og so kjem det nye Mongolar og tek til att fraa nytt av med same Dansen. Til dess dei hev dansa ut. So nye Mongolar att. Og so alt fort. Sistpaa kjem Isen.

– – Eller s k u l d e denne George-Rørsla faa Framgang: med rettferdige Tilstand og Kultur samstundes? Kultur med Fred og roleg Framgang? – Naah. Um so var. Um so og so mange tusund Aar hev Verdi gløymt si gamle Sogu; Hérstrid og Landrøving og Folke-Kuving vert "stort" att

<side nr=178>

Knudaheio 17. 5. 06.

Det er den fysste "Syttande" etter 1814, at Norig stend for seg sjølv att.

Men "Norig" er i politisk Meining enno det

danske Norig. Det er dei norskdanske som raar. Dei norske er no som i 1814 berre Tenarskap; skal dei upp millom dei raadande maa dei tala danskt so godt dei kann.

Der er Framstig. Den norske Tenaren hev vaksi noko; den norskdanske Herren er endaa noko meir provinsnorsk enn han for 90 Aar sidan var. Eit Teikn paa dette er, at den nye Kristian Fredrik (som elles underleg nok ikkje heiter korkje Kristian eller Fredrik) denne Gongen tok eit norskt Kongenamn. Det er rart, ægte norskdansk, aa hava ein Kong Haakon som talar københavnsk; men norsk Stemneleid skulde dette Namne vise.

Med Tidi skulde daa Nordmannen, som enno berre er Dreng paa Garden, koma til aa taka Husbondskapen att?

– Berre Lande kann halde seg uppe. Det er dyrt aa styre og hev lite Raad. Ei Von vilde det vera, um Jordskatt-Tanken kom upp; og reint raadlaust kann vel ikkje det vera; ein og annan (som no sist Nikolai Lundegaard) tek til aa slaa paa den Strengen.

Ei norsk Umsetjing av "Faust" (ved A. M. St. Arctander) hev eg no teki til aa gange igjenom.

Arbeide er ikkje laakt. Men ille vandesamt er det. Norskt og tyskt ligg utruleg mykje lenger fraa kvarandre enn norskt og engelskt. Sjølve den tyske Maaten aa tenkje paa er so underleg ulik vaar (og den engelske): ille abstrakt. Og

<side nr=179>
Faust er tysk. I Maal og i Maate (fælände udramatisk mill. a.). Det er Spursmaal um det læt seg gjera aa faa skikkeleg Norskt paa dette Arbeide, i det heile aa faa Nordmennar til aa lesa det.

Men Arbeide med det er paa sin Maate for-
vitnelegt.

Knudaheio 21. 5. 06.

Den sjuande Sumaren er det eg er her no;
nie Sumrar er det sidan eg fann og eigna til
meg Knudaheio. Etter Uppskriftine ut-paa Kam-
mersveggen hev eg daa "butt" her stuttare eller
lenger Stundir, fraa 1 Dag til 5–6 Vikur,

i Mai 1899

7 Sept. 1900

fraa 15 April 1901

– 29 Mai 1902

– 11 Mai 1904

– 29 Mai 1905

– 25 April 1906.

I 1903 var eg her ikkje. I Aar vert eg verande
i godt og vel tvo Maanar, det lengste eg hev vori
i Knudaheio.

Men mindre og mindre duger eg til aa liggje
her so aaleine. Det er Mode som minkar; Livs-
hugen. Eg er Son hans Eivind Garborg; eg
skynar det meir og meir. Og med Livshugen
minkar Arbeidshugen. Mindre og mindre kjem
denne Verdi m e g ved. Eg er "ein Lykte-
mann, i Kvelden sviv, ein heimlaus Gut"; det
einaste eg hev aa vente paa er den Stundi, daa
"burt eg driv og sloknar ut". Det gjeng vel
ofte so med deim som vert rivne eller riv
seg lause fraa Livsgrunnen sin, ?ttegrunnen,
Heimen.

<side nr=180>

Færre og færre Menneskje er det au eg kjenner
eller hev Samanheng med. Det er snart berre
mine tvo eigne. Og glad skal eg vera so lengi
eg hev deim.

Knudaheio 29. 5. 06.

Hev vori i Byn og halde "Fyrilesnad" i Bonde-
ungdomslage. Det gjekk so godt som det kunde
gaa; Formannen, Eskeland, sagde vel mange store
Ord um meg; Songar av meg vart songne; og
det vart framført ein Tone som Organist Karl
Svensen hev sett til dei siste Setningane i Knuda-
heibrev det høyrdest vent. – Men eg, min
Arming, kann so lite vera med paa sovori. –
Dagen etter var eg med paa ei Ferd til Utland-
Haugen, der det er sett upp ei Borg i noko soin
Millomalder-Stil, men med ei Hall i eldre Stil i
nedste Høgdi; alle Innskriftir er paa gamalnorskt;
utanum Svalgangen i andre Høgdi er det sett upp
Steinar (Marmor fraa Ryfylke!) med Namn fraa
gamalt: Namn paa Mennar og paa Bygdir; og
fraa den gamle Sogo, serleg fraa Hafrsfjord, som
ligg so vent nedanunder i Vest, og fraa Sola.
Det er noko reint nytt (fraa 1895) som eg ikkje
so mykje som visste um; utruleg gildt og norskt
av aa vera i Stavanger; – endaa Byen kjem
seg visst i seinare Tid; ymist som vart meg for-
talt, tyder paa dette. Makalaust ven Utsyn yvi
Fjord og By og Land (Tungenes, Ryfylke, Jæren)
og Hav; eg hev aldri visst at der var so vent
ikring Stavanger.

Millom det som vart meg fortalt (og som Odd-
mund Vik visst hev ?ra fyre) var, at Stavanger
i seinare Tid hev kjøpt inn mykje av det udyrka
Lande (Lyng-Hei og Myr) sunnanfor Byen; der
hev Byen ein stor Fatiggard; dei Armingane der
som kann arbeide vert nytta til Arbeid paa beste
<side nr=181 >

Vis, millom anna til Dyrking av denne udyrka
Jordi; naar ho so er oppdyrka vert ho seld; og
Bykassa fær dermed att mykje av Kostnaden med
aa føde alt dette Fatigfolke. Det saag meg ut til

at mykje godt Arbeid der vert gjort; og Tanken høyrer til det beste som visst enno hev vori freista. Eg lyt sjaa aa faa skrivi eit Grand um dette, um det vil falle seg.

– – Bøde um at Ibsen er daain naadde meg der inne; det kom uventande, kor lengi det hev vori venta. Det er fysste Gongen det hender at heile Verdi er med og held Syrgje-Høgtid yvi ein norsk Mann; det er i det heile nye Tidir.

Dei skriv um aa faa gjort Domkyrkja i Nidaros um til eit norskt Westminster-Abbedi eller Pantheon; Ibsen skulde daa vera den som opna denne nye Olympen. Tanken er vel for god for Nordmennane enno, veit eg. Men med Tidi kunde han koma upp?

– Tvo av "dei fire store" er burte. Norig 1814–1900 gjeng meir og meir inn i Soguheimen. Undrast paa kva som heretter kann koma. Den store Diktartidi bør vera til Endes no; gjev me heller kunde faa nokre store naa; gjev Folke kunde slaa seg meir aalvorsamt paa Arbeid; og gjev me fekk Mennar som kunde styre oss ut or den verste Skuld, og inn i vitugt og maatsamt Framgangsliv. Ein ny Ueland, større enn den gamle, kunde visst turvast ...

– No tenkjer elles det norske Folke – so snart Ibsen er komin til Ro – berre paa ein einaste Ting: Kryningsfesten i Trondhjem. Halde Høgtid, det er Nordmanns Vis; halde Høgtid og gjeva Lovir; og so er det Vali att; og det Val paa ein ny Maate, so det vert endaa gildare enn fyrr, men for det fysste visst reint paa ei Von, som det best kann falle ...

<side nr=182>

Brev fraa Hulda Garborg.

Bari 31/5 1906, Aften.

Kjære Garborg!

Nu seiler vi ind til Bari i en deilig Solnedgang, mens en hel Del Kirkeklokker ringer til Ave. Det er stemningsfuldt og rart, men Byen og Omegn er flat som en Pandekage, og Kirke- taarnene skjules av Fabrikpiber. Her er svære Olivenplantager og altsaa Oljefabrikker. Det er naturligvis ogsaa Olje vi skal hente her til Stavanger Hermetikfabrikker – –

1ste juni, kl. 7 Morgen.

Steikende, straalende, kvælende varmt. Lossingen og Lastningen i fuld Gang. Rømmer nu ned i Byen.

2den Juni, ombord.

Bari var morsom. Den gamle Del middelaldersk, med det livligste, mest mangeartede Gadeliv jeg har set hernede. Hvis bare Nationaldragtene endnu brugtes, vilde slig en By være som et Eventyr; men nu er alle Mennesker lige. Lige fæle. Araberne i Gibraltar var en ren velsignelse<fmark ind="1")">. Ellers gaar alle hernede klædt som paa Grønnerløkken i Kristiania og i Berlin N., og Overklassen tout à fait Paris eller London; begge dele like kjedelig – –

– – Gik til vi næsten stupte igaar. Brændhedt og tørt; de nye, brede Bulevarder døde og folketomme; alt Liv samler sig i de gamle, krogede, trange Gader, de eneste mulige i Syden. Men i hver By vi nu har vært, baade i Spanien og Italien bygger de nu kjedelige, brede "Unter den Linden'er", som staar tomme og øde. – Mon ikke Menneskene snart begynder at forstaa, hvorfor ikke det samme passer overalt paa Jorden? <fnote ind="1")">Bare de ikke hadde ribbet levende kyllinger! </fnote>

<side nr=183>

Gader, Klæder og Huser som er praktiske i Norden er ubrugelige her naturligvis. Og omvendt. Det er en international Galskab. Spør man en Italiener, hvad der er at se i Bari (eller i Genua) vil han uden at blunke nævne nogen kjedelige nye offentlige Bygninger, eller en "Glasgade" † la alle "Passager" i alle europæiske Byer. At der findes noget uforlignelig morsomt gammelt, som er tusind Gange mere værd at se, falder ham aldrig ind – – –

– Vi laa ved Kaien og pintes til kl. 5 1/2 igaar; stak saa tilhavs i en velsignet "Iaber Bris", som gav mig Livet igjen – –

– Imorgen skal vi være i Catania, om alt gaar godt. Der skal vi altsaa træffe Nissens igjen – du husker de gjorde en Avstikker fra Neapel til Pompeji – og der haaber jeg paa Brev. – Omkring 2den Juli skal vi være i Stavanger; mere bestemt kan det desværre ikke siges. Vil du møde os der, eller skal vi komme til Knudaheio?
Din Hulda.

Knudaheio 6. 6. 06.

I Dag fekk eg dei Bladi der Ibsen vert jordfest. Fulle av store, fagre Ord.

Same Bladi fortel um Slagtehusi i Chikago. Rõtaskap; Illtev, Sjukdom; Helvite. Sjuke Dyr vert nedlagde til Mat; Manna-Kroppar med stundom, naar dei kjem med i Maskinar og Kokegrytur; Griseskapen grenselaus. Tilsyn, Ettersyn, Politi, Vitskap: Lygn og ingin Ting. Preiking i Millionar Kyrkjur, i Millionar Bøkar og Blad, paa Millionar Spelhus: Skravl, inginting; jamsides ligg Live og luktar og rotnar. Ingin gjer noko; ingin kann gjera noko; Præsident Roosevelt, stakkar, gjer sitt

beste; fær dømt slikt eit Beist; dei andre Beisti
<side nr=184>

driv paa som dei hev gjort; Roosevelt vert næste
Gong med Pengemagt skuva til Sides. Nokre
strengare Lovparagrafar? Um dei kom, so vart
dei brotne som dei gamle. Det er Mammon som
raar. Pengar, Pengar, Pengar er det einaste. Og
vert meir og meir det einaste.

Me kloke Tenkjarar og Skildrarar finn, at Live
er "i Framgang", eller jamvel himilsk. Ein nyleg
fram-stigin Danske, Jørgen Gry, ser (i "Den op-
rindelige Kristendom") "den virkelige Jords uende-
lige Herlighed udfolde sig" "i det direkte Lys fra
Altets Ophav"; og "Alfaderen vedkjender sig alt
Virkeligt som sit og som saare godt i hans ine";
det er "alt i sig selv rene himmelske Ting, der
hører nødvendigt med til Himmelriget"; det er
"alt i sig selv alfuldkomne Organer i den alfuld-
komne Verdens-Organisme" (S. 59) ... Hjah! –
Ein vert so hjarteleg trøytt stundom. Fullkomin-
skap! – Og dette med "Framgangen": det som i
Røyndi gjeng for seg, er det anna enn det, at
\u?tti meir og meir rotnar burt? tærer seg sjølv
opp? Kann det nytte aa drøyme um Framgang,
eller jamvel um Kristindom; gjeng me kje atterut
i Staden for fram; hev det nokon Gong vori uppe
noko so fælt som det me no ved eit Tilfelle hev
fengi visst fraa sjølve det engelsk-kristelege
Amerika? Roleg, "forretnings"maatug Manna-
Tyning og Manna-Eting<fmark ind="1")">? Eller kann ein koma
lenger ned?

Knudaheio 9. 6. 06.

Niande Juni! – Det var og ein Gong ein stor
Dag. No er det ingin som hugsar den lenger.

I Bladi er det Spursmaal og Tvil; i Politiken
meir og meir Kløyving; fleire og fleire Lag; og

<fnote ind="1)">G. hev nok mistydd sumt i skildringane fraa Chikago-slaktehusu. H. G.</fnote>

<side nr=185>

kva alle dei Lagi i Grunnen vil, veit dei vel knapt sjølve. Samla Røystir, vinna Magt; og so? – bruka Magti, veit eg!

Aldri hev eg livt i ei so forunderleg daud Tid.

Er det berre eg som vert gamall? – Gjev det var so vel, hadde eg nær sagt.

Men no kjem snart Kruningsstasen. Daa livnar Folk upp. Det er vel det einaste me hev lært i all denne politiske Tid, fraa 1880 til no: aa festa, tala, dundera, syngja upp. Og so vert det kje meir. Ingin veit kva dei vil – utan dei gamle Høgrefolki; men dei hev no lært at dei ikkje skal segja kva dei vil. Me legg oss vel helst til aa sova eit Bil att. So ser det ut, og so kjennest det, for meg.

Ikkje eit Namn er her, som nokon trur paa. Nokre gamle Vinstreførarar er det Spursmaal um: tru dei likso gjerne gjeng yvi til høgre? Kannhende, segjer sume; kannhende ikkje, segjer andre; noko-so-nær like glade er visst alle –, so nær som høgre daa.

Eit lite Livsmerke er det, at dei i "Unglyden"<fmark ind="1)"> tek til aa skrive um Jordspursmaale. Men noko vidare Liv er der ikkje i Striden. Eller rettare: nokon Strid er der ikkje; det er berre ein og annan som freistar aa faa Spursmaale upp.

Gjev det berre var eg, som var so underleg daud og burte, som sagt er! – Eg balar med Faust, og er lite fornøgd med Arbeide mitt.

Labraaten 7. 8. 06.

I Dag er "Messias" endeleg send til Forleggjaren. Boki hev elles bytt Namn: "Fraa Nasaret til Nikæa"

skal ho heite; eg slapp ikkje, fyrr Kyrkja var grunnlagd, maa-tru.

<fnote ind="1">Ungdomsblad paa norskt maal; kjem ut paa Voss.

H. G.</fnote>

<side nr=186>

– Fraa Knudaheio fór eg for vel ein Maanad sidan, daa Folke mitt var komi heim fraa – og vel fornøgde baade med og av – Ferdi si. So bar det i Veg aust-yvi og upp-yvi til Kolbotnen; der hev me legi sidan –, eg i dei siste Ridine med denne Boki. Dagen etter at den var ferdig strauk me ned-yvi og hit; Hulda hadde fengi Bød fraa Løland at Vinbæri var ferduge.

I Kolbotnen hadde me det godt, um det elles var noko kaldvori for det meste. Sumaren – som lova svært godt fraa fyssto mest all Stad – hev i det heile vori i det kaldaste, og heller turr, so meir enn midels vert det vel mest inginstad – paa Austlande daa visst – med Aarvegen.

Her er det no helst stridt varmt. Tuften og eg skal til aa stelle i Hagen – som meir og meir treng Ettersyn no –; so skal me hava Thorsen til aa leggje inn ny Pumpe, setja upp nytt Gjerde i Hagen o. s. fr.; her er meir enn nok aa gjera. Attaat skal eg sjaa igjenom Faust, og taka til att med Homer ...

– Og so er det Riksstræve; her skal vera nye Val. Deim, synest elles ikkje Folk aa bry seg mykje um –, utan Høgre daa, som hev kosta paa seg nytt Namn ("Samlingsparti", trur eg det er) for Tilfelle. "Folke", Stakkar, som tok seg so paa Tak med Kongevale, og som meir og meir skynar at det helst er Skattane det gjeng "fram" med, tek seg vel ei Kvile-Rid no, og læt Bakstræve taka att det meste av det som her og

der kann ha vori vunni. Det gamle "Vinstre", som ikkje hev Svensken aa slaast med lenger, kjem til aa sovne av. Det vert ei Tid for Michelsen-Løvlandar og sliktnoko, og so for Sosialistane.

Etter alt som eg kann sjaa daa!

<side nr=187>

Labraaten 11. 8. 06.

Eg hev vorti røysterettug i Asker og skal vera med og røyste no. Paa Vinstrelista som visst ikkje fær mange Røystir her i Bygdi.

Eg vil vera med, ikkje av di eg "trur" – eg trur ikkje lenger enn eg ser no –; men det vesle ein kann gjera skal ein gjera.

Skrive Politik kann eg ikkje lenger; til det er Trui for veik. Eit Folk som i Fred, og daa det var so vidt sterkt at det ikkje hadde turvt ræddast Krig, læt seg tvinge til aa rive sine Festningar, hev ikkje store Livsvonir. Næste Gong, naar Svensken er fullvæpna, læt det seg i Fred tvinge inn i ein ny "Union" – med tydeleg svensk Overhøgd. Og daa er Sogo ute.

Folke mitt gjev seg – med alt Maalstræv – meir og meir upp. Fer til Byen eller til Amerika. Kva skal det gjera? Skattar og Prisar veks og veks, og er alt so høge at Bonden vanskeleg greider deim. Og likso godt som han dregst med eit framandt Maal heime, kann han fara ut og lære eit framandt Maal heilt; so hev daa Borni hans ikkje den Møda aa dragast med.

14. 8. 06.

For alra siste Gong er eg ferdug med "Messias" – ho kjem vel til aa heite so likevel; Bokreidaren trur det vil vera best –; det var noko ut-imot Slutten eg laut stelle paa; og daa eg fysst fekk Handskrifti att, kom eg til aa stelle

paa baade eitt og anna.

Det vert prenta 3000; Bokreidaren trur ho vil gange. Gjev det var so vel. Eg kunde trengje ei Bok som gav nokre Haustar no; det vert meir og meir dyrt aa liva i dette Lande.

<side nr=188>

Dyrt aa liva, ja. Her i Lande, og i Verdi i det heile.

Det kostar aa vera Menneskje. Me slit oss sund paa det; me døyr av det.

Og all vaar Glans er som Blom paa Gras; vaare Vinningar er Vonbrøt og vaar Hugnad Strid, vaar Sæle Draum og vaar Løn Dauden. Og me rotnar og er gløymde; snart veit ingin at me var til. Dei største Namni er Skuggar; Ungdomen sit paa sine Skulebenkjer og bannar for han skal vera nøydd til aa hugse deim til Eksamen.

Men um me vart bodne Engle-Kaar —, me sagde visst nei Takk. Og dei som talar til oss um sæle ?vur i Fred utan Strid og Dagar utan Nott og Hugnad utan Sorg, dei høyrer me paa og sovnar. Og naar me vaknar triv me Spaden eller ksi og skundar oss ut att i Stræve og i Striden. Der sveitar me av Slit og bløder av Saar; og vaare Vinningar er Vonbrøt og vaar Løn: Dauden.

Men bryr me oss ikkje um Stræve og Striden og endaa skal liva, so er me livande daude og ynskjer berre me kunde døy heilt.

Eg gjev ut denne Boki, der eg hev lagt ned det vesle Live lærde meg; men naar eg minnest mi gamle Tru um at ein skulde kunne gjera noko med ei Bok, smiler eg og sukker.

18. 8. 06.

Ein Gong kom det ut eit Blad, heitte "Symra"; eit gamalt Numer av det kom eg yvi i Dag. Dette

Numere hadde ein Stubb um meg – ei ny Bok av meg skulde koma –, og fekk der Tilføre til aa nemne det som i seinare Tidir oftare hev vori sagt: at eg er so uglad. "Daarligt Humør" heiter det paa danskt.

<side nr=189>

Um eg er stort meir uglad enn andre Folk veit eg ikkje; men eg hev – serleg i yngre Aar – tala um Livsens Sutemaal stundom, eller klunka paa den Strengen daa visst; for tala ut om den Ting er raadlaust, og nyttar ikkje, og hev vori gjort betre fyrr enn me kann gjera det no. Men naar ein er ung skrik ein gjerne eit Grand, liksom Borni; og jamvel naar ein vert eldre er det ei og onnor Sanning som trengjer seg fram og tek Form, um ho er sagt aldri so mange Gongir fyrr, og um ein aldri so vel veit at det er faafengt med alle vaare Klagemaal.

Men no trur eg at eg hev lært den Kunsten aa halde Munn. Ein lid ikkje mindre naar ein er gamall enn naar ein er ung; men ein veit betre at det nyttar ikkje aa nemne det. Kvi skal ein klaga naar ingin kann hjelpe, og naar ingin hev Skuldi? – Det er det, at so lengi ein er ung, innbiller ein seg at det endaa lyt sitja ein Vaarherre einkvar Stad, og at han k u n d e ha ställt det betre.

20. 8. 06.

Vali er i Gang.

Det ser ut til aa gange betre enn ventande var, naar ein hev eit Styre av Vinstremennar h e v v o r i, og Karlstad-Mennar er.

Noko hjelper det kannhende og, at Vinstre hev ein Mann som skynar at me ikkje er ferdige med Sverig; og der hev Folke no i Løynd eitt laakt Samvit, som maa halde det vaki eller som vil

tyne det.

"Uppgjjerdi med Sverig" hev me att. I Karlstad lagde Brørane vaare berre Veggen opin til Norig, og lagde dertil endaa eit Spursmaal opi som naarsomhelst kann verta Ufreds-Orsak: Lappespursmaale. So snart dei hev fengi Væpningi si i Stand kjem Svenskespursmaale att, og daa for Aalvor, veit eg.

Her ligg me og held Upplesningar um "Fred". Og vert vaate i Augo, naar eit utanlandskt Blad klappar oss paa Oksli og segjer "snild Gut". Men Svensken flyt stilt og smaatt men jamt inn yvi Grensa og er snart Fleirtal i Grensebygdine; det siste eg las var, at svenske Arbeidarar ved eit Verk der nede fekk drivi ut eit Par norske som endaa hadde Arbeid der; dei kjenner seg alt so sterke sume Stadir at dei vil raade Grunnen aaleine.

Og Festningane vaare . . . ja, dei er rivne no. Og den europæiske Ettersynsmyndi saman med ein svensk Offiser fér frametter Grensa no og ser etter at dei norske Festningane er rivne; noko Ettersyn paa Svenskesida hev det enno ikkje vorti av med. Og vert vel ikkje noko av heller, kann eg tru; det er ingin som bryr seg um eit Folk som finn seg i Karlstad-Vilkaar.

So lengi det enno er Von, fær ein fylgje den Fylkingen som vil hava eit "effektivt" Forsvar, og som jamvel – "effektivt"? – vil "fortsætte Arbeidet for Reisningen af det norske Maal"; og Oberst Stang skal vera eit Mannfolk, høyrer eg.

26. 8. 06.

Stang er kasta. Som rimelegt var; me skal liva paa Karlstad-Semja og vera snilde Gutar.

Og naar Svensken er ferdig med Væpningane

sine og tek upp att sin gamle "norske Politik"
so fær me eit nytt Karlstad. Daa vil Nordmen-
nane vera endaa meir "Fredsfolk" enn dei no
hev vori; me gjev burt endaa noko av Sjølv-
stende vaart til aa faa Fred; og det held fram
<side nr=191>

med Glidingi inn imot – og inn under – Sve-
rig. Men heile Skandinavia glid meir og meir
inn under Engeland; Sverig gjev Engeland so og
so mykje for aa faa so og so mykje Magt yvi
Norig; Engeland vil faa meir og meir Bruk for
eit sterkt – høveleg sterkt – Sverig mot Russ-
land.

<side nr=192>

For Norig vert det vel i Grunnen slikt Slag,
d. v. s. for m i t t Norig; me kann minst likso
godt vera under dei svenske som me er under
dei norskdanske.

27. 8. 06.

Eg stend ute og grev og arbeider med aa faa
Skikk paa "Mittingjo" o. a.; det er daa endeleg
Arbeid som eg v e i t der er Gagn i. Men det
er tungt og gjeng smaatt; eg hev vorti ein ynke-
leg Stakkar.

Som eg stod der ute i Dag, høyrdest det Hær-
Musik burte paa Postvegen. Og Musikken kom
ned-yvi; stogga daa han var so midt utanfor –
naa, det kvite Kolonisthuse paa hi Sida Dalen;
stod der eit Bil, og eg tyktest høyre Kommando-
Ord; so med ein Gong tek Troppi til aa rope
Hurra. Tri Gongir; ein Gong til tri Gongir; so
ein Stans og ny Kommandering; so tri Gong
Hurra paa nytt. Hm, tenkte eg; dei norske
Hærmennane er ute og øver seg i Hurra-Roping.
Det er vel det einaste som trengst i den norske
Hæren no –

Vali hev elles enno gjengi meir paa Vinstre-Leid enn Michelsen-Løvland og Olaves Thommessen-Bætzmann ynskjer; men Stang hev dei fengi kasta; og i Kresti-n hev Michelsen tala slik, at han maatte segja Tala si fram som i ei Rolle tvo Gongir; det var møtt fram ein Gong til so mange Folk som den veldige Salen tok.

Ja! slike Folk er det som skal raade i Norig – i det Kristianiastyrde Norig. Og daa kann det nok turvast at den norske Hæren vert inn-eksera i Hurra-Roping.

Men mitt Folk fér til Amerika. Husmannsguten Olaf Huseby er farin der burt, og ligg no <side nr=193>

og skriv, i Maalbladi, paa Landsmaal, og lokkar Bondeungdomen til aa fara til Amerika i endaa sterkare Straum enn til denne Tid; og er det noko Bonde-Ungdomen i dette heimlause Lande kjem til aa høyre paa, so er det slik Tale.

Kven kann undrast paa det? – Det vil daa visst vera likare aa fara til Amerika og verta halvengelsk enn fara til ein norsk By og verta halv dansk. Og ei norsk Framtid etter Karlstad-Semja . . .

8. 9. 06.

Meir og meir aaleine vert ein; og eg, som er oppvaksin aaleine, og dermed i Grunnen aldri hev kunna koma heilt med i korkje "Folk" eller "Fylking", eg greider Einsemd i godt, um det alltid kann vera eit Grand rart, kvar Gong ein Veg eller ei Dør stengjer seg.

I det lengste hev eg tenkt, at eg alltid maatte kunne hava Fylgje med Maalfolke; med deim skulde eg daa vera "ein Nation". No viser det seg meir og meir at eg ikkje hev Lag med deim heller. Sjølve "D. 17de Mai", der eg hev vori

som ein Medarbeidar i mange Aar no, skil meg ut. Den gamle Anarkisten Steinsvik er no (teoretisk!) Kapitalist; og i sjølve Spursmaale um norskt Maal gjeng han (og dei yngre i det heile, so vidt som eg kann sjaa) ein annan Veg enn eg; eg er meir "Purist"; han (og dei unge) held paa fri Maalblanding.

Naah! So kann eg med godt Samvit draga meg undav. Det er vel i det heile best; mi veiknande Tru paa Folke mitt kom elles altfor lett til aa stikke seg fram meir enn godt kunde gjera.

– Meir og meir kjenner eg meg i mitt Folk som gode Israelitar i den etterbabyloniske Tidi kjende seg i sitt; den einaste Voni var ein <side nr=194> "Messias", og han kunde ikkje koma i eit daudmerkt Folk – ikkje paa den Maaten som dei tenkte og meinte. Vaarherre veit, um det ikkje mykje er det som hev dregi meg so sterkt til Messias-Sogo – endaa der samstundes var noko som bar imot, noko som ein Otte, ei Kjensle som av Likferd og Modløyse?

Det eg no kann gjera er aa setja um gamle Stormennar til norskt –, u m den Tidi skulde koma at Nordmennar fekk Bruk for ein norsk Bokheim. Og so fær eg arbeide med det store aalmenne Samfundsspursmaale. Ei Bok um den nye Samfunds-Tanken i Framvokster – fraa Saint

Simon til Henry George – tek til aa gry for
meg; ho kunde vel endaa verte mest som eit
F r a m h a l d av Jesus-Sogo?

– – Og so stelle med Hagen her? – Det
smakar daa av Jordbruk. Og Bonde er eg.

Brev fraa Schjøtt.

13/9 1906.

G!

Tak for sidst! jeg har læst igjennem det til-
sendte; det kan vist staa som det staar; jeg har
i hvertfald intet at indvende.

<side nr=195>

Tak – stor tak – ogsaa for venlig invitation
til mandag; men vi faar om nogle dage meget at
tale om, og jeg maa kanskje træffe dig før.

Trykningen er nu stanset, maaske for lang, ja
for en ubestemmelig fremtid. Thi man vil, at den
nye rix-ortografi, som nu skal udarbeides, skal
gjennemføres i den dansk-norske ordbog. Det vil
sige: bogen maa udarbeides efter en ny plan;
selv titelen maa forandres – hvis man ikke vil
høre paa ræson. Jeg vil nu udarbeide en skriftlig
fremstilling, som jeg vil konferere med dig om,
før jeg renskriver den. Foreløbig kun dette. Det
er sandt: det er af velvilje og interesse for ord-
bogen, at Otto Jensen m. fl. har fundet paa dette;
dette forfærder mig, thi det viser, at de har tænkt
sig en helt anden plan for bogen (nemlig: rix-
lands-) og det kommer an paa, om de vil være
istand til at fatte hvad jeg agter at fremholde.

Vaarherre løser vel op.

Bedste hilsener til fru Labrötan!

S.

Brev fraa Schjøtt.

29/9 1906.

Gode G!

Tak for bok; jeg har hidtil bare læst halvparten – den er lidt tung med alle sine henvisninger –, men jeg synes alt jeg har havt meget udbytte, og mere blir det selvfølgelig, naar jeg kommer længer ud. Du har arbeidet svært, men saa har du vist naadd meget ogsaa. Dagbl. forsøgte at haane bogen væk, men det blir sikkert værst for Dagbl. V. G. tok svært pent paa den. For Dagbl. er den ting fuldstændig nok, at der er henvisninger til bibelen. Det er godt, synes jeg, at en digter behandler en alvorlig sag. Boka vil bli

<side nr=196>
læst og studert overalt, vistnok især fordi de religiøse spøragsmaal her er behandlede af en, hvis alvor ingen drager i tvil.

Du har nok en lang arbeidsdag for dig.

Saa var det mig da; forrige torsdag, 20de sept., skulde trykkeriet begynde med kraft igjen; igaar var jeg dernede; intet var gjort; de manglende typer og havde nok ikke engang bestilt dem. (Et af de største trykkerier i kongeriget Norge!) Da jeg holdt paa med Snorre for 6 aar siden, havde jeg det indtryk, at jeg var kommen i et galehospital. Jeg synes ikke det er stort bedre nu. Jeg traf en dag Moltke Moe, der gav mig helt ud ret i alle de tvistemaal, jeg i sommer har havt med deptet.

Men nu, da jeg har faaet justsom halvveis en ferie, gaar det ud over dig dvs. jeg agter at gjemsøge dig mandag; jeg er rigtignok sindt og svært nervøs, saa jeg burde helst sky menneskeligt selskab, men du og Hulda kan jo jage mig, vis jeg blir for uudholdelig.

S.

22. 9. 06.

S v e n s k a D a g b l a d e t skriv eit stykke der grunntanken er: "res dig, vår storhetsdröm om herraväldet i Norden!" Blade meiner at Sverig hev Rett til aa setja seg store Maal, ikkje berre i den kulturelle Kappestriden, men politiskt. Det hev og Grunn og Rett til aa mæle si Kraft med ikkje smaae Maal. Nordmennane, "den revolterande unionskontrahent", tvinga det Stig for Stig attende til den Lovvegen dei hadde gama seg med aa vike av ifraa; og sidan hev det full Fridom til aa draga all den Vinning det kann av Samfeste-løysingi, for sin eigin Framvokster og for si Magt millom Grannane.

<side nr=197>

Tja. Me skal visst ikkje hindre Svenskebror. Festningane vaare er rivne; Hæren vaar trur knapt lenger paa seg sjølv; men Sverig væpnar med Kraft, og hev i Lappespursmaale – som det vart lagt til Rettes i Karlstad – ei Sak som naarsomhelst kann verte so stilt at ho gjev Ufredsgrunn.

Dertil kann Sverig faa Studnad i Russland. Det gjev Russen Løyve paa Nord-Norig, mot at det sjølv fær taka Aust-Norig til Glaama. Naar Engeland ser det, so tek det Kristianssand og Lande der ikring; det som daa er att av Norig vil vera so veikt og so innestengt, at det fyrr eller sidan gjev seg yvi.

Nordmennane, stakkar, dei trøyster seg med Karlstad-Forlike. Dette snilde Provinsfolke trur paa Papir. Det veit ikkje, at so snart Sverig vil gange paa, so segjer det upp Karlstadforlike –, um det bryr seg so mykje um Formine daa, naar det gjeld dette sãmre folke.

– Mitt folk fér til Amerika. Naar Svensken

kjem, vil det som er att av det med Grunn kunna segja: Svensken er ikkje meir framand enn Dansken; han kjem ikkje til aa leggje verre Skattar paa oss enn Storthinge; og svenskt Maal er norskare enn danskt Maal; lat Svensken koma; me kann fara til Amerika like fort for det. Og Sogo um det danske Norig gjeng yvi i Sogo um det russisk-engelsk-svenske – –

– – Gjev det maatte gange annleis!

Men eitt er visst, vert Lande teki fraa oss, so fortener me det.

So jammerleg som me lét det liggje, halvwillt, vansteltt, berre flekkevis dyrka, og der helst berre halvdyrka, og knapt det, men med Skogane <side nr=198>

meir og meir snøydde, og Fiskevatni meir og mindre øydde, og Havfiski laakt stellte og meir og meir i Utlendingmagt liksom Bergverki, – – litin Rett hev me til dette herlege Lande. Framand-folk som kjem hit og dyrkar jordi vaar godt, vil hava meir Rett til Lande enn me som vansteltte det i so lange Tidir.

Voni er, at ei betre Aand tek til aa vakne – veit eg? Eller er det au berre Snakk? K a n n me i det heile vakne, fyrr me kjem til Amerika og fær Svipo yvi Nakken paa oss? – Gjev det var so vel!

Visst er det: ein fær baske og stræve og "sjaa". Me er Born og trur paa Eventyr; mangt kann snu seg; mangt som ser skralt ut kann reise seg; mangt som ser gildt ut kann ramle ...

25. 9. 06.

"Nu vi staar to Brødre sammen og skal saadan staa," heiter det i den Songen som Etterkoma-rane av dei tyskdanske Skjersliparane brukar til

aa eggje upp "Fædrelandskjærlighed" med; den "Brorskapen" fær me nok Greide paa etterkvart, som paa so mange andre gilde Talemaatar. Men dette Verse ligg og tyt for yro paa meg, so eg lyt "skrive det fraa meg" her.

– Den nye Boki er umtala i "D. 17de", som læt vel um ho, og i "Dagbladet", som viser ho ut av "Litteraturen" og inn i Teologien. Kann godt hende at dei vil tegja ho ihel; serleg vil vel Teologane tegja, som brende seg so ille paa "Trætte Mænd". Eg skulde taka det med Ro, naar berre Boki kunde naa Folke og letta av det denne fæle Helvit-Draumen det gjeng og vrid seg under. – – Um det elles ikkje er sant at det "treng Helvite" – til aa pine sine Fiendar i?
<side nr=199>

– Helvite er det einaste Folke hev aa hemne seg med, stakkar.

Og Stortinge forsvarar kanskje den rette Trui med aa taka Riks-Stipendie fraa meg? – No daa eg er gamall og ferdug skulde eg taka det og med Ro – so for min Part daa. For ein Bonde er det i Grunnen uhuglegt aa liggja paa Fatig-kassa soleis; og dei 2400 – eller, Skattane fraa-rekna, 2 100 – Kr. som eg ét upp um Aare, dei er det til Slutt Bøndar og Arbeidarar som maa slita ihop . . .

Huff! – sat eg fri paa ti' Maal jord
og heitte berre Per!

Det er dei "store Diktarane" vaare som hev øydelagt meg; og daa eg var øydelagd sjølv, so hjelpte eg til med aa øydeleggja andre. Og no ser det ut til at eg skal verte so gamall som alle Haugane ...

7. 10. 06.

Ikring "Jesus Messias" er det reint stilt.
Som ventande kann vera. Boki er for lite

Partiskrift. Fritenkjarane er misnøgde av di ho held uppe Jesuslæra; dei kyrkjelege er sinna av di eg segjer eit og anna sant um Kyrkjelæra . . .

Ja dei kyrkjelege. Eit Brev som Peter Hognestad hev sendt meg er opplysende her. Peter Hognestad skriv: "Eg minnest inkje eg hev lese nokor Bok som hev gjort meg so vondt". Ho ber fram "eit Syn paa det nye Testamente so avgrunns langt burte fraa det som etter mi Mein-ning er rett, at det skjer meg i Hjarta aa sjaa d e g vera Fyretalsmannen". "Det er ikkje sant, at me vil burt fraa Jesu Lære. Me meiner just at Trui paa Jesus er Vegen inn til aa liva det Live som Jesus forkynner. Trur du verkeleg det vil verta nokor moralsk Vinning um ein tek burt <side nr=200>

denne Trui og held seg berre til Jesu Moralfor-kyning?" (dvs. held seg berre til Jesus! – segjer ein kristin Prest). "Du segjer at me som trur paa Kristi Guddom, fylgjer sjølve Djevleorde fraa Syndefalle; stort verre kann det vel ikkje verta sagt. Etter det skulde me Kristne vera sjølve Satansmagti paa Jordi."

Dette siste minner elles um det som den ame-rikanske Bibelgranskaren Ch. Russell skriv i "Millenniets Daggry" II: at Kyrkja – Romer-kyrkja – beint fram og heilt ut er Motkrists Rike; Paven er Motkrist, "Antikrist". Luther-kyrkja hev komi seg laus fraa Paven. Men ho hev mykje att av dei Lærdomane som Pavekyrkja var bygd paa; langt, langt hev ho att fyrr ho vinn seg opp til Jesus att. Og naar Jesus fraa Evangelie vert førd fram, segjer denne ærlege lutherske Presten: "det er som det opnar seg Avgrunnar millom oss"; – mykje av Motkrist-Rike hev fylgt med inn i Lutherkyrkja trass i "Reformationen".

"Avgrunnar," "avgrunnslangt" skulde det i Røyndi ikkje vera millom Nytestamente og Protestantlæra, um Protestantkyrkja hadde haldi fast paa Grunntanken sin: Evangelie er Sanningi. Men – Luther kom berre halvveges laus fraa Motkrist-Kyrkja; og Kyrkjelage hans hev stivna til der. Og det vert vel som det hev vori, det er berre dei faae, den "vesle Hopen", som vinn seg fram til Fridom, til Jesus.

– Med alt dette er eg glad for at eg hev fengi denne Boki ut. Etter den stend eg sjølv fri og klaar; og Boki vil vera til Hjelp for deim som treng ho. At Teologar og Fritenkjarar slær seg saman um aa tegja ho ned viser at ho er det ho skal vera: Ikkje-Partiskrift; og dei som treng ho, dei vil finne ho lel.

<side nr=201>

"S"(chjøtt) skriv til meg, at han "lever som i en Sæk". Han skal gjeva ut Heimssogo si att (i ny Utg. med Bilæte og Kart – til Skulebok); og det hev vist seg Teikn til, at Kyrkjestyre no kunde vilja gange med paa ei meir rimeleg – midlandsk – Rettskriving; men naar det kjem til Stykke er der ingin Stad Greide aa faa; skriv han, fær han ikkje Svar, og talar han med ein av deim som no skulde hava noko aa segja – det nyaste Kyrkjeraad-Emne t. D. –, so svarar denne – "med at udvikle S. Bugges Theorier om etruskisk".

Det er altfor rimelegt. Kor skulde det vera Greide aa faa paa Lands-Sakir no for Tidi? Me er komne inn i den "Parlamentarisme" som me ein Gong trudde so paa; og no viser det seg, at Tingstyre hjaa oss, det vert inkje anna enn Styreløyse.

Tingen er: heile Riksstelle vaart er innført.

Det er ikkje noko som hev vaksi fram sjølv: i 1814 vart ei fransk Grunnlov umsett til danskt og kalla "Norges Grundlov"; og sidan hev dei styrande Juristane "fylgt med" i den "europæiske Udvikling", fylgt med utanlands og ført inn alt som der arbeidde godt eller saag godt ut –, ført det inn i eit Folk som ikkje hadde Fyrigrunnane for det. Eg var sjølv med paa det i mi unge Tid; og kva Raad var her; burt fraa det som hadde stivna til daa og galdt for sann norsk Styrekunst, laut me i a l l e Tilfelle.

No ligg Lande og driv. 117 – eller er det 127? – "Nationalrepræsentantar" sit i 9 Maanadar um Aare og skriv – "Komité-Indstillinger" og held Talur, og 9 – eller er det 11? – "Riksradaar" sit like eins i 9 Maanadar um Aare og held Talur, og vert umbytte tridje- eller fjordekvart Aar; Lande vert "styrt" av so og so mange reint andsvarsause Ekspedisjonssjefar – eller um <side nr=202> noko endaa meir unorskt Ord hev vori aa finne til Titel for desse Herrane –; og der driv Skuta. Kor ho driv av? Ho driv for Straum og for Vind; nokon "Kós" er det ikkje Spursmaal um; talar ein til eit Statsraadsemne um ei norsk Sak, so svarar han med aa greide ut S. Bugges nyaste Lærdomar um etruskiskt.

Tvedestrand 22. 10. 06,

Eg, som aldri talar, hev vori ute paa "Fore-Dragestourné"; Skuldi for det hev Adjunkt – fyrr Torvmeistar – Adolf Dal i Arendal, Grannen vaar fyrr i Labraatan-Grendi. No er han Lærar – og Formann i Ungdomslage – i Arendal og fekk narra meg der burt; eg las upp, so godt eg kunde, ei "Tale" um norskt Maal i norske Byar; fekk so Telefonbød fraa Grimstad um aa halde

same Foredrag i "Arbeidarakademiet" der; baade Stadine gjekk det so godt som det kann gange naar ein ikkje kann "tala"; og sjølve Ferdi var svært gild; eg raaka godt Folk baade i Arendal og i Grimstad, serleg Lærarar, gjæve norske Karar, som gjer mykje godt Arbeid, um dei fér aldri so smaatt og stilt, og hev aldri so lite Løn eller Takk for det.

I Grimstad kom eg paa ein galin Baat; med den naadde eg ikkje Arendal fyrr Xiabaaten var gjengin. So tok eg Landvegen – VÍre, som hadde vori ille blautt eit Par Dagar, hadde skipa seg – upp gjennom til Holt (der eg no ikkje hadde vori sidan 1872) og vilde sjaa att "gamle Tuftir". Kjørde med Skjuss upp gjennom Øystre Moland – Veggen blaut; Skogen ille medfarin, men her og der Merke paa at Jordbruke er i Framgang – til midt for Goderstad. (Gardane umbygde; der som paa so mange andre Stadir var

<side nr=203>
den gamle varme rike raude Husfargen – med kvite Vindaugkarmar som friska upp og gav Liv – bytt um med desse kalde blaakvite, gulkvite Likfargane som dessverre høver so godt til "vaar Tid") –; der tok eg til Fots upp-yvi til Holt (Kyrkja og Prestegarden, der "Seminarie" laag i mi Tid; sidan fekk dei flutt det til Tukthuse i Kristianssand, der det høyrde ikkje so ille heime).

Prestegarden var den same, Kyrkja like eins<fmark ind="1">; Bygningane er hyggjelege og fraa litegrand eldre Tid, ikkje so reint braaferske som mest alt er no i dette demokratiske Lande; det einaste som hadde vaksi var – Kyrkjegarden. Stilt og rolegt var det paa Holt no; Prestegardshagen saag helst ut til aa vera i Forfall – det er Prestebyte so ofte no, her som all Stad, at Prestane kann ikkje halde nokon Ting i Stand –; litegrand

Pianoklimpring høyrdest; det var det einaste Livs-
teikne. Ved Kyrkjegarden stogga eg og saag inn-
yvi; aa, so mange nye Greftir og Gravmerke; her
ligg vel no det meste av Holt fraa mi Tid; daa

<fnote ind="1">Skal vera fraa det 13de Aarhundrade (med seinare Um- og
Tilbygningar).</fnote>

<side nr=204>

visst veit eg at gamle Sveinum og Birthe Sol-
berg, dei ligg her for lengi sidan; og Vaarherre
veit, koss det kann vera med Ingeborg.

Klokkargarden (A. M. Feragens) var kvitmaala
og kald; eit nytt kvitt Hus var sett upp; so daudt
stod det der og glodde, at eg saag det var Herads-
huse. Nordanum der att – i Staden for det
gamle "Blia" var det sett upp eit heller stort kvit-
maala Hus; det einaste eg kjende att var Veggen
med Smaaskogen og dei smaae Bergknausane.

Nedre Solberg var som fyrr, huglegt og raud-
maala og varmt aa sjaa; men "mitt" Solberg var
ikkje attkjennande. Eit stort nytt kvitt Hus med
Kvist stod og glodde, der "Lars Berntsen" budde
fyrr; Husi hans Andreas og Lars der nord spøkte
like eins i kvitt so godt dei kunde. Men Svei-
numsgarden, "min" Gard, var burtkomin. Det
einaste som var att var eit Par Bærbuskur og
eit Par skrinne Trestrantar etter det som ein
Gong var Hagen sunnanum Husi, ein Hage som
for meg hadde sine Minne . . .

Ho stod i Morgonglansen under Apalen graa
og lyfte Eple grønt yvi Herdi,
og smilte glad og løynsk til meg: kom Gut,
skal du faa!

Og eg var ikkje lengi um Ferdi:

Ja var Mor Eva slik aa sjaa hin Gong i
Eden-Gard,

daa skal eg ikkje undrast paa vaar stakkars

fysste Far;

eg hadde ikkje gjort det mykje be' re.

"Mitt" Solberg var utstrøki av Jordi; eg kunde berre segja Farvel. Endaa eit Grand fatigare enn fyrr stod eg der; endaa ei Blokke var falli av Livs-Trée mitt.

Den gamle "Vegen til Verke" vilde eg endaa gange ein Gong; og her var alt som fyrr, berre noko meir naki. Det meste av Skogen var burte og øydt; og av dei gamle smaae Arbeidarhusi

<side nr=205>
fraa mi Tid saag eg no helst berre Røysine.

Reint vondt var det aa sjaa den gamle fagre Granlidi ned-yvi mot Elvi – mange Minne hev eg fraa den – heilt avsnøydd. Øyde og snøyde, snøyde og øyde –, det er snart det einaste dette arme Folke kann.

Sjølve "Verke", gamle fagre Næs Jønnerk, saag like eins heller audt ut. Endaa er der vent; men Nedfall grin all Stad; eg kom helst i Likferds-Huglag. Folk var som fyrr, snilde og høflege: Luva av, kvar Kryp eg raaka; dei saag eg var Bymann, veit eg. Men her var so stilt. Stilt, stilt. Og den gamle Herremannshagen og dei gamle staute Lauvgangane –, ut-arma, ut-arma; avsnøydd; Likferd. Det gamle Verke er elles ikkje heilt daudt; det rauk av ei Pipe her og der; og ein Stad var Verks-Helvite i full Brand: svarte sveittande Mennar stod yvi gloande Eldar og smelta Jarn.

Daa eg skulde ned-yvi att, tok eg ein galin Veg: ein ny ein, som bar upp-yvi i Staden for ned-yvi; upp-etter Elvi der var det ymist Liv og

<side nr=206>
Arbeid; dertil var Bygningsmaaten paa Gardane den gamle; so her kom eg noko betre i Lag.

Men eg laut snu; og so bar det ned-yvi att; og sistpaa kom eg inn-paa den gamle Vegen, som eg fraa fyrr kjende. Men ned-ved den gamle Brui, der eg fyrr hadde havt eit og anna "Stevne-Møte", hadde det no vaksi upp ein heil liten Landhandlarby. Eit Stykke nedanfor den fann eg endeleg ein roleg Stad att-med Elvi, der eg kunde kvile og faa meg Mat; men . . . "i Holt" kjende eg meg ikkje lenger.

Ned-yvi til Fiane bar det; der òg er det berre kvitmaala Hus og Landhandel og Uhugnad. Meir og meir vinn den nye Smakløysa seg fram mot den gamle Heimestilen og snur alt um. Skogen stod elles betre her nedetter.

Det myrkna og myrkna; daa eg naadde Stranda var det Haustnotti svart. Inkje aa sjaa, utan Ljos i alle Vindaugo. Men av dei saag eg, at Stranda hev vaksi ikkje so reint lite, oppetter sine Bergknausar. Og Ravljøs hadde ho fengi, so ho laut ha vaksi i Magt med.

Men smaabygt var her som fyrr: smaae Hus og tronge krokute Gatur. Og slikt som eit Gjeste-hus saag eg ikkje likt til. Fekk sistpaa spurt upp noko som kalla seg "Fram"; og det skulde vera noko for meg, tenkte eg. Men daa eg kom inn dragande der med alt mitt vesle Ferdagods paa Rygg og Arm og ikkje Namne til Hest og Karjol – so "var dessværrer ikke Frøkenen Hjemme". Ikkje betre gjekk det meg hjaa Madam Tallaksen. Men hjaa Madam Terjesen laga det seg daa til Slutt. Endaa Døri til "Salonen" var læst, daa eg kom, og det varde lengi fyrr eg kom so vidt til Ro i dette vesle uhuglege Kammerse, at eg kunde faa kvile eit Grand etter den lange Gonge, og drive Tidi med dette Rable her.

<side nr=207>

Labraatan 6. 11. 06.

(Framhald.) Um Morgonen etter raaka eg det vesle eg enno kjenner av Tveitstranda; det høyrer elles ikkje med til den rette gamle Stranda: det Prenteverke som ein Gong var mitt, og han som no eig baade det og den "Tvedestrandsposten" eg ein Gong grunnlagde: Bokprentar Eskildsen, hadde lite godt aa fortelja meg. Tidine var skrale i Stranda som elles burtetter her, no daa det ikkje gjekk lenger med dei gamle "Skut'nne"; med hans Yrkje gjekk det serskilt smaatt. Ein Høgre-Sakfører med nokre andre Høgre-Pengefolk hadde sett i Gang eit nytt Prenteverk (minst 2 Prenteverk maa det vera paa kvar minste "By"-Flekk i Norig) og eit Høgreblad, som dreiv paa med aa kapptevele Live av det gamle Prenteverke og den moderat-vinstrelege "Tvedestrandsposten"; Eskildsen hadde lite Mod. So det vil vel ikkje vara lengi fyrr dette Minne um meg og mitt Liv og er burte og gløymt, liksom Husi hans Sveinum Solberg.

– I slike Tankar drog eg austyvi att –, fysst med gamle vesle "Kvik", og so med ein av Breviksbaatane; fraa Brevik til Drammen med den keidsame Jarlsbergbana, og Morgonen etter til Valstad og Labraatan; der kjende eg, at eg endeleg hev vorti heime no, so vidt som eg i det heile kann verte heime.

Brev fraa Schjøtt.

7. 11 . 06.

Gode G.

Gratulerer Messias 3die oplag. Der kommer nok flere.

Det i Dagbladet var phanden saa godt. Det er som jeg siger, du blir ung og frisk igjen. Maaske

<side nr=208>

ser jeg dig engang som formand i rixmaalsfor-
eningen: lad saa mig blive sekretær. Thi –
hvis du blir sterk, feit og fornøiet, opgiver du
vel maalsagen – eller ogsaa er du anderledes
end andre.

Jeg har været lidt skranten med besværligheder
af forskjellig art. Sidst jeg var ude paa Hvalstad,
var jeg klein – som vistnok husmoderen ogs.
observor. Det er modbydelig at sitte saaledes
blandt fremmede. En anden gang faar jeg heller
reise gjem 1/2 7, om Gud vil, hvis det ikke
retter sig.

S.

23. 11. 06.

3die Upplag av "Jesus Messias" er komi –
smaae Upplag; det fyste 3000, dei tvo siste
1000. Boki maa gjera godt.

Det skynar eg mill. a. av, at Teologane tek
seg so av ho; i Bladi skriv dei (og eg hev svara
fleire Gongir: i Dagbl. og Aftp.; no skal eg svara
Chr. Bruun i "For Kirke og Kultur"); og det hev
vori tala um ho paa Møte og i Foredrag inne i Byen,
av Prestar og Lækprestar; no sist tala Herman
Lunde; og det vert fortalt, at dei etterpaa "bad
for meg" –, bad Vaarherre umvende meg; det
er so ein kann baade læ og graate. Men noko
maa Boki hjelpe til aa faa Jesus upp att i Staden
for Paulus og Kyrkjemøti og Luther, og til aa faa
"Kjærleiken til Næsten" upp i Staden for Hel-
vite; og daa skal eg vera fornøgd med ho.

Og ei ny Bok tek eg til aa tenkje paa: ei Re-
ligionshistorie for Folke. Skal undrast paa, um
ikkje den kunde gjera mykje godt. Dertil driv
eg paa med Homer –, um eg ein Gong kunde
faa honom fornorska.

Her er i det heile meir enn nok aa gjera;
men Arbeid trengst, skal ein halde seg frisk.

<side nr=209>

Men fælt er det i denne heilage Joletid med
alle desse Bøkane; Verdi forgjengst av Bøkar
til Slutt.

Brev fraa Arne Garborg.

Valstad St. 1/12 1906.

Du Aslak!

Takk for Breve; eg skulde ynskje at mange
kunde døme um Boki mi so aandsfritt som Du.

Det reint historiske ved Jesus-Sogo hev eg
ikkje granska; det vert mindre vigtugt, naar ein
held seg til Jesu Tankar, som, so vidt som eg
kann sjaa, er ævelege dvs. gjeld for alle Tidir. Dei
lærde Bøkane eg hev raadført meg med daa eg
skreiv gjeng ut ifraa, at Jesus hev livt noko-so-
nær paa den Tidi som Kyrkja hev slegi fast. Til
Essæar-Sekti hørde han ikkje (sjaa t. d. Mt. 11,19
som viser at han ikkje heldt seg til deira strenge
Ser-Reglar); Læra hans er og heilt fri for alt
sekt-vori.

Læra um Messiasrike var ingi serskild Jesus-
lære; han heldt seg her til den (Profet- og)
Rabbilæra som paa hans Tid var Israels-Tru. Eg
hev daa her funni lite Grunn til aa tala um kva
e g meiner um Messias-Rike; det var nok naar
eg fekk fram kva Jesus meinte. For min Part
kunde eg ynskje, at denne fagre Rabbinar-
Draumen var sann; men noko meir enn Ynskje
eller Von kann det her sjølv sagt ikkje vera Tale
um. Det Messias-Rike Jesus sjølv forkynte var
det som er "innantil i dekon"; og det kann me
tru paa trygt.

Um Livs-Myriadane kann me freiste med

mange Truir; den teosofiske er ikkje verst. Men

<fnot ind="1">Aslak Tonna, Nesland, Ø. Telemarki, skulefelagen
til G. fraa Holt.</fnote>

<side nr=210>

sistpaa kjem ein vel helst til det, at me her
ikkje kann vita noko. Det einaste me kann er:
gjera vaart til at Jordi vert so lite Helvite som
Raad er; daa gjer me vel og det me gjera kann
for det Live som etter kjem –, u m der kjem
noko etter. Dette siste er og noko av det me kann
vone og tru, men ikkje kann segja noko visst um.

Eg trur meir og meir, at legg me heile vaar
Kraft paa aa liva dette Live rett, so kann me i
alle Tilfelle taka det rolegt og sjaa med Von paa
det som etter kann koma. Og um so Dauden
i fullt Aalvor e r "den ævelege Kvila" –, hev
me nytta vel det Live me fekk, so hev det endaa
ikkje vori "meiningslaust".

Med Helsing

Arne Garborg.

Brev fraa Schjøtt.

25/11 1906.

Gode G!

Jeg har nu fari (ganske løselig) igjennem Gyl-
dendal dansk ordb. for folket for at finde ord,
der er annekterede fra norsk, fra begyndelsen og
til be.. Det er ikke mange i den del af bogen,
og de fleste er tvilsomme. A a r f u g l k a n
være optaget efter dansk dialekt. B a l d e r s b r a a
findes ikke hos Molbech, derimod i Larsen og
Kaper. Formodentlig optaget i de senere aar.
B a g s t r æ v er lavet af K. Knudsen, nu uden
videre optaget af Gyldendal, uden at han betegner
det som annexion, skjønt formen s t r æ v er
udansk (sml. stræbsom, norsk strævsam). M a d-

s t r æ v (lavet af Vinje) skal ogsaa nu være optaget i dansk; Gyldendal er ikke kommen til M endnu, saa jeg ved ikke, om han annekterer det. Det er vanskeligt at svare paa dit spørgsmaal, og det vilde tage lang tid; men ordene bagstræv og <side nr=211 >

madstræv er nok, og de er typiske (dvs. de er optaget, uden at man har bemøiet sig med at bringe formen i overensstemmelse med den danske).

Baade Rask og Petersen har utvilsomt havt fat i sine landsmænd for deres plattyskhed, men jeg erindrer intet specielt (Petersen har været mig f o r kjedsommelig). Nogen at henvende dig til herinde kan jeg ikke angive; de faa jeg kjender, veed intet. Naar jeg – antagelig – har sagt at Gyldendal har annekteret mange ord fra norsk, saa har jeg havt det indtryk; men skal man finde dem frem, er phanden løs. Ord som Kaper betegner som rixmaalsord, annekterer Larsen (er nemlig "norsk"født) som danske: her er et virvar, som er stort. For hvert ords vedkommende skulde man ogsaa undersøge et danskt dialektlexikon, forat se, om vedk. ord muligens kan være annekteret derfra. Jeg skal herefter sætte mærke ved hidhørende ord, som jeg antræffer; men dennesinde kan jeg ikke gjøre mere.

Den besynderlige frysing i kroppen forlod mig ganske forrige mandag paa Labrøtan, og er ikke kommet igjen. Jeg savner den ikke. Hils viv og tuft.

Paa trykkeriet gaar det sin søvnige gang, og jeg blir (om muligt) dummere og dummere.

***) Det er især fiskenavne, danskerne har optaget fra os, siger Kjennerud.

S.

20. 12. 06.

"Til Ende Aare hastar."

Eg sit med Homer; les dessutan Xenofon – med Son min. Kann eg faa halde paa soleis i eit Par Aar, maa eg vel koma so vidt inn i Græskt som rimelegt for ein Homer-Umsetjar. Elles gjeng alt rolegt og stilt.

<side nr=212>

Fraa Heimlande høyrer eg at Mor er skral; ikkje sjuk, men kraftlaus; ho ligg, av di ho ikkje orkar aa vera uppe. Bror Jon var der burte nokre Dagar; og det kvika henne upp. Ho gjev seg visst ikkje enno paa ei god Stund; men – med alle sine 9 Born er ho svært aaleine, Stakkar.

Vaar store Tanke her paa Labraatan hev i seinare Tid vori den: um me kunde faa stengje den Bygdevegen som gjeng gjennom Tune vaart dvs. leggje 'n lenger upp-ifraa Husi. Um dette kann laga seg med det gode, eller um det skal verte Sak – det er enno ikkje avgjort.

Det er mildt og godt Vintervíró, og Snøføre, som elles held paa aa tine burt. Gjev me fekk ein mild Vinter!

25. 12. 06.

Jol.

Høgtid. Klokkeringing. Jolevers. Jolepreiking. Jolebilæte. Jolegaavur. Jolestas. Joleglede. Jolebrennevin. Jole-Snikksnakk. Fred paa Jordi og Hugnad med Menneskjom ...

Det fysste eg fekk i Hendane i Dag er eit Blad som fortel um Tilstandi i Russland. Der er avprenta Brev fraa nokre gode ærlege Menneskje som hev vori med paa eit eller anna som skulde hjelpe fram-yvi mot Rett for Folke; for dette er dei i Guds og Tsarens Namn drepne ..

Men Russland, det er daa berre ein Villmanns-

heim. Ikkje bry seg um Russland – –

So les eg eit Stykke fraa det hochkultivierte
Deutschland. Tyske Kulturherrar i Afrika driv
Vald, Draap, Villskap, Griseskap, i Namn av
Kultur, Rett, Stat, Kristindom ...

Fred paa Jordi; Hugnad med Menneskjom.
Ein sputtar. Ein hiver Bladi og vaskar Hendane.
Hjelper ikkje. Ufysin, ufysin, ufysin kjenner ein
seg av aa vera Menneskje, av aa høyre med til
<side nr=213>

denne Vargeheimen som kallar seg Kultur, Kri-
stindom o. s. fr.; det er Helvite, er det; me tarv
ikkje "tru" paa Helvite; me er i Helvite livs livande.
Jol!

Uh, ein vert so elgjen. Aah, ein vert so trøytt.
Og so tenkje paa, at i denne Stundi stend det
femtan Millionar Prestar i femtan Millionar Kyr-
kjur, og preikar blideleg um Gud, Faderen, um
Sonen, Frelsaren, um Anden, Kjærleiken, um
Kyrkja, Broderskapen; Lygn, Lygn; Lygn som
lugtar ...

– – Det er kje sant at godt fær si Løn og
vondt si Straff; dei gode vert nedtrampa; dei
vonde gjeng stolte ikring og gjer som dei vil; so
døyr dei i Ro og fær ei herleg Likferd med
Kyrkja signande og Folke syrgjande; Sanningi er:
sterkt fær si Løn um det er aldri so vondt; men
det veike maa taka sitt Golgata, um det so er
sjølve Messias.

Nietzsche hev Rett. Verdi er Helvite; Fanden
er Vaarherre.

– – Det Gudsrike ein skal vinne fær ein
byggje seg sjølv; det ser eg klaarare og klaarare.
Og difor er Jesus "Messias": for di han lærde
oss det. Verdi vert verande Helvite, til dess me

kvar for seg lærer aa byggje ho um til Himil;
kvar som vinn so langt som til aa byggje Verdi
etter si eigi Grunnlov, han er sæl, midt i Hel-
vite. Det maa og vera Tanken hjaa denne for-
underlege Dansken Jørgen Gry<fmark ind="1")"> – som eg i
<fnote ind="1")"> J. G. sende og i 1908 og 1909 jolebrev til G. Den
"sanningi" han forkynner er vel i røyndi helst fraa den
gamle Brahmælæra. H. G.</fnote>
<side nr=214>

Dag fekk ei Jolehelsing fraa: eit Brev som ikkje
er prenta, men handskrivi og kopiera –; det er
eit serskilt Maal han hev skapt seg for Tankane
sine; men dette maa vera Meiningi. Sin Messias
hev kvar i seg sjølv, meiner han; seg sjølv, sitt
sanne, sitt upphavlege sjølv skal kvart Menneskje
liva fram; daa gjer det "Guds Vilje"; og daa hev
det, ber i Verdi, Sæla, um Verdi elles er aldri
so fæl. I sjølve den Ting aa hjelpe til med aa
skapa Verdi um fraa det Helvite ho er, til det
Himilrike ho skal vera, i den Gleda som fylgjer
med det aa liva fram si eigi Grunnlov, ligg Hi-
milrike vaart.

Jesus hev vunni Himilen for oss ved aa lære
oss aa vera med paa aa døyve Helvite. Og døyve
Helvite, det maa me gjera sjølve. Det vilde lite
nytte, um det var ein Gud som gjorde det.

– Det fær eg daa halde Jol paa.

29. 12. 06.

Etter det eg minnest fraa Barndomen, og fraa
den seinare Ungdomen og eit langt Stykke upp-
igjenom, er eg ikkje "fødd einsam"; men eg
vart oppfostra til Einsemd; og det sit i meg og
fær meir og meir Magt. No hev eg fengi det
nett som eg maatte hava det um eg skulde trivast
og kunna arbeide: hev ein litin roleg Heim med
fullgode Arbeidshøve og er elles mest heilt aaleine.

Eg trivst med dette; skynar at det er so eg maa hava det. Stundom hev Grunnlage i meg komi upp: eg tykte eg vart altfor aaleine, at det vart altfor stilt ikring meg; men di eldre eg vert, di meir er eg og fornøgd med Livslagnaden min; eg kjenner at dette er m i n e Arbeidsvilkaar.

Jamvel det at eg lite og inkje vert nemnd i Bladi finn eg meg betre og betre i. Ei Tid var

<side nr=215>
det svært gildt aa verte nemnd; det var liksom Live det, eller Merke paa at eg livde; og noko med det verste i mi fyste Kolbotn-Tid var det at Bladi ikkje nemnde meg; v a r eg alt daud? Men sidan vart det so at eg arga meg, kvar Gong eg saag slikt i Bladi som: A. G. er reist hit eller dit, held seg der eller der; kva F. kom det Per og Paal ved? Kunde ikkje eg faa ferdast og vanka kvar eg vilde, Bladi uspur? Det var Bonden i meg som vakna; eg vilde vera min eigin Mann. Og meir og meir vande eg meg til aa tegja um mine eigne Ting naar eg tala med Bladfolk, so at no fer eg fritt kvar eg vil, og ikkje ein Hund gøyr.

Det var og ei Tid det pinte meg, at eg kunde skrive og skrive i Bladi og ingin svara, ingin vart vond. og ingin vart glad –, v a r eg "daud" alt? – No ser eg det au paa ein annan Maate. Naar eg fær segja det eg hev aa segja so er eg fornøgd; um "Folk" les eller ikkje les det, skynar eller ikkje skynar det, skil i Grunnen ikkje meg; er der Livs-Tankar i det, so vil vel dei gro etter-kvart, um der elles er Grorbotn i Folke. Men i trøytt Tidir kann eg tvila paa det; og det er verre; ein vert kraftlaus daa.

Sjølve "D. 17de" er eg fornøgd med. Han tegjer som Muren, eller han knurrar; men i alle Tilfelle læt han meg segja det eg hev aa segja;

og meir skal ingin vaksin Mann krevja. Desse
smaae personlege Spursmaali som ein dregst med
i unge Aar, – ja dei hev sitt aa gjera dei med,
driv ein lat Stakkar til aa arbeide og tenkje og
lære og gjera sitt beste, i Tanken um "Løn";
sistpaa ser ein at "Løni" ligg i sjølve det som
ein ved Arbeide vann; kva "Folk segjer" vert
ikkje serskilt m e g vedkomande. Og Arbeide vert
si Løn i seg sjølv; Arbeide vert jamvel sjølv den
beste "Kvila".

<side nr=216>

– I desse Dagar hev eg kjøl-lagt ei ny Bok:
Gudar og Profetar. Det vert paa ein Maate det
historiske Grunnlag for "Jesus Messias"; ho
skulde soleis med Retten komi fyri den. Men
Vegane er ikkje alltid so beine. Gjennom "J. M."<fmark ind="1")">
naadde eg so langt at eg fekk Auga paa dette
nye Emne; og no tek eg daa det, og arbeider
det inn i sitt Samanheng.

<fnote ind="1")">G. fekk i denne tidi mange brev fraa ukjende folk
med takk for den hjelp dei hadde fenge til "frigjering"
gjennom Jesus Messias; eg trur dette gjorde mykje til at
han fekk hug paa ei ny religiøs bok i same leid.

H. G.</fnote>

<side nr=217>

1907.

2. 1. 07.

Nytt Aar; Verdi den gamle. Og me sjølve –
eldre og eldre. Ja, ja.

Gamle Kjenningar kjem burt eller dreg seg
unda. Og dei faae som er att snilde Folk.
Meir og meir uvedkomande. Kjem burt eller
dreg seg unda so godt dei kann. Og um dei
heng ved paa ein Maate ... færre og færre Ting

er det ein kann tala med deim um. Dei hev sitt; det er oss meir og mindre framandt. Me hev vaart; det bryr dei seg mindre og mindre um.

Noko med det verste er sjølvsagt all denne Armodsdomen. Kunstyrkjarar og Pennefolk –; naah, Pennefolki gjeng og knurrar i Bladi. Eller skriv "Julelitteratur". Kunstyrkjarane kann ikkje, som dei store gamle, vera Handverkarar attaat, og liva av det; det er rein Kunst eller Sveltihel. Dette nye Kultur-Norig vert meir og meir eit Fatighus. Med Fatighus-Grining, og Fatighus-moro: Kaffi (med Dram) og Klandr og Illelaat. Det er daa sjølvsagt, at me – serleg Hulda – fær høyre, at me hev Rikshjelp, o. s. fr. – Aa, sat eg fri paa tie Maal Jord og heitte berre Per!

Her i Asker er me heilt framande. Bur millom andre framande og Innflytjarar; her og der sit det ein innfødd, som for det meste held seg reint framand mot oss. Dette hev me ikkje so mykje imot; me hev meir og meir nok med Arbeide

<side nr=218>

vaart, som sjølvsagt ingin i Asker bryr seg um. Men stundom vert Framanddomen strid nok. Som no med denne Veggen her. Den driv um Vinteren til med Snø; og eg hev aldri fengi Greide paa, um nokon hadde paa seg aa brøyte; stundom vert det brøytt; men for det meste gjeng me ber og vassar i Snø til Knes. Og aldri hev nokon sagt meg eit Ord um Veggen. Men i Dag høyrer eg, at næraste Grannen vaar, Handelsreisande W., hev tala um Veggen, ikkje til meg, ikkje til Hulda, men til Tuften, og det paa den Maaten: Tuften fekk halde seg burte fraa Veggen med Kjelken sin; naar me ikkje hjelpte til med aa halde Veggen i Stand, so hadde me ingin Rett til aa bruka 'n heller.

Tjah! No veit eg det. Men millom Folk

kunde ein slik Ting vori greidd paa ein likare
Maate.

Og um det kann verte ei Raad med denne
Bygdevegen som me hev her upp-um Tune vaart,
det er eit Spursmaal. Enno ser det helst ut til
Sak. Eg hev fengi Løland til aa gange imillom
med eit Utjammingsframkast; men um det vil
hjelpa er eit stort Spursmaal.

Me er kje lenger komne. Alle er me framande,
og Fiend mot Fiend; fyrr vart alle Spursmaal av-
gjorde med Kniven, og daa greidde det seg paa
ei Vis; no brukar me Sakføraren i Staden for
Kniven, og det er verre. Men det er vel eit
Millombrøyte. Med Tidi vert me vel so vidt Folk
at me kann tala oss til Rettes; men det vert ikkje
i mi Tid.

So fær ein taka Verdi som ho kjem. Gjev
1907 ikkje vert verre enn 1906 var!

<side nr=219>

Brev fraa Jonas Lie.

Fredriksværn 2/1 1907.

Kjære Arne Garborg!

Længst skulde jeg takket Dig for Bogen –
Jesus Messias – om ikke Øjnene næsten umulig-
gjør mig det, som Du nok sér. Bogen har i høi
Grad interesseret mig. Og, hvad mere er, i
høi Grad revet op i Aandslivet herhjemme. Be-
viserne for, at den kristne Kirke som den
praktiseres idag ogsaa er fremgaat af en Kultur-
udvikling har Du ført stærkt og slaaende.

For mig staar imidlertid Bibelen i et ideelt
Lys. Den er helt igjennem en Billedskrift for
den, der har de rette naÖve Brillor at sé med.
Jomfru Marias stille Skikkelse glider der mellem
de andre store. – Ja tak, tak for det kraftfulde

Aandsværk!

Og saa, kjære gamle Ven! er vi jo kommet over paa det ny Aar! og vi sér praktfulde Sarkofager af den gamle Generation glide nedover Tidens Strøm. Og det gjør godt at sé Dig med stærke unge Kræfter yderligere opta Kampen. Jeg er desværre skudt i Øjet saa jeg ikke sér foran min egen Pen, medens det lyser og lyser foran din ... Det er Aandsklarhed som er din dybe Trang. Din ideale Natur kræver Klarhed i Aandslivet paa Jorden.

Det idag gjenoptagne Brev kommer altsaa ned ifra Udskjærene, hvor Maagen skriger, Kanonen dundrer om Natten mod Taagen, medens Blinkfyret staar der – stor Stemning – som en Talgpraas. Imidlertid er vi meget fornøiet med Klimaet – Sol, som vi skulde været i Rom og ingen Kulde.

Mange, mange varme Hilsener til Dig og Fru Hulda fra Thomasine og din Ven
Jonas Lie.

<side nr=220>

Brev fraa Arne Garborg.

Labraatan, Valstad 16/1 1907.

Du Ivar!

Godt Aar, fær eg segja, um det er noko seint.

Og so hev vel ikkje Aare teki til noko godt heller paa Einabu, veit eg. Endaa det kannhende er noko likare no enn det hev vori? Gjev det var so vel. For ille uppraadd maa Du vera, naar Du skal vera aaleine med alting der paa Einabu.

– At eg no skriv, maa Du elles ikkje tru er for det gode. Det er det norske Samlage som sender meg ut til aa "rykkje" Deg for Eddakvædi,

og det er vel ikkje sagt koss det no kann falle seg for Deg.

Etter mi Meining var det gali at Boki ikkje kom all med ein Gong, og endaa galnare at andre Bolken ikkje kom ifjor. Men so skulde ho koma snart i Aar, so Skaden ikkje vart heilt ubøtande. Og no synest Samlage skyna det; eller kor som er og ikkje er: det vil, maa, hava ho no, etter-som eg høyrer. Og for Boki – og Folke – er sjølv sagt fysts best. Den vesle Drikkeskillingen Du skal hava i "Honorar" maa dei vel og no kunna skaffe; Tid nok hev dei daa visst havt til aa tenkje paa det med. Og eg skal tala med Gjelsvik sjølv um det; so d e t skal no laga seg.

Men um Du no kann tenkje paa Bokarbeid? – That is the question. Du gjer sjølv sagt det Du kann, i slik ei Hovudsak for ny-norsk Bokheim; men kor mykje kann Du no; e r der Raad med det? – Av Hjartans Grunn ynskjer eg at det var so vel; for gjeng det gali no, so vert det vel upp i berre Tull sidan.

Du fær daa tenkje etter kva her kann vera aa gjera. Kann du ikkje sende Handskrifti, so fekk Du – i Brev til meg eller til Formannen – so <side nr=221 > snart Raad var segja kva Du tenkjer um Tingen, og korleis Du meiner me laut stelle oss.

Det er alltid vrangt aa hava med Lag og Lagsstyre aa gjera; det veit e g um, som hev vori Lagsstyre sjølv, og veit koss eit Lag med lite Pengar og uviss Arbeidshjelp maa mangeleis fikte seg fram. Men Gamle-Edda er ei historisk Sak, som me maa sjaa aa faa fram paa rimeleg Maate, so sant det f i n s t Raad.

Gjev Du kunde sende Samlage (eller meg) godt Bød snart og vel! Er det nokon Ting eg kann vera til Hjelp med, so veit Du eg gjer det gjerne.

Heile Labraatan helsar til Einabu og ynskjer
at alt maa laga seg til eit godt Aar. Med oss
klarar det seg nokorlunde.

A. G.

Brev fraa Arne Garborg.

24/1 1907

Du Ivar!

Hev du funni Skyldskapsmerke millom Homer
og Edda, so hev Du gjort eit Storverk; og i seg
sjølv skulde det ikkje vera urimelegt at Skyld-
skap fanst. Ein slik Nyfund kunde òg bøte noko
paa den Skaden som er valda ved at Edda kjem
i tvo Lestir, med so lang Tid imillom: kveikje
upp att Hugen for denne vaar Folkebibel.

Ja no maa det gange; til mi store Glede høyrer
eg at det no stend betre til med Karen, so Du
kann faa meir Arbeidshug att. Med dei Arbeids-
vilkaari Du i det seinaste hev havt kunde det
ikkje vori Under um Du hadde trøytna. Men i
denne Tidi gjeld det serskilt um at me "Gam-
lingane" held ut; – ja tenk, no kann me alt
snart taka til aa rekne oss til dei gamle, d. e.
dei vise!

<side nr=222>

Homer strævar eg med det beste eg kann;
Skammi er, at eg for det fysste berre maa drive
paa med aa lære aa lesa 'n. Men naar eg no
– til Vaaren veit eg – vert ferdug med gjenom-
synet av Faust (Goethe), so fær eg taka aalvor-
samt til med Homer. Kann eg greide honom
skal eg vera fornøgd; og vinn eg meir, so er det
Shakespeare.

Men Arbeide i Bygdine er ikkje minst vigtugt.
Kvart Stig Bygdeskulen vinn fram i Norskdome er
eit Stig heim-yvi, meir verdt enn jamvel den

beste Bok, – um elles Bøkane ikkje heller maa verte gløymde.

Godt Aar paa Einabu!

Ja i Morgo er eg 56. Du er fælt til Kar som kann hugse sovori! Takk!

Med Helsing

A. G.

Brev fraa Arne Garborg.

Labraaten 26/1 1907.

Kjære Eivind Hognestad.

Mange Takk for Helsingi, eg vart serskild glad for den. Eg var rædd at den siste Boki mi hadde stengt alle Vegar.

Ei Jolehelsing som eg fekk fraa Bror Din gjorde meg ikkje mindre glad. Og eg tenkte paa aa skriva og takka. Men finna Maaten var ikkje so beint, og serskilt visste eg ikkje um han vilde lika noko som eg hadde Hug til aa fortelja. Og so gjekk Dagane, eg greidde ikkje dette. No kann eg kanskje segja dette til Deg, og so gjer Du som Du synest: fortel eller lat vera.

Det er det: at paa ein Maate kann eg takka Peter Hognestad for at det vart Aalvor av det med denne Boki. Eg hadde tenkt paa ho, men
<side nr=223>

so var der so mykje i Vegen, – soleis det, at eg meinte ei slik Gransking vilde tvinga meg heilt burt ifraa Jesus au, – ikkje berre fraa Kyrkja.

Men so fekk me ei norsk Kyrkje. Og der gjekk eg, – ikkje berre ein Gong. Og lika meg for det meste svært godt der. Det var alltid sumt som eg ikkje kunde vera med paa, men Presten dreiv mindre paa med Dogmatik enn eg var vand med fraa gamalt, so eg kunde vera meir med enn

eg hadde tenkt, og kor som var og ikkje var:
det kjendest utruleg heimslegt i kyrkja for den
"burtkomne Sonen".

Men, som sagt: eit og anna var der som vekte
"Protestanten" i meg. Gong etter Gong, og daa
etterkvart meir og meir. Enden vart at eg laut
i Veg med Testamente att, og "sjaa um desse
Ting hadde seg soleis". Og ettersom eg kom i
Gang med Granskingane mine, klaarna det opp
for meg, at vart Testamente teki for seg sjølv,
utan Samanheng med dei seinare Kyrkjemøte, so
turvte eg i k k j e gjeva upp Jesus. No er eg
Peter Hognestad takksam fordi han dreiv meg til
aa gjera Aalvor av det med aa lesa Nytestamente,
men han vil vel helst meina at han hev gjort eit
laakt Arbeid med dette.

Men Sanningi maa kvar taka som h a n ser ho,
og det Bror Din hev gjort er i alle Tilfelle ikkje
verre enn at han hev drive meg nærare Jesus
enn eg fyrr var. Og dette bør ikkje kunna skilja
oss, i dei Ting me kann halda ihop.

Med Helsing til beggje Hognestad-Karane.

Vyrdsamt

Aadne Garborg.

<side nr=224 >

27. 1. 07.

So gjeng eg daa alt i mitt 57de. Og um eg
ikkje merkar noko større til Alderen i andre
Ting, so synest han vilja setja seg der det for
meg vøre verst: i Augo. Dag etter Dag gjeng
eg no her so halvt arbeidsufør. – Men det kann
no full' ikkje vera Aalvor enno.

– I Ettermiddag kom Lensmannen og stemnde
meg til Forlikskommisjon. Det er Grannen –
køyrd av sin Sakførar – som er ute.

Eg gjekk nett og venta paa Semju; Løland

hadde laati vel og meint at det skulde laga seg.
Men O. hev trutt meir paa Sakføraren sin, som
rimelegt kann vera.

No fær me daa sjaa koss det sidan gjeng. Det
einaste eg veit er at eg ikkje vil hava Sak; det
hev eg ikkje Raad til; og um eg so vann, – det
ein vinn paa den Maaten er det lite Hugnad med,
etter alt eg kann tenkje.

Aa ja, dette "kristne" Samnøyte. Det er Neve
mot Neve og Kniv mot Kniv, Mann mot Mann
og Stand mot Stand; det er ein æveleg brennande
Eld av Ovund og Hat; det er Helvite. "Vill-
Mennane" er betre kristne enn me; det hev dei
alltid vori, og er det enno, all Stad der dei ikkje
er øydelagde av kristeleg Kultur og kristelegt
Brennevin.

31. 1 . 07.

Skinande, himilskt kvitt og klaart, herleg, snø-
kvit, himilblaatt solstraalande norsk Vinter; aldri
finst det paa Jordi slikt eit Eventyr; det er verdt
aa vera til berre for aa faa sjaa det.

<side nr=225>

Alle vaare "store Spursmaal" vert smaae paa
ein slik Dag: Allheimsspursmaal, Riksspursmaal,
Tjodspursmaal. Dei ligg der inne i Stortinge no
og held paa og vippe Michelsen-styre; lat vippe
det! lær eg med meg sjølv; paa slik ein Dag hev
alt slikt so lite paa seg. Eit Folk liver med kva
Styre som helst; og døyr det, so veks det andre
Folk fram, yngre, friskare ...

Og endaa er eg i Dag komin paa politiske
Tankar. Som so ofte naar eg rotar i gamle Papir,
finn eg Ting som eg hev skrivi aat D. 17de Mai,
men ikkje skrivi ferduge, og sidan gløymt; her
er noko fraa 1905, fyri "Umstøyten" (skrivi i

Pillnitz); det er rart aa sjaa att Tankar fraa den modlause Tidi, daa eg i Grunnen trudde at Norig var dømt:

"– – Det er det at me er berre Emne til eit Folk. Lande hev fengi Riks Rett, men kann enno ikkje liva Riks Liv; det er ein 500 Aars Provins, som berre er i Framvokstr til Rike.

Men lærer me kje no, so kjem me til aa gange her og tøve, til Svenskebror fær Reipe um Halsen paa oss. Me fær daa fysst eit "norskt Konsulatverk" under det svenske Utanriksstyre, som vert lovfest "norskt" med; dermed er Grunnen lagd til det Unionstinge, som var tyft alt i Framlegge til ny Samfeste-Grunnlov i 1869. Dette Tinge fær me, naar Nordmennane ein Dag ser, at ein heilt andsvarslaus framand Ærendsmann i Landsens Livssakir, det er eit altfor tydelegt nationalt Sjølv mord. Sidan set Kong Gustaf V Unionsmerke inn i Flagge att, og Oskar III eller Carl XVI innfører eit sams Unionsflagg for baae Landi, som daa vil hava mest allting "sams": Konge, Utanriksstyre, Overparlament (i Røyndi svenskt), Flagg, og meir eller mindre heilt ut sams Forsvar; daa vil ein trygt kunna segja: finis Norvegiae. – Eller tek me til aa verte eit

<side nr=226>

Folk? Tek Folke til aa skyna, at det sjølv maa raade sitt Utestell som sitt Heimestell?

Var det so, daa kunde det som no hender vekkje ein norsk Vilje i oss so sterk, at Lande berga seg. Og eit norskt Sinne er alt uppe. Djerve norske Stykke kjem fram jamvel i Høgrebladi; Wergelands Tanke vaknar: "det er det beste Forbindelsen at løse mellem Heste som daarlig trække sammen – Amen!" – –

– – Og me klara oss – so langt.

15. 2. 07.

Snø, Snø, Snø. Snart gjeng det yvi alle Gjerde.

Det er eit fælt Snøhol her.

Eg gjeng hjaa Ole Bull (Bornemann) for Augo.

Dei hadde vori skrale so lengi no, at eg vart uroleg;

det var vondt eitt Auga um Gongen; men dette heldt paa i ustanseleg Skifting, og versna helst.

Men Bull segjer det skal snart gje' seg att; og

daa kann eg vera trygg "eit Par Aar". So fær

eg daa til aa øve meg i den fysste Alderdoms-

forsaking: spara paa Augo. Eg hev for det fysste

gjevi upp Rome mitt i "Domsnemndi" (aat D. n.

Samlag); eg vert bruka der til Manuskriptlesar,

men elles spyrr dei meg lite; og det hev hendt

at eg hev vori mindre nøgd med det. For det

andre hev eg lagt Homer fraa meg til so lengi;

eg kann ikkje taka heilt upp til med Arbeide der

fyr Schjötts Ordbok er komi korso.

Og no er fysste Hefte komi. Og ser svært

godt ut. Eg vonar Schjøtt vinn sin Storsigr paa

det Arbeide.

– – Elles gjeng eg og gruvar meg for vaar

"norske Framtid". Pengevelde tek i Aalvor til;

utanlandske Pengar legg Lande under seg paa

<side nr=227 >

uhugleg Vis; og Folke, Stakkar, som i 500 Aar

hev vori heimlaust i Lande sitt, sél Jordi bygde-

vis, eller so fort som det kann, til Utlending og

Bymann. Stortinge hev endeleg fengi eit

Auga upp; men um det kann gjera noko som

hjelper mot dette nye Hansa-Velde, det er paa

Voni. Det einaste skulde vera um George-Tanken

vann i Engeland ...

– – –Eit Tilleggshefte til "Jesus Messias":

"Den burtkomne Messias" skal no koma. Teo-

logane hev fengi stogga Sale paa "Jesus Messias";

– Spursmaal um dette kunde hjelpe. Tyngre

enn eg tenkte og visste ligg Teologskodda yvi
Land; det er knapt ein Ungdom aa sjaa i noko
Blad som vaagar aa tala ut til Kyrkja og Teo-
logane.

I Dag trur eg eg saag det fyste noko-so-nær
greide Orde (i "Unglyden", av ein "–r"). Men
i same Blade preikar B. Th. Anker (den andre
Landsmaalspresten vaar); og han hermer Bibelen
som ein Teolog skal gjera ("frelse det burt-
komne" i Mt. 18,11 o. s. fr. vert nytta til Studnad
for luthersk Teologi o. s. fr.). Ille, at just desse
norske Prestemennane skal vera slike hardkokte
Teologar.

– – For det fyste hev eg fullt upp aa gjera
med "Faust". Eg tykkjer det gjeng lettare etter-
kvart aa faa norsk Skikk paa denne Stortysken;
og Arctander kjem seg og meir og meir, di
lenger ut i Boki eg kjem.

"Det kjem upp, ille spunni Garn"; Gymnasiastar
ligg no for Tidi og søkjer Kyrkjedepartemente um
aa sleppe aa lesa Landsmaal. Um dette hadde
<side nr=228>
Dagbl. eit Stykke her um Dagen, som fortalde
um, korleis dei norsk-danske Byskulane vaare tek
det med Norskemaale; og det var just som ein
maa vente det av desse Heimlausningane som gjeng
her og illtrivst.

Og kor hjarteleg dei illtrivst, den store Mengd!
Daa eg las Hans Kinck fekk eg ein Tanke um
dette. Og hans "Skildringar" av norskt Folk og
norskt Folkeliv, dette surkalde Misnøgje utan
minste Skyn – ein Bydokter som med Uhugnad
"undersøkjer" ei Legdekjering som hev "Mo-
sotti" –, dei er for det unge Embætts- og By-
manns-"Norge" den reine Forløyning, det "fri-
gjerande Ord" for deira Hjartans Framanddom,

denne deira Livs Ulukka, at dei skal vera nøydde til aa liva millom, og liva av, eit Folk som dei ikkje kjenner.

Ikkje mindre uhugnadsamt vert Lande for Folke, som liver u n d e r Framande, og serleg for Ungdomen i Folke (det e g veit best um). Paa Jæren er det visst likare no; men eg hugsar fraa mi Tid og heilt ut til dei seinste Aari, korleis Ungdomen gjekk der syndetung og ofte tæringssjuk, og sutra og bad, og seig i Jordi eller rømde til By og Amerika. I andre Bygdelag der eg hev kunna fylgje eit Grand med, hev det vori lite betre; korkje Havluft eller Fjellluft hjelper mot Heimløyse og Sjælekalde. Men inn-ved Byane gjeng Ungdomen i Krambu og Fabrikk og Rennestein, men finn inginstad Livsgleda att.

Heimløyse, Uhugnad, upp-etter og ned-etter –,
K a n n eit Folk vekse fram av slikt? ?
<side nr=229>

Brev fraa Carl Konow.

Bergen 21/2 1907.

Hr. Garborg!

Jeg haaber, De ikke vil tage mig det ilde op, at jeg har tilladt mig at sende Dem et par foredrag, jeg netop har holdt her i byen om den nyere theologis opfatning af kristendommen.

Skjønt der i Deres bog Jesus Messias er mange baade mere og mindre væsentlige punkter, jeg ikke deler Deres opfatning af, synes dog Deres standpunkt i det hele at have saa stor berøring med det, jeg selv har gjort mig til talsmand for, og som kun er den moderne theologis af Ritschls farve, at jeg har faaet lyst til at sende Dem mine foredrag. Min opfatning er muligens paa sine

steder noget mere radikal end den, som ellers hylides af den nyere theologis repræsentanter her i landet for øieblikket. Men faar den nyere retning ro til at udvikle sig hos os, tviler jeg ikke paa, at den her som andensteds vil drives til at tage de konsekvenser, som ligger i standpunktet selv, og afryste den karakter af overgangstheologi, den hidtil har søgt at holde fast ved. Deres bog bidrager visselig i store kredse udover folket til at sprænge ortodoksiens gamle baand og indeholder i, hvad De drager frem af Jesu ord og forkyndelse, ogsaa i sig selv saa værdifulde ting, at jeg kan ikke andet end være taknemmelig for den.

Ærbødigst

Carl Konow

prest.

<side nr=230>

Brev fraa Peter Hognestad.

Kristiania 27/2 1907.

Kjære Garborg!

Naar eg no skriv til deg, maa eg fyrst faa takka for det brevet du sende til Eivind. Eg las det, og fann daa at tonen var annleis enn i det som du hev skrive offentleg. Eg er takksam for det, og like eins gjorde det godt aa høyra at du endaa set pris paa aa hava noko samlag med Eivind og meg.

Det var inkje gildt aa høyra at eg hadde eggja deg til aa skrive Jesus Messias. Men daa vil du vel skyna, at eg hev kjent endaa større skyldnad til aa skriva og halda fram for folk mi meining um spursmaalet. Naar du no i "Den burtkomne Messias" hev gjeve ut dine svar til meg, so hev eg og set meg nøydd til aa

gjeva ut det du svarar paa, og attpaa leggja noko til. Det vert ei liti bok som eg kallar "Meiningar um Jesus". Ho kjem ut i desse dagar, og eg skal faa senda ho til deg.

Etter mi beste yvertyding maa eg strida imot meiningarne dine. Men eg skynar so godt at du hev havt ein annan livsgang enn eg. Dei religiøse spursmaali hev lagt steinar i din veg som eg inkje hev funne i min. Det kann vera at du no for tidi maa tyda Jesus for deg som du gjer, um du i det heile skal faa bruk for han. Men eg ser no paa andre som brukar same methode som du, at Jesus kverv meir og meir burt for deim. Det vert mest ingen ting att. Det hev eg prøvt aa syne i siste stykket i boki mi. Um ein segjer som du og fleire, at det er kome til so mange falske drag ved messiasbilætet i det nye testamente, so syner det seg at ein aldri kann semjast um kva som er sant og falskt. Difor maa e g taka Jesus som han er, utan utskiljing. Det vert vel <side nr=231> til slutt den tryggaste grunnen baade religiøst og vitskapleg.

Mot deg kjenner eg ingen uvilje. Eg held meg til Jesu ord i Mark. 9,40: "Den som inkje er imot oss, han er med oss". Det ordet vil Jesus me skal bruka naar me dømer um andre. I Matt. 12,30 segjer han: "Den som inkje er med meg, han er imot meg". Etter det ordet skal me døma oss sjølv. Difor hev Jesus sagt baa desse ordi. Eg trur inkje at du er imot Jesus Kristus. Daa er du med, og eg hev rett til aa segja:

"Til samme himmel gaar vor gang,
adskilles end vort spor."

Venleg helsing
Peter Hognestad.

11. 2. 07.

I Dag kom Forliknemndi. Tri gode greide
Mennar; tvo Bøndar og ein "Proprietær", veit eg.

Men Klagaren – Grannen – han møtte ikkje!
Mennane, som hadde vori inn-um der uppe paa
Vegen hit, sagde at han var til Skogs.

Heile denne Forliksklaga skulde daa berre vera
Komedie? til aa skræme meg, kannhende? –
Mennane skyna det ikkje; og eg skynar det
ikkje heller.

Snø, Snø, Snø.

Igaar-Morgo hadde det lagt seg som eit myrkt
Overdrag yvi Snøen; i Bladi ser eg at det same
hev vori Tilfelle vidt ut- og upp-etter Sørlande;
Bladi talar um vulkansk Oske o. a. rart.

<side nr=232>

Men mildt held det seg. Mildt, tett, graatt,
stilt; men det drys og drys med Snø, so ein
kunde tru me skulde snjoge ned . . .

21. 2. 07.

Meir og meir skynar eg, at eg treng denne
"Dagboki".

Fyrr bruka eg Bladi til "Dagbok": Tankar som
elte meg, "skreiv eg ifraa meg" der. Og det var
ein god Maate; so lengi eg trudde at ein gjennom
Bladi kunde gjera noko.

No veit eg at d e t er Draum. Dei som i det
heile hev det med aa kunna gjera noko, dei kann
bruka Bladi som dei elles brukar Munnen; Folk
av mitt Slag fær ikkje meir fram med aa skrive
enn med aa tala; me duger i det høgste til aa
forme vaare eigne Draumar i Skrift eller paa
annan Maate, so dei fær som eit "Liv" for
ei Tid.

Bladskrivning hev daa i Røyndi ikkje vori anna

for meg enn ein Maate aa faa fraa meg Tankane paa, naar dei hefte og harma meg; og eg kunde ikkje faa deira fraa meg paa onnor Vis, daa eg ikkje kann "snakke". Eg hev aldri fengi noko "gjort" med Skrivingsi mi; det saag eg t. D. no i 1905. Alle mine Ungdomsjaar upp igjenom hadde eg "arbeidt" for Norskdøm og Fristat; og det Folke som var vaksi upp i mi Tid trudde eg at eg i det heile hadde med meg her. Daa det kom til Stykke, valde Folke seg eit nytt danskt Kongedøme.

For Folke er Bladi no det Samtale var fyrr: ei Hjelp til aa drive Tidi med. Det dei las i Gaar er gløymt i Dag; dermed maa dei i Dag hava eit nytt Nummer. Og soleis alt fort. Aa setja sine Tankar i Bladi er aa hive deim i søpl-kassa.
<side nr=233>

Men daa skriv ein deim likso gjerne upp i ei Dagbok. So kann ein sidan finne deim att sjølv, naar ein bryr seg um det; det er den einaste Maaten au; for noko so fælt som Blad kann ein daa ikkje liggje aa gøyme paa.

So skriv eg i Bladi ein Gong imillom naar det so fell seg, eller liksom til aa minne um at eg er til; er det elles noko som elter meg, rablar eg det fraa meg paa eit Papper og legg det i "Dagboki".

22. 2. 07.

I Dag er Hulda 45 Aar. Ho tek nok aldri Mannen sin att; men det er endaa liksom ein kjem kvarandre nærare, naar ein naar upp-ikring det halve Aarbundrade. Og endaa hev ho for meg aldri vori yngre enn no.

Eit heilt lite Dame-Lag var her i Kveld, og fleire av vaare beste (Fru Fernanda Nissen, Fru Blehr o. fl.); fine Folk, og aandfulle, men ikkje

av dei serskilt "emancipera". Dei gjer helst Narr
av dette med den politiske Emancipationen<fmark ind="1)">, som
i Røyndi hev so syrgjeleg lite aa segja. Men –
eg trur me var samstelte um det: desse gamle
Lov-Stengi maa burt, so at ikkje noko slikt
kunstigt stend i Vegen og ertar og argar. Naar
alle kunstige Stengje er burte, vil dei naturlege
Grenseskil koma dess meir til sin Rett, – so
sant som daa ikkje Folke er utlivt. Men dette
Millombrøyte, – det vert ei fæl Tid.

Det som er det uhuglege er, at baade Mennar
og Kvende – dei bryr seg mindre og mindre
um Born. Av dei 6 gifte Kvendi som var her i
Kveld var 3 barnlause, 2 hadde eit eller tvo
Born, og berre ei hadde, etter gamalt, "normalt"
<fnote ind="1)"> G. tok nok litt imist her. – H. G.</fnote>
<side nr=234>

mange Born. Og dette at Kvendi driv "Kvinne-
sak", krev "Rett", vil vera "sjølvstendige", vera
Mennar so langt som dei kann, samstundes som
Mennane drøymmer meir og meir um Pengar,
Pensjonar, "Folkeforsikring", og vert mindre og
mindre "Vikingar", meir og meir Pennefolk,
Kunstnarar og Kontorfolk, Halvkvende, – det
k a n n peike mot Dauden. Det er uhuglegt at
det vert so mykje "Gjeldfé", og halvt Gjeldfé,
millom deim som skulde vera dei fremste i Folke.
Men kannhende er det alltid so? Kannhende
maa det vera so? – at "Folke" avlar Folk, og
Intelligensen mest Tankar?

Det vesle Hefte "Den burtkomne Messias" vert
i Dag utlyst i Bladi. Um det elles vert noko
større nemnt, undrast eg paa. "Jesus Messias"
hev Teologane fengi døyvt; og med denne gjeng
det vel ikkje stort likare.

Men det fær vera det same. Eg hev fengi

sagt mi Sanning, og er dermed nøgd. Og eg trur Folk tek til aa skyna no, at det er mi Sanning, og at det ikkje nyttar aa beda for meg til dei kyrkjelege Gudane.

Dei snilde Hognestad-Karane hev i det lengste vona aa kunna frelsa mi Sjæl; den eine sende meg Jolehelsing, den andre Helsing til Aarmaalsdagen min. Til denne siste Helsingi svara eg med eit Brev, der eg fekk sagt den sanne Ting, at det paa ein Maate er Peter Hognestad og hans – gode! – Preikur som hev tvinga meg til aa taka upp-att dette Emne som eg i Røyndi trudde meg ferdug med: Spursmaale Jesus. Etter det maa alt vera klaart. Mot meg vil desse gjæve Karane heretter berre føre den stille Striden for Live; og eg, som sjølv hev røynt, kva dette Tru-
<side nr=235>
domsspursmaale hev paa seg for den som enno ikkje hev naatt heilt fram i Dagen, eg vil ikkje kunna segja noko paa det.

For meg sjølv hev alt no klaarna og roa seg. Og eg ser at eg ikkje hev anna aa gjera enn aa vera nøgd med at det "gjekk som det gjekk".

Eg hev naat so langt som til Jesus fraa Nasaret; han gjev for meg Svar paa det Livsspursmaale som det i det heile finst Svar paa. Og det Svare er Svar, g j e v Livsmeining, d. e. for den ein-skilde som spyrr um Meining i sitt Liv.

23. 2. 07.

I Live hev eg ikkje stelt meg so eg er fornøgd. Men eg hev kannhende gjort det eg kunde. Eg hev skrivi tvo Bøkar: "Fred" og "Haugtussa"; dei er vel snart gløynde baae; men det eg hadde aa gjeva gav eg der, trur eg. Og ingin skal tenkje paa aa gjeva meir enn han hev aa gjeva. I "Den burtkomne Faderen" og "Jesus Messias" hev eg

dertil gjort det eg kunde til aa jamne Veg for Folk av mitt Slag, – jamne Veg, so dei kann finne fortare, og dermed vel lenger fram enn eg kunde vinne. Eg skynar meir og meir, at eg her hev gjort det eg kunde gjera; og daa min Veg laag her, so maa eg og tru at eg hev gjort det eg skulde gjera.

Og med alt eg kann vera mindre nøgd med: eg er glad for at eg fekk liva so lengi at eg kom so vidt "til Ro"; fekk sjaa ut-yvi Tilvære mitt i Samanheng. Som Live var lagt til Rettes for meg, so var det dette religiøse eg fysst og fremst maatte klara.

Det religiøse i vanleg, folkeleg Meining er denne truskyldige Barnerædsla for aa døy. Tilvære synest med all si Sut og all sin Stakkarsdom aa vera so <side nr=236> rikt og so mykje verdt, at skal ein faa nytte det ut, maa ein vera til æveleg. Mot dette ævelege Tilvære vert daa Live her inginting. Den folkelege "Trui" øyder soleis Live i Staden for aa gjeva det "Meining". Det gjeld aa "forsaka" Live her, stengje seg ute, døy burt fraa Live her, og søkje sitt rette Liv i Draumen um eit anna Tilvære.

Naar ein vinn seg ut av denne Ørska, vert ein frisk att, roleg, klar, aalvorsamt nøgd og viljeheil, som Fedrane i den gamle Kulturtidi.

Dei skyna, at her paa Jordi galdt det aa liva Live. Kva som etter kunde koma var meir eller mindre uvisst og uklaart. Men livde ein paa forsvarleg Maate det Live ein hadde, so naadde ein so langt som komande var. Og Live vart roleg Trygd og Arbeidsglede. Men Dauden kom som den rolege Kvelden med Kvile, eller kannhende med eit nytt Liv, som skulde bera lenger fram. Men Draumen um eit anna Liv var ikkje sjuk: gav ikkje Mothug mot eller Uhug til Jord-

live. Gjorde snarare dette dess meir gjævt.

Det er dette det gjeld um: Live maa verte oss gjævt, høgt, heilag; Aalvor og dermed Hugnad maa det verte oss. Ein hev naatt Sæla – og Vilkaare for ei komande Sæle au um ein vil hava den med –, naar ein er komin so langt at ein rolegt skynar og med god Vilje bøygjer seg under Livslovi. Ein tek daa Live med Hugnad, ja med Takk, daa ein veit, at det med all sin Strid fører oss framyvi. Um der er "Meining i Tilvære" veit me ikkje; men i mitt og ditt Liv er der "Meining": gjenom Strid fører det til Soning og til Ro, so sant me tek det aalvorsamt.

Det som gjer at denne Tidi synest gamal, er Pengesjuken, som er ein Alderdomssjukdom. Vinn me yvi den, kjem gjenom George-Læra den gamle Tanken upp: at Menneskje er det fysste, og at Arbeide er Sæla hans, – so vil det segja, at

<side nr=237>

Ætti vaar, eller det av Ætti vaar som enno hev Ungdom, gjeng inn i ein ny Tidbolc, skaper ei ny Sogu, reiser ein ny Kultur paa den gamle heilt menneskjelege Grunnen.

26. 2. 07.

Trøytt, trøytt, trøytt – – kjenner eg meg so ofte. Det vert meg allting so villt, so vitlaust, vonlaust, meiningslaust. Gjeng me fram, eller berre ligg me der?

Ein kann sjaa seg um i Aust og i Vest, og undrast stundom paa kva som verst er.

I det store Fridomslande i Vest er det Millionane som raar, meir beintfram og meir heilt enn nokon Stad. Vill Mammonsdyrking; heile Live forjaga Mammonstrældom. Held det paa, so kann det ikkje vara svært lengi fyrr Folke døyr ut og Villmannskap fær Magti. "Framgangen att-yvi"

vert tydelegare Aar for Aar.

I Aust, austan-um Stogudøri vaar, held dei paa og slagtar kvarandre. D. v. s. Slagtarane slagtar, og Slagtenauti freistar no og daa aa stange lite-grand. D'er det ville Slagtehus og Helvite. Og dette gjeng det kristelege Europa og ser paa. Full-rolegt. Et og drikk og horar og plundrar i Jesu Namn som det plar gjera, og ser paa Slagtingi i Russland so ender og daa, berre til Tidtrøyt. Serskilt kristelege Land som t. D. Norig, hjelper Slagtarane, naar det so kann høve, tek Russarar som trudde dei var berga naar dei kom til eit "fritt Land", og lempar dei ut i Slagtehuse att; driv so paa som fyrr med sitt politiske Smaagnaal, og sit um Kveldane og ser paa Bloddansen der burte i Russland, naar dei daa ikkje likso godt sit paa Teatre og hyggjer seg med "Den glade Enke".

<side nr=238>

Trøytt, trøytt, trøytt sig ein ihop rett som det er. Meir og meir tydeleg ser ein kva "europæisk Civilisation" er for noko Humbug; men det som er verst: Framgangen, det store Evangelie er sjølve Framgangen anna enn skrikande Humbug? Hev me ikkje snart livt ut vaar Tid, som Ægyptar, Babyloniar, Hellenar, Romarar; og tek det ikkje snart til eit nytt "historiskt Kapitel" att, med ny Villskap og ny Meiningsløyse, ny Liding og ny Daude og ny Undergang? Er Jordi anna enn Helvite; og alle me som fér og preikar um Framgang, betre Dagar, Næstekjærleik, er me anna enn Fandens Hoffnarr, som flyg og klingrar med vaare Bjøllur?

27. 2. 07.

Mykje rart kann ein finne i sine Gøymsle, naar ein kjem til aa rote etter; her er Uppskrifter fraa

ei Tid daa eg trudde at eit Maalblad burde skrive
norskt —:

"Me er norskdanske, um me aldri so mykje
kallar oss norske. Sjaa dei siste Par No. av
"D. 17de Mai":

Er noko p a a F e r d e? — Dei slær seg a t t e r
til Ro. — So p a s s Framtak. — Vera Liv lage
som Folk. — Aldeles. — Stemma i (dvs. istemme).
— Syngja med Liv og Sjæl. — Uppføra seg
(dvs. opføre). — Ei i alle Maatar gild Stemna. —
Folket stend bak (dvs. attum). — Den gule Faaren
t r u g a r Europa. — Styra Lande p a a e i g i H a n d.
— Lova med bindande Vegt (??). — S k a d e at
Ordi ikkje f o r p l i g t a r noko (?) — Gjera Virk-
ning paa. — "Maatehalden Tone." — Kvi skal
Lande s t u r t a s t i K r i g? — Landsforrædar.
— Tilfreds. — Kvar tridje Maanad — Han reiste
o v e r Helsingborg til England. — Gaa over
<side nr=239>

Gata. — studere Soga med Iver. — gjorde Lukke
som Forfattar. — ofra seg for Skodespelskriving.
— flutte, for aa vera Teatret nærare. — vann
Hjarta aat Sveitsarfolke. — Med honom gjekk
Tysklands største Diktar burt (i Lag med?!). —
Hertugen var r a s a n d e (skal tyde sinna). — han
umarbeidde Stykket sitt. — Etter aa ha livt. —
ein vert gripen (dvs. tekin). — "Scener" (av eit
Spelstykke). — han synte store Framstig. — taka
seg av ein. — saag i honom ein evnerik Kar. —
sjuk som han var. — Skulen var eitslag Univer-
sitet (dvs. noko som eit U.). — tok f a t t p a a Me-
disinen. — faa Plass som Dreng. — U t a n a t
nokon visste det s n e i k han seg burt. — var
Vitne til den store Siger han vann. — skulde
vel ha Lov til aa gaa ut ifraa. — Pass dykk! —
sjølv um han godkjenner —. — det heiter at —.
— Bøker "henta fraa framand Literatur". — ar-

beida seg fram under økonomiske Vanskar. –
leggja Henderne i Kors. – ein kann freistast til
aa tru. – paa Grunn av Fatikdom. – foreta seg
utan aa vilja det – me kann paa langt nær ikkje
venta. – naar alt kjem til alt. – vera i Vinden.
– leggja Brett paa. – Folke skal høyrast. –
øva Press. – Frukost. – imorges. – Du maatte
jo gaa. – er av stort Verd. – taka Deil i. –
som seg hør og bør. – kjekk. – glimra. –
Hurtiglaup. – Den fastslegne Tidi" – – –
– – o.s. fr.!
– – No fører eg ikkje Bok yvi slikt lenger.

3. 3. 07.

Nikolai Lundegaard vil gjeva ut eit Aargangs-
skrift, som skal "arbeide for Radikalisme i (dvs. paa)
alle Leider" og fysst og fremst for Grunnverde-
skatten (Henry George). Det vert svært lite
<side nr=240>
(2 Kr. Aare). Men eg er glad for at det kjem,
og ynskjer at det maa klara seg noko lenger
enn eitt Aar. Det skal liksom vera Framhald av
det "H e i m s s y n" (!) som hev gjengi "Kjellar" eit
Bil i D. 17de, og som ikkje hev set meg noko
sers forvitnelegt ut; men under Lundegaard maa
det koma seg. Og i Arendal (der L. bur) kann
han faa det billeg prenta, so det bør kunna
greide seg med faae Tingarar.

Det kann vera paa Tidi at eg fær ein litin
Heimstad att; so der vil eg vera med, so lengi
det no kann vara. "D. 17de", Stakkar, er so leid
av meg, at eg i Grunnen alt hev flutt ut av den;
eg saag, kor ille Steinsvik (som i si Armod hev
vorti vill Kapitalist) v Reid seg for kvart Stykke
eg skreiv (um eg so ikkje nemnde Henry George
dessmeir); sist sette han jamvel "Hale" paa noko
so uskyldigt som eit "Brev" um Hardraadesteinen

i Oslo. Og han hev tolt meg so lengi no, at eg
kjenner sjølv for ein Lette det vil vera for 'n aa
verte kvitt meg.

"Gamall" vert eg i det heile aldri nokon Stad;
sjølve dei "Stadine" der eg held til plar ikkje
verte gamle. "Fedraheimen" heldt rett godt ut,
men vart blodraud Anarkist til Slutt under Ivar
(tenk! eg skreiv "Mortenson") i hans siste Tid,
og verst under denne same Steinsvik som no er
so rett-truande; (aa, som denne lystige Verdi
dansar!) og slokna Gud veit kvar det var, – i
Skien, trur eg; so kom "Den 17de Mai" (som
Hulda hev døypt); den skulde liksom taka den
gamle (vituge, "bondepolitiske") Fedraheimen upp
att. Den er og rett til Aars komin no, av Maal-
blad aa vera; han gjeng i sitt 14de Aar og synest
hava stridt yvi sine Barne-Sjukdomar (han hev
daa og spila upp ein Gong, liksom Sogo hans i
det heile hev vori mangfeld og skiftande; han
var Dagblad ei Tid, og var daa soleis styrd at eg
<side nr=241>
gav 'n upp aa kalle); at eg daa no vert
(so halvt) vist burt, det er ikkje anna enn
ventande.

Steinsvik og eg er kannhende endaa meir ulike
enn Ivar Mortenson og eg (berre "Ivar" er han
ikkje lenger, Gud betre oss!); so fyrr eller sidan
maatte me daa skiljast, um vel skulde gaa. Eg
er Jærbuen, Flatlendingen, som veks rolegt og
seint, men held fram i det lengste; han er fraa
den ville Fjell- og Fjordbygd med sine Braakast
og Stup og Stormar og Glansdagar; at han er
vill Anarkist i 80-Aari og Kapitalist tjuge Aar
etter, det er for honom reint "normalt". Kva
Veg han heretter kann taka veit ikkje eg; men
at hans Vegar ikkje er mine Vegar, det veit eg.
Gjev han maatte gjera det godt!

– "Ivar" er og eit Kapitel i Livssogo mi; han er kannhende den eg hev "drøymt størst" um (for eg hev alltid havt det med aa drøyme um Storingar, som eg kunde "fylgje"; det viser at eg sjølv ikkje er "stor"; dei store drøymer berre um seg sjølve; men eg drøymer mindre og mindre um meg sjølv, lengtar meir og meir etter Ploggen og Ljaaen og Lyngheio og Brunko og ku Maala og Smalen og Kvedn-huso; hadde kje Fanden vorti so sterk paa Garborg i Far si Tid, so skal eg undrast um eg ikkje hadde seti der enno). Ivar var for meg ein "Floghaus", ein ny Vinje; "ille faciet," tenkte eg, og gjekk liksom berre og venta paa at han skulde "stiga fram" og reise det norske Messiasrike.

– Me hev trutt for mykje paa "Messias"ar og Oskeladdar, me norske Bøndar. No tek det til aa dagast for oss, at me ikkje liver i Eventyre, og at det nok sjeldan vert Prins av den som sit i Oska og grev. Det hev vori ei strid Vakning for oss, dette, og Gud veit um me klarar ho. Men Vakningi maatte koma; det var ikkje

<side nr=242>

Raad for det. Dei som no veks upp fær vise, um me greider det.

– – Eg fær skrive det vesle eg enno kann; men um Sumrane fér eg til Knudaheio og liver um-att mitt Heimeliv. Var eg so mykje til Mann, so braut eg upp Myri der burte og vart Bonde; og naar eg daa um Sundagen førde inn eitt og anna i Dagboki mi, eller sette ei Soga eller Visa ihob, so vilde eg kjenne meg svært fornøgd – i Draumen um, at det eg soleis skreiv kunde kannhende koma ut naar eg var burte.

George-Tanken, som vil gjera Bonden (Ættine, Folke) til Jordherre att i Staden for Bank-Jødane (som no meir og meir eig Norig), – den er,

saman med det Livssyn som Jesus fraa Nasaret
forkynnte, det eg heretter kann vera med paa.

Peter Hognestad (som for nokre Dagar sidan
sende meg eit rett rimelegt Brev), sender meg i
Dag eit Hefte "Meiningar um Jesus" (Luther-
stiftelsens Forlag!). Den fær liggje til ein annan
Dag. Skrale Augo – og ei Svimring som vel
maa koma av "for lite Blod"? – gjer meg lite
arbeidsfør; og det som tyngjer meg verst er
"Faust", som det gjeng so ille smaatt med.

Brev fraa Schjøtt.

4/3 1907.

Gode G

Jeg fik idag dine breve, der var skrevne igaar
og forgaars. Det er harmeligt, at du fremdeles
har det ondt. Havde jeg tænkt, at jeg kunde
virke en smule adspredende, skulde jeg nok
kommet ud idag. Men jeg har saa forbandet
<side nr=243>
liden tro paa mig selv og mine evner i den ret-
ning. Og ordboka tynger paa mig. Igaar expe-
derede jeg bl. a. f a n d en (næsten en spalte!) og
kom i et fandens godt humør – foreløbig. Jeg
er altsaa nu begyndt paa f. Der er intet andet
sted, hvor jeg befinder mig heltud vel, end ved
peisen hos dig og mor Labraatan; det er banalt
at sige det, for det falder af sig selv. Naar jeg
altsaa ikke kommer hver mandag, er det fordi
jeg vanskelig kan spendere en hel eftermiddag
hver uge. Hovedet og øinene er ikke sterke,
og det jeg forsømmer een dag, kan jeg ikke tage
igjen en anden dag. Nu vil jeg altsaa glæde mig
til næste mandag, og gid du da er bedre.

Jeg vil fælt nødig læse Hognestads angreb paa

dig. Spar mig, hvis det ikke er dig særdeles meget om at gjøre! Jeg er desuden nu i en saa mild og from stemning over min fandens artikel (som jeg haaber du vil more dig over) at jeg nødig vil spolere stemningen; og saa er det øinene mine da, maatru.

Hils viv!

Brev fraa Hallvard Bergh.

Lome, Valdres, 2/3 1907.

Herr Arne Garborg!

I "Dagbladet" fortel Huseby at eit township i Dakota heiter Garborg. Er so De ikkje veit det fyrr, kann eg segja fraa, at det var avlidne klokkar Berg i Gol og hans læresvein Lauvdokken, som fekk namnkjent townshipet soleis

Vyrdsamt

Hallvard Bergh

<side nr=244>

7. 3. 07.

I Morgenbladet stend det i Dag ein "Petit" paa 3 Linur: i Formannskape var der i Gaar Fyrilegg framme um at "Hovedstadens Navn f o r a n d r e s (!) til Oslo." "Forslaget besluttedes henlagt." Punktum.

Det skal Mgbl. faa meg til aa tru. Me hev langt fram til ein norsk Hovudstad enno.

– – Igaar kom fraa Kaupenhamn dei tvo fyste Bladi av "Korsaren", eit lite Blad, som er styrt "imod Socialdemokratiet – for Socialismen" af Hans Jæger og ein Danske (meg ukjend): J. J. Ipsen. Blade ser svært godt ut; og eg vil halde det.

"Imod Socialdemokratiet" hev det alt opna sin Ufred. Og det synest vise seg (eg hev elles

høyrte – eller lesi – um det fyrr, og ein ser det meir og meir i sjølve "Live"), at Socialdemokratiet hev havt si Tid. No hev Socialdemokratane vorti so mange, at ein kann køyre med deim; og strakst kjem Herrane i denne Verdi – Pengeherrane no – og legg Taumane paa Gampen: Gull-Taumane. Og Arbeidaren vert snytt som han alle Dagar vart. Korsaren hev alt eit Par dundrande Døme paa dette.

Det er i det eine som i det andre: "Sanningi" er til aa døy fyri; liva for Sanningi kann ikkje vanlegt Folk. Naar Fanden viser deim "Heimsens Rike og deira Herlegdom," – so fell dei ned for Fanden og tilbed.

Hans Jæger er ein av dei faae som kjem til aa døy Martyr. Etter honom vil det vel gange med "Korsaren" som med "Socialdemokraten", og med Anarkistane som med Sosialistane: dei vil falle paa Kne for Mammon og tilbeda? Og so kjem det nye Rothoggarar, som slæst med Anarkistane som Anarkistane no med Socialdemokratane og som Sosialdemokratane fyrr med

<side nr=245>
Borgar-Vinstre og som Borgar-Vinstre endaa lenger fyrr med Bureaukratiet o. s. fr., o. s. fr. Er det heile anna enn eit Syrgje-Lystspel i x Vendingar? ? ?

8 Dagar er det no, sidan det kom Stemning fraa denne Grannen min, O. – d. e. fraa Sakføraren hans – –

Møte skulde vera no um Maandagen, 4 Dagar sidan. Og min Sakfører skreiv, at han skulde skrive til Lensmannen som sist, so eg slepp aa møte. Glad var eg.

No hev eg venta Dag etter Dag paa nytt Forliksmøte her paa Labraatan. Men enno er her stilt.

Bitast og rivast og slaast um Matbiten, det er "Live" millom Mennar som millom Vargar. D. v. s. meir, meir, meir millom oss; Vargane held daa Fred segimillom, dei; men me, det høgste Rov-dyre, øyder kvarandre liksom me øyder alt anna Liv.

"Du skal elske din Næste som deg sjølv"; kann det nytte aa preike slik Kristindom i dette Menagerie?

9. 3. 07.

Enno ingin Ting aa høyre fraa Forliks-Kommissjonen. – Snodigt!

– – Erik Givskov tenkjer paa aa faa umsett eit Par av Bøkane mine paa engelskt; eg hev daa set igjennom dei tri der kann vera Tanke um og sett til nokre Ordtydingar; dette hev gjort, at eg kom til aa lesa desse Bøkane i Samanheng; tvo av dei: "Læraren" og "Fred", er det so lengi siden eg las, at dei no i sumt var mest nye for meg.

<side nr=246>

Og eg tek til aa faa Samanheng i Livssogo mi. "Fred" er min naturalistiske Jær-Roman, ikkje lite rik, og heilt sann; der er ikkje noko eg kunde vilja brigde. Noko lang er Boki; men kvar Line synest meg innhaldsfyllt; so den fær vera som ho er.

Jamsides den stend "Haugtussa", som er mitt Jærbu-Dikt. Desse tvo Bøkane saman er Heimen min og eg, Heimen min set med mine Augo, og eg sjølv stigande fram gjennom denne Skildringi av Heimen; eg er glad for at eg hev sett upp desse Bøkane, – og i Grunnen like glad anten andre bryr seg um deim eller ei; det er sistpaa ikkje det, det gjeld um.

Fyri desse tvo stend "Bondestudentar". Den

er meir historisk. Det er noko av min eigin Framvokster, med Framleggjing av dei Samfunds- og serlegt nasjonale Tilstand som dreiv meg inn- paa min Veg; Daniel Braut er, kann eg segja, den nasjonale Stakkarsdomen eg hev funni i Folke og i meg sjølv, og som det daa skulde gjelde um aa vinne yvi. Men i "Læraren" og "D. b. Faderen" hev eg lagt fram det gode Grunnlage eg trur paa i Folke, og trur aa ha set Merke til paa mange Maatar, og kjent ikkje lite til i meg sjølv, i mine "beste Stundir", det som eg daa maa ynskje kunde vinne seg meir og meir fram, og som etter mi Tru maa vinne seg fram, um me skal vinne vaar fulle Livskraft.

"I Helheim" er eit Millombrøyte. Eg freista paa "Heime" Veg aa naa fram til eit Livssyn, som utan Teologi og Trongsyn kunde vinne fram til det heile og sterke og friske i Folketrui, det som ein maatte byggje paa, um ein skulde kunna vente ei norsk Framtid. Men Tankane klaarna for meg etterkvart; og i "Læraren", og endaa meir i "D. b. Faderen", er dei so vidt avklaarna, at eg no, daa eg dertil gjennom Arbeide med <side nr=247 >

"Jesus Messias" hev komi til aa sjaa, at desse Tankane i Røyndi er Kristindomen, og at denne – sanne – Kristindomen er den høgste Mann- dom Verdi enno hev naatt, – kjenner meg roleg, hev fengi Samanheng i mitt Syn, og fengi eit Livssyn som gjev Arbeidsro. No fysst kann eg segja at eg kjenner meg vaksin. Teologane talar um "Sæle"; eg held meg til dei gamle som fann Sæla her i Live, og daa livde dette Live soleis at dei rolegt og trygt kunde døy; kva som sidan kjem, det kann ein daa trygt gange inn i, – u m det sidan kjem noko.

"Mannfolk", "Trætte Mænd" og "Hjaa ho Mor"

er fraa mi Utlendings-Tid; det gamle Framande som eg hadde livt paa var burtkomi, og eg hadde endaa ikkje noko nytt; alt var Spursmaal for meg, og det som det galdt um var aa arbeide seg igjennom desse Spursmaali. Og daa galdt det aa koma til Grunnen i oss sjølve, finne ut Livslovine vaare. Det var "Naturalisme". Men gjenom "Trætte Mænd" tok det til aa gry, at dette, som i seg sjølv berre er eit Stig paa Vegen, var eit slikt Stig ikkje minst for meg.

Der eg no stend, er Framvegen heilt fri; men der e r og ein Framveg.

12. 3. 07.

Gamle Aslak Aslakson, "Aslak Gullknap" fraa Solberg (Holt), Aslak Tonna kallar han seg no og er Gardmann og Landhandlar, – han strævar med Trui, Stakkar, og spyrr meg til Raads. Han hev i seinare Tid drivi paa med "Teosofi", men hev mill. a. au lesi "Jesus Messias".

Og den hev han ikkje noko større aa segja paa. Men no skriv han og spyrr: kva Meining er der so i det heile? Og han skriv so eg
<side nr=248>
tykjer eg kjenner meg att sjølv fraa den Tidi eg var paa dei Høgdir.

Eg svara i eit Brev, som eg legg ned ei Avskrift av her; eg er kje so lite forvitin paa koss han greider Tingen. Eg hugsar det for vel sjølv: det er i k k j e lett.

– Her noko sidan hadde eg Brev fraa ein Prest Konow, som hev skrivi um "J. Mess." i eit Bergensblad. Dette Stykke sende han meg; og eg maa segja det er utrulegt kristelegt til aa vera skrivi av ein Paulusprest.

Men Stakkars Mann, – no fær han dei "Kristne" paa seg.

Sjølve Lars Eskeland, som skulde vera etter Maaten ein frilynd Mann, er etter 'n i siste Nummer av Gula Tidend. Og segjer paa ein rett finsleg, men svært tydeleg Maate til 'n: ut! ut av Kyrkja! tak Avskil! Med so mykje Jesus-tru kann du i k k j e vera Prest i den kristne Kyrkja!

Det skal vera rart aa sjaa, koss det sidan gjeng. Eg kunde kje halde meg, men sende ein litin Stubb til G. T. i Saki; det er altfor lystigt: mot Jesus i Jesu Namn! – men det vert mangt aa sjaa av det Slage, tenkjer eg.

– – I "Papperhaugane" mine finn eg eit og anna rart; her um Dagen fann eg noko som burde ha vori med i Knudaheibrev.

Det um Konfirmationen er komi med: at eg greidde meg fraa det med aa lova Vaarherre aa halde Lovnaden naar eg vart eldre. Men so var det Altergonga. "Eta og drikke seg sjølv til Doms" – hu. I Rædsla for dette arbeidde eg meg upp til noko som eg lét gjelde for Anger, og greidde meg med den, til Altergonga var godt og vel yverstridd. Dei greider seg vel so, eller so paa Lag, dei fleste av desse Stakkarane som tenkjer.

Men denne fysste Altergangsædsla, – eg hugsar det vel: den gjorde sitt til aa drive meg <side nr=249>

heimanfraa. Slikt vilde eg ikkje hava upp att so, sant som det fanst Raad; og so dreiv eg paa alt det eg kunde med aa koma burt, og koma langt burt. Og daa eg var komin so langt som til Arendal, – eg hugsar enno den blanke vene Haustdagen daa eg kørde fraa Arendal til Holt –: eg kjende meg fri og uendeleg glad, fordi at no var desse Sjælebandi tekne av meg.

"Fridomen" min vart vel mykje Villskap, som rimelegt var, slik Tvang som eg fyrr hadde livt under. Men det var som det maatte vera. Eg

tok det eg kunde faa, og synda naar eg kunde koma til, og var kaut, di meir djervt eg kunde "synde". Noko "Samvit" pinte meg aldri, men berre Rædsla for at Galnebragdine mine kunde koma upp; og ho som eg var "gift" med og eg, me hev her visst i Grunnen havt det noko-so-nær paa same Maaten; ho var berre endaa meir fri for "Samvits"-Tankar enn eg. Daa visst i den fyste Tidi.

"Synd? – det var ikkje det som var Spursmaale. Ein Tosk plaaga seg for inginting; men den som forstod seg paa Verdi kunde hava 1000 Kvende og endaa vera ein Guds Mann som Salomon. Synd var ein Bondetanke; Verdi gjekk i k k j e etter Katekisma.

Og di meir ein synda, di meir kunde ein sidan angre. So vart daa Syndi i Røyndi den rette Himilvegen med. At ein skulde kunna døy so braatt at ein ikkje fekk "angre" det som turvtest, "voldsomt men kort", – det kunde eg aldri rett tru paa. Det var nok rart at Gud fann seg i slikt. Men det var det, at han brydde seg so lite um dette vesle Live vaart. Han var ein Gud for deim som skulde døy; det sat i meg, um eg ikkje beitfram tenkte det.

<side nr=250>

Brev fraa Arne Garborg.

12/8 1907

Du Aslak!

Spursmaali dine er ikkje lette aa svara paa.

Kyrkja hev lært oss Pessimisme. Ho segjer:

Live paa Jordi er meiningslaust; skal det faa Meining, maa me gjeva det upp og tru paa Himilen. Og um me vinn yvi Kyrkjetrui, so sit det att lengi, dette pessimistiske Grunnlage for

Kyrkjetrui: at Live og Tilvære er meiningslaust, ja vondt.

Og her kann ingin hjelpe oss. Det er ein Sjukdom som hev "sett seg i Augo" paa oss; og fyrr den Sjukdomen hev batna kann me ikkje sjaa klaart. Men mine eigne Røynslur kann eg alltid fortelja Deg.

Eg freista med ymse Ting, var jamvel liksom Du no, inne paa Buddhisme og Theosofi; og der er mangt godt aa lære. Men den som sistpaa laut hjelpe meg, det var Profeten fraa Nasaret.

Gjennom Arbeide med honom fekk eg Tak paa, at det i k k j e er "det andre Live" det spyrst um. Hans Tru um det andre Live var den vanlege israeltiske paa hans Tid; men Læra hans gjeld dette Live. Han tek det som Moses og i det heile dei gamle tok det Live me h e v, som det gjeld aa nytte; det som etter kjem vil, i alle Tilfelle, laga seg etter som me her livde. Ja etter Jesus vinn me Sæla alt her, naar me liver rett (Lk. 17,20-21). Og at den Sæla ikkje sloknar, um Live held fram etter Dauden, det segjer seg sjølv.

Etter Jesus gjeld det da aa liva det Live me h e v, paa rette Maaten; Det (dette) er i det heile "Vegen til Live". Og daa fær Live Meining i seg sjølv, Meining som er fullgod for alle Tilfelle.

I Jesu Tid trudde dei paa eit Messiasrike som skulde gange yvi i eit (jordiskt eller jordiskt-
<side nr=251 >
himilskt) Gudsrike; andre Tidir kann tenkje seg dette annleis. Men det visse maa vera, at e r der eit anna Liv, so vil me der koma til aa halde fram paa den Vegen som me her med heil og fast Vilje gav oss inn paa.

Men um der i k k j e er noko "anna Liv" (personlegt), so vil me, naar me i det heile hev lært

aa bøygje oss inn under Gudsviljen, bøygje oss
her med, og g j e r n e taka imot den fullkomne
Kvila.

F i l o s o f i s k e (Theoretiske) Spursmaal, som
det um "Meiningi med Tilvære", lét Jesus liggje:
og um deim kann me visst segja, at me treng
Spursmaali meir enn Svare. Men paa det ethiske
Spursmaale: kva skal eg gjera at eg kann vinne
Live? svare Jesus; og der treng me Svar, um
me skal kunna nytte Live vaart paa rette
Maate(n).

Og Jesus svare her so, at Svare gjeld for alle, og
for alle Livsvilkaar. Det er det same um Arbeide
vaart er "smaatt" eller "stort"; ein skal ikkje sakne
si Løn, um ein so berre gjev ein Drykk Vatn til
den som treng; jamvel det "minste" Arbeid for
det gode vil, naar det er ærlegt, leggje Meining
i Live. Og her stend Jesus yvi alle Livslærarar:
han gjev jamvel "dei minste" Rom i Gudsrike.

Daa dette vart meg klaart: at Jesus hev gjevi
oss det me alle, baade "store" og "smaae",
treng: m o r a l s k Livsforklaaring, daa skyna eg,
at han var den Meistaren eg kunde fylgje. Og
sidan, daa det berre er den theoretiske Livsgaata
som stend uløyst, hev eg funni den "Fred" i
Live som likevel ikkje er Daude.

Med Helsing

Arne Garborg.

<fnote ind="1)">Dette brevet hev G. sjølv skrive av i dagboki si.

H. G.</fnote>

<side nr=252>

14. 3. 07.

Eg er komin upp i "første Klasse". Etter
Skattesetlane skal eg i Aar ut med Kr. 69,00 til
Staten og Kr. 315,37 til Herade. "Antagen For-
mue Kr. 8000,00"; "antagen Indtægt Kr. 3900,00".

Underleg nok hev dei ikkje vilja setja fullt ut
4000 Kr.

I fyrste Klasse er eg komin ved di at Son min
no er so og so vaksin. Kva dei meiner med
"Formue" veit eg ikkje. Det er vel Huse med
denne Jordflekken helst; daa denne "Formue"
ikkje gjev Rentur, men i det høgste billeg Hus-
leige, er Skatten her berre Straff for, at eg ikkje
hev lagt meg paa Fatikkassa.

Mi faste Inntekt er desse 2400 Kr. av Riks-
kassa (dei piner ein ærleg Bondemann!). Med
andre Inntektir er det smaatt og uvisst. Den
siste Boki mi hev gjevi ialt noko yvi 2000 Kr.;
eg arbeidde paa ho i 3–4 Aar (etter at eg var
ferdug med Knudaheibrev); det gjev 7–600 Kr.
um Aare. Andre Inntektir hev eg havt so lite
av, og dei hev vori so heilt "uvisse", at det vert
lite aa nemne. Det einaste er det, som Schjøtt
lét meg faa for litegrand Arbeid aat Ordboki; og
det var visst nok for Arbeide; men noko større
til aa leggje Skatt paa, helst naar ein maa divi-
dere med 3 eller 4, – som ein maa, um Inn-
tekts-tale for dei fyrre Aari ikkje skal verte for
gali –, kunde det ikkje verte.

Det som er det uhuglege – mindre for meg
enn for rette vedkomande – er det ravgalne: at
me som skal liva av denne arme Rikskassa, me
lyt skatte av sjølve dei Skillingane me skal liva
av. Dei 3–4000 eg "tek inn", gjev eg ut att,
mest heilt ut til Livemaaten. Eg hev ikkje so
mykje som Raad til aa reise. I Staden flyt eg
um Sumaren til Knudaheio eller Kolbotnen; det
friskar daa litegrand. Elles vart det vel endaa
<side nr=253>
mindre Skriving. Men Skatt skulde ein vel be-
tala av det som ein tente ut-yvi sjølve Utgiftine
til Hus og Mat og Klæde.

Lovi er soleis. Alt det ein fær inn i Form av Pengar skal ein skatte av, um det aldri so mykje gjeng ut til Mat att. Men Bonden skattar ikkje av sin Livemaate, som rett er. Her er ein av Grunnane til det Hat og den Vanvyrndad for Bonden som er so sterk i dei Samfundslagi som lid under dette; og der stend ein. Der er inkje Svar. Ein fær trøyste seg med, at Bonden lid so mykje Urett paa andre Maatar ...

– No daa eg tek til aa eldast (Hovude er ikkje so sterkt som fyrr; "for lite Blod" gjer vel elles sitt), vert det litegrand uhuglegt med so mykje Skatt. Eg vert meir og meir innestengd; maa spara og spara og spara. Dei hev nemnt for meg, at eg maatte kunna gjera som fleire av dei gamle hev gjort: selja Forlagsretten til alle Bøkane mine for all Tid; daa burde eg kunna faa so mykje so eg var trygg for oss "Gamle" si Tid, og for Guten til han var "framfødd". Tja. Fær tenkje paa det, veit eg.

Er det ein Embættsmann som syndar vert det dult ned paa beste Maate og gløymt um ei lita Stund. Folk er vane med slikt fraa gamalt; og dei veit, at det er Vaarherre som gjev oss dei Herrane som me til kvar Tid fortentar aa hava.

16. 3. 07.

Alt det rare Svalle me hadde um den "norske Fridomen" fyrr, paa Vers og Uvers! – det er reint rart aa tenkje paa det, naar ein vert so <side nr=254> vaksin at ein ser. Og so dertil hugse paa, at ein sjølv hev vori med og gjort Ord um denne Fridomen, kvar Manns frie Rett o. s. fr., o. s. fr.

I det "nye Norig" raader det gamle danske Embættsvelde ("Bureaukrati"). Me hev havt

"Bondestorting" og Ueland og Jaabæk o. s. fr., og Lønine er nedsette; men Tale paa Embætts-herrane veks, og kjem til aa vekse, til Rikskassa spelar upp, fysste Gongen, andre Gongen, tridje Gongen, for Aalvor.

Fraa Forlikskommissjonen – enno ingin Ting. Naa! ein Gong fær eg vel Greide paa det; det som vondt er, hastar det aldri med.

I "Unglyden" held dei paa aa skrive um Jesus Messias. Tvo Goliatar er imot meg (Presten Anker, Lars Eskeland), og ein liten Namnlausing med meg. I Dag hev eg sjølv sendt eit Stykke, – um det kjem inn.

Di eldre eg vert, di meir kjem eg i Faatal. Fraa "D. 17de" til "Heimsyn", fraa Stormagti Peter Hærem til Axel Andersen som knapt kann faa Forleggjar Men! – "veksande Faatal" bør tyde: lenger og lenger fram.

Hulda hev skrivi eit Hefte um norskt Matstell, det gamle norske Bygdestell, som heldt dette Folke uppe, og godt uppe, gjenom Hundradaar, men som no meir og meir vert gløymt og burt-bytt i halvt og mistydt og jammerlegt "Bystell".
<side nr=255>

Um det nyttar aa skrive um slikt? nyttar aa tala Sanning til Folk? – Stort Spursmaal. Hulda hev fyrr skrivi ei Kokebok, helst for Landsfolk; og den var god; det veit eg som hev "livet etter den" i alle desse Aar, og livet godt som ein Bisp og billegt som ein Skulemeistar. Men den Boki er gløymd. Reint nedsnødd under all den Mengd av By-Kokebøkar paa danskt, som Aar for Aar driv ned-yvi Lande.

Men – ein fær gjera det ein kann; so veit

ein hev gjort det ein kunde!

20. 3. 07.

Augo held seg halvskrale. Og Øyro susar og durar; ein Dag mindre, ein Dag meir; um Kveldane mest; naar eg hev lagt meg, er Hausen min som eit Orgespel: paa den eine Sida Bas, paa den andre Sopran; men under eller attum alt: susande Knitring og knitrande Susing; eg vert stundom mest rædd: er alt dette berre inni Øyro mine? Men so somnar eg fraa det; og um Morgonen er det likare. Hulda fortél, at eg ligg og preikar um Nætane; det høyrst underleg for meg, som mest aldri veit av at eg drøymer.

Hovude er ikkje meir enn so midt i Lag; ofte Klemming og Tyngjing. Med Arbeide gjeng det smaatt; "Faust" for det meste; eit Par Xenophon-Timar um Vika med Tuften; eit Grand Blad-skriving; syrgjeleg lite Lesing. Eg vinst so lite med det; "det vert ikkje noko".

Og det eg les gjer meg modlaus helst. Det er nye Tankar som maa kunna skapa nye Tidir: Henry George; Krapotkin men dette sit eg her og les, ein halv eller snart ein heil Manns-alder etter at det er skrivi; og for meg er det

<side nr=256>
nytt; for flestalle andre er det ikkje til dessmeir, – ser det ut til. Bladi veit ikkje um det; i Møte og Foredrag vert det aldri nemnt; Stortinge er heilt utanfyri ... eg hev ei tung, døyvande Kjenning som av Døying eller Dvale; me ligg i Banen; me ligg og halvørskar i den siste Herøta; no kjem snart Vaarherre og løyser opp ...

Er det likare ute i Verdi? Gud veit. Der er Braak, Braak, Braak; Millionrikdomar og Sveltar-millionar; Skravl og Mas og Mas og Skravl, og

her og der ein Dynamitsmell; ein hende Gong
ein som skrik upp og segjer eit sant Ord; i
Morgo er alt gløymt att. Er det eg som er sjuk
og halvgalin og gjeng og ørskar, eller er det
Verdi som sjuknar, sjuknar, sjuknar det er
meg ikkje alltid heilt klaart.

Eg fær drive paa og arbeide det eg kann; der
er ikkje anna aa gjera. Men det er mest som
eg skulde liggje og snakke i Svevne um Dagen
med; eg høyrer knapt sjølv det eg segjer; og
Svar fær det sjeldan; og alle synest likso uved-
komande som eg i Grunnen kjenner meg sjølv.
"Lat oss eta og drikke; for i Morgo døyr me"
– er det noko anna enn det, tru, som ligg under
i alt dette Surr? – denne Susing og Surring
som stundom gjeng liksom saman med denne
Susingi og Duringi for Øyro mine ...

Jesus fraa Nasaret er snart sagt det einaste
som stend fast og klaart for meg no. Og so er
det den visse Voni, at noko gamall kann eg vel
ikkje bli. Eg skulde ynskje aa faa ut ein norsk
Homer, d. v. s.: aa faa ein Umsetnad ferdug;
nokon som bryr seg um aa prenta slikt er der
knapt; og so burde eg ha fengi ut ei gjenomsedd
Utgaaave av mine eigne Ting. Men det kann vel
mest vera det same; Folke fær mindre og mindre
Stundir til aa lesa anna enn litegrand Dagsnytt i
eit Blad, og so ei Jolebok i dei lange, lange Da-
<side nr=257>
gane i Joli og Paaskehelgi, daa Verdi med ein
Gong liksom stend still.

– Det er vel "Vaarknipa" mi som no hev
teki til, veit eg.

22. 3. 07.

I "Samtiden" las eg i Dag "Et Brev um Udø-
deligheden" av B. B.

Han segjer han er ikkje Filosof. Han er det som meir er: Menneskje. Og han hev livt so lengi og so vel, at han hev naatt fram til eit Livssyn, – som er minst likso godt som noko Tenkjar-"System". Dertil er B. B. Maalkunstnar; han fær paa eit Par Brevsidur sagt klaart og greidt det ein Filosof vilde turva 3 digre Bok-band til.

Klaart, greidt, med Kraft segjer B. B. dei Sanningane som alle tenkjande og ærlege (dvs. modige) Menneskje fyrr eller sidan vinn fram til. Eg for
<side nr=258>

min Part er enno so vidt Bonde, at eg gjerne vil halde uppe Voni um eit anna Liv; det er so mykje her som me ikkje fær Greide paa; me burde kunna koma lenger! – Men med Aari veiknar denne Huguen i meg. Di meir me fær vita, di mindre "Eventyr" vert det i Verdi; no er dei komne so langt som til Cella og Molekyle; og her um Dagen las eg eit nytt Stykke um Stjernetøkune, Gaatur er her nok av; men med alle vaare Sjaaglas naar me vel ikkje lenger enn burtanum Eventyre; det siste Spursmaale vert verande utan Svar. Og kannhende er det best so? Fekk me det siste Svare, – misste daa ikkje Live den siste Rest av Eventyr; vart det ikkje berre kjeisamt? – Det er dette Spursmaale eg hev stansa paa. Og skulde me daa liva æveleg, og faa Løysing paa Gaata ja naar me daa hadde fengi den Løysingi, kva skulde me daa sidan med ævelegt Liv?

Di eldre ein vert, di meir slær ein seg til Ro med det Live ein hev; det andre nyttar det ikkje aa tenkje paa; me kann ikkje gjera oss Tanke um det. Lat vera at det ikkje er fullvisst at "Anden" i oss sloknar med Alderen og sistpaa Dauden; Anden hja den gamle som gjeng i

Barndøme, kann liva som ein Fange endaa; og naar Dauden kjem slær han paa nytt Vengine ut. Men alt dette er Draum, og vert ikkje anna enn Draum, so lengi det me no kallar "oss sjølve", liver. Og kva som sidan kann koma, eller um det kjem noko, det veit me ikkje, og fær me ikkje vita (sjølve Spiritistlæra vinn vel aldri fram til noko i dette Spursmaale); me samlar daa vaar Kraft paa dette Live, og held oss til Jesus; hans Tanke gjev Live so mykje Meining som det her kann faa, og tryggjer paa beste Maate for det som kjem, – u m det kjem noko. Best for Live her var det aa faa burt all teologisk

<side nr=259>
Draum; daa fysst kunde me heilt samle oss paa det: – aa gjera Tilvære her til "Gudsrike", "Himilrike".

– Eg fær sjaa um eg kann faa eit Tilføre til aa takke B. B. for dette Stykke. Eg er komin underleg paa Kant med denne Mannen; i Grunnen held eg av 'n, um han ikkje serskilt høyrer til mine Folk; men han hev noko av det som dei gamle Stortrolli hadde, og som lokka alle Oskeladdar paa deim: dei var veldige og rike, digre og svære; men dei "tölde ikkje Dagsljose": der var so mykje av dette vanlege Kvardagslive dei ikkje saag; og so vart det so morosamt aa "narre" deim. Det er noko av det same som fyrr hev lokka meg hjaa Teologane; med heile Himilrike paa Ryggen er dei so hjarteleg taapne og blinde; naar Oskefot raakar paa deim, so m a a han narre deim, og det um der so i k k j e er nokor Kongsdotter aa vinne.

Men naar ein vert eldre, vert ein meir leid av denne Leiken; ein skynar, at desse stakkars Trolli, dei meiner det vel paa si Vis, og so læt ein deim helst hava sine Trollborgir og Ryggsekk-

Himilrike. Det er berre det, at heile Verdi maa dei ikkje faa leggje inn under seg, um vel skal gange.

23. 3. 07.

No hev eg næste Boki mi – den "rette" Boki mi, mitt "Sanne Livsverk" (Gudbetre oss! det trur me mest kvar Gong me legg i Veg med eit nytt Arbeid) – heilt ferdug, i Tanken.

Eg meinte fyrr, at ho skulde heite "Gudar og Profetar", og gjeva den aandelege Framvoksteren i Verdi (fraa Bilæte, "Gudar", til Tankar, Kultur).

No kjem eg til aa taka noko meir med; Verdi

<side nr=260>

hev ikkje naatt lenger fram enn til (meir eller mindre) "Halvkultur" enno; og dei siste Par Tusund Aari er ein veldig Reaktiøn; men me er paa Veg frammyvi mot heil Kultur (dvs. Kultur for heile Menneskje, for Hugleik, Tanke – og sist-paa Vilje).

Viljestriden hev vori den seigaste; gjennom Hugan hev Viljen dei djupaste Tægane i Blode, i Kjøte, Dyre i oss. Striden hev vori førd med Hogg og Slag og Lekkjur og Band og Øks og Reip og Baal og Brand og all den Develskap som er; men 1) er Viljen det grunnville i oss, og 2) var dei Skulemeistrane som skulde aga Viljen, sjølve meir og mindre heil- og halvville. Men aa fylgje denne Mannastriden med seg sjølv fram igjenom, det vert forvitnelegt; og aa fylgje dei gamle Vegane fram igjenom til ein tek til aa "sjaa Land", sjaa den sanne Mannheimen som vel ein Gang byggjer seg, – det vert for meg ei hugnadsam Ferd, rik paa Vandskar og paa Vinningar.

– Vonar eg daa!

31 . 3. 07.

Det hev komi Liv i Teologane; nye Teologbøkar
vert utlyste kvar Dag. Og det yrer og kryr kvar
eg ser med Teolognissar.

D'er inga Raad med det.

Kyrkja stend trygt; ho er bygd paa Grunn-
fjell: paa Syndi. Mengdi m a a hava ein Prest
som segjer: synda djerveleg, berre tru; for Syndi,
det er Live for Villmannen. Berre dei som etter-
kvart fær Tanke um eit høgare Liv, kann finne
paa aa gange til Jesus; for di meir dei høyrer
paa Teologane, di meir kjem dei etter det som
eg sjølv kom etter daa eg dreiv paa med aa lesa
<side nr=261>

"Apologiar": dei "svara paa det eg ikkje spurde
um".

– B.B. skal inn til Byn og faa G y m n a s i-
a s t a n e med seg mot "Maale i Skulane", Un-
deraaringar skal hava Røysterett i Skulespurs-
maal no; so vil denne Overaaringen – saman
med andre Overaaringar og Rektorar – hava det.

Ja-ja. At dei provinsdanske held seg til Moder-
lande sitt, og Moderlandsmaale, er rimelegt. Dei
danske i Norig hev alltid vori som Jødane i
Babylon, og dei er det enno: sit ved Strandi og
græt og drøymer um Jerusalem-København:
"ak, glemmer, Jerusalem, glemmer jeg dig,
min visnede Høire mig glemme!"

Det fyste dei gjorde, daa Norig var komi
laust fraa Sverig var daa aa faa heim ein ny
Christian Fredrik, – ettersom det ikkje lenger
var Raad aa koma inn under den rette Christian
eller Fredrik att. Sterk, sterk er den nationale
Kjensla.

Hjaa Gymnasiastane vert ho dertil styrkt av
det vanlege Skulegut-Hat til nye Læregreinir
("Fag"!); og dette H,t er naturlegare no enn

nokon Gong, ved di at Læregreinine hev vorti so mange at Næmingane ikkje lenger kann melte nokonting, men berre held paa aa kovne, kann snart ikkje svelja all den Mengdi lenger. Og so kjem dei endaa no og vil, at han skal svelja noko som byd 'n so hjarteleg imot som norskt! Hurra for Bjørnson.

– Eg slit med "Faust". Det same gjer Arc-tander, som Gong etter Gong sender meg nye Rettingar til Umsetnaden sin. Stor Hjelp er der elles ikkje i alt hans ærlege Arbeid; han er Filolog men ikkje Skald.

Han hev gjort godt Filolog-Arbeid. Men no skal eg sjaa aa faa "Literatur" paa Arbeide,
<side nr=262>

Sving paa det, helst goetheleg Sving, i det heile Poesi, eller daa Vers. Det er eit "tusandjefla" Arbeid.

Shakespeare var ikkje lett; men engelskt ligg m y k j e nærare norskt enn tyskt gjer; Goethe er mykje tyngre aa faa norskt paa enn the great William. Dertil er Faust paa Rimvers; det veld serskilt Mas. For gode Rim er daa det minste som maa til, og lette Vers.

So er og G., minst likso mykje som S., Mynsterskald, "Classiker", i det provinsdanske Halv-Tyskland; ein kann ikkje taka 'n so fritt som ein kunde taka ein Kvensomhelst. Sjøelve Umsetnaden maa vera noko burt-imot mynstergild; fullgodt norskt maa ein koste paa 'n. Det hev Arctander lite hugsaa paa.

So sit eg daa fast rett som det er. Vers etter Vers tek Tid, ofte so mykje Tid at det vøre Skam aa nemne. Sumt greider eg daa so vidt. Og sumt "so burtimot". Men sumt greider eg i k k j e skikkeleg.

Gong paa Gong hev eg vori paa Veg til aa gjeva Arbeide fraa meg. Ei skikkeleg Goethe-Umsetjing kann me ikkje faa paa ein Manns-

alder enno, hev eg tenkt. Men so er det harmelegt aa gjeva seg au. Og rett som det er tek eg paa att.

Men ofte vert eg nøydd til aa vera so vidt "fri" i Ord og Vendingar (i Vers-Umsetnad gjeld det: 1) Verse, 2) Tanken, 3) Ordi), at Vaarherre veit kva Arctander vil segja, naar han fær sjaa det. Kann godt hende han kastar det; Størsteparten daa visst. Og so sat eg her, med Tid og Arbeid burtkasta.

Eg hev daa no funni paa, at eg reinskriv eit Par Ark av det eg hev gjort, og sender 'n til Gjenomsyn. So fær me sjaa. Vert me ikkje samstelte, so kann eg med Ro gjeva Arbeide fraa meg.

Og daa kunde eg taka paa med mitt!

<side nr=263>

Tanken um ei Samlings-Utgaave av Bøkane mine – Nygaard tala um det alt for eit Par Aar sidan; men eg tykte det var stridt tidleg – kjem for meg att no, daa eg ser, at Knut Hamsun, som er yngre enn eg, alt skal i Veg med ei slik Utgaave. (Swanstrøm vil at eg skal skrive Inngangspreika; men det vaagar eg meg ikkje paa; Hamsun ligg altfor langt ifraa mine Vegar).

Men ei Samling av mine Skriftir vart ikkje so lett aa faa i Stand. Eller eg maatte hava tvo Samlingar 1) S o g u r (paa Vers og i vanleg Stil); 2) T a n k a r (Land og Folk; Mannaheim og Tru); denne siste Samlingi vart kannhende den digraste, um eg skulde faa med t. D. alt det som eg bryr meg noko um av Bladskrivingi mi. Her kom daa og den Boki med som eg no tenkjer paa (og som saman med "Jesus Messias" vart som eit Utsyn yvi Truomssogo i det heile); sidan kjem eg kannhende til aa freiste med eit Arbeid yvi Samfundslæra (historiskt, det med: 1) gamall Skipnad;

2) Millomalder (til og med vaar Tid); 3) det gamle vinn seg fram att paa ny Maate (Sosialisme – Anarkisme – Georgisme).

Men um eg greider det Arbeide (med all den Lesnad det vilde krevja), – det kann eg ikkje vita no.

13. 4. 07.

Enno ein litin Maalstrid hev me havt; Takk have gamle Bjørnson.

Det trengst nok. Hadde me kje slikt eit Baske- tak ender og Gong, so somna me visst av alle.

Det er ikkje mykje Liv i eit Folk som hev sovi i 500 Aar. Og Snobbar er me som alle Germanar. Det som ikkje Prest og Fut og By- herre talar er ikkje fint; og fine vil me vera um me gjeng paa Tresko.

<side nr=264>

Stortinge danskar likso gildt som Regjeringi; og me Bondeseminaristar hermer vaare Seminar- lærarar so godt me kann. Kvar "Ladestad" og snart kvar Landsbygd hev sitt danske Blad, um- framt dei Regiment av Danskeblad som Byane sender ut –

Eit og anna lite norskt Stykke ser ein no stundom i all denne Provinsdanskflaumen. Men dei er meir og mindre dansknorske, liksom det vanlege Maale er norskdanskt. Norskt hev ikkje meir enn tvo Mann i Lande skrivi: Aasen og Jens Tvedt – og sume andre, naar dei var i Godlage sitt: Vinje, Ivar Mortenson, Steinsvik, Hovden –; alle me andre skriv meir og mindre dansknorskt. Sume, som D. 17de Mai, sét jam- vel det dansknorske upp som det rette; me s k a l skrive dansknorskt, so langt som Folke "skynar" det. Men etter 500 Aars Danskupplæring "skynar" Folke korkje eitt eller hitt, og danskt betre enn

norskt ofte.

Daa Danmark i 1814 flutte inn i Norig heilt, – ja hadde ikkje Vaarherre daa sendt Svensken, som det danske Embættsvelde laut gjera eit Grand Motstand imot, um det ikkje skulde verta trengt ut av eit svenskt Embættsvelde (det laut daa søkje Studnad hjaa Bonden, so nær som den Flokken som gav seg yvi og sagde: heller svensk end bondestyret) – hadde me ikkje fraa 1860-Aari av fengi ein jamt veksande Svenskestrid, so hadde Norig no vori heilt provinsdanskt; sjølve Bygdine hadde tala Vikamaal, meir og mindre heilt ut, – som elles mange Bygdir jamvel no gjerer.

No hev me i det siste halve Aarhundrade stræva – som so mange andre mindre Folk i seinare Tid – med aa faa upp att vaart eige; og Framgang er her. Men mykje i oss er broti og, og undergravi; me er halve og veike og arme <side nr=265>

og vert snart trøytt, og mange gjev upp naar dei vert "voksne" og "kloge"; – hadde me ikkje slik ein B. B. til aa piske oss upp so ender og daa, so kann det knapt vera Tvil um at me "somna".

– Det som spaar godt no, er at sume av dei norskdanske tek til aa skyna Maalsaki. Skyna, at dette vesle Folke maa arbeide seg saman, um det skal hava Livsvon.

Etterkvart maa fleire og fleire skyna det, so at "Maalstrævet" etterkvart ikkje vert stridare enn at eit veikt Folk kann klara det. Men det "norske Spraak" me sistpaa fær, jamvel i beste Fall, det vert – i si Ordbok – eit Blandings-maal verre enn baade danskt og engelskt, so at me Maalmennar no, me fær berre takke Vaarherre at me ikkje kjem til aa sjaa det.

"Vaarknipa" er leid med meg i Aar; serleg er Augo skrale. Det er denne austlandske Snø-Solglansen, som er so strid; aa, eg Arming, kvi sat eg ikkje heller heime paa Garborg?

Eller kvi fór eg ikkje til Amerika og lærde engelskt, naar eg endeleg skulde ut? Hadde eg fari dit i Staden for paa Seminarie, so hadde eg lært amerikanskt-engelsk likso godt som norsk-danskt; og daa kunde eg kannhende ha gjort store Ting.

Jamvel med mitt vesle norske Maal hev eg vorti so vidt kjend, at eg fær Innbjoding til The international Congress for "Council of Unitarian and other liberal religious Thinkers and Workers"..

Men lyt segja nei Takk!

<side nr=266>

Ein Kaptein Holtfodt skriv i S a m t i d e n um "den neutrale Zones militære Værd" og segjer som sant er, at slikt eit Vedtak stend, til dess nokon finn for godt aa brjote det. Politiske Traktatar er i det heile, naar dei ikkje hev Kanonar attum seg, historisk Makulatur og aldri det Slag anna.

Det me kallar Kultur naar me vil døyve Bøndar, det er, med andre Ord sagt, so traust og tjukk ein Villmannskap som nokon Gong hev sliti Skinn eller Silke. Eit "Folk", som riv ned sine Forsvarsverk for eit godt Ord, hev dermed berre vist at det er Sau i Ulvegard, og det vil "liva" nettupp so lengi som Ulvane ikkje kann koma til Lags um kven av deim som skal taka det.

Det vil vara eit Bil fyrr dei vert samstelte um Norig; dette Lande hev slik ei makalaus Havstrand; det er "Heimkringlas panna": den som aatte den norske Strandi og kunde nytte ho ut,

han var langt paa Veg til aa vera Heimsherre.
Eg hev vona paa, at desse Folkerestane som no
bur her, kunde faa Naade til aa nytte denne
"Galgenfrist" til aa vekse seg ihop til eit Folk,
og til aa reise nye og betre Festningsverk; men
vil det gange likare med den enn med so mange
andre Fatigmanns Vonir?

Me ligg alt i full Maalstrid att. Dei norsk-
danske Bladi skriv, at det er ikkje lenger so
visst med den gamle Læra at dei norske var
Fleirtale i Norig; og den Bjørnsonske Tanken
um "Folke-Avrøysting" – den daa Embætts-
herrar og Pengeherrar kunde faa lempe ikkje so
lite paa i eit halvferdigt og meir og meir ut-arma
Folk – skal vilja vaaga seg fram i sjølve Tinge.

Folke, Stakkar, kjenner seg under Framande
no som i alle sine siste 500 Aar. Noko "Heim-
land" hev det ikkje lenger, slik Slag um det er
<side nr=267>
norske Danskar, danske Danskar, Svenskar eller
andre Utlendingar som raader i Norig. Og med
alt "Sjølvestyre" veks berre ein Ting: Skattar og
Tyngslur og Rentur til Bank-Jødane, Vikingane
no. Det er ingin Ting aa segja paa, at Bonden
daa sél Jordi si so fort han kann og rømer til
Byen og halvsvelt eller til Amerika og heilsvelt,
eller kannhende bergar seg; betre aa vaage Voni
enn gange her og slite og v i t a at han berre
søkk djupare og djupare i den Trældomen som
heiter Skuld med eit "Fridoms"-Ord.

"Fridom", ja. Den nye kapitalistiske Form for
Trældom. Stakkaren slit og slit seg til Blods,
og Eigaren stend kristenkjærleg og tek meir og
meir kvar Skilling han slit ihop, og skriv Kvad
etter Kvad um hans "Fridom"! – og er reint
andsvarsfri, naar denne "frie" Trælen hans hev
sliti seg ihel. Hurra for Fridomen! – Herke-

dom.

Meir og meir skynar eg at Folke blæs i Forsvare. Kann ikkje den eine Slaveherren vera likso god som den andre? Kvi skal han koste seg Skinne av Kroppen til Forsvar for danske mot svenske Slaveeigarar? Er det kje eitt Feitt kven som plundrar han? – Helst fer han til Amerika, der det ikkje er noko av det Narre- verke som heiter Forsvarspligt. Kva Fanden hev han med aa koste ut so og so mykje um Aare og sende Sønir paa Eksisen for at Danskar eller Svenskar eller kven det no er, Træleigaren i alle Tilfelle, skal kunne "forsvare" det dei hev stoli seg ihop? "Forsvare" er for den arbeidande Mannen den fælaste Samfundsllygni.

– Og Politiken: – me "Fridoms"-mennar med vaart "Fridoms"-Snakk; kva bryr Folke seg um oss lenger. Han ser koss det gjeng. Ein Gang arbeidde me for "Statsraadernes Deltagelse i Storthingets Forhandlingler"; daa skulde det bli <side nr=268> meir Andsvar i Styre; og daa skulde ikkje Stortinge sitja saman so lengi um Aare, og Skattane skulde minske o. s. fr., o. s. fr. Tull. Aldri hev det vori mindre Andsvar i Styre enn no, og aldri hev Stortinge siti saman so lengi som no; og aldri hev det vori so mykje Embættsmennar og Utgiftir og Skattar som no; den einaste Skilnaden paa Høgre og Vinstre var at Vinstre narra seg sjølv med, med' Høgre, det narra daa berre Folke. Og denne Svensken me fyrr hadde aa skulde paa; no er han burte; men vert nokon Ting betre for det? Sit kje Stortinge endaa lenger ihop kvart Aar, og gjer endaa mindre til Gagn for Folke? Tøv og Tull og Dill er alt ihop; noko "Forsvar" er det daa minst verdt; lat oss sjaa aa koma oss til Amerika.

Stortinge? "Folkemagt"? Dill. Stortinge er den Kverni paa Havsens Botn som mál – ikkje Gull men alltid nye Utgiftir, og alltid nye Utgiftir, og alltid nye Lovir paa eit Sakførardanskt, som me lyt halde ein alltid veksande Her av Embættsmennar og Sakførarar til aa tyde. Og med alle Lovir og all Tyding: Folke er Trælar verre enn nokon Gong.

Skal det nokon Gong vinne att Heimretten og Heimekjensla?

Det fylgjer lite Hugnad med aa vera Bokmeistar i eit Folk som so halvt hev gjevi seg upp, og som synest hava lite Kraft til aa arbeide seg fram att.

Men det kann vel for Bokmeistaren sjølv vera so nokorlunde slikt Slag.

Me kjem til aa bry oss lite um Bøkane Vaare naar me er daude. – u m me so skal live eit liv No. 2 (eller No. Xx? ?). Altfor vel vil me

<side nr=269>

sjaa daa, kor lite der er i deim, og kor halv-sanne dei er, jamvel naar dei er som alra mest sanne og djupe. Me vil flire aat vaare beste Visdomsord og vera dess meir glade di meir dei vert avgløymde og nedgøymde. Me fær trøyse oss med at me skreiv so godt som slik ein Tellus-Nigger kunde; men kjem det nokon og talar til oss um "Storverki" vaare, so vil me skunde oss og vråde Samtalen innpaa andre Ting. Det som me her i k k j e saag eller kunde bry oss um, det vil der taka vaar heile Hug og Tanke.

Det andre Live er ein Draum av same fagre, blide Slage som Draumen um Gullalderen. Men som Draumen um Gullalderen hev n o k o Sanning, – det kann vera noko paa same Maaten med Himildraumen med? Kvi skulde Tilvære

stræve so seigt gjenom Aarmillionar med aa
vinne seg fram til eit "Liv", som var berre dette,
og som me ikkje kann nytte ut betre enn me
plar nytte dette? Innst inne i kvar Celle maa
det liggje ein Draum um at her er noko meir
aa naa?

– Berre ein Ting er viss: det løner seg best
aa liva som me trudde paa eit anna Liv; og
det i alle Tilfelle. Liva som i Trui paa eit anna
Liv, og elles vente med rolegt Mod til den siste
Døri læt seg upp; skal du so inn til nytt Arbeid,
so vil du vera glad for det; men gjeng du inn til
den fulltrygge Kvila, so sæl vere deg! – Amen.

21. 4. 07.

Naar eg ein Gong imillom raakar paa gamle
Kingo uppi ei Bokhyllekraa, er det med ein
Gong som eg var heime i Stovo paa Garborg
att'e i Barndoms Dagar. Og eg stend i lange
<side nr=270>
Stunder og bléder og lés. Og kjenner meg som
Eg var komin ovanum og attanum meg sjølv og
stod og saag n e d-yvi meg og Live mitt den
Gongen.

I Dag raaka eg paa eit Vers som eg enno
kann "forutto":

"Jeg bæver ei, om jeg end saa,
al Verden skulde undergaa,
og ei om Himlens Vrede
i Luft og Hav og jorden skjød
Fordærvelser og giftig Død" ...

Og eg kom til aa hugse, at i mange lange
Aar trudde eg der stod: "i Luft og Hav og
J o r d e n s S k j ø d –" o. s. fr. Dette song eg
Gong etter Gong fram gjenom Aari, og totte det

var svært vent. At Verse vart utan Samanheng skyna eg ikkje.

Eg hev ikkje kunna "konstruere" den lange Setningi. Og so hev det vori det, at "Jordens Skjød" kjende eg til, hadde høyrte det utlagt ofte. Men at "skjød" skulde vera det same som "skaud" (skaut, av "skyde"), det kom ikkje letteleg for meg. – Aa, enn all den Tid som vart burtspillt med slikt Smaatull! Men gjennom det "idealiserande Minne" vert jamvel Smaatull dragande og vent no.

I eit "Brev" til Hovden i "D. 17de Mai" kom eg skjemtande til aa nemne at eg (dvs. etter ein "Hand"-Spaadom) skal døy i 1911. (Den engelske Komponisten <fmark ind="1"> . . . naah! Namne hugsar eg ikkje; det er han som sidan skreiv Musik til Heibergs "Folkeraadet"; Spaadomen hans vart sidan godkjend av "Handspaakjeringi" Martha Steinsvik.

<fnote ind="1"> Delius. – H. G.</fnote>

<side nr=271 >

Dette gjorde Steinsvik i næste No. ein Notis av, der han fekk Tilføre til aa minne um, at eg snart er 60 Aar, og at det daa gjeng ned-yvi. Stakkars Steinsvik; han hev vel havt eit Grand Hugnad av aa faa liksom slaa dette fast.

Kann det vera som eg stundom hev havt som ei Kjenning av: at eg paa ein Maate stend i Vegen for Steinsvik? Paa Lag som ein gamall Far, naar han held for lengi ut, kann stande i Vegen for ein fullvaksin Son, som lengtar etter aa faa fullt Styre yvi Garden? Der er so mykje løglegt i Verdi, so ein kunde vel mest tenkje seg dette au. Naah! – Gjev berre Steinsvik kunde liva lengi, og drive Garden betre fram enn me gamle hev kunna med mine 56 Aar tek eg alt til aa kjenne meg svært bestefaderleg!

– Visst er det, at Barndoms- og Ungdoms-
minne gjerne vil upp. Igaar skreiv eg ein Stubb
til Dagbl. – Innlegg i Maalsaki; ho skal upp i
Tinge att no, den, og B. B. og alle Motstrævar-
troll er vakne, so Vaarherre veit koss det gjeng
– med eit lite Minne fraa Paris; i same Stubben
kom eg au til aa minnast mine Artiumsdagar. Og
mitt "p r æ". Det er lange Tidir sidan eg hugsar
det no; det var heiltupp so eg undrast med meg
sjølv: kunde det vera sant? Paa Botnen av meg
sit det vel enno att noko av min gamle Bonde
og Skulemeistar Høgvyrndad for Latin og Græskt
og "Artium" og alt det; og som det var igaar
hugsar eg daa eg fraa den store Domedagen etter
"det skriftlege" snikte meg ned gjenom dei løyn-
daste Stigane eg visste i Slottsparken, og sidan
ned Kristian Kvartsgate, stø paa at eg var "strø-
kin", men endaa med ei lita halv Bøn inst inne
um at eg maatte ha greidt meg likevel; eg skulde
vera so svært vel fornøgd, um eg berre hadde
fengi so mykje som "ikkje vanvyrdande" (dvs. ikkje
verst, "non contemnendus"). Eg hugsar enno.
<side nr=272>

kóss Verdi snudde seg um for meg og vart so
underleg liti, kvardagsleg, inkje-noko, daa eit Par
Kjenningar kom og gratulera med "1".

28. 4. 07.

Tidleg Vaar. Mildt; Snøen alt mest burte.
Gjev det no vart eit godt Aar her etter so
mange skrale; det ynskjer visst mang ein Mann.

– Arctander skriv og er vel fornøgd med
Rettingane mine til dei fyste Bladi av Faust-
Umskrifti. Eg hadde alt butt meg paa aa verte
fri det Arbeide. Nordmennar plar ikkje tōla
Rettingar. Og eg kunde vel turvt mi Tid no
snart. Baade til Homer og til eit Grand "Inn-

tektarbeid". Dette Lande vert meir og meir dyrt
aa liva i; og me klarar oss mindre og mindre
langt med vaare 2 400. Men aa faa Faust
fornorska paa rimeleg Maate, det vilde vera ein
stor Ting. So ein lyt tøygje seg, og vone paa
veksande Arbeidskraftir. – –

– 3die Ordbokshefte (Schjötts) kom igaar;
Boki vert betre og betre. Der er ein Rikdom,
so me aldri hev visst um det; og um det norske
er aldri so mykje i Ætt med svenskt og danskt,
– det er so gjennom sjølvstendigt, so kraftigt
sjølvstendigt, at kann me faa reist det til skrift-
legt Liv nokorlunde som det i seg sjølv er, so
vert det det fyste av dei tri Norderlandsmaali,
det mest heilrennt "nordiske". Og dertil lett,
klaart, greidt, som engelskt paa Lag. Gjev det
maatte faa liva!

– Min arme Granne (d. e. Sakføraren hans)
hev lati høyre fraa seg att. Ny Stemning til "For-
lik" <fmark ind="1"> – som førde til ingenting daa D. ikkje vilde
<fnote ind="1">I vegsaki.</fnote>

<side nr=273>

Forlik –; og no Stemning til "Sak". Adv. Voss,
som skal hjelpe meg med det som her kann vera
aa gjera, var her ute i Dag paa "Aastads"-faring,
og skal møte for meg no 1ste Mai. Sak hev eg
korkje Raad eller Hug til aa føre; og det vilde vel
ikkje nytte meg heller, daa eg er framand her og
hev alle imot meg; men Voss fær leggje fram den
Tanken eg hadde um Forlik, og so fær eg taka
den "Domen" som Juristrettferd kann gjeva. Det
vert endaa kostesamt nok, med dei Innkomune eg
no hev.

– Og so fær eg til aa skrive og skrive for
Skillingar ...

Faarlegt for meg er det elles ikkje i noko Til-
felle, eg som hev slik ei makalaus gild og glup

Kone, og slikt beint ut Mynster av ein Son; det einaste eg stundom ræddast, er at – – – dette <side nr=274>

kann ikkje hange rett ihop; den Dagen kjem daa eg vaknar opp av denne sæle Draumen og ser at det v a r Draum

5. 5. 07.

Det er ein Tanke som rid meg att; eg lyt mana 'n fraa meg . . .

Det 4de Bøde er avteki. Det er Borni og Skulen no; ikkje Born og Foreldre. Stat og Lærarar finn, at Foreldre skynar seg ikkje paa Barnefostring; dei bør daa ikkje fuske med det, men lata Skulen greide det. Og kjem ein Far eller ei Mor til Læraren og segjer: det og det skal Barne mitt lære, eller ikkje lære; eller: den og den Framgangsmaaten likar eg ikkje; du skal gjera det so eller so! – Læraren dreg paa Aksli: kva skil det deg? segjer han. Eg veit betre enn du kva Barne ditt hev godt av Slikt hev hendt mange fleire enn meg.

Er ikkje Foreldri late og likesæle i seg sjølve, – dei vert tvinga til aa vera det. Men dei som er late og like sæle, dei er det med godt Samvit; men du Tid enn alt det Tjuveherk som no veks opp! – Skulen er Skulemeistar, men vert aldri Uppfostrar.

Og Borni vert endelaust mykje visare enn baade Far og Mor, og vanvyrder Heimen fraa den Dagen av at dei kann sitja paa ein Skulebenk. Heimen er snart ikkje til lenger. Borni er framande i Huse; Far sit i Lag eller i Møte um Kvelden, eller i Teater, eller paa Kafé; Mor like eins; Borni sit kvar i sitt Rom eller kvar i si Kraa og heng yvi Bøkar og Papir; eller dei "flyr paa Gata" Naar Staten med all si

Magt: Skulemeistrar, Prestar, Tilsynsmennar,
<side nr=275>

Lensmennar, skil Born og Heim aat, so er der
ingin Heim lenger, og so er det kje meir?

– Men eit heimlaust Folk, det vert snart eit
landlaust Folk. Den som ikkje ærar Far og Mor
skal ikkje lengi liva i Lande . . .

Naah! Det var berre dei gamle som trudde
det. Og dei gamle gjeld ikkje lenger. Det hev
sjølve Knut Hamsun sagt; og alle Bladfykar hev
sagt Amen. Og u m det var sant? – Norig
hev haldi paa i 1000 Aar; lat oss nu faa et
an't Stykke.

Rasmus Løland er skral. Ille skral. Sengfast.
Det er Bringa. Og mykje og mangt; Andenaud
og Develskap; stundom trur han det er paa det
siste med 'n.

So ille kann det no vel ikkje vera. Men sterk
er han ikkje. Og svært einsam er han; endaa
<side nr=276>

meir einsam enn eg; og han synest helst aa vilja
draga seg meir og meir inn i Hide sitt.

Gudbetremeg, eg skynar det; Gudbetremeg,
eg er rædd det sit djupt i dei fleste av oss
norske Bondefolk, dette same: at me helst kryp
i Hi. Gjev det ikkje var sant! Amen.

7. 5. 06.

Hulda hev skrivi eit historiskt Spelstykke i fem
Vendingar: Sigmund Bresteson. Det er for det
fysste dramatisk godt; for det andre er det
historiskt; gjev mill. a. – for fysste Gong so
vidt eg veit – det historiske Syn paa Kristin-
domen fraa den Tid, – utan Tilpynting til
"Uppbyggjing".

"National"-teatre vilde ikkje hava det<fmark ind="1">. So

sende Hulda det til D. n. Samlag, um det skulde vilja gjeva ut eit norskt historisk Arbeid. Den eine av Domsmennane, Løland, fann Arbeide godt. Den andre, Koht, hev inginting sagt. Men igaar kom han til Løland og lét 'n faa att Stykke. Samlage hadde vedteki – fortalde han daa – aa gjeva ut S o g o um Sigmund Bresteson, og kunde daa ikkje samstundes gjeva ut dette Stykke. (!<fmark ind="2)">.

Naah! Hulda greider det vel. Men ho hev a l l Grunn til aa tru, at her ikkje er framfari paa vanleg Maate. Og her stend eg bundin; kann knapt gjera nokon Ting som det vil vera Hjelp i. Hyggjelegt er det ikkje. Det verste er, at eg er rædd det harmar Hulda meir enn ho vil vera ved. – –

<fnote ind="1)"> Nationalteatret godtok det seinare paa riksmaal. Men so vart det chef-skifte, og det vart liggande. Etter kontrakti fekk eg kr. 500,00 i skadebot. H. G.</fnote>

<fnote ind="2)"> Stykket kom ut paa det norske samlaget i 1908. H. G.</fnote>

<side nr=277>

– Med mi eigi "Drift" gjeng det so maateleg. "Jesus Messias" hev gjevi lite av seg; og no er det Slutt med Sale; Teologane hev her hjelpt godt til, kann eg tru. Og dei Bladi eg skriv i kann ikkje betala; det einaste er um eg skulde kunna faa litegrand i Dagblade. Eit Arbeid som eg hadde teki paa meg, endaa det var ulønt – eg tenkte ikkje det skulde kunna taka so fælslegt mykje tid: "Gjenomsyn" av Arctanders Umskrift av Faust – hadde eg tenkt aa sleppe ifraa att; men so vel vart det ikkje; og med det er heile denne Sumaren burtbundin. Eg tek til aa undrast paa, korleis dette vil gange. Bladskrivingi fær eg no i alle Tilfelle lata fara; men det som er

visst er: at heretter vert det verre og verre aa klara seg for oss. Og Tuften burde faa halde fram i Fred med Lesnaden sin; han er eit klaart <side nr=278>

og godt Hovud og ein Arbeidsvilje som maa kunne drive det vidt, um ikkje noko kjem i Vegen. --

-- Dore Lavik og Frue (No. 2; vakker og tekkjeleg) var her ute i Ettermiddag. Han hev tenkt lengi paa "Læraren", og no trur han, at han skal kunne faa det upp til Vinteren. Eg er helst rædd. Ja kann ikkje segja eg likar rett at eit so aalvorsamt Stykke kjem paa Tile -- til aa hysse eller klappe aat. Men -- segja nei er ikkje heller beint. Me hev enno so faae norske Stykke. Og dei me hev krev gjerne meir "Utstyr" enn hans vesle umflakkande Spel-Lag kann koste paa deim.

Men so er det no kje visst, um det "vert noko". Med oss norske er det Fant og Armod og vert seint anna -- seint, um nokon Gong; -- og endaa hev Lavik alt no eit Spelar-Lag der dei fleste er norske (landsnorske) og kann spela paa norskt, -- sume mest berre paa norskt. Den som kunde liva eit Par Mannsaldrar til, so kunde vel eitt og anna ha snutt seg, vil eg tru
-- -- -- -- --

17. 5. 07.

Hev i Dag lesi "Sigmund Bresteson" i si endelege Form: Hulda hev stroki den fyste Fysstevending og i Staden skift ei av dei andre Vendingane i tvo; Stykke samlar seg betre no; hev vunni ikkje so lite dramatisk.

Stykke hev i alle Fall eit framifraa norskt Maal: "Sogustil", som samstundes fell nynorsk lett og frisk; -- gjev me berre hadde eit Spélhus.

<side nr=279>

Tjah; det er sant; det er den 17de.

Eg hev ikkje brytt meg noko større um den Dagen i seinare Tid. Det var den mythiske 17de eg fyrr hadde trutt paa; det saag eg no, og vart helst flat.

Den 17de Mai 1814 var den Dagen daa den norskdanske Provinsen valde den komande Kristian 8de til "Norges Konge" dvs. gjorde det som gjerande var til aa faa Norig inn under Danske-styre att, der det elles no skulde faa det noko tryggare (eit norskdanskt Embættssvelde og Embættsmanns-Storting vilde alltid vera betre for Lande enn den gamle Villstyring). At den 4de November kom og døyvde den 17de Mai-Stasen var berre vel, d. v. s. er no berre vel, daa – um – me no og er ferduge med 4de Novbr.

Men naar eg tenkjer meg um, so er det ikkje den historiske 17de Mai me nokon Gong hev høgtida. Den 17de Mai me hev gjort til Helg, det var den 17de som Henrik Wergeland i Karl-Johanstidi dikta; me hev ropa Hurra for den syttande som Henrik Wergeland "innstifta".

Og det hev me gjort Rett i. Og det bør me halda paa med. Hurra for Henrik Wergelands 17de! – Den hev no mest vunni. Og vil med eit alltid norskare Norig vinne meir og meir.

– Men den historiske 17de liver enno. Det er nettupp i Dag komi fram, etter som eg høyrer: Gutane paa eit Privat-Gymnasium inne i Kristiansby skal ha gjengi i Festferd med ei "Maal"-Likkiste i Fyrienden: ei Likkiste med ei Gravskrift yvi Maale paa. Det fær eg vel sjaa meir um i Morgo; er det sant, so er det eit heilt lite Stykke Sogu.

I alle Tilfelle: det er enno langt fram. Det gamle "Høgre", d. e. det gamle danske Embættss-

velde, liver, og vil sparke imot i endaa ein Ætt-
<side nr=280>

led (eller tvo?). Men Framgangen er so sterk,
at fær Folke i det heile vera til, so vinn det seg
nok heim att.

18. 5. 07.

Jau; er Mgbladet aa tru, so hev Gymnasiastar
"ved 6-Tiden om Eftermiddagen begravet Lig-
kisten med "Maulet" i høitidelig i den nordre
Dam i Slotsparken".

Kong "Haakon VII" synest ikkje hava havt
noko imot dette.

Me liver i det norskdanske Norge; men sterkt
kann dette same "Norge" ikkje kjenne seg lenger.

22. 5. 07.

Endeleg er eg komin noko-so-nær i Gang med
"Vaarvinna".

I dei fysste Dagane vinn eg ingin Ting. Og
vert so lemster og brøtin av inginting, at det er
den argaste Skam for ein norsk Odelsmann.
Sjølve Tuften, ein Latinskulegut og helst Bygut,
er mykje meir til Kar enn eg, som vaksin Mann
og Bonde skulde vera.

Naa! Tuften naar eg ikkje. Han sit inne og
lés "Filosofi" til Andre-Examen heile Dagen
mest; men paa dei smaae "Fri-Yktine" han tek
seg i Epleaakeren, greider han endaa meir enn
Far sin, som hev heile Dagen aa gjera paa.
Men! – eg fær finne meg i det, og skulde paa
"Alderdom".

Eg hev naatt so langt, at eg ikkje vert so reint
"rómabrøden" lenger, um eg arbeider nokre
Timar. No held eg paa ei Stund fyri og ei
<side nr=281>

Stund etter Non, og skal vel sistpaa klara noko-

so-nær heile Dagen.

Um Soli ikkje vert altfor strid daa. Det var godt og svalt, mest som paa Jæren, i den Tidi daa eg inginting vann (eit Par Dagar midt i Maanaden fraarekna); men no, daa Krafti aukar, ser det ut til at Soli skal koma i Veggen; i Dag ved 1-Tidi vart det so heitt, at trass i min vide Halmhatt tok det mest til aa svimre for meg.

Men so krabbar eg inn; det er ikkje verre Vaarvinna, dessverre. Og inne er det godt og svalt, der eg no, fraa Hausten 1906, bur (Tuften hev flutt inn i mitt gamle Rom mot Sud, som vart for glansfullt – med Sol mot Snø um Vinteren – for mine skrale Augo); so her kann eg "arbeide" (som dei kallar det, Kulturfolke), um det er aldri so varmt ute. No hev eg det i det heile so godt som Menneskje kann ha det; gjev det maatte halde paa!

Fraa Vindaugo mine ser eg inn heile den skoggrøne Oslodalen alt til Grefsenaasen (Byen gøymer seg tölleg burt); litegrand av Fjorden blaanar fram paa vinstre Handi. Nærast oss her ute paa baae Sidur er det Skog og Hagar og Eng, vent og norskt og samstundes heiltupp rikt; eg gløymer mest reint "Kresjanja".

Og her ute i Hagen hev Hulda fengi i Stand noko som minner meg um Risabakkjen: ho hev fengi "Kusomar" (= Symra) til aa gro; fekk Røtar fraa Jæren for eit Par Aar sidan; og no stend dei der ute og blømer bleike og fine som Draumar og Eventyr, som Alterljøs; det er mine sælaste, blidaste Heimeminne. Aldri trudde eg dei kunde vakse her, i Leirjordi paa Labraaten; men Hulda fekk sjaa desse Blomane der burt- under Mossige-bergi, og gav seg ikkje, fyrr ho fekk dei hit. Takk skal ho hava!

<side nr=282>

25. 5. 07.

Tuften 19 Aar. Og snart "Cand. Philos". Og frisk og sterk. Heiltupp Jordbrukar! – Det hender mangt i mange Dagar. Og meir og meir vaagar eg meg til aa tru paa det.

Dette er for det fysste i seg sjølv gildt. For det andre gjev det Live – "Meining". Meir og meir skynar eg at her er Samanhenge, "det religiøse" i Tilvære, det som Sveinkallen – og den kunstige Sveinkallen Bymannen, som er Sveinkall for det meste, um han er aldri so gift – aldri plar sjaa. Det finst Sanningar, som berre Live kann lære oss; kóss skulde Ungdomen skyna det?

– Hulda hadde Gjestir i Dag, serskilt godt Folk, og millom deim ei ung Amerikadame (eit Par og tjuge, og dertil framifraa ven; og rik), som talar danskt, og kann gamallnorskt (og islandskt og færøyskt), og no vil til Setisdal og lære aa tala nynorskt. Mangt utrulegt fær ein uppliva. Kven veit: Den Dagen kann koma, daa Utlendingen lærer Nordmannen aa tru paa seg sjølv? – Og det lyt vel til. Denne gamle Adelsmannen, som hev vori Husmann i 500 Aar, vann seg vel elles knapt upp att.

Millom dei norske (tvo norskdanske og ei dansk) var Fru Randi Blehr sterkt inne paa Tanken aa faa upp – millom Byfolk, jamvel i Kongsgarden – norske Folkedansar. Endeleg synest nationale Tankar aa vakne paa Høgdine hjaa oss med; og vert det meir enn Tankar, vil det hjelpe oss meir enn me trur og tenkjer. – I "D. 17de Mai" er eg no ferdug. Lengi hev eg skyna at Steinsvik helst vilde ha meg ut; han sette Halar paa jamvel mine uskyldigaste Stykkje, og skreiv eg noko av det som for meg er Aalvor, kom det alltid so mange rare N'ar og

O'ar og P'ar, eller kva dei kalla seg, og skreiv

<side nr=283>

imot, med eller utan Adresse, men tydeleg nok.

No sist freista eg – for ei Trygd Skuld – aa skrive namnlaust og med Hægstadsk Rettskriving; vilde han finne seg i det? – Nei, det gjeng paa same Maaten no (For Bladstyre hev eg sjølv sagt ikkje dult meg). Og daa kann eg vel trygt gange; ikkje berre av di han helst vil det; men Blade stend vel no so trygt, at det klarar seg i alle Tilfelle.

29. 5. 07.

Eg kjem inn fraa Epleaakeren og finn den fyste Dusken Kusomar fraa Labraatan i eit Glas paa Borde mitt. Ein underleg mjuk sorg-mild Tone av Heim og Barsedraum legg den vesle Dusken yvi Rome, so at var eg ikkje so vaarvinne-slitin som eg er etter ei heller varm Eplesetjings-ykt, so vart eg sentimental og gjorde Vers, um eg er aldri so gamall.

Det er ein forunderleg Blom. Han kann ikkje vera norsk<fmark ind="1")">; han er so linn og mjuk og engleleg, hev inkje av det myrke, strenge eller eldfullt glimande som elles sermerkjer norskt Voksterliv. Tvo Ord høver serlig for denne Blomen: det norske v e n og det franske delicat. Men meg minner han serskilt um Risabakkjen paa Garborg og um Jønsok paa Jæren.

Den dragande vene, mjukt rjomegule Blomen er som ein Barsedraum, innringa i rikt lint myrkegrønt av dei lett krusa og fint teikna Bladi som av ei Sùmarnatt. Heilt heime paa Labraaten var eg no, – høyrde eg berre Jærbumaal ikring meg!

<fnote ind="1")"> På Færøyane kallar dei han Fransagrøs og segjer

han er komin til øyane med franske skip.

H. G. </fnote>

<side nr=284>

Meir og meir skynar eg den Livsens Visdom som gjer, at Alderdom og Ungdom ikkje skynar kvarandre.

Me gamle hev "røynt Live". Svikne vart me for det meste i vaare Draumar; og det me i Røyndi lærde synest oss so lite og lite verdt, at det var skral Løn for all den Møda me hev havt; mykje betre hadde det vori aa seti heime og lært Heime Arbeid og Folkeskikk og haldi fram der han F,r slutta, eller lært noko anna og sett seg til med det; daa var me komne likso vidt, og mykje Tull og Narreskap hadde me spart oss fyre. No vil me lære Ungdomen denne dyrkauppte Visdomen vaar, og det i den beste Meining; lite Meining i aa fara ute og flakke, segjer me; tak deg ein litin Sving ut og lær det du treng, og slaa deg so til Ro heime, du Far min, du Mor mi! – Men dei unge myler med seg, og kviskrar til kvarandre: alltid same Visa med desse gamle, Stakkar; d e i fekk ikkje snutt Verdi, og so trur dei ikkje at me heller kann snu ho; men no skal dei faa sjaa!

– Det m a a so vera. Dei unge maa ut. Alltid paa nytt: ut. Drøyme stort og fara vidt. Det dei drøymde um, – det skynar dei sistpaa var ein Draum; men med dei flakka etter Draumen, lærde dei uforvarande det som dei treng til aa liva Live; og so søkjer dei heim att so godt dei kann, – dei som det daa er noko Tak i.

2. 6. 07.

Naar ein stend i Jordepleaakeren heile Vika, so skynar ein kva Sundagen hev paa seg. Aa hava ein Dag daa ein kann kvile med godt

Samvit, det er ei rein Sælebot. Og aa hava ein
Dag, daa ein kann gange fri ikring paa Bruke
<side nr=285>

sitt og sjaa korleis alt tek seg ut: kva som trivst
og vantrivst, og kva som "likar" og ikkje "likar
seg", det er dertil den reine Vinning for sjølve
Drifti, liksom Arbeidskvila er til Bate for kropps-
leg som aandeleg Helse hjaa Drivaren. So at
um det ikkje er Jahve som hev "innstifta" Sab-
baten paa Sinai – av lang Røynd er han skapt,
og av djupsynt Visdom.

Eg, som paa mange Aar ikkje hev havt nokon
Sundag, hev drivi med "Vaarvinna" so vidt lengi
at eg skynar dette att, og hugsar og skynar Sun-
dagsgleda heime i mine yngste Aar, fyrr "Teo-
logien" kom og gjorde Sundagen til den alra-
verste Dagen i Viko. Eg tek i det heile til aa
koma meg. Tvo Arbeids-Ykter (paa 4–5 Timar)
greider eg kvar Dag no – med ein god Kvil
midt paa solsterkaste Dagen; aa, kor eg saknar
den svale Havbrisen paa Jæren no, ja sjølve
Nordvesten! det hev elles vori ikkje so lite
"Nordvest" her au i Aar –; og Sundagsgleda
ved aa gange ikring og sjaa paa det vesle som
er gjort og gjera seg upp Arbeidstankar for neste
Viko, og neste Aar, den tek alt til aa vakne i
meg. Og eg s k y n a r, at me paa Lande ikkje
treng Teater eller Varieté eller Cirkus til aa
"drive Tidi" med – aa, denne heilage Tidi, som
det heller er for lite enn for mykje av for den
som liver etter Guds Ord.

– Men det eg au skynar, det er, at Bonden
fælt lite Bruk hev for Bøkar og alt det andre
"Aandsliv" me sit her paa vaare Kantor og lagar
ihop; eit høgare, eit reint ut religiøst, Aandsliv
liver han i sjølve sitt Arbeid. Sjølve Maalstræve
mitt er det for honom ikkje svært mykje Mei-

ning i. Um Kyrkja talar Latin eller Russiskt eller Danskt er for honom det Same, berre ho paa den eine eller andre Maaten kann lyfte 'n upp i den utgamle Barsedraumen um ein "høgare <side nr=286>

Heim"; berre for Skulen hev Maale ei Meining: gjennom det kunde borni noko lettare vinne noko lenger fram i det som dei meir og meir maa kunna, um dei skal greide seg her i Verdi.

Og i Rikslive bryr den gode Bonden seg berre um ein Ting: so I i t e Riksliv som Raad kann vera; Fred for Riksstræv, og Ro til aa arbeide. Men daa det nettupp er Rike som mest øydelegg hans Arbeidsfred, og med alltid veksande Skattar og Tyngslur – og "Kultur", som gjer Kvendi og Borni hans galne – driv han ifraa Gard og Grunn eller gjer ham til Træl under Bankjøden, – so hev den stakkars norske Bonden no i ei 2–3 Mannsaldrar drivi paa med ein "Politik" som fraa hans Side var Motpolitik: gjennom den vona han aa vinne att Arbeidsfred. No skynar han meir og meir at det var ein Draum; og meir og meir gjev han Voni upp, læt Banken taka Garden og fér til Amerika, kann han der faa seg eit Jordstykke, so slit han og strævar fraa Morgo til Kveld, og er sæl i sitt Arbeid og læt Politiken braake som han vil. Meir og meir skynar eg, at for Bonden er berre ei einaste "Riks"-Sak: at George-Læra kann koma til Magt. Daa sat han trygg paa si Jord, og kunde gjeva seg heilt yvi til si sanne Guds-dyrking: Arbeide.

At eg sjølv er Bonde skynar eg ikkje minst av det, at eg er so utanfor det "politiske Live". Er og hev vori. Jamvel i mine stridaste "politiske" Tidir var det burt ifraa Politiken eg vilde:

Folke skulde kunna gjeva seg beilt og fritt og trygt yvi i sitt Arbeid og sitt eige Samliv, og det vesle av Styring som turvtest fekk eit Faatal av Embættsmennar greide etter dei Kravi Folke – <side nr=287>

gjennom ei Folkeforsamling, eller helst fleire; det Spursmaale synest elles no paa beste Maate greidt av dansken Johan Pedersen – til kvar Tid sette upp. George – og no Johan Pedersen – er mine Folk, ikkje minst ved det, at dei er den Moses – og Aron – som skal føre Folke ut or det politiske Ægypt og heim til det Kanaan, der kvar bur trygg under sitt Vintre og under sitt Fiketret.

Mot dette vert alt anna inginting. Sjølve det gamle "nationale Spursmaale": kven som skal styre Lande, vert lite; Lands "Styrrar" er Lands Tenar; og det vil vise seg so heilt, naar Folke fær den fulle Retten til Jordi att – og den frie Retten til sitt eigi Maal –, – so heilt vil det vise seg, at det for den Skuld vert det same kven som er Tenarar, naar dei berre kann greide Maale til Husbonden sin: det arbeidande Folke.

At Norig kjem "under Sverig" att, og kjem til aa liva sine siste "politiske" Tidir under svenske Herrar, er svært rimelegt. Eit lite Folk, som er kløyvt i tvo, det k a n n ikkje styre seg sjølv; og anten Nordmennane er styrde av Danskar eller av Svenskar, det er plent sliks Slag.

Naar eg no um Dagen les um, kor vel fornøgde Svenskane – som væpnar av all Magt – er med det norske Michelsen-Styre, som avvæpnar av all Magt, – eg lyt helst flire.

Det er den gamle Tidi med alt sitt Framandvelde, som tek til aa morkne ned av seg sjølv. "Norge" kjem til aa stande so lengi Engeland finn det Umaken verdt aa halde uppe det nye

dansk-engelske Kongehuse; sidan kjem Norig, styrelaust som det i Grunnen ligg, til aa drive inn-under Sverig (likso fredelegt som det i 1905 vart drive ut ifraa Sverig); men daa vil snart den Tidi koma, at det norske og det svenske Folke ser at det hev sams Sak, og at den Saki læt <side nr=288>

seg ordsetja som so: F o l k e e i g J o r d i. I den Striden vil sidan det norske og svenske Folke, og etterkvart alle Folk, stande saman; og di meir denne store nye eldegamle Tanken fær Magt, og di meir Kongar og Herrar fraa den millomgamle Hér-Tidi sloknar burt, di meir kjem den Dagen som Englane hjaa Lukas spaadde um, med "Fred paa Jordi og Hugnad med Menneskjom"; det gamle Paradis, daa kvar Adam og Eva hev kvart sitt Vintre og Fiketre aa stelle, kjem att, og GrenseskÓle millom Folki vert ikkje lenger ei Elv, men eit Verb, som Henrik Wergeland sagde.

3. 6. 07.

Fint, lett, mildt Regn; beste VaarvÍr som tenkjast kann. Maatte det halde fram etter denne Maaten! Det hev vori mange skrale – stundom reint laake Aar no, so det kom visst vel med.

– Eg stend i Epleaakeren; smaatt gjeng det; eg er vel ikkje Sonason hans Aadne Olsson paa Garborg for ingin Ting. Og so er eg dertil no inngarva "Stovesitjar". Det er nettupp so vidt eg hev vunni yvi det verste "Ryggjabróde" og dei saaraste sprukne Fingrane no.

Og dessverre, eg lyt vera ved det: nokon Arbeidskar er eg inkje. Andre Tankar fyller Hausen min, der eg stend og pirkar; med Arbeide gjeng det som det kann og i k k j e som det skal.

Kva eg tenkjer paa alt? – Vaarherre veit; naar eg kjem inn til Mat eller til Kveld, so er det

gløymt og burte. M e s t alt. Ein og annan Ting
kann elte meg so lengi at eg hugsar det.

Soleis er det eit lite Visevers fraa Guteaari
som eit Par Dagar hev ridi meg so, at eg lova
meg sjølv Gong paa Gong, at so snart eg kom
inn skulde eg "mana det i Jordi".

<side nr=289>

[Aah! Her vart eg stansa; og no er det sein
Kveld etter ei strid Kveldykt; men "Maningi"
maa eg faa ifraa meg, elles tek Versestubben til
aa ride meg i Morgo att –]

Stubben lyder so:

– –" den rige faar kjøra, den fatike maa gaa;
naar Kongen spelar Kilar maa Skjoldvakt staa" ..

Det er tydeleg av ei Uppeggjingsvise til Um-
støyt; men paa Jæren song me ho med Aalvor
og tok ho for aa handle um Guds merkelege
Styring; han hadde nok si Mejning med alt. At
den fatige laut gange naar Rikingen køyrde, det
kunde han nok ein Gong faa Like fyri, vorsom
Lasarus; og at Skjoldvakti stod Vakt for Kongen,
kva han so gjorde, ja um han so sat paa Vesl'-
huse, det var berre Guds Innstiftelse; for so mykje
høgare enn me skulde Kongen vera. So det vart
ikkje nokon Uppreist paa Jæren av den Viso! –

– Ja og so er det noko anna som elter meg
stundom; men det vil knapt vera so lett aa
sleppe ifraa.

Det er dette "Stipendiet" mitt. Eg var fegin
daa eg fekk det; den Gongen trudde eg endaa
at eg hadde ein lang Skulegang framfyri meg,
og tok det som ei Hjelp til den. Men no er eg
so gamall at eg fær halde meg for vaksin, veit
eg; og daa vart dette Stipendie noko anna: noko
som ei Bokmannsløn. Men eg er korkje av Em-
bættsmanns- eller Fante-Ætt; eg er Bonde; og
me Bøndar er vane til aa liva av vaart Arbeid

og aa hjelpe andre, men ikkje til aa sjølve taka imot Hjelp. Dessutan: det vert mindre og mindre av det eg heretter kjem til aa skrive som vert til Hugnad for "Samfunde"; snarare vert det mot alle "gode gamle" Samfundsmagtir, fraa Kyrkja og til Mammon; og daa bør eg svelte og ikkje hava "av Kassa".

<side nr=290>

Men segja fraa seg Stipendie, det vil sjaa fælt kautvori ut, og kunde verte mistydt paa mange Maatar. Og naar eg tenkjer paa "Huse" mitt, so hev eg knapt Rett til aa gjera eit slikt Varp heller. Hulda er nok modig, og meiner me skulde greide oss koss det gjekk; men for Tuften – som nettupp er komin til Andre-Eksamen no – vart det vel mindre greidt; han laut til aa tenkje paa "Timar" og slik. Develskap. Og daa han er ein Kar som tek det "grundigt" med alt, vilde sovori seinke 'n reint ille.

No daa eg gav ut "Jesus Messias" hadde eg som ein halv Tanke um, at den kunde komi til aa koste meg Stipendie mitt. Daa hadde eg for min Part vori nøgd; og Tuften skulde me no vel alltid greidt fram til ein Eksamen, veit eg. Men – "J. Messias" vart nedtagd paa all Vis, og gjorde ikkje noko av seg i Stortinge heller.

So fær eg vel lata det skure daa, endaa eit Bil. Fornøgd er eg ikkje; eg s k u l d e vera so mykje til Kar at eg fødde meg og mine utan Fatighjelp; men . . . naah.

I Kveld hev eg ikkje anna aa gjera enn leggje meg.

6. 6. 07.

I Dag hev Tuften vori uppe til "Filosoficum", som no er filosoficum og inkje noko anna. Han er lite fornøgd. Greidde det godt i sjølve Filo-

sofien ("fekk slike lette Spursmaal", segjer han);
men so vart han i den filosofiske Historia spurt
um noko so serskilt at han, ikkje hadde venta at
det kunde koma upp til Eksamen. Eklektikeren
Empedokles; det greidde han daa ikkje, segjer
han; og det høgste han kann vente er 3. – Dette
med Empedokles minner meg um, at han til
<side nr=291 >

"Norsk" ved Artium vart spurd um – Adam
÷hlenschläger. Men enno trur han paa sine
Skulemeistrar som eg sjølv gjorde ein Gong; og
den Trui – gjev han maa hava ho lengi, men
ikkje for lengi. – No stend han med Spaden i
Hagen att. Og hev minnt meg um at me lyt til
att med Xenophon. Han vinn seg nok fram! –

– Igaar vart eg "ferdug med Epli" (Jordepli).

Enno er det mykje Uppreinskingsarbeid o. a. i
Hagen; men d'er daa so vidt eg ser at eg kann
koma av Stad vestyvi so ikring jonsok.

Vére er fint og godt, helst friskt (Hulda som
sit mest inne, frys); og det ser godt ut med
Hagen. Alle dei unge Aplane blømer i Aar, dei
fleste rikt; og eg gjeng der nede og lærer upp
att det eg visste alt i mine Barneaar: at blømande
Aplar er det venaste i Verdi. Inkje noko av det
eg seinare hev set gjeng yvi ein blømande Apall;
helst i Dagane fyrr Blomen opnar seg er dei
paradisiske; "unge Brurir" er det Bilæte som
kjem for meg naar eg ser paa Aplane i den Tidi.
Og denne stakkars vesle Hagen med alt sitt
Ugras ... ja det e r Paradis. –

– Stipendie mitt hev eg tenkt mykje paa i
desse Dagar; for det fysste er der ingin Ting aa
gjera med eiet. Eg minnest ein Kveld i "for-
fatterforeningen" for eit Par Aar sidan; ein av
dei norsk-danske "Forfattere" var full og tala fraa
Livri; ein maatte vera Maalstrævar skulde ein

faa Statshjelp no, var den Teksti han preika um;
og Preika si, øldjerv som ho var, vende han til
meg so beintfram, at han hadde vorti stogga av
Formannen, hadde Emne vori eit anna. No vart
han ikkje stogga; og i heile den Flokken som
sat og hørde paa var der ingin som sagde so
mykje som Hyss. Daa skyna eg, at det er ikkje
for Moro Skuld at eg hev det Stipendiet, og at
eg lyt taka det, um det samlar meir Hat til Hus
<side nr=292>

enn Rikdom, – taka det, til dess det kjem ein
annan Maalmann som eg er trygg paa vil faa
det etter meg.

Her noko sidan nemnde I. C. Bull i Dagbladet
Hovden: han skulde kunna vera trygg paa Diktar-
løn, meinte Bull. Me fær sjaa. Vaagar eg meg ein
Dag til aa tru det same, so skulde eg gjerne sjaa
at han kom i min Stad.

7. 6. 07.

7de.juni skulde vera ein stor Dag. Men han
fekk sin 4de November i Karlstad. Og me liver
paa ei Von som me hev gjort; Avvæpnaren Mi-
chelsen hev jamvel no, til Glede for Svensken,
vorti Forsvarsminister. Og svenskt og anna
framandt Pengevelde – saman med det vesle
halvframande me sjølve hev – driv paa etter
beste Magt og legg Lande "under Vatn". – So
at "7de juni"-Festen vert vel lite anna enn dei
Kanonskøti fraa Akershus, som me no er so vane
med, at me lite gaar etter deim.

Arme framandstyrde gledelause amerikafarande
Norig!

9. 6. 07.

Gamle Aftenpost-Winter-Hjelm hev gjevi ut ei
Bok "I Sverige 1905", som læt oss faa vita San-

ningi um det Aars Fridomsverk, ser det ut til.

"Tingingane" i Karlstad hev vori Komadiespel.

Dei svenske Vilkaari, som der vart fremlagde, var paa Fyrihand godtekne av vedkomande "utskott" i den svenske Riksdagen og godkjende av "Utlande".

Stakkar, dei gjorde som dei hev gjort i 500

Aar: tagde og tok imot, eller tok imot og var
<side nr=293>

med i Lovsongane. Til Plaster paa Skade og Skam fekk me so – Haakon VII.

Tjah. Kva Medferd skal ein Provins vente seg? Og kva skal ein Provins gjera anna enn tegja og taka imot, tegja og takke og vera fredeleg? "Nøies med hvad man har faat og takke Vorherre er smukt og godt; mangen kan have det værre." Det er den einaste "Trøyst" Stakaren hev; at det er andre som hev det endaa verre. Og "maa vera til lell".

Me tok til med denne Husmanns-Kristindomen i Dansketidi. Og heldt paa i Svensketidi paa same Maaten, til dess me kom so langt at me sette Husmannstanken inn i "Nationalsongane" vaare, takka Vaarherre for at me ikkje hadde det verre, og lokka for vaare Overherrar med "Broder"-Kjæling: "nu vi staar to Brødre sammen og skal saadan staa" o. s. fr. Me fekk daa kjenne Brorskapen meir og meir, – og mest daa me liksom skulde vera Karar og "reise oss".

"Husker bare hvad som hændte ned paa Fredrikshald," song me med halvt Samvit fyrr (det som sist hende paa Fredrikshald: at Ohme friviljugt laut gjeva Festningen til Svensken, gløymde me so godt som me kunde); heretter fær me – ikkje kveda men tenkje: gløyme ikkje kva som hende ned i Karlstad! Men . . . kva kann det nytte aa hugse; "Forsvars"-Minister Michelsen, som

gav burt det vesle me hadde av Festningar, driv no
paa aa leggje Lande heilt opi – –. I alle Tilfelle:
Lande ligg no so forsvarslaust, og Folke hev so
lite Tru til sine Styrarar, at alt meir og meir
vert oppgjevi. Serleg gjev Bonden upp: fér fraa
Gard og Bygd og ofte fraa Lande heilt ut.
Vaar einaste Draum no er: nye Tidir . . .
<side nr=294>

Var i Byen i Dag; mill. a. hjaa Augnelækjaren
min, Ole B. Bull.

– I Venterome hjaa Doktaren sat eg eit Bil
og las Høgreblad; dei skriv alle um Mjøs-Spurs-
maale. Og alle ihop, fraa V. G. til Ørebladet,
skrik i villan Sky, at Stortinge ikkje vil hava
"Arbeidsfred", dvs.: er misnøgde med, at det ikkje vil
leggje Lande heilt opi for det utanlandske Penge-
velde.

Stakkars desse framande; det er ikkje greidt.
Den 4de November 1814 laut dei gjeva upp Voni
um aa faa Norig inn under Danmark att; i 1905
rauk Voni um aa faa det paa lempeleg Maate
inn-under Sverig; no er det dei utanlandske
Pengejødane dei vonar paa. Med deira Hjelp
maa me no sjaa aa faa døyvt det norske Folke,
– tenkjer dei, seg sjølve uvitande.

Det er berre tvo smaae fatige Blad i Kristians-
by som meiner at me sjølve bør bruka Lande
vaart; det er Dagbl. og "D. 17de Mai". Og sjølve
Dagbl. er ikkje noko sers fast i Tonen alltid.

Og serskilt merkelegt er det, at Dagbl. læt
seg bruka til Desavouering av D. 17de i det som
dette Blade skreiv um Winter-Hjelm: "I Sverige
1905", – og det um Regjeringi aldri so mykje
dementera berre ein Tanke av "D. 17de"; inkje
noko av det som var Saki (det som W.-H. hev
upplyst). Læt seg bruka til denne Avsanning,
– og segjer sjølv ikkje eit Ord um W.-H.'s

Opplysningar.

Her er ikkje mykje att av det gamle norske Vinstre. –

– Og Gud veit kor mykje norskt det i det heile vil vera att snart. Fraa Einabu skriv dei, at det vert meir og meir raadlaust aa faa Folkehjelp til Gardsarbeid der uppe; Ungdomen, Kvende og Karar, tek Verksarbeid eller fær til Byane <side nr=295>

o. s. fr. Sleppe no Stortinget sistpaa – skræmt av "Kulturfolke" vaart – det utanlandske Pengevelde heilt inn-yvi oss, so veit ingin, kor snart me kann koma til aa kveda Gravsongen yvi det som enno er att av det norske Norig.

Kvende-Røysteretten er vedtekin i Tinge.

No, daa Mennane ikkje duger lenger, so fær me vel setja vaar Von til Spinnesida veit eg. –

(Kveld.)

Hev kikka igjenom Ordskifte. Paa den gamle Sida – mot Kvendi – stod Doktor Malm – og han vart døyvd av Castberg, som las Statistikken for 'n.

Merkelegt var det, at Fr. Stang – dei spøkjer, desse tyskdanske Ættine – tala for Kvendi denne Gongen. Og det med Uppgløding, – um det Orde er brukande naar det gjeld ei gamal Jurist-Ætt. Men det er ikkje so sant som det ser ut. Fr. Stang veit, at kjem "Damerne" med, so hev Bakstræve i alle Maatar vunni.

15. 6. 07.

I Ettermiddag var Eivind Hognestad her ute, for fysste Gong paa lang Tid.

Han nemnde ikkje "Jesus Messias". Det var mest Politik, me rødde um.

Han er leid av Stortingslive. Han vil heim til sitt Gardsbruk att, og lære upp Sønine sine.

Det vert meir og meir raadlaust for Bonden aa vera paa Tinge. For det fyste er det Jordbruke som ikkje toler at Mannen er burte fraa Garden heile Aare. Og for det andre er det – Borni.

<side nr=296>

Alt fyrr var det ein vanleg Ting, at naar Bonden kom paa Tinge, var hans eigi Liv spilt.

Garden, som han laut drive med Framande, øydest, og Borni vart burt-dregne fraa Arbeid og Husskikk og kom paa Drift, – um dei daa ikkje fylgde Far sin: gav upp Heimelive og vart Embætts- eller Handelsfolk. Den "Folkefrihed" dei song so høgt um ein Gong, og som var og alle Dagar vart verande noko innført Gods utan Samanheng med vaart eigi Liv, hev øydelagt meir for Folke enn sjølve det gamle danske Embættsvelde kunde gjera. Og dette norsk-danske Riksstell hev vorti so dyrt, at mindre og mindre kann Bonden greide seg, um han arbeider aldri so trutt; sjølve Livemaaten hans vert meir og meir umskift, og ringare og alltid ringare, um han skal greide dei jamt og stødt veksande Utgiftine til det norsk-danske Rike og dei utanlandske Pengeherrane. So det er berre som ventande maa vera at Bonden dreg seg ut av Politiken, som daa meir og meir kjem under Embættsmennane og Sakførarane att; den "norske Frihed" vert meir og meir heilt ut det ho alltid var: (provins-)dansk Embættsvelde.

Bonden vil snart hava mindre aa segja i Lande enn nokor Tid fyrr. Embættsvelde, som ikkje kunde vinne paa 'n aaleine, hev slegi Lag med Pengevelde fraa Byane, som no meir og meir fær utanlandskt Pengevelde til Hjelp – gjennom

Hypotekbanken paa den eine Sida og no gjenom framand Verksdrift paa den andre Sida (Mjøs-Saki er den uhuglege Yviskrift paa denne nye Sogu-Bolken vaar) –; den norske Bonden vil snart faa same Lagnaden som den engelske. Dersom daa ikkje Svensken snart kjem og gjer Lande svenskt.

<side nr=297>

18. 6. 07.

Igaarkveld hadde me endeleg Møte i Stipendie-nemndi. Haukland, Løland og Sig. Mathiesen vart oppnemnde til aa faa Statshjelpi (som i Aar hev vaksi til Kr. 3000 – Helvti av det ho var fyrr); Haukland fekk 1400 til Ferdahjelp, dei tvo andre 800 kvar til Hjelp (utan Ferdapaalegg). For Lølands Skuld er eg glad; det vil kveikje 'n; og med 800 Kr. fér han gjerne til Miklagard. (No for Tidi ligg han elles uppaa ein Helseheim upp-ved Grorud og skal styrkje seg etter Sjukdomen.)

Men heile dette Stipendieverke bér meg meir og meir imot. Det er noko av same Slage som Løni til Prestar: "Diktarane" vert eit Borgarstand liksom andre Skomakarar. Me slepp vel elles ikkje ifraa dette so lengi Verdi er som ho er; me maa "vera som dei andre", maa tru. Ein fær og trøyste seg med, at noko godt gjer desse Skillingane alltid; det vert ikkje slik vill Utlandsdyrking naar Folk kjenner so vidt til "Utlande" at dei veit at det er Verdi der som her; dei klokaste lærer jamvel, at Utlande i mange Maatar, mill. a. og i det nationale, stend so endelaust langt framanfor dette danske Provins-"Norge". So vert dei alltid noko mindre storkaute naar dei kjem heim.

Tvo Gjestingar hadde me igaar her paa La-

braatan:

1. Trygve Kramer, som er Kaptein, ja Marinekaptein og endaa George-Mann (hev jamvel skrividen fysste i Norig utgjevne Bok um Spursmaale: "Grundværdibeskatningen"). Det saag ut til aa vera ein greid Kar; og han hadde Samanheng med alle vaare By-Georgemennar, fraa Viggo Ullmann til ein Flokk Bergensfolk han nemnde; og

<side nr=298>
no var han i Veg og skulde sanke Namn under eit Upprop til Folk um aa faa eit George-Lag upp, – og eit George-Tidsskrift.

Dei norskdanske kjem fyrri oss lell. Eg nemnde Lundegaards Tanke um eit (George-)Blad paa norskt; Kramer meinte at det fekk lata seg gjera aa faa eit norskdanskt (dvs.: med Stykke paa norskt og norskdanskt), og so faa Lundegaard til Styrar av dette. So fær me sjaa um d e t lagar seg.

2. Prof. Gjelsvik og Frue. Dei kom paa Gjesting; det hender ikkje tidt.

Fru Gjelsvik – den vesle vene tyske Gjenta, som no talar rett godt norskt (i k k j e norskdanskt) – er i seinare Tid flutt til Telemarki med Borni; dei skal lære norskt, og skal daa gange paa Skule der, ei Tid fram-igjenom. Tanken er god; og det ser ut til at dei vil gjennomføre 'n. Den Veggen hadde me andre og gjengi, hadde me havt Mod nok, og rett Etertanke.

Gjelsvik er sin same; trur seg elles meir helsesterk enn fyrr; og det kann hende, gjev det var so vel! – Med Hulda tala han um Sigmund Bresteson (som han vil leggja fram i Styremøte i Dag); det høyrdest ut som det kunde verte Raad med at Samlage tok Boki.

Daa eg var farin (til Byen paa Stipendiemøte), hev det vorti rødt um mykje og mangt, høyrer

eg, mill. a. fekk Hulda høyre, at jamvel ein Mann som Gjelsvik – som burde hava eit Grand Greide paa slike Ting – liver i den Trui at eg er den rike Mann. Det er til aa læ aat; men det kann hava Samanheng med sumt, som eg no og daa hev undrast paa men aldri fengi Greide paa. – Aah! – gjev Tuften var komin noko-so-nær i Veg; eg skulde hive dette Stipendie i deim att, so det skulde syngje um Øyro paa deim, – um eg so ikkje visste nokon annan <side nr=299>

som kunde faa det. Fælt fælt, verre enn fælt, er det for ein Bonde aa liva paa Fatigkassa! –

– – Ein Tanke som Gong paa Gong kjem att, og som eg kannhende ikkje slepp ifraa, er Boki um han Paal i Knudaheio (dei siste Aari hans). I Dag hev Tanken vori so sterkt uppe, at eg hev skrivi ein litin Stubb<fmark ind="1"> – som no synest meg klara Storknuten –; fær tenkje meir paa Tingen naar eg kjem til Knudaheibakken.

Der kjem eg vel og til aa arbeide meir med ein annan gamall Tanke, som eg aldri rett hev vaaga aa tru paa, men som dukkar upp att Gong paa Gong: um eg likevel i mine aldrande Aar kunde drive det til aa verta Skogplantar paa Jæren? – Um ei t. D. kunde koma til aa gjera Freistnaden med aa "klæde Fjelle" ovanum Huse mitt der burte, – so vidt Folk saag at det lét seg gjera aa faa Skog til aa vekse der? Ja um eg kunde faa stelt det so at eg fekk hjelpa til med aa plante Skog paa Garborgs-Helleren, og at det fæle nakne Træe, som ligg der midt i venaste Solbakken og skjemmer Garborgs-aasen so syrgjeleg ...

– Draumar?

20. 6. 07.

Dei framande Pengeherrane, som hev teki til aa leggje Norig under seg (upp-ved dette "Norges Hjerte", som Mjøsen hev vori kalla), hev sendt eit storsnuta Brev til Stortinge og sagt, at Stortinge hev ikkje noko der aa gjera.

Dette er ikkje noko rart; det er den rike Mann og Lasarus. Men det rare er, at dette Breve legg den "kongelege" "norske" "Regjering" –

<fnote ind="1)"> Denne "stubben" som han hev kalla "Eit Møte" finnst i papiri hans.

H. G.</fnote>

<side nr=300>

fram for Stortinge. Legg denne framande grove Kjeften rolegt fram for "sit Lands" "National-Forsamling".

Og "Nationalforsamlingi" – tek imot Breve. Og tek det "op til Behandling". Som det skulde so vera; som inginting var. Kannhende finn det seg sidan endaa meir i det; ingin veit kva me kann vente av dei Tviføtingane som sit paa Stortinge no.

Me er ein Provins og kann ikkje styre oss sjølve; det kjem meir og meir upp. Det einaste me kann trøyste oss med, naar Svensken paa eit nytt Karlstad-Møte "vinn" Norig utan Sverdslag, er, – at Svenskane er snarare mindre framande, mindre norsk-fiendtlege, enn dei norskdanske.

